



Olav Rovde

(Borger og Nærings)

SOGA OM HØGSKULEN I BØ

*Telemark distriktshøgskole og
Høgskolen i Telemark 1970 - 2016*



Olav Rovde

SOGA OM HØGSKULEN I BØ

*Telemark distriktshøgskole og
Høgskolen i Telemark 1970 - 2016*

Soga om høgskulen i Bø

Utgjevar: Universitetet i Sørøust-Noreg, Bø

*Grafisk formgjeving: Kristin Ødegård Vestgarden, Hustrykkeriet
Bø 2018*

ISBN 978-82-7206-498-2

Olav Rovde

Trykk ETN Grafisk

Innbinding Bokbinderiet Johnsen AS

Papir Arctic Matt 130 gr

Forord

Våren 2016 fekk eg spørsmål frå dåverande administrasjonssjef ved høgskuleavdelinga i Bø, Erik Årnes, om eg kunne tenkje meg å skrive historia om høgskulen i bygda. Den skulle omfatte både distriktshøgskulen (i tida 1970 til 1994), og perioden frå 1994 då Bø-høgskulen vart ein del av Høgskolen i Telemark (HiT), fram til den nye fusjonen i 2016 til Høgskolen i Sørøst-Noreg (oppgradert til Universitetet i Sørøst-Noreg frå 2018). Utover denne tidsplasseringa, og at det berre skulle omhandle høgskulen i Bø, vart det ikkje lagt andre føringar for arbeidet.

Tilbodet var freistande. Eg måtte svare ja, sjølv om eg såg problem knytt til eit slikt arbeid. I mest heile denne perioden var utviklinga av høgskulen ein sentral del av mi eiga historie. Eg vart tilsett som historikar ved distriktshøgskulen i Bø i 1973, og med unntak av nokre periodar då eg var permittert med ulike skrive- og forskingsoppdrag, sat eg i fast stilling fram til eg gjekk av med pensjon frå 2012. Eg kjenner slik høgskulehistoria frå innsida. Kjennskapen og kunnskapane eg med den bakgrunnen fekk, gjer det sjølvstøtt lettare å identifisere dei viktige trekka ved utviklinga av høgskulen. Men det at eg sjølv har vore med på denne utviklinga, og har vore med på å påverke den, kan på den andre sida lett skape bindingar og oppfatningar som kan gå ut over evna til kritisk distanse og til «balansert» og objektiv framstilling av historia. Dette er problemstillingar som er velkjende for dei som skriv om moderne historie. Til mitt forsvar nemner eg at eg sjølv har arbeidd mykje innanfor feltet kalla «samtidshistorie», der kravet til kritisk distanse er særleg aktuelt.

Denne historia, og tolkingane i den, kviler på eit stort kjeldemateriale. Det skriftlege materialet som framstillinga i det vesentlege byggjer på, er samla i tre ulike arkiv. Materialet om distriktshøgskulen er arkivert på Statsarkivet i Kongsberg. Arkivet for perioden 1994 til 2016 ligg for det meste ved sentraladministrasjonen i Porsgrunn, men også ved avdelinga i Bø. Arkivet i

Bø omfattar berre saker knytt til utviklinga i Bø, medan materialet i Porsgrunn er felles for alle avdelingane i Høgskolen i Telemark, dvs både Lærarhøgskolen i Notodden og høgskulane i grenlandsområdet – som vart samla i Porsgrunn i 2000. Mi oppgåve var å skilje ut det materialet som i første rekkje vedkom Bø, som er hovudtema i boka. Men det at Bø-høgskulen frå 1994 vart ein del av den felles Høgskolen i Telemark, gjorde det nødvendig å trekkje inn eit breiare utval av kjelder. Gode arkivkatalogar og hjelp frå dyktige og tenestevillige arkivarar, har gjort vanskar med kjeldeutvalet langt mindre. Eg takkar særleg Tove Merete Kristoffersen i Bø, og Bente Arnestø og Atle Johansen i Porsgrunn for arbeidet med å finne fram relevant kjeldemateriale.

Eg har også hatt hjelp av andre undervegs. Det gjeld i første rekkje kollegaene mine ved høgskulen. Her har eg fått opplysningar både gjennom kommentarar til artikkelutkast, svar på spørsmål, og gjennom samtalar. Med det har eg kunna utfylle kjeldematerialet. Ei særleg takk vil eg rette til Øyvind T. Gulliksen og Nils Ivar Agøy som har lese og kommentert utkast til heile manuset. Det har minska problemet med at eg ikkje har hatt noka fast lese- eller styringsgruppe som kunne følgje framdrifta av boka. Boka er ikkje «sanninga» om fortida til høgskulen, kva no enn det måtte vere. Ho er min versjon. Ansvaret for denne versjonen er min. Eg trøystar meg elles med at feil og manglar som nokon sikkert vil finne, nok ikkje er til å unngå i ein tekst med så mange tema og detaljar.

Eg avgjorde på eit tidleg tidspunkt å byggje historia, særleg den faglege delen, rundt innsatsen til personar. Det har gjort at mange er nemnde. Men det ville vere uråd å nemne alle som har delteke i denne utviklinga. Det er mine val av perspektiv og emne som er avgjerande for kven som «er med» i boka. Dette er inga undervurdering av dei som ikkje er nemnde. Mange av dei har gjort ein stor innsats – mellom anna i undervisninga. Æra og ansvaret for utviklinga av høgskulen må derfor delast av mange.

Eg har elles valt å forme historia i ei brei framstilling av høgskulemiljøet i Bø med fokus på fleire emne og tema. Desse er ordna kronologisk i fem kapittel. Det første tek for seg den intense debatten som førte til at den nye distriktshøgskulen vart lagt til bygda Bø. Det var eit vedtak avgjerande ikkje berre for Bø-samfunnet, men det la også grunnlaget for den faglege oppbygginga. Det siste er emne for det andre kapittelet som då også utgjer innføringsdelen av historia. Dei tre neste tek for seg utviklinga av høgskulen fram til fusjonen i 2016 – delt i tre fasar, den første fram til samanslåinga av alle høgskulane i fylket til HiT i 1994. Mellom dei to neste har eg sett

eit skilje rundt 2003, då det vart sett i gang eit omfattande omstillingsarbeid som ikkje berre påverka den faglege utviklinga, men også styringssystemet ved høgskulen. Skiljet mellom fasane hadde utgangspunkt i dei politiske og faglege rammevilkåra som vart lagde for høgskulen, og som er eitt av emna som blir drøfta i boka. Men det var nokså sjølvsagt at ei høgskulehistorie også måtte ta opp andre emne. Studentmiljøet er eitt av dei, og forholdet mellom høgskulen og bygda eit anna. Bø var ei skulebygd før høgskulen vart etablert, men studentane var ei ny gruppe som sette preg på lokalsamfunnet på mange måtar. Høgskulen vart raskt ein av dei største arbeidsplassane i Bø, og ein av dei mest stabile. Når Bø i perioden 2000-2016 fekk den sterkaste prosentmessige folketalsveksten av alle kommunane i Telemark, var høgskulen ein sentral faktor.

Soga stoppar ved fusjonen i 2016. Eg kunne likevel ikkje dy meg. Eg har kasta nokre få korte blikk inn i den nye tida – då høgskulane i Sørøst-Norge vart slegne saman, og blei universitet frå mai 2018. Eg har sett desse blikka i samanheng med eldre utviklingstrekk der vi kan finne både kontinuitet og brot. For den gamle høgskulen i Bø er kanskje brota størst. Den vart ført inn i eit nytt regime. Men korleis det vil utvikle seg, må nok vere tema i framtidige framstillingar.

Heilt til slutt: Ei stor takk til Kristin Ødegård Vestgarden som har hatt ansvaret for redigeringa og sluttarbeidet som har gjort at dette er blitt ei bok. Arbeidet omfattar mellom anna utval og plassering av illustrasjonane. I dette arbeidet har vi også hatt god hjelp av Per M. Holtung, som hadde ansvaret for informasjonsarbeidet ved HiT (HiT- nytt).

Bø i Telemark november 2018
Olav Rovde

Innhald

Kampen om plasseringa av Telemark distriktshøgskole	9
Vedtaket	9
Vidareutdanningskomiteen – og planane som munna ut i dei nye distriktshøgskulane	10
Lokaliseringsstriden	11
Kvifor sigra Bø?	19
Kulturell kapital?	23
Å byggje høgskule frå grunnen av	27
Planar og bygningar på rekordtid	28
Fagprofilen	33
Grunnstrukturen i prøveperioden 1970-74	40
Telemark distriktshøgskole 1970 - 1994	42
Den faglege utviklinga	43
<i>Økonomi-utdanning i bygdemiljø</i>	43
<i>Natur- og miljøvern: Det nye faget</i>	48
<i>Dei universitetslike faga – og forholdet til regionen</i>	54
<i>Nytt studium i kulturfag</i>	61
<i>Idrettsstudium – «rørsleaktivitetar i naturmiljø»</i>	64
<i>Kan ein lære å bli forfattar?</i>	67
<i>Norsk språk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar</i>	70
<i>Allmennfag og examen philosophicum</i>	72
<i>Alternativ yrkesretta høgre utdanning (AYHU)</i>	72
Forskning og utviklingsarbeid	73
Vekst	78
Leigelokale, eige hus – og sambruksanlegg	82
Høgskulen, studentane og bygda	87

Organisering, styring og demokrati	96
Rektorar ved Telemark distriktshøgskole:	100
Fusjonen til Høgskolen i Telemark (HiT), med fellestenester i Porsgrunn	101
Telemark distriktshøgskole – ved vegs ende	108
Korleis høgskulen i Bø vart innordna i Høgskolen i Telemark	111
Leiinga ved HiT etter 1994	111
Nye rammevilkår	112
Organiseringa av HiT	115
Nye utspel – og ferd i tyngre terreng	121
<i>Fagutvikling under vekslende forhold</i>	122
<i>Fagleg opprusting</i>	124
<i>Striden om det nye kulturhovudfaget</i>	126
<i>Svakare studenttilgang – konsekvensar for fagutviklinga</i>	130
<i>Norwegian Nature and Culture – som vart stoppa</i>	138
<i>Forfattarstudiet – i konflikt og utvikling</i>	139
Det store omstillingsarbeidet	144
Kvalitetsreforma	146
Universitet?	151
Den store gjennomgangen	153
<i>Studia i økonomi og informatikk (IØI)</i>	157
<i>Studia i idrett, kroppsøving og friluftsfag (IFIF)</i>	160
<i>Studia i natur-, helse- og miljøvern fag (INHM)</i>	164
<i>Det nye doktorgradsstudiet (PhD) i økologi</i>	166
<i>Studia i kultur- og humanistiske fag (IKH)</i>	168
<i>Doktorgradsprogrammet (PhD) i kulturstudiar</i>	175
<i>Eit fjerde doktorgradsstudium? Planen som stranda</i>	178
<i>Senter for kultur- og idrettsstudier (SKI) – og «Kulturrikets tilstand»</i>	180
<i>Ibsen-senter?</i>	180
<i>Forfattarstudiet – i stabil drift</i>	183

FoU-aktivitet i HiT-tida	184
Fagutviklinga fram til fusjonen i 2016	202
Studentsamfunnet – og høgskulens forhold til bygda og regionen	209
Den krunglete vegen fram til den nye fusjonen: Høgskolen i Sørøst-Noreg	217
Dei lange linjene	222
Litteratur	234
Kjelder	238
Forkortingsliste	240

Kampen om plasseringa av Telemark distriktshøgskole

Vedtaket

Kvelden 29. mai 1970 hadde ekstra mange telemarkingar teke sete på publikumsgalleriet i Stortinget. Bø stilte med heile formannskapet leidd av varaordfører Hellek Myrjord. Hallvard Eika var ordførar frå 1968, men fekk permisjon frå vervet då han året etter vart valt inn på Stortinget. Frå Skien møtte ein stor delegasjon med ordførar Sigurd Namløs i spissen. Det var dagen då vedtaket om plassering av distriktshøgskule i Telemark skulle avgjerast. Valet stod mellom to klare alternativ. I innstillinga frå Kyrkje- og undervisningskomiteen gjekk fleirtalet inn for ei funksjonsdeling mellom Skien og Bø, men med hovudsenter i Skien, medan mindretalet ville ha full utbygging i Bø – slik også regjeringa hadde gått inn for tidlegare på våren. I aksjonsarbeidet i vekene før debatten i Stortinget hadde Bø-tilhengjarane vore mest på offensiven. Likevel var utfallet lenge uvisst. Dei siste vekene før avstemminga vart stemningane registrerte av gruppa rundt Hallvard Eika nesten dagleg, med oppteljing av «sikre» og «usikre». Så seint som 12. mai var mellom 14 og 15 representantar karakteriserte som «usikre». Dei vart utsette for eit intenst press – med m.a. stortingsrestauranten som arena. «Bordstrategien», der taleføre Bø-tilhengjarar sette seg ved bord med «usikre» for å vinne dei over på «rett» side, var effektiv. Likevel var fleirtalet overraskande stort: 78 røysta for Bø, 57 for å leggje hovudsetet til Skien. I avrøystinga vart Arbeidarpartiet delt om lag på midten, mellompartia støtta Bø, medan det store fleirtalet i Høgre gjekk inn for Skien.¹

Bjørn Bø skriv om reaksjonane etter at «klubba fall i Stortinget»: «Mange aktivistar – deriblant eg – sette i jubelrop på galleriet i Stortinget. Det blei svara frå diplomatlosja i Stortinget (der sentrale embetsfolk frå regjeringsapparatet også har tilgang), mellom anna frå dåverande ekspedisjonssjef

¹ Dalene 1980: 18.

i samferdselsdepartementet, Olav Haukvik. Telemarkingen Haukvik reiste seg og klappa. Stortingspresident Leif Granli klubba kraftig ned ureglementerte hurrarop både frå galleriet og diplomatloshjen. Det var ei uvanleg stund i det elles så sømelege Stortinget. Etterpå sprang me aktivistar rundt til Løvebakken utanfor Stortinget. Der møtte me i vårleg skumring mellom andre den tapande ordførar frå Skien. Den legendariske ordførar Sigurd Namløs spytte etter oss med fylgjeord: «Nå kan dere stå der med bygderomantikken deres!»²

Vedtaket markerte langt på veg eit brot med gjeldande prinsipp om lokalisering av dei nye distriktshøgskulane. Rett nok hadde Stortinget året før plassert høgskule i Volda, men i ei delt løysing i fylkesregionen Møre og Romsdal der også Molde fekk tildelt distriktshøgskule. Volda kunne også vise til lange tradisjonar når det galdt postgymnasial undervisning (lærarskule), det mangla Bø. Lærarutdanninga på Notodden var i debatten inne som mulig samarbeidspartnar i oppbygginga av den nye distriktshøgskulen i fylket, men fall ut i avslutningsfasen. «Elt til Bø» er eit sarkastisk og noko spydig uttrykk brukt av dei som nok synest at Bø-miljøet har vore vel mykje frampå i mange samanhengar. Vedtaket i Stortinget 29. mai gjorde at distriktshøgskolen i Telemark ikkje vart delt - «alt», ein samla Telemark distriktshøgskole, vart lagt til Bø.

Før vi ser på korleis dette gjekk til, og kvifor ein valde å leggje distriktshøgskulen i eit bygdemiljø i Telemark, skal vi dra nokre linjer i utdanningspolitikken på 1960-talet som munna ut i det nye skuleslaget, distriktshøgskulane.

Vidareutdanningskomiteen – og planane som munna ut i dei nye distriktshøgskulane

Utdanningsspørsmålet på 1960-talet er prega av det som er kalla studenteksplosjonen – eit fenomen som viste seg over heile Europa. I Norge auka talet på studentar ved høgskular og universitet frå vel 9600 i 1960 til over 30 000 i 1970.³ Denne sterke veksten hadde dels bakgrunn i at dei store fødselskulla frå krigstida og første etterkrigstid no melde seg til høgre utdanning, men dels også at utviklinga mot eit langt meir differensiert arbeidsliv stilte krav om å leggje sterkare vekt på slik utdanning. Medan det på 1950-talet var uro over faren for overproduksjon ved universiteta, vart det no lagt vekt på kor samfunnsnyttig utdanning var i alle samanhengar. Såleis kom det forslag tidleg på 1960-talet om både å byggje ut dei etablerte universiteta og opprette nye.⁴ Men den største framstøyten kom med Vidareutdanningskomiteen, populært kalla Ottosen-komiteen etter formannen

² Bjørn Bø til forfattaren 21.8. 2016. Bø var student i Oslo på denne tid.

³ Historisk statistikk 1978: 618.

⁴ Den såkalla Kleppekomiteen foreslo i 1961 å opprette nytt universitet i Trondheim, og å starte undervisning på universitetsnivå i Tromsø (sjå Nymoene 1973:26). I 1968 vart det oppretta universitet i begge desse byane.

Kristian Ottosen, som i perioden 1966-1968 la fram i alt tre store innstillingar om behovet for å byggje ut postgymnasial utdanning.⁵ Komiteen delte landet inn i 12 utdanningsregionar, fire rundt dei eksisterande universiteta. I dei resterande åtte, der Telemark var den eine, foreslo komiteen å opprette eit nytt skuleslag som først fekk som arbeidstittel «regionale postgymnasiale studiesentra». Ingjald Ørbeck Sørheim har, som sekretær i Ottosen-komiteen, seinare fortalt korleis namnet «distriktshøgskular» kom opp. Ei gruppe i komiteen sette seg ein dag saman for å ta for seg namnespørsmålet:

Vi ble enige om at vi måtte finne et norsk navn, at det måtte vise til det postgymnasiale nivået, altså høyskole, og at distriktsmarkeringa var viktig. Ingen av oss tre kunne i ettertid si hvem som var først, så vi ble enige om å påta oss kollektivt farskap til navnet distriktshøgskole. Det ga seg nesten sjøl utfra kriterier vi var enige om. Vi sa det nærmest i munnen på hverandre.⁶

Formålet med dei nye høgskulane var å avlaste universiteta, og byggje opp nye kortvarige yrkesretta studiar som alternativ til lange universitetsutdanningar i eit studieopplegg med betre utnytting av studietida. Det skulle bli slutt på det som populært vart kalla «å liggje ved universitetet».

Rett etter den siste innstillinga frå Vidareutdanningskomiteen våren 1969 la regjeringa fram proposisjonen om fem års prøvedrift ved distriktshøgskulane. Samstundes vart Seksjon for distriktshøgskolar oppretta i departementet, med den unge Ingjald Ørbeck Sørheim, handplukka av Bondevik, som leiar, og dessutan eit rådgjevande organ for departementet i distriktshøgskulesaker, Sentralutvalget for distriktshøgskolane, der Sørheim vart sekretær. I juni fatta Stortinget prinsippvedtak i tråd med forslaget frå departementet, og alt hausten 1969 vart det sett i gang prøvedrift ved dei nyetablerte institusjonane i Kristiansand, Stavanger og Molde. Volda følgde etter våren 1970, og året etter kom distriktshøgskulen i Bø i gang, saman med tilsvarande institusjonar i Bodø og Lillehammer.

Lokaliseringsstriden

«Noe av det mest spennende ved å bygge DH-ene var at det utløste en enorm aktivitet både lokalt og regionalt, det mobiliserte tunge ressurser og stor entusiasme, nettopp i ‘samfunnet omkring’», skreiv Ingjald Ørbeck Sørheim i eit attersyn i 2006.⁷ Dette var tydeleg nok i samtida. Det gjekk ein «vekkelse» over heile

5 Komiteen la i 1969 fram ei fjerde innstilling som i det vesentlege dreia seg om etterutdanning, og ei 5. innstilling i 1970 som mest var ei oppsummeringa av dei fire første. Jfr. Ottosen 2005: 193ff.

6 Sørheim 2006. Dei tre som Ørbeck Sørheim viser til var, utanom seg sjølv, Kristian Ottosen, Leif Wilhelmsen (den siste var ekspedisjonssjef i KUD).

7 Sørheim 2006.

landet, sa venstrerepresentanten Olaf Kortner i debatten i Stortinget i mai 1970. Alle ville ha skule i sitt distrikt.⁸ Men samstundes utløyste planane om det nye skuleslaget ein debatt om fagleg og ideologisk innhald. Dette var i ei tid med ein sterk radikalisme blant studentane, særleg ved universitetet i Oslo, som greip tak i utforminga av distriktshøgskulane for å gjere dei til talerør for ein motekspertise som kunne utfordre etablerte maktforhold. Her vart plasseringa av dei raskt eit sentralt spørsmål. Koplinga til distrikt innebar å knyte det til grupper og interesser som stod utanfor den sentraliserte «makta». Dette gjorde at lokaliseringa av høgskulane kom i forgrunnen og skugga i starten på mange måtar over debatt om innhald og behov. Ingen stad vart denne plasseringsstriden så motsetnadsfull som i Telemark.

Frå Vidareutdanningskomiteen låg det føringar om at senter for dei nye høgskuleregionane skulle liggje i dei mest ressurssterke områda, primært i byane. For Telemark peikte grenlandsområdet seg ut, med senter i Skien/Porsgrunn. Her fanst det alt eit grunnlag. I 1959 starta Odd Johnsen, etter oppmoding frå Produktivitetskomiteen for Nedre Telemark, eit kurs i vidaregåande bedriftsøkonomi ved Handelsgymnaset i Skien.⁹ Det gjekk som kveldskurs og vart bygt ut med lærestoff i samarbeid med Handelshøgskolen i Bergen (NHHS), og frå 1963 vart det del av den eksterne kursverksemda som Handelshøgskolen bygde opp på denne tid. Utviklinga av kurset i Skien, leidd av Odd Johnsen, kom til å danne mønster for eit økonomisk/administrativt fagstudium, som vart ei grunneining i det nye høgskulesystemet. Vidareutdanningskomiteen såg på dette kurset som eit tyngdepunkt i høgskuleutbygginga i Telemark, og det låg i korta at det var rundt dette studiet at høgskulen i Telemark skulle byggjast opp. Frå haustsemesteret 1968 vart det etter initiativ frå rektor Odd Johnsen og vedtak frå fylkestinget teke opp 25 studentar til eit toårig studium i bedriftsøkonomi, eit økonomisk «college». Inntil



Lokaliseringsstriden: By mot land, her framstilt av Gerd Evelyn Flaen som i mange år arbeidde i administrasjonen ved TDH.

⁸ Ref i Sandvand 1976: 24.

⁹ Om oppbygging og utvikling av opplegget i bedriftsøkonomi i Skien, sjå Johnsen 1993.

vidare skulle det drivast i samarbeid med kursverksemda til Handelshøyskolen, men planane skulle tilpassast ei framtidig økonomisk/administrativ linje ved dei nye distriktshøgskulane.¹⁰ Alt peikte på denne tid mot start i Skien. Men andre utviklingstrekk var på gang.

I november 1967 sette fylkesutvalet ned ein komite på sju medlemmer, Distriktshøgskolekomiteen for Telemark, som skulle utgreie spørsmålet om lokalisering. Seks av medlemene kom frå byane Porsgrunn, Skien og Notodden. Den sjuande var ein einsleg bygderepresentant, rektor Halvor Dalene frå Bø.¹¹ Skuledirektør Hans Østvold, som var ein sterk tilhengar for plassering i Grenland, leidde utvalet. I innstillinga frå komiteen i 1968 gjekk alle med unntak av Dalene inn for å leggje høgskulen til Porsgrunn/Skien, men etter press frå Notoddenrepresentantane i komiteen vart det opna for ein utløpar til Notodden.



Hallvard Eika spelte ei sentral rolle i etableringa av distriktshøgskulen i Bø. Her er han fotografert heime på garden Eika i 1988 (Foto: Halvor Ulvenes)

¹⁰ Ibid. Jf. TDH. Årsmelding 1970-72: 3. Nymoen 1974: 40.

¹¹ Etter forslag frå ordførar Hallvard Eika vart det utpeikt ei lita nemnd som Dalene kunne støtte seg på: Olav Fundlid, Jon Homme og Hans O. Waaraas. Dalene 1992.

Ifølge Dalene sa komiteemedlem og rektor Ivar Refnin at dersom han stod heilt fritt, hadde han gått inn for konsentrert utbygging i Gvarv-området.¹²

Dalene gjekk prinsipielt inn for Bø som senter, men opna for tredeling då «den aktuelle situasjonen»¹³ tydde på at det ikkje var realistisk å satse einseitig på Bø. Dalene var eit einsleg mindretal. Alle vindar, både i og utanfor fylket, bles i retning av Skien. I fylkestinget vart det lagt fram eit forslag i slutten av november 1968 om at den nye høgskulen skulle få eit kursopplegg også i ei av bygdene i fylket, men forslaget vart vraka mot 10 stemmer.¹⁴ I desember 1968 støtta fylkesskulestyret fleirtalet i Distriktshøgskolekomiteen, og i mai 1969 sende fylket formell søknad til departement om å starte prøvedrift ved at det toårige økonomiske colleget vart skilt ut som eigen høgskule. Seinare på sommaren vedtok fylkestinget å ta opp 50 nye studentar, det tilsette leing ved skulen med Odd Johnsen som undervisningsleiar, oppnemnde styre som leverte innstilling om prøvedrift i oktober 1969, og la til rette for lokale for skulen i Løvenskioldgt. 4.¹⁵

I hovudfagsavhandlinga si om lokaliseringsdebatten i Telemark skil Magne Arvid Nymoen mellom det han kallar «resignasjonsperioden» og «aksjonsperioden». Nemningane er knytte til holdningar og aktivitetar til dei som kjempa for å leggje høgskulen til eit bygdemiljø – les: Bø. «Resignasjonsperioden» omfattar tida fram til 1969, deretter starta «aksjonsperioden». Alt i 1967 gjekk Noregs Mållag inn for at høgskulen i Telemark, saman med høgskulane i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, burde leggjast til bygdemiljø.¹⁶ Målrørsla kom, som vi skal sjå, til å spele ei viktig rolle i debatten. Men mållaget i Bø tok ikkje opp dette spørsmålet før våren 1970.¹⁷ Då var «aksjonsperioden» godt i gang. Primus motor i arbeidet for Bø var Halvor Dalene. Mellom anna tok han kontakt med statsråd Kjell Bondevik då han var i Bø 3. november 1967 for å opne internatbygget ved gymnaset. Ordførar Hallvard Eika engasjerte seg også tidleg. Saman med gymnaslærar Olav Fundlid oppsøkte Dalene og Eika tidleg i desember leiaren for fylkeskomiteen, skuledirektør Hans Østvold. Her vart dei møtt med ei kald skulder. Høgskolen i Telemark måtte byggje på det økonomisk/administrative kurset i Skien. Tankar om plassering i Bø var «luftslott». Material som både Eika og Fundlid utarbeidde for å styrke argumentasjonen til Dalene

¹² Dalene 1992.

¹³ Sitert etter Nymoen 1973: 41.

¹⁴ Telemark distriktshøgskole. Årsmelding 1970-72: 2.

¹⁵ Johnsen 1993.

¹⁶ Nymoen 1973: 32.

¹⁷ Nerbøvik 1977: 159.

i fylkesnemnda, vart avvist – og stempla som «tendensiøst». Eit møte Dalene og Eika fekk i stand like før jul i 1967 med generalsekretæren i Noregs Mållag, Kristian Ottosen, og stortingsmennene Johannes Østtveit (KrF-representant frå Bø) og arbeidspartirepresentantane Aslak Versto (Vinje) og Eigil Liane (Sannidal), gav ingen synlege resultat.¹⁸ Det kom heller ikkje lokale utspel frå andre bygdekommunar i Telemark i «resignasjonsperioden». Arbeidet med lokaliseringsspørsmålet gjennom heile 1968, der den fylkesoppnemnde komiteen hadde regien, gjekk temmeleg eintydig i retning av grenlandsområdet.

Det som snudde vinden var nye tonar frå sentrale styresmakter i 1969-1970 – og frå organisasjonar og grupper særleg i Oslo-området. Forslaget frå regjeringa om prøvedrift våren 1969 heldt seg stort sett til tilrådingane frå Vidareutdanningskomiteen, men nemnde likevel å trekkje inn «impulsar og tradisjonar frå bygdekulturen», og lanserte tanken om også å ha prøvedrift med «distriktshøgskuleundervisning i bygdemiljø».¹⁹ Det var dette som opna for prøvedrift i Volda. Sentralutvalget for distriktshøgskoler, oppnemnt som rådgjevande organ for KUD våren 1969, gjekk i ei innstilling til departementet 3. oktober 1969 eit steg vidare: Minst tre av dei nye høgskulane måtte leggjast til bygdemiljø. I ei ny innstilling i mars 1970 gjekk eit fleirtal i utvalet inn for Bø som lokaliseringsstad – eit mindretal heldt på Notodden. I innstilling til Stortinget i april la regjeringa denne tilrådinga til grunn. Samstundes vart det åttvara mot å dele institusjonane mellom byane i Telemark: Dei kulturelle skilnadane mellom Porsgrunn/Skien og Notodden var ikkje tilstrekkelege for å bruke «paraplymønsteret» i fylket. Dette svekka posisjonen til Notodden og var med på å fjerne byen som lokaliseringsstad for den nye høgskulen. I Sogn og Fjordane kunne arbeidet for eigen distriktshøgskule hengje seg på arbeidet for å byggje opp ein lærarskule, som fylket mangla og som var eit aktuelt skulepolitisk spørsmål frå 1960-talet. Her vart Sogndal lokaliseringsstad for lærarskulen som opna i 1972. Då distriktshøgskulen vart etablert her i 1975, var det med ei målsetjing om å støtte opp under lærarskulen.²⁰ Denne koplinga var ikkje aktuell i Telemark – der lærarskulen var etablert alt før andre verdskrig,²¹ med linjer tilbake til seminaret som m.a. Bernt Støylen og Peter Hognestad dreiv frå hundreårsskiftet. Valet her stod mellom Skien og Bø. Dette var ein tvekamp som altså Bø vann i den endelege avgjerda i Stortinget.

Ein grunn til denne sigeren var aksjonar som vart reiste til støtte for Bø og

¹⁸ Dalene 1992.

¹⁹ Sitert etter Jerdal 2002: 62. Jf. Nymoen 1973: 33-34.

²⁰ Yttri 2008: 280, 281.

²¹ Statens sløyd- og teiknelærarskule frå 1938. Frå 1964: Statens lærarskule i forming.

bygdealternativet parallelt med stemningsskiftet i det sentrale styringsapparatet. Våren 1968 vart Aksjonsnemnda for distriktshøgskulane skipa med utgangspunkt i studentmållaget ved Universitetet i Oslo.²² Programmet for nemnda var å styrke bygdekulturens plass i dei høgskuleplanane vidareutdanningskomiteen hadde lagt fram, og arbeide for at høgskular vart etablerte også i bygdesamfunn. I starten var nemnda laust organisert, men i løpet av 1969 vart den bygt ut med støtte frå ei rekkje organisasjonar, alle med godt fotfeste i bygde-Norge: Noregs Mållag, Kringkastingsringen, Noregs Ungdomslag, Noregs Student- og Elevmållag, Norges Bondelag, Norsk bonde- og småbrukarlag. Det vart oppretta eit eige råd sett saman av representantar frå organisasjonane, og eit arbeidsutval sett saman av studentar knytte til mållagsarbeidet ved universitetet. Våren 1969 starta aksjonsnemnda ein underskriftsaksjon med krav om å leggje distriktshøgskular til større bygdesentra og tilpasse det faglege grunnlaget til gagn for bygdene. 211 kommunar slutta seg til. Utgangspunktet for arbeidet til nemnda var at plasseringa ville vere avgjerande for det faglege innhaldet i dei nye skulane. Forslag frå krinsen rundt studentmållaget i Oslo kom derfor som ei logisk følgje av Ottosenkomiteens forslag om innhald og plassering.²³ På dette grunnlag var nemnda først ein pådrivar i Møre-aksjonen, som førte til etablering av distriktshøgskulen i Volda, og som i sin tur var eit viktig steg på vegen i kampen for Bø.

I perioden 1969 vart det elles arrangert fleire seminar som hadde distriktshøgskulane som tema. I midten av september møttest vel 70 personar, dei fleste frå høgskular og universitet, til eit tredagars seminar i Stavanger. Seminaret var leidd av Sentralutvalet for Norsk Studentunion som både i 1969 og 1970 markerte sterk støtte til desentralisert lokalisering, mellom anna ved å støtte Bø som lokaliseringsstad.²⁴

Aksjonsnemnda tok initiativ til eit seminar i Bø 1. og 2. november 1969. Ein viktig faktor som utløyste dette initiativet, var vedtaket i Sentralutvalet for distriktshøgskular i oktober om å leggje minst tre høgskular i bygdemiljø. Aksjonsarbeidet nedanfrå kunne med dette sameinast med utspel ovanfrå. Det gav kraft til det som no vart kalla «telemarksaksjonen». Aksjonsnemnda stilte sjølv med foredragsholdarar, m.a. forfattaren Rolf Sagen som vart ein profilert våpendragar for høgskule i Bø. Seminaret var elles prega av foredrag av Gunnar Skirbekk, Hans Skjervheim, og Ingjald Ørbeck Sørheim, som stod sentralt i arbeidet med dei nye skulane i departementet – i tillegg til Dalene, Eika og andre

22 Organisering og utvikling av aksjonsnemnda er fylldig analysert i Nymoer 1973: 61ff.

23 Opplysningar frå Sigrid Straand, jf. Nymoer 1973: 78. Lundevall 1973: 27.

24 «Lokalisering av nye distriktshøgskuler», Sentralutvalget for Norsk studentunion 8. april 1970. (Utlånt av Asbjørn Gardsjord).

som hadde engasjert seg for Bø tidlegare. På motstandssida var ordføraren i Skien, Sigurd Namløs, skuledirektøren og rektor ved den økonomisk/administrative fagskulen i Skien til stades. Men det var Bø-tilhengjarane som var på offensiven. Nymoen karakteriserer møtet som «et vendepunkt for distriktshøgskulesaken i Telemark».²⁵ Etter initiativ frå mellom andre Hallvard Eika og Aslak Versto vart det halde eit nytt møte i Bø 12. november som vedtok å be fylkestinget om å leggje ein del av dh-skulen i bygdemiljø, slik eit mindretal i fylkestinget hadde gått inn for året før. Men fleirtalet i fylkestinget stod på sitt. Bygdealternativet vart stemt ned. Eit nytt vedtak i april 1970 bad regjeringa følgje «Fylkestingets opplegg for utbygging..»²⁶



Sigrid Straand saman med Svein Lundevall, Rolf Sagen og Steinar Læg Reid i «Aksjonsnemnda for distriktshøgskulane». Straand leidde telemarksaksjonen som aksjonsnemnda sette ned i 1970, som kjempa for å plassere dh-skulen i Bø. (Bilde: Varden 29. mai 1970)

Men på denne tid kom fylkestinget på kollisjonskurs med tilhengjarane av Bø, som kom stadig sterkare på offensiven. Aksjonsnemnda sette våren 1970 i gang ein brei telemarksaksjon. Den vart leidd av Sigrid Straand, psykologistudent, aktiv i Studentmållaget og styremedlem i Senterstud, og omfatta underskriftskampanjar blant kunstnarar, politikarar, lærarar ved universiteta i Oslo og Bergen, og ved landbrukshøgskolen på Ås– og politiske institusjonar. 12 av 18 telemarkskommunar

²⁵ Nymoen 1973: 47.

²⁶ Ibid: 51.

skreiv under, og det kom også støtteerklæringar frå kommunar i Aust-Agder og Vestfold.²⁷ Aksjonane vart støtta av fleire aviser, Dagbladet, Nationen og, sjølv sagt, Dag og Tid. Overfor regjeringa vart det øvd påtrykk, særleg på kyrkje- og undervisningsminister Kjell Bondevik som tidleg signaliserte sympati for bygdelokalisering. Bondevik gjekk gjennom ein «bevisstgjeringsprosess» i synet på dh-skule i bygdemiljø ved å byggje opp ein «moteekspertise» i departementet – som vart gradvis dominert av bygdetilhengjarar. Slik kopla han dh-skulen til satsinga Borten-regjeringa hadde på distriktspolitikk.²⁸ I Stortinget, der Hallvard Eika og stortingsmennene frå Aust- og Vest-Telemark var viktige Bø-tilhengjarar, vart det drive heftig korridorpolitikk. Vi har «folk jamt luskande rundt i stortingskorridorane» heitte det i ein stemningsrapport våren 1970 frå skuleinspektør Eivind Øygarden i Rauland,²⁹ ein av dei sterke tilhengjarane for Bø-alternativet. Eika spelte ei heilt sentral rolle. Med stemningsskiftet til fordel for Bø sa han seg ikkje nøgd med «ein halv DH-skule i bygdemiljø»³⁰ slik som i Møre og Romsdal, der Volda måtte dele høgskule med Molde.

I påverknadsarbeidet overfor Arbeidspartiet fekk Asbjørn Gardsjord ei aktiv rolle. Han kom frå Rauland, men i perioden 1960-70 var han forlagsredaktør i Universitetsforlaget, og han var nestleiar i AUF i Oslo-området. Med dette vervet hadde han nær kontakt med miljø som ynskte distriktshøgskulen lagt til Bø – samstundes som han hadde nær kontakt med Arbeidspartiet på Stortinget. Her fekk han som oppgåve å overtale distriktrepresentantane om å støtte Bø. I sin 7. sans noterte han ned systematisk svara han fekk, og kartla slik holdningane i partiet. Påverknadsarbeidet skapte irritasjon i partiet, og sentrale arbeidspartifolk prøvde å få han til å halde opp med det.³¹

Frå tilhengjarane av grenlandslokalisering som såg på denne utviklinga med stor uro, kom det skarpe protestar. Regjeringa har sett lokale vedtak til sides, klagar Guttorm Hansen i 1. maitalen han heldt både i Porsgrunn og Skien. Sigurd Namløs ville boikotte alle stortingsrepresentantane som eventuelt våga å stemme på Bø: «La oss sørge for at de som glemmer sine forpliktelser til hele valgkretsen får sin karriere som tillitsmenn på tinget avbrutt så snart som mulig».³² Studentane ved den økonomisk/administrative fagskulen i Skien trykte opp 10 000 løpesetlar og 700 plakatar der dei protesterte mot overflytting til Bø. Og ved ei tilstelling ved

27 Støtta frå Vestfold kunne ha som grunn å hindre høgskule i Grenland som i neste omgang kunne gjere det vanskelegare for at Vestfold fekk sin eigen høgskule.

28 Melle 1999: 361. Yttri 2008: 52.

29 Sitert etter Melle 1999: 348, note 1318.

30 Sjå Melle 1999: 348.

31 Opplyst av Gardsjord til forfattaren.

32 Sitert etter Varden i Dalene 1992.

rådhuset heldt den tidlegare stortingsrepresentanten Sverre Løberg «en flammende appell med angrep på regjeringen og Sentralutvalget for distriktshøgskoler».³³

Men protestane var til fånyttes. På grunn av tidsnaud avgjorde det nye styret at Odd Johnsen skulle administrere det studiet som var i gang i Skien, og dessutan ta opp nye studentar hausten 1970. 54 vart tekne opp, og ved starten av haustsemesteret hadde den nye høgskulen til saman 108 studentar.³⁴ Men dei nye som byrja om hausten måtte gjere seg klare til å flytte til Bø året etter. Skien tapte striden om lokalisering av TDH – til trass for godt utgangspunkt.

Kva var det som endra stemningane til fordel for å leggje alt til Bø?

Kvifor sigra Bø?

Tanken om Bø som lokaliseringsstad for Telemark distriktshøgskole utvikla seg altså gradvis frå slutten av 1960-åra. Utgangspunktet var koplinga til nemninga distrikt som gav namn til dei nye høgskulane. Det var ikkje tilfeldig at dette namnet vart valt – slik det også går fram av sitatet frå Ørbeck Sørheim i diskusjonen i Vidareutdanningskomiteen: «Vi sa det nesten i munnen på hverandre». Å introdusere distriktspolitikk i utdanningspolitikken var «ein P.R.-messig genistrek», skriv Oddbjørn Melle som har analysert grunnlaget for oppretting av distriktshøgskulen i Volda: «Det vart eit symbolord som inkarnerte både ein historisk tradisjon og eit dominerande element i det ein kunne kalle ‘tidsånda’».³⁵

Gjennomslaget for den moderne distriktspolitikken i Norge var eit 1960-talsfenomen. Ordet kom i vanleg bruk frå midten av 1960-talet. I starten var distriktspolitikken ein reaksjon på den sterke sentraliseringa i 1950-åra. Det skapte pressproblem særleg i dei største byane. Institusjonar som Distriktenes utbyggingsfond (DUF) frå 1961 og oppbygginga av eit regionalpolitisk planleggingsapparat (Bygningslova i 1965) var verkemiddel for å lette på dette presset. Men tiltaka tok ikkje frå først av sikte på å støtte utkantane. Målet var å skape vekstsenter som kunne lette presset på dei største byane. Dette vart kalla «desentralisert konsentrasjon» eller «desentralisert sentralisering». På midten av 1960-åra lanserte leiaren for styret i DUF, sentralbanksjef Erik Brofoss, den såkalla «oppdemmingsteorien», ein austlandsvoll av byar for å stoppe flyttinga nordfrå slik at den ikkje nådde Oslo-området.³⁶

Det skjedde ei presisering frå midten av 60-talet i tolkinga av distriktspolitikken.

33 Telemark Arbeiderblad 22.4. 1970, sitert etter Nymoene 1973: 53.

34 Johnsen 1993.

35 Melle 1999: 70.

36 Rovde 1990: 34.

Det vart reist ein stadig sterkare kritikk mot politikken som vart ført – at den ikkje var til fordel for distrikta, men tvert om skapte sentralisering. Ein viktig person i dette omskiftet var Ottar Brox. Han lanserte «populisme» som ein motideologi – med eit noko ulikt innhald enn det som ligg i omgrepet i dag. Hovudinnhaldet gjekk på å bryte med elitens tru på teknokratisk samfunnsplanlegging og heller tilpasse utviklinga til lokale ressursar. Den norske populismen til Brox la slik vekt på desentralisering (og miljøvern) og vart ein del av radikaliseringa som slo ut ved universiteta og blant studentane frå siste del av 60-åra. Kva gjorde den radikal? Den appellerte til folkeleg motstand mot den teknokratiske eliten. Bygdesamfunna var berarar av folkets kultur og hadde spelt ei sentral rolle i nasjonalstatens historiske utvikling. Med dette vart sentrum-periferi-diskusjonen, ein gamal konfliktdimensjon i norsk historie, reaktivert. Populismen slik den vart framstilt på 1960-talet, og debatten om distriktpolitikken, skapte større rom for bygdekulturen, ikkje minst den som hadde med norsk språk å gjere. Målrørsla og den frilynde ungdomsrørsla fekk ein renessanse. Det politiske miljøet vart påverka. Sosialistisk Folkeparti fekk eit populistisk program i 1967, men populistiske tankar kom også til å farge nesten alle politiske program i 1969. Historikaren Edvard Bull d.y. skriv at populismen og fleire andre protestrørslar i samtida gjekk saman i ein «utkantbevegelse». Den drog vekslar på historiske tradisjonar i Norge, alt frå antibyråkratiske holdningar, bondeopprør til motkulturelle rørslar.³⁷

Miljøvernargumentet, eit tema som var ein del av radikaliseringa på 1960-talet, vart også drege inn i debatten om høgskuleplassering i Telemark. 1970 vart lansert som miljøvernåret. Våren 1970 vart problem med luftforureining og røykplager i Skiensfjorden tekne opp i avisinnlegg og underskriftsaksjonar, og Aksjonsnemnda var påpasseleg ute og åtvara mot å plassere ein ny institusjon i eit pressområde som var så sterkt utsett for luftforureining. Men argumentasjonen vart også snudd rundt: «Bø er ikke tjent med å få ein elefant i gave ... som kan trampe ned det gode miljø som eksisterer», skreiv Porsgrunn Dagblad.³⁸

Eit tema som, ikkje minst i Telemark, var med på å aktualisere distriktpolitikken på 1960-talet, var debatten om utbygginga av den niårige ungdomsskulen. Bø-lektoren Arne Johan Waldenstrøm reiste ein skarp kritikk mot linedelinga som vart nytta dei første åra og som han meinte braut med einskapsskuletradisjonane i Norge.³⁹ Men det som skapte det største engasjementet var debatten om sentralisering av skulen. Etter 1945 vart barneskulane i Norge gradvis samla i

37 Bull 1979: 454.

38 Porsgrunn Dagblad 13.4. 1970, sitert etter Nymoen 1973: 52. Sjå og s. 51, 89.

39 Waldenstrøm 1971.

større og færre einingar, og talet på skulekrinsar vart slik sterkt redusert. Det galdt ikkje minst i Telemark. Få fylke hadde fleire elevar i udelte eller fådelte skular. Drangedal hadde i 1954 heile 22 skulekrinsar, Kviteseid 20. I løpet av 60-åra vart krinstalet i fylket meir enn halvert. Dette utløyste ei rekkje protestaksjonar, retta både mot fylkeskommunale og sentrale styresmakter. Sterkast var aksjonane mot utbygging av ungdomsskulen. Forsøksrådet for skuleverket utarbeidde planar om store sentralskular for å få gode nok tilbod ved alle linjene. I slutten av 50-åra vart det sett i gang prøvedrift med linjedelt ungdomsskule i Kviteseid for 8 Vest-Telemarkskommunar – det første interkommunale samarbeidet om ein sentralskule av dette slaget i Norge. Tidleg på 60-talet ville Forsøksrådet ha berre tre fullt utbygde ungdomsskular i Vest-Telemark, sentralskulen i Kviteseid, ein skule i Tokke og ein i Åmot. Elles var det på tale med ein felles ungdomsskule for Holla og Lunde, eit samarbeid mellom Bø og Sauherad og mellom Hjartdal og Seljord.⁴⁰ Når desse planane vart modifiserte, hang det ikkje lite saman med protestaksjonane mot dei. Her var forfattaren Aslaug Høydal ei kraftig stemme. Ho var fødd i Langlim i Seljord, utdanna seg til lærar og arbeidde på 1960-talet ved Tokke ungdomsskule – seinare i Skjåk.⁴¹ Landskjend vart ho som forfattar der ho mellom anna skreiv fleire bøker om den nye grunnskuleordninga – særleg med protestar mot sentraliseringa.⁴²

Debatten om skulesentralisering var med på å styrke dei distriktpolitiske konjunkturane på 1960-talet, og gav gode politiske rammevilkår for Bø i lokaliseringsstriden. At skuledirektør Hans Østvold var talsmann for skulesentraliseringa og samstundes motstandar av å leggje distriktshøgskulen til Bø, spelte nok med når kommunane i Midt- og Vest-Telemark gav sterk støtte til Bø før vedtaket i mai. Det vekte merksemd då også Erik Brofoss i eit foredrag i Oslo 10 dagar før stortingsvedtaket, støtta å leggje distriktshøgskulen til Bø. Plassering her «må avgjort betraktes som et klart virkemiddel i distriktsutbyggingen».⁴³ For Brofoss var nok Bø eit senter i Midt-Telemark som kunne demme opp for folkeflyttinga frå dei indre delane av fylket. I marknadsføringa av Bø vart det i «aksjonsperioden» lagt vekt på at bygda hadde utvikla seg til eit kommunikasjons-senter. Bø hadde ein sentral posisjon når det galdt kontakt både vestover, sørover og austover. Her var jernbanen viktig. Då Sørlandsbanen var planlagt og bygd gjennom Telemark, vart det etter iherdig argumentasjon frå stortingsmann Gjermund Grivi lagt ein sving vestover frå Gvarv til Bø, før den

40 Rovde 1977.

41 Eide 2016.

42 Her bør boka *Dyr last*. (1967) framhevast.

43 Sitert etter Nymoen 1973: 59.



Hans Skjervheim



Gunnar Skirbekk

svinga vidare sørover.⁴⁴ «Grivisvingen» var avgjerande for etablering av Bø som senter i Midt-Telemark.

«Utkantbevegelsen» som Edvard Bull kallar den distriktpolitiske rørsla frå slutten av 1960-åra, fekk som vi alt har sett fagleg og ideologisk tyngde frå organisasjonslivet, frå studentar og fagfolk ved universiteta. I arbeidet for «telemarksaksjonen» er det grunn til å framheve dei to «nynorsk-filosofane» Gunnar Skirbekk og Hans Skjervheim. I det tidlegare nemnde Bø-seminaret i byrjinga av november 1969, seminaret som markerte vendepunktet i lokaliseringsdebatten, var begge foredragshaldarar med ein klar bodskap: Det var nødvendig å byggje opp høgskular som kunne styrke bygdene politisk, kulturelt og språkleg. Her var både plasseringa viktig, og innrettinga av utdanninga. Ei særleg rolle spelte Skirbekk – både som ideologiproducent og som aksjonist for å plassere skular i bygdemiljø. Ved fleire høve tok han opp kor nødvendig det var å byggje opp ein motekspertise som kunne problematisere den økonomisk-teknologiske «utviklinga» som ofte vart sett på som ein a-historisk politisk prosess. Den ramma bygdene på ulikt vis. Ein motekspertise skulle sørge for maktspreiing og

sikre den sosiale og geografiske periferien demokratisk kontroll og innverknad – og i seg sjølv fungere som ein ekspertise. Folk i distriktet burde dragast med i diskusjonen om undervisningsopplegg. Det var viktig å ta opp problema folk stod oppe i og hjelpe elevane til å skjønne sin eigen plass i skulen og i samfunnet, og den plass teknologien, naturvitskapen og dei humanistiske faga hadde fått. Slik la dei grunnlag for ein ekspertise som kunne hamle opp med dei etablerte ekspertane, «til beste for eit reelt demokrati og for vanlege folk».⁴⁵

Då Skirbekk møtte i Bø-seminaret i november, sat han i det såkalla

⁴⁴ Skobba 2014: 104.

⁴⁵ Skirbekk 1969: 521. Referatet og Skirbekks syn er henta frå denne artikkelen og Skirbekk 1973. Jf. Jerdal 2002: 69.

Allmennfagutvalet, eit utval oppnemnt av Kyrkje- og undervisningsnemnda etter initiativ frå ei rekkje fagfolk med utspring i sosiologifaget og tilgrensande fagmiljø ved Universitetet i Oslo. Utvalet fekk som oppgåve å greie ut om dei meir allmenndannande funksjonen ved distriktshøgskulane, utan spesiell tanke på yrkesutøving. Her fekk han høve til å påverke den faglege utviklinga ved høgskulane. Innstillinga som vart lagt fram 6. desember 1969, slo fast at allmennfaga, som omfatta samfunns-, miljø- og humanistiske fag, skulle innpassast i ein heilskap der målet var fagleg integrasjon og kritisk refleksjon. I framtida var det viktig «å skape ein utdanningsinstitusjon som gjorde at alle grupper i samfunnet kunne ta velgrunna standpunkt til dei større og mindre sakene som er oppe, og å målbere sine syn på ein god måte». Det var derfor viktig å gje den sosiale og geografiske periferien sin ekspertise.⁴⁶

Kulturell kapital?

I analysen av bakgrunnen for plasseringa av DH-skulen i Volda legg Oddbjørn Melle vekt på at Volda hadde «symbolsk kapital» som det kunne dra vekslar på i debatten.⁴⁷ Omgrepet stammar frå den franske sosiologen og antropologen Pierre Bourdieu og står for den innverknaden nedarva verdiar, oppfatningar og trusforestillingar kunne ha på tenkjemåtar og politisk handling i ulike samanhengar. «Kulturell kapital», eit omgrep som også skriv seg frå Bourdieu, er ei undergruppe som er knytt til tekst og utdanning, tradisjon og skriftkultur. Det er i denne samanhengen at Melle viser at Volda hadde «kulturell kapital» som kunne brukast i debatten om høgskuleplassering. Den hadde feste i ein lærdomskultur som utvikla seg frå slutten av 1700-talet med presten Hans Strøm, som skreiv det topografiske mønsterverket *Søndmørs Beskrivelse*, til det omfattande opplysningsarbeidet til Sivert Aarflot, som starta boksamling, prenteverk og den første avisa på landsbygda, *Norsk Landboeblad*. Her kunne linjer dragast vidare fram til Ivar Aasens arbeid. Dette gjorde Volda til eit «motkulturelt» sentrum for bygdekulturen med verdiar som høvde med dei ideologiske konjunkturane som slo igjennom på 1960-talet. Melle legg slik vekt på den stillinga dei nærskylde nynorske og frilynde ungdomsrørslene hadde i regionen, begge berar av egalitære og nasjonalkulturelle verdiar som nettopp fekk gjennomslag ved vedtaket om Volda i 1969 – og om Bø året etter.

Kva hadde så Bø av «kulturell kapital»? Bygda kunne ikkje konkurrere med

46 Innstilling om Allmennfag i distriktshøgskulane 1970: 96.

47 Melle 1999: 145ff.

Volda/Ørsta. Halvor Eikjarud, bror til den første ordføreren i Bø, var påverka av opplysningstida. Han skipa leseselskap i 1805 og etterlet seg ei stor brevsamling. Men han døydde alt som 29-åring, og kom ikkje til å byggje opp noko breitt miljø i bygda. Bø hadde ikkje så sterke eller langvarige lærdomstradisjonar som regionen på Sunnmøre. Men likevel hadde telemarkskulturen ei sterk stilling både i sjølvoppfatninga til telemarkingane og i vurderinga utanfrå. Særleg i løpet av 1800-talet vart denne kulturen som omfatta både munnleg tradisjon og skriftfesta kjelder i bygdene, «oppdaga» og innsamla, og kom til å spele ei viktig rolle i nasjonsbyggingsprosessen i Norge.⁴⁸ Folkemusikk-kulturen stod sterkt i Telemark, og ikkje minst i Bø. Dette drog seinare Telemarksfestivalen, som vart eit årvisst arrangement frå 1990, vekslar på. Telemark kunne også framvise ein radikal politisk kultur – også med opphav i bygdene. Den kunne knytast til bondeopprør og antibyråkratiske og stridbare holdningar, og til framveksten av ein radikal Venstre-kultur på slutten av 1800-talet. Her var både den frilynde ungdomsrørsla og målrørsla viktig som grunnlag. Venstre-kulturen stod sterkt i Bø og i dei indre bygdene av amtet. Folkehøgskulen i Seljord og leiaren av skulen, politikaren og den seinare amtmannen i Bratsberg, Viggo Ullmann, bør nemnast i den samanhengen. Ullmann var m.a. ein sterk talsmann for republikk. Avstemminga i 1905 viste også at republikanismen var utbreidd blant bygdefolket, først og fremst i dei vestlege og nordlege delane av amtet.⁴⁹

Det var Venstres sterke stilling som gav opphav til namnet som er brukt om Telemark: «Det raude fylket». Men nemninga, med eit litt anna innhald, høvde også seinare då dei sosialistiske partia fekk gjennomslag i Telemark. Gjennomslaget var eit resultat av industriutbygginga og veksten i industriarbeidarklassa, men det hadde også andre kjelder. Arbeidarpartiet fekk også stor oppslutning i industrifattige bygder der Venstre hadde stått sterkt.⁵⁰ Her overtok partiet deler av den motkulturelle Venstre-ideologien. I vår samanheng finn vi her grunnar for at Arbeidarpartiet i Midt- og Øvre Telemark kunne støtte Bø i distriktshøgskulespørsmålet. Det galdt til dømes Aslak Versto som vart ein viktig våpendragar for Bø i slaget om plassering av DH-skulen, og som vart valt som første styreleiar for distriktshøgskulen (1970-72).

Både den nasjonsbyggjande telemarkskulturen og den radikale politiske kulturen kunne tene som «kulturell kapital» i distriktshøgskulespørsmålet i fylket. Men Bø kunne ikkje på same måte som Volda utnytte denne kapitalen. Den var knytt til ein større region. Likevel kunne bygda i ulike samanhengar på 1900-talet

48 Sjø Solberg 2014.

49 Agøy 2008, Agøy 2014: 190f. Sjø også Olsnes 2014.

50 Rovde 2014: 149f.

vere ein geografisk innfallsport for telemarkskulturen – og bruke denne kulturen for eigenutvikling. Her er etableringa av landsgymnaset like etter krigen, etter ei lang førebuingstid, eit viktig døme. Dei to første landsgymnasa vart oppretta i Volda og Voss i 1916 etter initiativ frå Noregs Ungdomslag. Tidleg på 1920 talet prøvde sterke krefter med mållaga og ungdomslaga i spissen å starte eit tredje landsgymnas i Bø. Det lukkast ikkje – i første omgang. Men det kom i gang ein toårig realskule i 1923, i 1925 utvida med ei toårig gymnasklasse. Økonomien var heile tida eit stort problem. Det vart til og med starta privat kinodrift for å halde skulen i gang. I 1950 kom det første statstilskotet, før Telemark offentlege landsgymnas vart oppretta i 1954 med full statleg drift.⁵¹ Som vi alt har sett, kom lærarar ved gymnaset (m.a. Halvor Dalene og Olav Fundlid) til å spele ei pådrivarrolle for etableringa av distriktshøgskulen. Det er i denne samanhengen verd å understreke at det langt på veg var dei same kreftene som stod bak landsgymnasa som også kjempa fram distriktshøgskular i bygdemiljø: målrørsla, ungdomslag, bondeorganisasjonane, Venstre.

Slike lange politisk-kulturelle faktorar er tydeleg til stades i debatten i 1970. Referansar til telemarkskulturen og dei politiske tradisjonane kunne brukast, og vart brukte, av Bø-tilhengjarane. Bø stod slik sett ikkje på bar bakke. Men dette var neppe avgjerande for utfallet. Det som gav siger til Bø, var først og fremst det samtidige politiske arbeidet og dei ideologiske konjunkturane i samtida. Sigeren til Bø var langt meir situasjonsbestemt enn avgjerda året før om Volda.⁵² Det politiske arbeidet var også i stor grad bygd opp og ført utanfrå. Her var Aksjonsnemnda heilt sentral. Den stod bak «vendepunktet», seminaret i Bø i november 1969. Nemnda skaffa Gunnar Skirbekk og Hans Skjervheim som foredragshaldarar, saman med seksjonsleiaren for distriktshøgskuleavdelinga i departementet, Ingjald Ørbeck Sørheim, og forfattaren Rolf Sagen, som var ein av dei sentrale leiarane i nemnda. Elles møtte skuledirektør Hans Østvold og folk frå skuleadminstrasjonen i fylket, og politikarar med stortingsmennene Hallvard Eika og Johannes Østtveit i spissen, og frå Skien, ordførar Sigurd Namløs.⁵³ På dette møtet vart ordførarane i øvre deler av fylket mobiliserte, og sikra som støttespelarar til Bø-alternativet.⁵⁴ Samtidig tente møtet til å bryte kommunikasjonslinjene mellom fylket og dei sentrale styresmaktene. Veggen opna seg for Bø, som også kunne dra fordelar av dei ideologiske vinddragane i samtida. Dersom vedtaket om Bø hadde vore fatta på det tidspunkt Volda fekk tildelt distriktshøgskule, ville truleg avgjerda gått i Skiens

51 Ystad 2007.

52 Melle 1999: 412.

53 Nymoen 1973: 83, Dalene 1980: 17.

54 Sjå note 1414 i Melle 1999.

favør. Om avgjerda skulle bli fatta i fylket og ikkje i Stortinget, ville heller ikkje Bø hatt ein sjanse. I stortingsdebatten nemnde Einar Førde, som var saksordførar og Bø-tilhengjar, nettopp dette poenget: Når det galdt statsinstitusjonar som dei nye distriktshøgskulane, var det inga fylkessak å avgjere lokaliseringa.⁵⁵

Ulikt Volda kom Bø ut av striden med ein «heil» distriktshøgskule. Eit forhold som kan vere med på å forklare dette, er at Telemark reint administrativt var langt meir samla som eining enn Møre og Romsdal. Alle forslag om å dele distriktshøgskulen i Telemark var derfor langt meir halvhjarta enn i debatten på nordvestlandet. Møre og Romsdal hadde frå gammalt av tre fogderi, Nordmøre, Romsdal og Sunnmøre. Sjølv etter opphevinga av fogderia i 1894 var den gamle inndelinga grunnlag for distriktsmotsetningar, mellom anna ved at Sunnmøre ved fleire tilfelle hadde truga med å danne eiga fylke. Noko liknande var aldri på tale i Telemark. Slik fall også forslag om å dele institusjonen mellom Skien/Porsgrunn, Bø og Notodden, nokså raskt bort.

Med sigeren i Telemark i 1970 kulminerte distriktshøgskuleaksjonen som var reist av Aksjonsnemnda – og som hadde Studentmållaget i Oslo som kjerne. Men på same måte som vedtaket om distriktshøgskule i Volda hadde verknader for plasseringa i Bø, innverka sigeren i Telemark på prosessen som førte fram til oppretting av distriktshøgskule i Sogndal og Alta (1975). Lokaliseringa av distriktshøgskulane vart ei av dei mest effektive formene for distriktsutbygging på 1970-talet.

⁵⁵ Ref. i Melle 1999: note 1511, s. 416.

Å byggje høgskule frå grunnen av

Etter stortingsvedtaket i mai 1970 skulle høgskulen starte hausten 1971, dei første fem åra som prøvedrift. For Bø var dette ei stor oppgåve. Ein måtte både sørge for bygg til skulen og hus til tilsette; og viktigast av alt: planleggje faginnhald og undervisningsopplegg, byggje opp administrasjonen og tilsetje lærarar.

Departementet sette ned styret 3. juli og valde Aslak Versto som styreleiar. Han fekk med seg Gunnar Skirbekk, som framleis var ein ivrig støttespelar for høgskulen i Bø. Dei andre i det første styret var dosent Olav Bø og stortingsmennene Hallvard Eika og Eigil Liane.⁵⁶ Lars Heyerdal-Larsen frå økonomistudiet i Skien representerte studentane. Året etter, etter tilsetjing av lærarar ved høgskulen, vart Tor Næss med i styret som representant for dei tilsette.⁵⁷ Asmund Brenden vart oppnemnt som direktør. Han kom frå byråsjef-stilling i KUD. Han vart tilsett frå november 1970, men han følgde planlegginga alt frå våren, og flytta til Bø om sommaren – og budde den første tida på hybel i meieribygget. Frå 1. januar 1971 fekk han med seg to personar, konsulent Reidar Førde og kontorhjelp Gunhild Haugen. Dette var heile staben første året. Olav Ødegård som var formann i ei nemnd kommunen sette ned for å leggje til rettes forholda for den nye høgskulen, har fortalt korleis han og Brenden køyrde rundt om i Bø for å finne ein passande stad for administrasjonen.⁵⁸ Valet kom til å stå mellom underetasjen i Myrjords vevstove eller ei leilegheit i Meierigarden. Valet fall på den siste, og formannskapet løyvde pengar til opp-pussing – til det som vart senter for den nye høgskulen inntil dei nye bygga stod ferdig på Frivoll like før skulestart hausten 1971.

Gunhild Haugen i Bø blad 7.1.2016: Ho fekk stort kontor med peis i meierigarden. «I starten var det ikkje så travelt. Eg måtte gjere noko, så eg vaska vindauge. Brenden støvsugde. Men det dukka snart opp saker og det vart travelt.»

⁵⁶ Berre Liane var frå nedre Telemark, men han var lite aktiv og ofte fråverande i styremøta. Førde 2018.

⁵⁷ TDH. Årsmelding 1970-72: 6.

⁵⁸ Ødegård 2007.

Planar og bygningar på rekordtid

I debatten før plasseringsvedtaket i Stortinget var det mange, ikkje berre grenlandsfolk, som stilte spørsmålsteikn ved om Bø kunne greie oppgåva bygda hadde teke på seg: «Bø ba om et glass vann, og fikk en hel foss», sa rektor ved Handelsgymnaset.⁵⁹ Korleis skulle kommunen takle dei nye oppgåvene? Fantasifulle spådomar gjekk ut på at Bø om kort tid ville vekse til 15 000 innbyggjarar, frå i underkant 4000 i 1970, og at skulen ville krevje store areal. Det eineste bøheringene forstod av skulen var, vart det sagt, at dei måtte ha ein ekstra tast på kassaapparata.

Dette var godt stoff på folkemunne, men sikkert nok var det at utfordringane var store. Kva vedtaket i mai hadde for konsekvensar for kommunen, var i liten grad førebudd. Styret kalla saman til stort folkemøte i desember 1970 for å samtale om kva folk meinte om å få høgskulen til bygda. Her var stemningane mest positive. Ordføraren ved 10-årsjubileet, Asbjørn Josefsen, skriv at det kom motforestillingar mot skuleetableringa fordi prioriteringa av behov høgskulen hadde, måtte gå ut over andre oppgåver.⁶⁰ Dette var eit poeng. Høgskulen måtte byggjast frå grunnen av. Kommunen sette ned ei nemnd i midten av april med Olav Ødegård som formann og kontorsjef Harald Nygård som sekretær. Nemnda hadde tett kontakt med Hallvard Eika på Stortinget, men hadde som hovudoppgåve å greie ut om dei praktiske oppgåvene for ein høgskule i Bø. Dette temaet kom inn for fullt frå sommaren og hausten.⁶¹ I første rekkje var det viktig å få på plass undervisningslokala. Det vart sjekka om gymnaset kunne brukast, men ein enda opp med å bruke det gamle Folkets Hus på Frivoll og byggje nye lokale på den tilhøyrande tomte på 12 mål. Folkets Hus vart reist i 1933 som samlingshus for arbeidarrørsla, Bø Arbeidarparti og fagforeiningane, men var no berre i bruk som lagerlokale. Kommunen fekk i stand ein leigeavtale, men først etter ein lang debatt i kommunestyret der det vart reist innvendingar mot at det skulle utbetalast pengar til eit politisk parti. Sjølv planlegginga av bygget, behovet for lokale, måtte høgskulen sjølv greie ut om. Her kom den vesle høgskuleadministrasjonen til å spele ei sentral rolle. Direktør Brenden fekk hovudansvaret. Han var i gang med teikningar alt før han flytta til Bø, og leverte nokså detaljerte forslag, «på millimeterpapir»,⁶² som vart godkjende av styret og sendt vidare til teknisk etat i kommunen. Forslaga omfatta kontor til lærarar og administrasjon, bibliotek,


59 Rektor ved Handelsgymnaset (Roksund) ref. i Dalene: Notat deponert ved Høgskulen 1992.

60 Josefsen 1980: 75.

61 I nemnda sat elles formannen i bygningsrådet, Kittil Bakkåker, formann i skulestyret, Bjarne Barvik, og rektor Halvor Dalene.

62 Ødegård 2007.

lesesal og undervisningslokale. Folkets Hus skulle pussast opp til bruk for større samlingar og tilstellingar. Brenden skreiv lånesøknad til kommunen og søknad om statstilskot til undervisningsbygget. Som tidlegare departementstilsett hadde han god greie på rutinene ved slike prosjekt, og saman med Reidar Førde stod han heilt frå starten sentralt i prosessen om den raske utbygginga av høgskulen.



Direktør Asmund Brenden, saman med Gunhild Haugen og Reidar Førde, dei første som vart tilsette i adminstrasjonen. (Bilde: Bø blad).

Entreprenørfirmaet til Gunnar Råmundal i Seljord fekk byggeoppdraget. Råmundal oppsøkte teknisk etat like etter at planskissa kom frå høgskulen. Han kjende til skissa som kom frå Brenden, og fekk slik ein fordel då prosjektet vart utlyst. Truleg vart Råmundal tipsa tidleg av ein som kjende til prosjektet. Olav Ødegård trur det må ha vore formannen i styret, Aslak Versto, som varsla.⁶³ I alle fall fekk Seljord-firmaet ein fordel, og vart både av høgskulen og kommunen

⁶³ Ibid.

innstilt til oppdraget. Innstillinga vart støtta av alle partigruppene i kommunestyret, med unntak av Venstre-representanten Søren Høibø som stilte spørsmålsteikn ved kostnadsoverslaget. Men vedtaket i kommunestyret vart til slutt samrøystes. Bygginga kom i gang på nyåret 1971 og lokala stod ferdige 24. august 1971 – nokre dagar før semesterstart 1. september.

Opninga 24. august 1971 skjedde i skulens «aula» (Folket Hus), fullsett og med stor festivitas. Statsråd Olav Gjærevoll heldt opningstalen. Ei rekkje andre talarar følgde etter: styreformannen Aslak Versto, fylkesmann Leif Hjørnevik og ordførar Hellek Myrjord og direktør Brenden. Hjørnevik hadde med ei gåve på 12 000 kroner til studentforeninga til innkjøp av piano og andre musikkinstrument. Kommunen spanderte så middag på dei innbodne gjestane.⁶⁴

Prosessen frå planlegging til ferdigstilling skjedde på rekordtid. Korkje høgskulen, styret og den vesle administrasjonen, eller kommunen brukte lang tid på å svinge seg rundt for å få på plass det nye høgskulebygget. Knapt noko anna prosjekt som var så viktig for Bø som dette, har skjedd raskare eller med større gjennomslagskraft. Med det kunne den nye høgskulen disponere 2300 kvadratmeter til ein kostnad på 880 kroner pr. kvadratmeter. I 1973 bygde kommunen eit tilbygg på 900 kvadratmeter med laboratorium for språkfaga, for natur- og miljøvernstudiet, og fleire kontor.⁶⁵

Eit problem frå starten av var mangel på hyblar til studentane. I 1972 var



Frivoll. Bygget stod ferdig til haustsemesteret 1971. Folkets Hus i bakgrunnen til venstre.

⁶⁴ TDH Årsmelding 1970-72: 6.

⁶⁵ Brenden 1980. Jf. Førde 1994.

studenttalet på nesten 200, og sjølv om nokre av dei pendla, førde vanskeleg hybelsituasjon til at fleire reiste.⁶⁶ Men dette året stod den første studentheimen ferdig tett ved Bø hotell med plass til 72 studentar. Kommunene skaffa tomt og tilknytning til vatn og kloakk, og bygget vart elles finansiert dels ved statstilskot (50 %) og dels med lån i Husbanken. Studentheimen vart driven av ei stifting sett saman av representantar for kommunen, høgskulen og studentane. Studentane fekk eiga kro i kjellaretasjen under biblioteket på Frivoll, utan vindu og med dårleg avtrekk for sigarettøyken og øldunsten som var tett knytt til studentlivet på 1970-talet. Styresmaktene gav i prøveperioden ikkje høve til å opprette studentsamskipnad, dermed vart dei grunnleggjande velferdsbehova til studentane dekte av budsjettet til høgskulen. Dette vart ein tyngjande del av stramme budsjett dei første åra.

Studentforeininga gav i 1973 ut *DH-gauken*, ei sangbok ikkje berre var meint for Bø-studentane, men for å fremje eit «rikere sangmiljø på enhver DH-skule». Visene var for det meste kjent st-off, og bygde opp under tradisjonelle forestillingar om den frisinna og lykkelege studenten som skulle få «oppleve samsangens gleder i lystige sammenkomster, med skummende øl og rungende gaukrøster», som redaktøren Ola Tvedt skreiv i innleiinga.

For tilsette som skulle flytte til bygda, fekk kommunen regulert nye tomteområde for husbygging. Ved lokaliseringsvedtaket i 1970 hadde kommunen



Gullbring studentheim som sto ferdig vinteren 1972. (Foto: Max Emanuelson)

66 Telemark distriktshøgskole. Årsmelding 1973.

berre tre ledige tomter. Gjennom avtale med Eivind Eckbo vart det regulert inn 18 nye tomter i Breisås til hus med full husbankfinansiering til bruk for distriktshøgskulen. Også her stod Råmundal for planlegging og gjennomføring, medan skulen fekk hand om tildelinga av bustadane.⁶⁷ Brenden sat den første tida med husnøklane på kontoret sitt – og fordelte dei etter behova som melde seg.

Distriktshøgskulane var statlege institusjonar og det var derfor klart at staten skulle ta kostnadane for utstyr og drift, medan fylke og kommune skulle ha ansvar for adminstrasjons- og undervisningsbygga. Dette vart eit vanskeleg punkt. Fylket var nølande og halvhjarta når det galdt støtte til oppbygginga i Bø.⁶⁸

Høgskulebygga som stod ferdig ved opninga hausten 1971, hadde ein prislapp på vel 2,3 millionar kroner. Like før opninga løyvde fylket 300 000 kroner over tre år. «Denne svake innsatsen frå fylkets side er truleg ei av dei minst vellukka sider ved utbygginga», skreiv dåverande ordførar Asbjørn Josefsen ved tiårsjubileet i 1980.⁶⁹ Utsegna reflekterer misnøya i kommunen over holdningane i fylket etter striden om plasseringa i 1970. Høgskulebygga vart i hovudsak finansiert av Bø kommune. Ikkje berre let fylket vere å gå inn med solid støtte til den nye høgskulen, men mangt tydde også på at dei holdningsskapande og mest folkerike miljøa i dei nedre delane av fylket miste interessa for Telemark distriktshøgskole (TDH) dei første åra etter etableringa i 1970. Fylkesordførar Henry Finrud vedgjekk dette ved 10-årsjubileet:

«Striden om plasseringen av TDH har nok til en viss grad vært hemmende for kontakten mellom skolen og store deler av fylket. Det var nok mange fylkespolitikere og andre politikere som ble skuffet over at ikke Stortinget fulgte flertallet i de fylkeskommunale organer, men ettertiden har vist at plasseringen var riktig og fornuftig – alle forhold tatt i betraktning».⁷⁰

I si minneoppteikning refererer Ødegård eit svar frå fylket om økonomisk støtte, underteikna av fylkesordførar Oddvar Berrefjord: «...nå hadde kommunen greidd å få skolen, og da fikk de og greie det økonomiske sjøl».⁷¹ Dei ekstra kostnadane kommunen fekk, gjorde at den måtte omdisponere midlar, ca. 1 million kroner, planlagt til reising av kino/bibliotekbygg.⁷²

Bjørn Bø fortel at han ei tid etter vedtaket om plassering vart kontakta av ein «uroleg» polititar i Bø om kva Stortinget hadde tenkt om studenttalet ved TDH. Bø la spørsmålet fram for saksordførar Einar Førde «under mange pils» saman med rådgjevar Svein Larsen på uterestauranten Pernille. «Tre tusen studentar må bygda tole», svara Førde. Den seinare ordførar i Bø, Søren Høibø, blei bleik då han hørde svaret».⁷³

67 Talet 18 tomter er henta frå Brenden 1980. Sjå elles Ødegård 2007.

68 «Fylket var fråverande». Førde 2018.

69 Josefsen 1980.

70 Finrud 1980.

71 Ødegård 2007.

72 Josefsen 1980.

73 Bjørn Bø til forfattaren 21.8. 2016.

Fagprofilen

I Vidareutdanningskomiteen var tanken at studieopplegga til distriktshøgskulane og universiteta skulle samordnast for å gjere den høgre utdanninga mest mulig effektiv. Men slik samordning vart for det første hindra av den protestrørsla som reiste seg mot komiteinnstillingane. «Kampen mot Ottosenkomiteen», eit «norsk 1968-opprør», var retta mot forslag om effektiviseringstiltak, kortare studietid, hyppige eksamenar og ordningar som skulle gje friksjonslause overgangar mellom høgskule og universitet.⁷⁴ Men også universiteta hindra slik samordning. Dei kunne godta dei nye høgskulane som avlastingstiltak, men dei var redde for fagleg nivåsenking. Universitetet i Oslo, som låg nærast til for samarbeid med Telemark distriktshøgskole, gjekk inn for å halde på eit skarpast mulig skilje mellom høgskule og universitet.⁷⁵ Studiestrukturen med kurs- og vekttsystem som vart bygt opp ved dh-skulane, skapte også sperrer for smidig overgang mellom institusjonane.⁷⁶

På den andre sida gav dette utgangspunkt for større intern råderett. Denne fridomen låg heilt frå starten av også i dei retningslinjene som vart sende ut frå høgskuleseksjonen i departementet. «Vi trodde på desentralisering og akademisk sjølstyre», skreiv Ørbeck Sørheim seinare – med stuttare vegar for deltaking og påverknad, og større sjansar for reelt demokrati». Små einingar var meir effektive: «Store einingar utviklar stadig meir byråkrati for å liggje eit hakk framfor samanbrotet».⁷⁷ Dei einskilde høgskulane fekk ikkje berre eiga leiing og eigen adminstrasjon, men også eigne valde styringsorgan. Dei vart bygt opp som del av «medbestemmelsessystemet» på 1970-talet (sjå meir om dette seinare). Høgskulane fekk fridom også når det galdt pedagogiske opplegg, og sjølv om departementet var overordna og godkjennande instans, kunne dei også i stor grad påverke innhaldet i utdanninga. Lærarane vart ikkje underlagde spesiell undervisnings- eller arbeidsplikt frå sentrale organ. Det var det opp til den enkelte skule å avgjere. I starten heitte det at høgskulane «normalt» ikkje skulle drive forskning, men byggje på forskingsresultat og ha kontakt med forskingsinstitusjonar. Primæroppgåva var undervisning.⁷⁸ Men praksis som vart følgt heilt frå starten av ved tilsetting i fagstillingar – gjennomført etter forslag frå Dagfinn Føllesdal,⁷⁹ var å bruke same kvalifikasjonskrav som universiteta og

74 Eit uttrykk for dette opprøret er m.a. boka til Berntsen 1969. Sjå elles Michelsen og Halvorsen (red) 2002.

75 Thue og Helsvig 2011: 244.

76 Michelsen og Halvorsen 2002: 58.

77 Sørheim 2006.

78 Sandvand 1976: 28ff.

79 Sørheim 2006: 6. Føllesdal var professor i filosofi ved Universitetet i Oslo, og sat i det rådgjevande Sentralutvalget for distriktshøgskolene.



Odd Johnsen stod alt frå 1959 i spissen for vidaregåande kurs i bedriftsøkonomi ved handelsskulen i Skien. Det vart utvida til eit toårig «college» frå 1968, eit viktig grunnlag for det økonomisk/adminstrative fagstudiet ved dei nye distriktshøgskulane. Etter vedtaket om å plassere TDH i Bø følgde Johnsen etter kvart etter. Han vart dosent i 1981. Slik spelte han ei viktig rolle både som arkitekt og drivkraft bak det studiet som fekk ein sentral plass i utviklinga av det nye skuleslaget. (Foto: Marit Wiik)

seg, opne for «den folkelege og demokratiske ekspertisen» og støtte bygdene politisk, kulturelt og språkleg. Dette var også hovudinnhaldet i krava som kom frå Aksjonsnemnda for distriktshøgskulane, som var dominert av organisasjonar knytte til bygdene. Minst 4 – 5 av dei nye skulane burde leggjast til bygdemiljøa, dei måtte gje plass til allmenndannande fag og ha som mål å verne bygdemiljøa og småsamfunna mot krefter som truga med å bryte dei ned.⁸⁰

På denne bakgrunn vart det frå starten av lagt vekt på å byggje opp eit fagmiljø

dei vitskaplege høgskulane hadde med sakkunnige tremannsutval sett saman av vitskapleg kompetente folk. Dette var også med på å setje kvalitetsstempel på studia – og det var også med på å fremje debatten om forskning ved distriktshøgskulane. Vekt på å utvikle ein akademisk og mest mulig universitetslik kultur gjorde at distriktshøgskulen frå starten av distanserte seg frå dei andre skulane i Telemark som gav postgymnasial utdanning: Telemark ingeniørhøgskole, med høgskulestatus frå 1978, Lærarskulen på Notodden med namnet Telemark lærerhøgskole frå 1981, og sjukepleiaraskulen i Skien, som også fekk høgskulestatus i 1981.

Det er innanfor desse rammevilkåra at profilen til Telemark distriktshøgskole skulle skapast. Men i vilkåra låg det visse prinsipp og føringar om korleis den faglege profilen skulle utformast. Debatten om å leggje skular til bygdemiljø var basert på eit politisk og ideologisk syn, slik Skirbekk og Skjervheim gav uttrykk for: Dh-skulen skulle fremje den delen av «sanninga som ikkje kjem til orde» når dei etablerte ekspertane uttalar

80 Skirbekk 1969. Skirbekk 1973. Sjå også artikkelen til G. Skirbekk: «Distriktshøgskolens kulturelle og politiske betydning for bygdene» i Læg Reid 2008: 7 – 17.

som var relevant for bygdemiljøet og for regionen. Dei nye skulane skulle ha som oppgåve å løfte økonomien og kulturen i regionane. Dette vart heilt frå starten av streka under i dei årlege studiehandbøkene til TDH:

«Det er føresetnaden at den einskilde distriktshøgskulen skal leggje stor vekt på utdanningsbehovet i distriktet skulen ligg, og at utdanningstilboda skal utformast i nær kontakt med interesserte organisasjonar og med nærings- og kulturlivet i regionen».

Det var lagt til at «skulen går inn i eit landsomfattande mønster og rekrutterer studentar frå heile landet». Men distriktsansvaret vart teke opp att i eit eige avsnitt:

«Under drøftingane om plasseringa av distriktshøgskolane, kom det tidleg fram ønskje om å få plassert distriktshøgskolar i bygdemiljø. Det er mellom anna lagt vekt på at sterke og varierte bygdemiljø kan ha kulturtradisjonar og kulturimpulsar som er verdfulle å få med i det nye skuleslaget, samtidig som plasseringa av ein distriktshøgskole har monaleg vekt som ledd i arbeidet med å styrkje distrikta.»⁸¹

Men det var ikkje så enkelt å få dette til, og målsetjinga kunne lett kollidere med andre omsyn som var viktige i starten. Vrange kommentarar frå leiinga i fylket i Skien skapte også uro i den faglege oppbyggingsprosessen. Olav Ødegård refererer frå eit seminar om universitets- og høgskulesystemet våren 1971 på Klekken hotell ved Hønefoss der representantar frå skiensområdet hadde mange negative omtalar av høgskulesatsinga i Bø: Undervisningspersonalet ville bli «amatørkirurger» og elevane «forsøkskaniner». Avisa Varden slo kritikken stort opp. Reaksjonar på oppslaget frå dei som var involverte i høgskulesaka i Bø, gjorde at Ødegård og Brenden tok kontakt med journalisten, Gerhard Hedlund, for å få inn motinnlegg mot kritikken. Det resulterte i ein artikkel «langt bak» i Varden og sett saman «av bruddstykker som var umulig å finne ut hva innholdet var».⁸²

Mest omstridd var flyttinga av det toårige økonomisk/administrative studiet som alt var starta i Skien, og som vart sett på som ein sjølvstøtt byggjestein i den nye distriktshøgskulen. Det første problemet var å flytte over studentane som hadde teke første året i Skien. Hovudslaget her stod våren 1971 då Ødegård, Brenden og ordførar Myrjord møtte studentane i Skien: «Det ble brukt sterkere og sterkere ord etter hvert som tiden gikk og øl-flaskene ble tømt», og ordstyraren måtte avbryte møtet, skriv Dalene i ei minnenedteikning seinare.⁸³ Men flyttinga til Bø gjekk likevel relativt roleg for seg. Skiensstudentane vart representerte i

81 Telemark distriktshøgskole. Studiehandbok 1973-74:4. Same formulering med nokre mindre endringar vart trykt i alle studiehandbøkene til og med 1994. Ved overgangen frå TDH til Høgskolen i Telemark vart desse merknadane tekne bort.

82 Ødegård 2007.

83 Dalene 1992.

stiftinga for studenthybelhuset slik at dei vart sikra hyblar ved overflyttinga. Eit poeng var også tilgang til studentkro. I Skien disponerte dei ein villa til dette formålet. Lovnaden i Bø var å byggje kro i «bomberomet» under biblioteket.

Viktig var også holdninga til rektor for kurset, Odd Johnsen, som roa ned dei opprørde stemningane: «Min eneste kommentar er at dette er en politisk, og først og fremst en distriktpolitisk avgjørelse», sa han til TA: «Men hovedsaken er at Telemark får sin distriktshøgskole. Det har vi kjempet for i mange år».⁸⁴ Johnsen vart brukt som sensor ved studiet i Bø, og i 1981 vart han tilsett som dosent i revisjonsfag ved studiet. Johnsen var slik både arkitekt og drivkraft bak det økonomisk/administrative studiet – ikkje berre det som utvikla seg i Bø, men det studieopplegget han bygde opp ved Telemark Handelsgymnas vart også mønster for dei andre økonomisk/administrative studia som vart etablerte ved distriktshøgskulane frå 1960/70.⁸⁵ Samstundes med overflytting av hovudstudiet vart det organisert deltidsstudium i økonomisk-administrative fag i Skien. I 1972 følgde 91 studentar slike kurs.⁸⁶ Det var starten på ei omfattande satsing på deltidskurs på fleire plassar i fylket.

Økonomisk/administrative studiar vart ein sentral del av fagopplegga ved dei nye distriktshøgskulane, ikkje minst ved dei institusjonane som vart plasserte i bygdemiljø. Her vart dei presenterte nærast som alternativ til tradisjonelle økonomiutdanningar som tente sentraliserande krefter i samfunnet. Svaret var å byggje opp under næringane i regionen for å hindre at ein skapte ein utdanningsinstitusjon som vart ein veg for ungdomen ut av bygdene.⁸⁷ Einar Førde, som var saksordførar i Stortinget då distriktshøgskulen vart lokalisert i Bø, tok dette temaet opp i 1973. Han trudde rett nok ikkje «at vegen til tusenårsriket, sosialismen, lyset og livet og alt anna som godt er, går gjennom distriktshøgskulen». Men han såg likevel på den økonomisk-administrative linja som den viktigaste, den «som til sjuande og sist kjem til å avgjere om dh-skulane skal bli fornyande».⁸⁸

Men det var ikkje lett å følgje opp slike målsetjingar frå starten av. Det toårige studiet i Bø som byrja hausten 1971, vart lagt opp med bedriftsøkonomiske fag som kjerne, og «ei klar orientering mot bedriftsøkonomiske problemstillingar i vid meining».⁸⁹ Studieplanen følgde stort sett opplegget for tilsvarande studium ved dei distriktshøgskulane som alt var i gang i Stavanger, Molde og

⁸⁴ Sitert i Dalene 1980.


⁸⁵ Ringstad 1980.

⁸⁶ TDH. Årsmelding 1970-72: 10.

⁸⁷ Skirbekk 1973.

⁸⁸ Førde 1973.

⁸⁹ TDH Studiehandbok 1973/74: 8.



Asmund Brenden, direktør 1970-1992, var ikkje berre den administrative leiaren, men han fekk også ei viktig rolle i forminga av den faglege profilen ved den nye høgskulen. (Foto: TA)

Kristiansand. Med i utsynet for framtida var likevel problemområde av særleg interesse for distriktet og regionen. Eit tidleg døme på dette er valfagsretninga Landbruksøkonomi (landbrukspolitikk) som vart oppretta i 1973, og som skulle gje studentane innsikt «i spesielle oppgåver og problem i landbruksnæringa».⁹⁰ Ikkje minst for Bø-regionen der jordbruket spelte ei stor rolle, var dette eit relevant og viktig utdanningstilbod. Men studiet kom også i mange år til å spele ei viktig rolle på nasjonalt plan ved å utdanne rekneskapsførarar i landbruket.

I tillegg til det økonomisk/administrative studiet vart det oppretta to årsstudium det første året, i historie og matematikk.⁹¹ I 1972 kom det tredje, årsstudium i norsk, og året etter, årsstudium i engelsk, alle fag som var prega av kapasitetsmangel på 1960- og 70-talet, og var svar på det behovet alt Ottosenkomiteen hadde meldt, å avlaste universiteta. Dette vart understreka ved at dei

⁹⁰ Ibid.: 11.

⁹¹ Matematikkseksjonen fekk i tillegg til årsstudiet ansvar for matematikk- og statistikkundervisninga ved det økonomisk/administrative studiet. Det første vedtaket om oppretting av studium vart gjort av styret i oktober 1970. Kjelde: TDH Årsmelding 1970-72.

så å seie overtok studieplanane frå universiteta. Særtrekk ved studieplanane for å markere tilknytning til regionen, behov som særleg historie og norsk hadde, vart skuva mot framtida. No kan det leggjast til at det var dei nyttilsette som var dei sterkaste drivkreftene for å opprette og utvikle dei universitetslike faga. Grunnen er lett å skjøne. Dei som vart tilsette og som med korte fristar skulle byggje opp faga, var nyutdanna og kom ofte rett frå universiteta. Då var det lettast å gripe til det som var kjent – i første omgang.

Alternativ- og nyskapingssoppgåvene ved den nye høgskulen i Bø vart først og fremst knytt til oppretting av ei toårig natur- og miljøvernutdanning – og eit årsstudium i miljökunnskap. Initiativet kom frå Asmund Brenden som fekk styret med seg, og alt hausten 1970 gav Kyrkje- og undervisningsdepartementet grønt lys for å starte planlegging av studieretninga. Planane vart laga av eit særskildt utval leidd av professor Sverre Øvstedal ved landbrukshøgskulen. Forskar Tor Næss, som seinare kom til dh-skulen som lærar, var sekretær. Utvalsinnstillinga var ferdig i mai året etter, og berre tre månader seinare starta studiet opp med 35 studentar og to faste lærarar. Det gjekk kjapt. Våren 1972 samarbeidde studentar og lærarar om ein ny studieplan som var ferdig i 1973.⁹²

Bakgrunnen for studiet var at temaet miljøvern stadig sterkare vart ein del av samfunnsdebatten. Frå byrjinga av 1960-åra var *freding* ein sentral del av denne debatten. I 1962 vart Rondane nasjonalpark oppretta, året etter Børggefjell nasjonalpark. I 1964 vart det lagt fram ei utgreiing frå Statens Naturvernråd med



Knut Dale og Ivar Skau var to av dei første lærerane som vart tilsette ved TDH – begge i 1971. Dale sat i stillinga til 2003, Skau heilt til 2012.

92 Hesjedal 1980.

forslag til 16 nasjonalparker. I Norge vart målsetjinga om naturvern også kobla til regional planlegging. Den slo igjennom i Bygningslova av 1965. I siste del av 60-talet vart feltet natur- og miljøvern vida ut, der samanhengane mellom natur, miljø og politikk kom meir i forgrunnen. Dette var eit internasjonalt fenomen. 1970 vart av Europarådet proklamert som det europeiske naturvernåret, og det kom krav frå mange kantar om at dette feltet burde få ein sterkare plass i utdanninga. I 1972 vart Miljøderpatementet oppretta, det femte av sitt slag i Europa. Miljøspørsmålet vart, som vi alt har sett, drege inn i lokaliseringdebatten. Ein høgskule lokalisert til Grenland ville utan tvil fått eit naturvernstudium, då nok med meir vekt på industri- og industriforureining. Studiet i Bø tok opp problem med særleg interesse for distriktet og regionen: miljøhygiene, avfallsteknikk, vatn- og kloakkforhold i regionen, økologi og økopolitikk.⁹³

Parallelt med den faglege oppbygginga vart høgskulebiblioteket etablert. Gerd Simones vart tilsett som bibliotekar hausten 1971 og leidde oppbygginga dei første åra. Seinare kom Aksel Hånes. Ved utgangen av prøveperioden rådde biblioteket over ca. 4400 bind. I tillegg kom ei bokgåve frå Olav Midttun på mellom 8000 og 9000 bind som for det meste omfatta norsk skjønnlitteratur, litteratur om norsk språk, og ein del historisk litteratur.



Sal av jubileumsboka 1980, Telemark distriktshøgskole 1970-1980, på Frivoll. Her ved Marit Wiik, Ingrid Skau og Arne Kielland.

93 Ibid 1980. Jf. undervisningskatalogane for tidsromet.

Grunnstrukturen i prøveperioden 1970-74

I prøveperioden vart den fagelege grunnstrukturen for TDH etablert. Den kvilte på to sterke søyler, det økonomisk/administrative studiet og studiet i natur- og miljøvern. Ei tredje søyle var dei humanistiske faga, engelsk, historie og norsk. Den eine søyla var nye profesjonsfag, den andre fag prega av klassiske akademiske tradisjonar. Årsstudiet i matematikk som vart oppretta frå starten av, var tett knytt til det økonomisk/administrative studiet, og fekk mellom anna hovudansvaret for forkurset her i matematikk og statistikk. Då det økonomisk/administrative studiet fekk ei stilling i kvantitative metodar i 1978, fekk årsstudiet i matematikk hovudansvar for eit matematikk-kurs for økologar ved naturvern-studiet.⁹⁴ Det var med utgangspunkt i denne strukturen at den vidare utbygginga skjedde på 1970- og 1980-talet.

I dei første studieplanane fekk matematikk nærast ei filosofisk grunngeving. Den viste tilbake til antikken, Euklids verk «Elementa» som eit av dei store åndsverka gjennom tidene. I dag kunne faget «karakteriserast som studiet av abstrakte strukturar. Strukturane er gitt aksiomatisk, og innhaldet i teorien kjem til syne gjennom logisk utleiing av setningar. (...) Estetiske vurderingar spelar stor rolle i utforminga av teori, og delar av matematikken kan opplevast som kunst. (...) Men matematikk er ikkje berre struktur. Den kjenneteiknar og fangar inn noko verkeleg, og er ikkje ei inkjeseiande symbolmanipulering. Det må understrekast at dei mest fruktbare omgrep og førestillingar har opphav i naturen slik denne blir opplevd gjennom sanseintrykk (symmetri, avstand, antal o.s.v.). Her er vi framme ved den andre sida av matematikken som gjer at denne forsvarar sin breie plass den har fått i skuleverket.»⁹⁵

Høgskulen vart frå starten av godt synleg i Bø-samfunnet, med egne bygg på Frivoll, studentheim og hus til tilsette. Både studentgruppa og talet på tilsette auka nokså raskt. Ved starten hausten 1971 talde lærargruppa ni personar. Seks, medrekna biblioteket og vaktmeisteren, var tilsette i administrasjonen, og høgskulen hadde eit budsjett på 1,5 millionar kroner.⁹⁶ I 1974 talde lærargruppa til saman 34, og administrasjonen sysselsette 14 personar, pluss fire reingjerarar.⁹⁷ Høgskulen hadde 163 studentar hausten 1971, medrekna 50 overførte frå det økonomisk/administrative studiet i Skien. Året etter søkte 763 og 185 møtte fram, i 1973 935 der 247 møtte, og i 1974 søkte nesten 1000 om opptak, 607 fekk tilbod om plass og 344 møtte fram.⁹⁸ Ikkje alle av dei som tok til på studia vart busette

94 TDH. Studiehandbok 1979-80.

95 Telemark distriktshøgskole. Studiehandbok 1973-74: 105.

96 Lærarar: Øyvind Skar, Oddvar Haugland, Tor Næss, Tor Strand, Knut Dale, Sjur Flåm, Ivar Skau, Claus Krag, Jostein Nerbøvik. I administrasjonen: Asmund Brenden, Reidar Førde, Gerd Simones, Gunhild Haugen, Marit Wiig, Olav Steinstad TDH Årsmelding 1970-72: 11. (Marit Wiig, som var kontorassistent ved TDH 1971-73, må ikkje forvekslast med Marit Wiik, som vart tilsett i administrasjonen i 1980).

97 TDH. Årsmelding 1974.

98 Kjelde: årsmeldingane.

i Bø. Ein stor del av dei kom frå Midt-Telemark og frå grenlandsområdet, og mange kunne derfor pendle. Likevel betydde studentgruppa – saman med den nye gruppa tilsette – mykje for Bø-samfunnet både sosialt og kulturelt. Høgskulen var ein stabil arbeidsplass – i vekst.

Studentane var ei ny gruppe som nok kunne skape motsetningar i starten. I dei første åra var det langt fleire menn enn kvinner i denne gruppa. I 1971 var nesten 90 % av søkjarane menn, og i søknadsmassen heilt fram til 1980-åra var kvinnene i mindretal. For å få meir balanse på festane studentforeininga arrangerte, vart det vedteke at bygdejentene kunne få lov til å kome inn, men ikkje gutane. Som det er lett å tenkje seg, var ikkje dette eit særleg vellukka vedtak – iallfall ikkje blant gutane i bygda.

Telemark distriktshøgskole 1970 - 1994



Oddvar Haugland, vaktmeister 1979-1997, var også til stor og sjenerøs hjelp for høgskuletilsette som hadde behov for eit eller anna snekkararbeid i eigne hus. (Foto: privat)

1970- og 1980-åra var ei sterk veksttid for Telemark distriktshøgskole. I 1980 var TDH den tredje største distriktshøgskulen i landet målt med talet på studentar, etter dei to by-plasserte høgskulane i Agder og Rogaland. I 1994, då TDH vart slått saman med dei andre høgskulane i fylket til Høgskolen i Telemark, var den om lag jamstor med by-høgskulane i Oppland, Agder og Rogaland. Siste året som eigen institusjon (1993) var talet på primærsøkjjarar godt over 8000 som konkurrerte om vel 1000 ledige plassar. I tillegg følgde mange hundre deltidsstudentar kurs som skulen organiserte over heile fylket. Men enno var det langt fram til talet 3000 som Einar Førde nemnde ei tid etter vedtaket i 1970 – rett nok etter nokre ølglass på ute-restauranten Pernille i Oslo. Lærarstaben talde 77 personar i 1994, professorar, høgskuledosentar, undervisningsleiarar og (første)amanuensar. Administrasjonen som altså sysselsette 14 personar i 1974 hadde vokse til 28 – då er vaktmeistertenesta, biblioteket og det tekniske personalet ved laboratoriet og IT-avdelinga rekna med. Dette var ingen sterk vekst – sett på bakgrunn av den store veksten i talet på studentar og fagleg tilsette. TDH hadde ingen stor administrasjon. Men talet på reingjerarar hadde vokse mykje, – frå fire til ti.⁹⁹ Auken her hadde samanheng med at distriktshøgskulen kravde stadig nye lokale. På 1980-talet leigde skulen husplass fem ulike stadar i bygda – medrekna hovudbølet på Frivoll, før det nye permanente høgskulebygget stod ferdig i 1994: Lia-bygget rett nedanfor Frivoll,

⁹⁹ Kjelde: årsmeldingane.

Napastaa-bygget lengst nede ved Gvarv-vegen, og mellom desse to bygga, det gamle Samvirkelagsbygget og Tonar lenger oppe i Bø-gata.

Denne utviklinga endra Bø-samfunnet på mange vis. Bø var i 1970 mest ei jordbruks- og forretningsbygd – og hadde ca. 4000 innbyggjarar. I dei 20 åra fram til 1994 vart jordbruket, i tråd med den nasjonale utviklinga elles, svekka. Men forretningsbygda blomstra – og drog vekslar på det veksande innslaget av studentar og tilsette ved høgskulen. Veksten i tenesteytande næringar viste seg også ved fleire serveringsstadar – og om sommaren: Telemark Sommarland, som opna 1985 (seinare med namnet Bø Sommarland). Det siste styrka Bø også vesentleg som turistbygd – der hytteutbygginga på Lifjell tidlegare hadde vore ein viktig faktor. Sommarland skapte liv og røre også om sommaren då studentane var borte, ulikt ei anna skulebygd det er nærliggjande å samanlikne med: Volda, der sommartida var ei «kviletid».

Etter folketeljinga i 1990 var innbyggjartalet i Bø på vel 4700, etter teljinga i 2000 hadde det stege til nesten 5200.¹⁰⁰

Den faglege utviklinga

Perioden fram til 1994, då distriktshøgskulen vart ein del av Høgskolen i Telemark, var ei tid med sterk fagleg ekspansjon. Den bygde på ei utdjuping og utviding av dei fagmiljøa som vart etablerte i prøveperioden dei første åra. Samstundes vart det starta to nye fagtilbod, i idrett og friluftsliv og i kultur, begge frå starten av knytte til telemarksregionen.

Økonomi-utdanning i bygdemiljø

Det økonomisk/administrative studiet var som vi har sett, det «grunnleggjande» studiet ved TDH. Det bygde på det to-årige kurset som starta ved handelsgymnaset i Skien, der bedriftsøkonomiske fag danna kjernen. I Bø vart det organisert med ei rekkje obligatoriske kurs, dei utgjorde til saman to tredjedelar av studiet, og omfatta både databehandling, matematikk, statistikk og organisasjonsteori, samt problemstillingar knytte til personalarbeid. Resten av studiet var sett saman av valfrie kurs som dels var ei utviding av dei obligatoriske kursa, dels nye fagområde. Obligatorisk for alle var ei avsluttande seminaroppgåve.

Denne organiseringa av det to-årige studiet låg i hovudsak fast i åra utover, men vart gradvis utvida og utdjupa. Kjernen her var heile tida «ei klar

100 SSB. Folke- og bustadteljing 1990. Tabell 26. Folke- og bustadteljing 2001. Tabell 28.

orientering mot bedriftsøkonomiske problemstillingar i vid meining», som det heitte i forlesingskatalogane.¹⁰¹ Samstundes heldt ein på opplegget med obligatoriske og valfrie kurs som både tente til fordjuping og utviding av perspektiva i studiet. Nokre av dei mest nærskylde valfaga vart slegne saman til noko større valfagretningar. Studieplanen understreka også at meir allmennfaglege perspektiv måtte integrerast i studiet, og at det var viktig å setje utdanninga inn i ein «samfunnsmessig samanheng». Dette var formuleringar som kom inn på 1970-talet då fagkritiske problemstillingar fekk meir plass ved utdanningsinstitusjonane.



Teikning: G. E. Flaen

I tillegg til det toårige studiet vart det bygt opp nye studieretningar frå midten av 1970-åra. I 1976 starta eit 2,5-årig studium i revisjon. Studiet sprang ut frå ei tidlegare valfagretning i revisjon og rekneskapslovgjeving. I botnen låg det toårige hovudstudiet. Same året kom det i stand ein avtale med Bedriftsøkonomisk Institutt som gav revisorstudentane der høve til å ta revisoreksamen ved TDH. 1981 vart studiet utvida til tre år. Revisorstudiet kvalifiserte for stillingar innan revisjon og rekneskapsarbeid i privat og offentleg verksemd.

I 1979 vart det oppretta ei eiga studieretning i landbruksøkonomi, som knoppskyting frå valfaget (2 vektal) i landbrukspolitikk, som var oppretta i 1973. Studiet i 1979, som var leidd av Ola Dvergsdal, var toårig, og generelle emne frå valfaget vart bygt inn i studieplanen. Elles var det eit krav om at søkjarar måtte ha fagutdanning frå landbruket, eller agroteknikarutdanning, og at dei måtte ha gode matematikk-kunnskapar og noko kjennskap til rekneskap. Studiet var meint å passe for dei som ville vere rådgjevarar for landbruket i økonomiske spørsmål, og for bønder som ynskte ei grundig økonomisk/adminstrativ utdanning, og «dei som tek sikte på arbeid utanfor gardsbruket, t.d. i tillitsarbeid i landbruket sine organisasjonar»,¹⁰² og det spelte ei viktig rolle i mange år ved å utdanne rekneskapsførarar til landbruket. Det vart lagt opp til elastiske overgangsordningar til Landbrukshøgskolen ved å bruke dei valfrie kursa ved studiet som erstatning

101 Disse formuleringane går att i forelesingskatalogane i perioden.

102 Formulering henta frå studiehandbøkene på 1970- og 1980-talet.

for tilsvarande kurs ved høgskulen i Ås.

I 1979 vart det også sett i gang ei toårig studieretning i bokbransjefag. Studiet vart til etter initiativ frå Norsk Bokhandlerforening, og studieplanen vart sett opp i samarbeid med foreninga. Målsetjinga for studiet var dels retta mot spørsmål knytte til bokhandlarverksemd, men dels også var det eit mål for studiet å øve opp «evna til kritisk og systematisk tenking og forståing av korleis bokhandlarverksemdene fungerer i samfunnet, økonomisk og kulturelt». ¹⁰³ Første året av studiet la hovudvekt på økonomisk-administrative fag. Bokbransjefaga var



Helge Kaasin (tilsett 1980), Per M. Isaksen (tilsett 1979) og Hans Martin Rugstad (tilsett 1988) gav ut ei rekkje arbeid der dei analyserte bokhandlarbransjen, arbeid som vart brukte i studiet om bokhandelverksemda. Ola Dvergsdal (tilsett 1974) leidde studiet i landbruksøkonomi.

103 TDH. Studiehandbok 1979-80: 51.

lagt til det andre året, og denne delen vart også skilt ut som eit eige årsstudium.

Ei fjerde studieretning kom på plass i 1983: 2-årig studium i informatikk og økonomi. Studiet hadde dels bakgrunn i valfrie kurs i EDB og programmering som var utvikla ved hovudstudiet tidleg på 1970-talet. Men dels hadde det også feste i utviklinga meir allment ved høgskulen der EDB vart brukt som hjelpemiddel i ulike samanhengar, m.a. ved studentopptaket. Alt frå 1975 hadde høgskulen eigen datamaskin, produsert ved Kongsberg Våpenfabrikk. Mot slutten av 1970-talet kjøpte høgskulen minimaskin frå Hewlett Packard, og brukarane fekk dataskjermterminalar og skrivarar. Høgskulen vart slik sjølvhjelpen med tekstbehandling av lokale oppgåver, men i starten vart større oppgåver, t.d. studentopptaket, overført til større datasentralar for behandling. Etter kjøpet vart det behov for å organisere EDB-verksemnda som eiga avdeling, og med særskild dagleg leiar, Arne Hatlen. Samstundes var eit utval i gang med å planleggje undervisningsopplegg som munna ut i studieretninga i EDB i 1983. 1980-talet var ein periode då EDB og informasjonsteknologi (IT) vart stadig meir brukt overalt, også i forskning og undervisning. Ved høgskulen vart det sett av store ressursar til dette. I 1988 kom høgskulen med i satsingsprogrammet til regjeringa om informasjonsteknologi, og den vart eitt av 15 senter knytt til forskings- og utviklingsnett i Norge (FUNN), og gjorde at ein fekk del i nasjonale prosjekt. FUNN danna også grunnlag for etableringa av *Telemark IT-senter* som seinare vart ein del av Telemarksforsking.¹⁰⁴

På denne tid nytta både undervisningspersonalet og studentane i aukande grad PC som hjelpemiddel. I 1991, før nokon knapt hadde høyrte om internett, starta IT-avdelingane ved høgskulane i Bø og Porsgrunn å tilby introduksjonskurs om internettet. Samstundes tok TDH og høgskulen i Agder initiativet til å etablere eit IT-leiarforum for distriktshøgskulane. Dette var starten på eit fruktbart samarbeid mellom IT-avdelingane ved høgskulane. På denne tid fekk alle faglege stillingar som ynskte det, eigen personleg datamaskin. Dei vart kopla til Uninett, datanettet for universitet og høgskular. Det gav tilgang til elektronisk post og fagpersonalet kunne med det kommunisere med forskarar og kollegaer over mest heile verda via nettet.¹⁰⁵

Ved starten av TDH skreiv mange fagtilsette ut forelesingar og andre faglege arbeid for hand. Slike arbeid kunne leverast til skrivestova der tilsette i administrasjonen skreiv ut manus på skrivemaskin. Mange brukte sjølvsgagt skrivemaskiner i det daglege arbeidet. Då det kom maskiner med rettetast vart det lettare å rette opp feil. Men det store «spranget» i denne utviklinga kom med PC-maskinen.

104 Framstillinga byggjer på opplysningar frå Arne Hatlen og Einar Fagerås.

105 Sjå TDH Åsmelding 1988: 60. Årsmelding 1991: 80.

Den siste studieretninga som vart oppretta ved det økonomisk/administrative studiet før høgskulen i Bø vart ein del av Høgskolen i Telemark, var eit 1-årig påbyggingsstudium i reiselivsøkonomi i 1993. Dette studiet hadde også ei forhistorie. Eit av valkursa i hovudstudiet frå slutten av 1970-talet var to-vektkurset «Reiselivsmarknader» som gav innføring i reiselivsgeografi, utviklingstendensar i reiselivssektoren samt marknadsføring av reiselivstenester. På 1980-talet vart dette kurset utvida til valfagsretninga «Reiselivsfag». Studieretninga hadde også eit fagleg grunnlag i fleire prosjekt om turisme og reiseliv som tilsette ved seksjonen utførte på 1970- og 1980-talet.

I 1993/94 hadde det toårige studiet vakse til fem studium som alle gav rett til høgskulekandidat-tittel. I tillegg var det tilbod om to årsstudium, i bokbransje og i økonomi og informatikk. Det siste vart oppretta i 1992 for studentar som alt hadde toårig økonomisk/administrativ utdanning, eller tilsvarande kunnskap. Studieretninga hadde det største studiemiljøet ved høgskulen, dei fleste studentane og dei fleste lærarane. Undervisningsleiaren gjennom mange år, og forfattar av ei rekkje lærebøker ved studiet, Vidar Ringstad, skriv i jubileumsboka ved 10-årsjubileet at det frå starten av var «manglande tiltru til at det var mogleg å drive med noko så urbant som undervisning, forskning og utgreiing i generell økonomisk/administrative emne så langt ute på landet som i Bø».¹⁰⁶ Spådomar frå debatten i 1970/71 gav også til dels dystre framtidsutsikter. Utviklinga i perioden fram til 1994 gjorde slike spådomar til skamme.

Var det økonomisk/administrative studiet med på å gjere distriktshøgskulane fornyande, slik Einar Førde stilte som problem i 1973? Eit svar kan vere å sjå på forholdet mellom fagutviklinga ved TDH og den regionen skulen var plassert i. Eit trekk her er at studentar frå Telemark, og i særleg grad Midt-Telemark, ved sida av grenlandsområdet, var overrepresenterte blant søkjarar til studiet.¹⁰⁷ Dei ferdige kandidatane søkte også arbeid, i større grad enn andre med økonomisk/administrativ utdanning, utanfor dei større sentra og dei større bedriftene.¹⁰⁸ Kunnskapen vart slik meir spreidd. Dette kan koplast til det faglege opplegget. Her vart det i mange tilfelle teke opp problemstillingar og tema knytte til regionen. Det gjeld studieretninga i landbruksøkonomi, men elles vart det frå 1970-åra sett i gang fleire prosjekt som var direkte retta mot næringslivet i bygdene: t.d. rekneskapsanalyser av utvalde småbedrifter i Midt- og Aust-Telemark, eller marknaden for turisme (utleigehytter) i Vest-Telemark. I seminaroppgåvene vart det lagt vekt på problemstillingar relevante for distriktet, og det gjorde at studentane

106 Ringstad 1990: 29.

107 Eg viser her til årsmeldingane som m.a. opplyser om heimkommunen til søkjarane.

108 Ringstad 1990: 28.

fekk godt innsyn i økonomiske forhold i fylket. For utdanningsnivået i Telemark var dette viktig nok. Fylket låg eit stykke ned på lista over utdanningsfrekvens i fylka i Norge, både av lågare og høgre grad.

Men prosjekta til fagmiljøet vart også tidleg kopla til meir allmenne nasjonale økonomisk-administrative tema i samarbeid med andre institusjonar. På 1970-talet gjeld det særleg den store Maktutgreiinga der fire fagtilsette ved seksjonen, med Vidar Ringstad i spissen, laga ei utgreiing om konsentrasjon og marknadsmakt som vart publisert som eigen rapport i NOU-serien,¹⁰⁹ eit arbeid som «heilt klart» styrka omdømmet til høgskulen.¹¹⁰ Seksjonen vart involvert i fleire andre nasjonale prosjekt frå slutten av 1970-talet, t.d. prosjektet «Internasjonal økonomi og norsk næringsstruktur» finansiert av Norges Banks fond for økonomisk forskning, og som vart honorert med tildeling av pris.¹¹¹ Hovudinntrykket er at ressursane til seksjonen fram til 1980-talet i ein viss grad vart flytta frå reint regionale problemstillingar til meir nasjonale – og internasjonale. Dette kan ha samanheng med styrkinga av fagmiljøet som gjorde det meir kjent, men også at det skjedde ei ideologisk endring som peika bort frå distriktstankegang og lokale problemstillingar. Det å utvikle «motekspertise» hadde hatt gode kår i dei radikale 70-åra. Men frå siste del av 1980-talet då høgrebølgja slo over landet, fekk nærings- og meir yrkesretta økonomiske problemstillingar ein meir framskoten plass.¹¹²

Natur- og miljøvern: Det nye faget

Natur- og miljøvernstudiet var som vi alt har sett, eit barn av si tid. Det sprang ut frå eit aukande fokus på miljøspørsmål både nasjonalt og internasjonalt. Olav Hesjedal, den første undervisningsleiaren ved studiet, refererer i jubileumsboka i 1980 til slagord for å gje natur- og miljøvern ei sterkare stilling i undervisning og utdanning: «Miljøvernutdanning med samfunnsperspektiv», «samfunnsorientert biologiundervisning»,



Teikning: G. E. Flaen

109 NOU 1978: 33. Oddvar Haugland, Dag Reiersen, Vidar Ringstad og Hans Øy: *Maktutredningen. Om konsentrasjon og marknadsmakt*.

110 TDH Årsmelding 1978: 9.

111 TDH Årsmelding 1979.

112 Jf. Yttri 2008: 104 om utviklinga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

«økologisk orientert samfunnsfag-undervisning».¹¹³ Når den nytilsette direktøren og styret skulle tenkje nyskaping, låg naturvernområdet tett ved. Og dei greip det.

Studiet som «bråstarta» hausten 1971, var bygt opp med fire semesteremne, to av dei utbygde med utdjupande valfag. Hovudtema var grunnleggjande miljökunnskap, økologi, miljøhygiene og ressursforvaltning. Det eitt-årige studiet var i hovudsak likt med første året i toårsstudiet. Studieplanen var i åra utover under stadig revisjon i samarbeid og debatt mellom lærarar og studentar. Ein ny studieplan vart utarbeidd alt i 1972 og sett i verk frå studieåret 1973-74. Det skjedde i ei tid då det var stor utskifting i lærarstaben. Fem av lærarane sa opp stillingane sine i 1973. Dei grunngav det mellom anna med mangel på utstyr ved studiet,¹¹⁴ det galdt særleg utstyr til biologisk forskning. Det hadde nok elles samanheng med bakgrunnen dei hadde frå universitetet der det var breie fagmiljø og gode høve til å forske. Ved studiet i Bø var miljøet smalt og høva til akademisk karriere liten på denne tid. Det måtte nyttast timelærarhjelp før ein i 1975 hadde erstatta dei som slutta. Mangel på utstyr var eit vedvarande problem. Å byggje opp laboratorium som var naudsynt både i undervisninga og forskinga tok tid. Mellom anna vart det stilt krav om å kjøpe inn eit dyrt elektronmikroskop – som det aldri vart noko av.

Det vesentleg nye i studieplanen frå 1972 var ei utviding av valfaga til å omfatte heile 2. året. Dei obligatoriske faga vart lagt til første året. Årsstudiet inneheldt også tilbod for dei som ønskte tilleggsutdanning i miljökunnskap, og dette vart seinare ført opp som eige årsstudium. Ei ny studieplanendring sett i verk frå vårsemesteret 1975, delte det toårige studiet i tre val- eller spesialiseringsretningar: miljøhygiene, naturinventering, og ressursforvaltning/miljøinformasjon. Frå og med studieåret 1977/78 vart hovudstudiet bygt ut med eit tredje påbyggingsår, utvida både i breidd med nye valfag, og i djup med krav til studentane om å skrive ei hovudoppgåve. Som alternativ til valemne var det mulig å ta teknisk miljøhygiene ved ingeniørhøgskulen i Porsgrunn. I motsetning til hovudstudiet som hadde stor studentpågang på 1970- og 80-talet, var søkinga til miljøhygiene i Porsgrunn dårleg, det vart ikkje ført opp i 1979/80, og kom slik ikkje i gang før i 1981. Dei som gjennomførte dei tre åra fekk då vitnemål som *høgskolekandidat* i natur- og miljøvern fag. Ordet fag kom inn som nemning for å understreke at studiet ikkje var av «politisk», men av «fagleg» karakter. Våren 1975 arrangerte seksjonen ½-årige etterutdanningskurs for helsepersonell «og andre med liknande arbeidsfelt».¹¹⁵

113 Hesjedal 1980: 33.

114 Årsmelding 1973:7.

115 Framstillinga av studieplanane frå 1980 er basert på Hesjedal 1980, og opplysningar i studiehandbøker og årsmeldingar.



Etter målingar av brønner nær Revdalen kommunale fyllplass påviste Harald Klempe og Bjørg Kari Haugland ved naturvernstudiet at dei inneheldt alarmerande konsentrasjonar av bly. Målingane var ein del av eit pilotprosjekt sett i gang av TDH, og som varte i fleire år.(Bilde: TA 13.4.94)



Tor Næss var, som ein av dei første lærarane, tilsett ved høgskulen i 1971. Alt året før var han med på å planleggje natur- og miljøvernstudiet ved TDH. (Foto: Hilde Eika, Bø blad)



Arne Lande vart tilsett ved TDH i 1972. Han kom frå vit.ass.stilling ved Universitetet i Oslo. Bortsett frå eitt år ved Norsk institutt for vannforskning (NIVA), og 4 år på Bø vidaregåande skule, var han tilsett ved høgskulen fram til våren 2007. Lande er limnolog og forskinga hans er vesentleg knytt til prosjekt om forsuring/kalking og autofiering/forureining i vatn og vassdrag.

Kurset var vellukka og samla deltakarar frå heile Sør-Norge, men det gjekk berre denne eine gongen.¹¹⁶

Hovudstrukturen i studieopplegget i natur- og miljøvern fag stod stort sett ved lag på 1980-talet og fram til fusjonen i 1994, sjølv om enkeltelement, som tilbodet av emne og valfag, vart endra i perioden. På 1970- og 1980-talet var det kanskje det studiet som i størst grad retta det faglege arbeidet mot regionen høgskulen låg i, og som etablerte kontakt både med organisasjonar, kommunar og næringsliv for å tilby tenester relevante for distriktet. Alt frå starten på 1970-talet vart det sett i gang ei rekkje prosjekt som tok opp konkrete problem – og der studentane ofte vart dregne med i prosjektgrupper leidd av faglærar: t.d. jord- og grunnundersøkingar av planlagde bustadfelt på Folkestad og i Sauherad, vegetasjonskartlegging på Bryggefjell, kontroll av avfallsanlegg, m.a. reinseeffekten av Skien kloakkreinseanlegg, og analyse av interkommunale avfallsanlegg, analyse av giftstoff i dyr (elg), analyse av vasskvalitet i Norsjø og i fjellvatn (Lifjell), om overgjødsling, tilgroing og forsuring, og kvalitetskontroll av drikkevatt – i det heile ei rad undersøkingar av naturgrunnlag og lokale miljø saker i Bø og omliggjande distrikt. Bø kommune vende seg til studiet om hjelp til ny renovasjonsordning og grunnlagsmateriale for generalplan. Ekspertise frå høgskulen vart også brukt då Bø bygde nytt drikkevassanlegg med uttak av grunnvatn frå område ved Seljordsvatnet. Før det vart vatnet teke frå Bø-elva. Både lukt og smak av dette vatnet om våren, då bøndene gjødsla jordene, minte tydeleg om at Bø var ei jordbruksbygd – med husdyr.



Norvald Fimreite, tilsett
1981 - 2003.

Ved desse prosjekta stod særleg *vatn*, både overflatevatn og grunnvatn, sentralt i forskinga og den faglege utviklinga ved studiet. Forskinga av overflate-vatn vart frå starten av knytt til fagpersonar som limnologane Arne Lande og Sigurd Røgnerud, og vart utvikla i samarbeid med Norsk institutt for vannforskning (NIVA).¹¹⁷ I grunnvass-forskinga kom Tor Næss, Harald Klempe og Ivar Jansen tidleg inn, og var m.a. med på å utarbeide modellar for filtrering gjennom sand ved drikkevassanlegg, utnytta i utbygginga av anlegget i Bø.

Eit anna sentralt tema var miljøhygiene, som tidleg vart ei fordjupingsretning i hovudstudiet, både

116 Byggjer på opplysningar frå Asbjørn Storesund.

117 Dag Berge var ein viktig person i dette samarbeidet.

i det to- og treårige. Ut frå dette temaet vart det både i undervisning og forskning utvikla spesialretningar i toksikologi – i den første tida fronta av Norvald Fimreite, John Osnes og Asbjørn Storesund. Fimreite hadde doktorutdanning frå Canada og var internasjonalt kjend for forskinga han hadde gjennomført om kvikksølv i dyr. I kursa til dei andre vart det lagt inn emne om støy- og lufthygiene, mellom anna inn klima i skulehus. Dette var tema som grensa inn på helsefag som vart eit hovudfelt og seinare (1999) ført inn som overskrift på studieområdet: Institutt for natur-, helse- og miljøvern.

Den regionale orienteringa dei første åra stod ikkje i vegen for fagleg samarbeid både til det nasjonale og internasjonale fagmiljøet. I 1989 vart det inngått ein intensjonsavtale med høgskulen på Ås (NLH) som gjorde at 25 studentar opptekne ved NLH kunne ta første året ved TDH.¹¹⁸ I 1991 vart det slutta avtale med NLH, universiteta i Bergen og Oslo, høgskulen i Sogn og Fjordane og den tekniske høgskulen i Trondheim om feltkurs og hovudfag i hydrogeologi, og med Universitetet i Oslo om fagutvikling i miljøretta helsevern, og forskning og undervisning i humanøkologi.¹¹⁹ Eit felt som seksjonen arbeidde med i mange år var kvartærgeologisk kartlegging og utarbeiding av temakart. Hesjedal leidde prosjekt «Temakart Telemark», og stod sentralt i utarbeidinga av *NOU 1983: 46. Norsk kartplan 2*. Det var grunnlag for det eittårige påbyggingsstudiet i geografiske informasjonssystem (GIS) som vart godkjent i 1993, like før fusjonen til HiT. Prosjekt «Temakart» var også viktig for framstilling av kart i den nye «Samlet plan for vassdrag» som vart lagt fram midt på 1980-talet.¹²⁰

På 1970- og 1980-talet markerte studiet seg i ein aktiv og kontinuerleg debatt om arbeids- og evalueringsformer. Prosjekt- og gruppearbeid vart frå starten av integrert i studiet. Karaktersystemet var heile tida tema for inngåande debattar, både blant studentane og lærarane. Hovudspørsmålet gjekk på i kva grad evalueringa skulle finjusterast med graderte karakterar, eller om ein skulle ha ein todelt skala, stått/ikkje stått. Det første prinsippet var rådande ved starten av studiet i 1971, men karakterdebatten særleg på 1970-talet gjorde at ein fekk eit blandingsystem der begge karakterprinsippa vart bruka. I 1983 la statsråd Tore Austad i regjeringa Willoch fram eit nytt eksamensreglement der hovudregelen for eksamen var individuelle prøver og graderte karakterar. Høgskolerådet slutta seg til hovudregelen, men ville at høgskulen sjølv måtte få avgjere bruk av gruppeeksamen og todelt skala stått/ikkje stått. I vedtaket frå departementet hausten 1983 vart det gjeve rom for todelt skala (for inntil halve fagmengda),

118 Sjø intensjonsavtalen gjengjeve i TDH-nytt 19. april 1990.

119 Årsmelding 1991.

120 St.meld. nr. 63 (1984-85) *Om samlet plan for vassdrag*.

og etter søknad også gruppeeksamen.¹²¹ Tendensen over tid fram til 1994 gjekk klart i retning av å bruke gradert karakterskala og individuell eksamen, som også var den vanlege eksamensforma ved dei andre studieretningane. Det hadde samband med aukande krav i løpet av 1980-åra om å gje studentane ei definert yrkesutdanning, der målbar kunnskap skulle liggje i botnen.

Men dette var også knytt til eit anna problemfelt. Natur- og miljøvern hadde både i den allmenne samfunnsdebatten og i debatten om faget på høgskulen eit dobbeltsidig innhald. Det hadde både klare etisk-ideologiske aspekt, og krav om å vere eit yrkesretta studium.¹²² Det måtte både skaffe fram kunnskap om natur og miljø, men «vern» som var med i tittelen på studiet, gjorde at det også var retta mot politisk og holdningsskapande arbeid. Det siste vart understreka frå studentsida ved 10-årsjubileet i 1980: «Namn og innhald står noko i kontrast til kvarandre. Miljøvernaspektet er for lite berørt gjennom forelesingar og pensum».¹²³ Kritikken hadde bakgrunn i at dei etisk-ideologiske holdningane stod sterkt på 1970-talet. Dei var då også med på å påverke debatten om og eksperimenteringa av undervisnings- og evalueringsformene ved studiet. Det hadde i tillegg andre konsekvensar. 1970-talet vart tiåret med dei store aksjonane mot kraftutbygging. Det starta med Mardøla-aksjonen sommaren 1970, like etter vedtaket om å etablere høgskule i Bø, mot kraftutbygging av Mardølafossen i Eikesdal. Men den absolutt største aksjonen vart utløyst mot Alta-Kautokeino-utbygginga i 1979. I begge desse aksjonane vart det brukt *sivil ulydnad* som verkemiddel, utforma av m.a. filosofane Arne Næss og Sigmund Kvaløy.

Olav Hesjedal skriv i jubileumboka 1980 at noko av det skuffande ved studiet, var at «dei meir filosofiske aspekta; økofilosofi, økosofi og verdidebatt elles fekk for lite plass.»¹²⁴ Under Alta-Kautokeino-striden kom likevel slike spørsmål klarare fram. Både studentar og tilsette ved studiet var aktive i striden om utbygginga. Mest engasjert var Øystein Dalland som over lang tid følgde debatten om reguleringa i vassdraget. I 1978 gav han saman med tre studentar ut ein rapport om utviklinga her frå 1967. Han deltok i folkeaksjonen som vart skipa i 1978, og i aksjonane året etter. Då Alta-saka fekk eit rettsleg etterspel som m.a. konkluderte med at utbygginga var lovleg, stadfesta av Høgsterett i 1982, valde Dalland å seie opp stillinga si i protest.¹²⁵

121 Referert i TDH-fokus nr. 1/1983.

122 Jf. Hesjedal 1980: 34.

123 Johansen og Pedersen 1980: 58.

124 Hesjedal 1980: 37.

125 Sjå gjennomgang i TDH-nytt nr. 11/1982. Dalland brukte også som argument at budsjettinnstrammingar var øydeleggjande for den faglege trekanten han fann interessant: naturvern, kultur og idrett. TDH-nytt fann grunn til å understreke at oppseiinga ikkje kom av usemje ved TDH «i miljøpolitisk samband». Berre eit par veker etter oppseiinga «diskuterte ingen lenger hvorfor Dalland hadde sagt opp – sikker en bitter nok oppleving for Dalland». I 1994 vart Dalland tilsett som amanuensis i kulturforvaltning.

Alta-aksjonane var uttrykk for ei anna hovudlinje i fagutviklinga som stod sterkt i åra rundt 1980: aksjonsforskning. Det var knytt til Dalland, men også til Turid Horgen som stod for ei klarare politisk-ideologisk orientering – med utspring i ml-rørsla. Her spelte også studentar ei viktig rolle. Dei var med i utvikling av undervisningsopplegg knytt til aksjonslinja, mellom anna som deltakarar i Alta-aksjonen. I utviklinga av fagmiljøet ved studiet fram til fusjonen i 1994, kom denne aksjonslinja meir i bakgrunnen.

Naturvern- og miljøvernstudiet ved TDH vart eit av dei mest sentrale studia i sitt slag i den vel 20 år lange utviklinga fram til 1994, ved overgangen frå TDH til HiT. Den posisjonen studiet fekk, var bakgrunn for at det vart tildelt knutepunktfunksjon i det nye Norgesnett som vart oppretta av statsråd i Kyrkje-, undervisnings- og forskingsdepartementet, Gudmund Hernes. Studieretninga vart samstundes utvida til 4 år, som kvalifiserte for tildeling av cand.mag.-grad.

Dei universitetslike faga – og forholdet til regionen

Eit trekk ved fagutviklinga ved den nye høgskulen var, som alt er nemnt, etablering av universitetslike fag. Her låg høgskulen i Bø i front. Bakgrunnen var å avlaste universiteta der tilstrøyminga skaut i veret på 1960-talet.

Etableringa av matematikk hadde ei slik grunngeving. Men samstundes vart, som vi har sett, utviklinga av matematikkstudium kopla til andre fagstudium ved høgskulen, i særleg grad det økonomisk/administrative studiet der matematikklærarane frå starten av fekk ansvar for å dekkje undervisning i matematikk og statistikk. Då studiet i 1978 fekk ei ny stilling i kvantitative metodar, vart ansvarsområdet utvida til også å undervise ved naturvernstudiet. Målet for matematikk-studiet var elles å gje grunnleggjande matematikk-kunnskapar som del av lærarutdanning, eller som start for vidare studium. I 1979/80 vart det utarbeidd eit toårig studium i realfag som i tillegg til matematikk omfatta biologi, fysikk og kjemi, med hovudvekt på dei økologiske sidene. Studiet kom i gang i 1980, men vart lagt ned nokre få år seinare (1984).

Matematikk og historie var dei to første årsstudia ved TDH, begge med start hausten 1971. Året etter vart norsk-studiet sett i gang. Både historie og



Teikning: G. E. Flaen

norsk var fag som mange av dei nye distriktshøgskulane satsa på. Dei var ikkje berre viktige som avlastning for universiteta, men dei var også knytte på ein særleg måte til lokalsamfunna og høvde godt inn i «distriktshøgskuleideologien». Historie har med «identitet og særdrag å gjere», skreiv Claus Krag ved tiårsjubileet 1980. «Det distriktet som fekk ei historieutdanning, fekk med det eit grunnlag for styrkt sjølvkjensle og stønad til kulturell vokster».¹²⁶

Dette gjorde at faget vart vendt mot problemstillingar relevante for regionen. Det skjedde gradvis. Det starta som eit generelt historiestudium med fokus på sosial og politisk historie og gav oversyn både over internasjonal og norsk historie frå dei eldste tider til samtida. Ei slik brei tilnærming kom alltid til å vere eit hovudprinsipp ved opplegget i faget. Men alt andre året vart det ført inn ein lokalhistorie-komponent i faget. Det omfatta eit kurs i lokalhistorisk arbeidsmåte, kjeldekunnskap, arkivkunnskap og paleografi, og dessutan eit utval lokalhistorisk litteratur. Lokalhistoriedelen følgde med i studieplanen i åra utetter, og vart også utvida med endringar i studieplanen (1977). Her vart nordisk historie vektlagt – eit tema som seinare skulle bli utskilt som eige halvårsstudium. Men i denne perioden var det lokalhistorie som var fordjupingsdelen. I 1979 vart det oppretta eit eige halvårsstudium i lokalhistorie, godkjent som likeverdig med mellomfag når det bygde på årsstudiet, som var likeverdig med grunnfag.

Noko tilsvarande skjedde i utviklinga av norskfaget. Det starta med å kopiere studieplanen ved Universitetet i Oslo. I dei to første åra var Martin Skjekkeland studieleiar og



Teikning: G. E. Flaen



Teikning: G. E. Flaen

¹²⁶ Krag 1980: 46.



Martin Skjekkeland vart tilsett ved TDH i 1972, og arbeidde både som lærar og forskar med dialektologi og sosiolingvistikk som spesialområde. Han gav ut ei rekkje bøker om desse emna, m.a. om språket i Bø. I 1982 flytta han til høgskulen, seinare universitetet, i Agder.

Eli Glomnes arbeidde med norsk språk og kommunikasjon ved IKH i perioden 1989 - 2010, og gav ut fleire bøker om tekst og diskurs, og om ulike forhold som påverka språket.

hadde i den perioden, som ein av to lærarar, hovudansvaret for studieplanarbeidet. I 1973 starta arbeidet med å førebu ein nye studieplan, som vart teken i bruk i 1977. Den gav betre høve til å studere faglege emne med tilknytning til regionen. Det galdt særleg folkedikting og regional og lokal litteratur (Olav Solberg). Telemark fekk slik ein sentral plass, ikkje berre på grunn av plasseringa av høgskulen, men også fordi litteraturen her hadde ei så sterk stilling. Tekstar av Vesaas, Vinje og Aslaug Vaa vart førde opp som obligatoriske deler av studieplanen. Dei var telemarksforfattarar, men også viktige både i nasjonal og internasjonal samanheng. Vidare vart stadnamn og målføre viktige emne, utforma av Skjekkeland som frå starten av hadde hovudansvaret for språkdelen i studiet. Han gjennomførte mellom anna ei større gransking av Bø-målet.¹²⁷

Boka til Inger Lise Solberg og Regine Wærstad, *Talemålet i Bø. Eit grammatisk oversyn*, som Bø Mållag gav ut ved 75-årsjubileet i 1977, var eit resultat av denne faglege orienteringa som Skjekkeland stod i spissen for. Begge forfattarane tok grunnfag i norsk ved seksjonen.

I 1979 vart det utarbeidd plan for eit tilleggsstudium i norsk som kom i gang i vårsemesteret 1980. I 1984 vart det oppretta eit valkurs i praktisk norsk som tilbod til studentar og andre interesserte som ynskte kunnskapar om språket som kommunikasjonsmiddel, og øving i å bruke språket i ulike samanhengar. Både

127 *Bø-målet i går og i dag*. Skrifter frå Telemark distriktshøgskole 56/1980.

ved det økonomisk/adminstrative studiet og ved studiet i natur- og miljøvern fag vart kurset godkjent som 2-vekttals valfag.

Fram til 1988 var årsstudiet todelt, med ein språkleg og ein litterær del. Men dette året vart det ført inn ein tredje del: massekommunikasjon, som vart dimensjonert til ein femtedel, dei to andre delane til fire femtedelar. Målsetjinga var å gje ei generell innføring i kommunikasjon med vekt på korleis tekstar, både i form av skrift, tale og bilde i ulike kombinasjonar, «formar livsverda og sjølvbildet vårt». ¹²⁸ Den første fagansvarlege var Wenche Wagle, og elles hadde Ole Martin Høystad ei viktig rolle i undervisninga dei første åra. Men den sentrale personen bak dette opplegget seinare var Eli Glomnes som laga kompendiet *Innføring i kommunikasjonsteori*, og skreiv boka *Noen sier noe! Kommunikasjonsteori* (1991 – og fleire opplag seinare) som vart pensum både ved studiet i Bø og ved andre norskstudium. I 1995 vart denne delen i massekommunikasjon ved TDH bytta ut med eit særernne der studentane skulle fordjupe seg på eit avgrensa felt innan faget. (Sjå seinare om studiet i tekst og kultur).

Årsstudiet i engelsk som kom i gang i 1973, kunne ikkje på same måte som historie og norsk dra vekslar på «distriktshøgskuleideologien». Det var ein grunn til at studiet fekk ein heller trong fødsel. Initiativet til å opprette studiet kom frå leiinga ved høgskulen som ein del av arbeidet med å byggje opp fag som kunne avlaste universiteta. Men det utløyste motstand frå dei alt etablerte faga som både meinte at eit slikt framandspråk ikkje høvde godt inn i den bygdenorske fagprofilen, men som nok også såg på faget som ein konkurrent om stillingar – i den oppbyggingsfasen høgskulen var inne i på 1970-talet. ¹²⁹

Liksom historie og norsk starta studiet med å bruke studieplanen ved Universitetet i Oslo, før ein ny studieplan vart teken i bruk i 1978. Frå starten vart berre to stillingar knytte til studiet. Siri Nylander vart tilsett for å dekkje



Teikning: G. E. Flaen

128 Sitert etter Telemark distriktshøgskole. Studiehandbok 93/94: 250.

129 Halle 1980: 51.

engelsk og amerikansk litteratur og kultur, og Nils Røttingen fekk ansvaret for språkdelane: dels praktisk tileigninga av språket, uttale, kunnskap om språkklydane, setningsmelodi, og innføring i engelsk grammatikk. Alt første studieåret vart både Thor Sigurd Nilsen og Per Kristian Halle engasjerte som lærerar, noko seinare i faste stillingar, den første i språkdelen, den andre i litteraturdelen, då med vekt på britisk litteratur og kultur. Etter at Siri Nylander døde i 1978, vart Øyvind Gulliksen tilsett (frå vårsemesteret 1978). Han var utdanna i «American Studies»-delen av engelskfaget ved Universitetet i Oslo under Sigmund Skard, som var professor i amerikansk med doktorgrad om Aasmund O.Vinje. Gulliksen forma eit samkøyrte tekststudium i amerikansk litteratur, kultur og språk, noko ulikt Oslo-modellen. Det omfatta både utvandringskultur, utvandringslitteratur og amerikabrev knytt til Telemark. Det galdt mellom anna fleire prosjekt under temaet: «Amerikansk kultur i Norge og norsk kultur i USA». Tett kontakt gjennom mange år med Luther College (Decorah, Iowa) var også med på å styrke forholdet til Telemark i denne delen av undervisninga.¹³⁰

Men sjølv om resten av engelskstudiet ikkje fullt ut kunne inngå i den regionale profilen, hadde det høge studenttal, særleg frå siste del av 1980-talet. Det gav vekst også på lærarsida. Frå 1992 hadde det seks faste stillingar og var med det største engelskstudiet i Norge utanom universiteta. Den siste stillinga (Peter Fjågesund) kom i samband med at det vart oppretta eit nytt halvårstudium. Dei første planane om eit slikt studium vart lagde fram i 1981, men det var først i 1992 det kom i gang. Det var bygt opp av tre særnemne, alle ei vidareføring av årsstudiet: eit i «Britiske studiar», eit i «Amerikanske studiar» og eit i «Engelsk språk». Dermed hadde alle dei tre humanistiske faga eit studieprogram med tilbod både om grunnfag og mellomfag.¹³¹

Både historie og norsk oppretta eit samarbeid om hovudfag med Universitetet i Oslo. Historie var først ute. Initiativet kom i 1988 frå Historisk institutt på Blindern. Der var det på den tid ein markert nedgang i talet på hovudfagsstudentar, og instituttet ønskte gjennom eit samarbeid, også med historiefaget ved Oppland distriktshøgskole (som likevel ikkje kom med), å få til ei breiare rekruttering. Historieseksjonen i Bø hadde på si side i lang tid sett for seg at hovudfag kunne bli eit neste steg i utviklinga, etter grunnfag og mellomfag. Drøftingane som følgde munna i 1990 ut i ein avtale, og det nye studietilbodet vart ført opp i studiehandboka i Bø for 1991-92. Året etter vart samarbeidet forsterka ved at Erling Sandmo vart tilsett i ei nyoppretta stilling som stipendiat ved høgskulen.

¹³⁰ Jf. årsmeldingar frå 1980-talet.

¹³¹ N. Røttingen og T.S. Nielsen la i 1979 fram eit framlegg om eit årsstudium i «praktisk engelsk», men det kom aldri i gang. Jf. HiT-nytt juli 1979.

Han gjorde eit viktig arbeid med å organisere hovudfagsseminaret i Bø, samstundes med at han hadde arbeidsplass ved Historisk institutt i Oslo. Dessutan fekk Claus Krag i 1994 ei professor II-stilling ved universitetet, som også skulle styrke samarbeidet. Ordninga med det nye hovudfaget gjekk elles ut på at TDH skulle dekkje utgiftene til rettleiing i samband med hovudfagsoppgåvene. Men oppgåvene skulle registrerast og godkjennast av Historisk institutt ved UiO, som hadde overordna fagleg ansvar og i tillegg var eksamenskommissjon.

I den første avtaleperioden, frå 1990 til 1995, fungerte samarbeidet mellom dei to institusjonane utan problem. Men då avtalen skulle fornyast, skar det heile seg. For universitetet var no situasjonen heilt annleis enn fem år tidlegare, med langt større trykk for å utvikle egne opplegg i staden for å støtte hovudfagsmiljø andre stader. I samsvar med dette utarbeidde instituttleiinga, utan drøftingar på førehand, eit framlegg til ny samarbeidavtale der høgskulen i Bø ikkje lenger skulle ha eige studentopptak, men berre få ansvar for einskildstudentar frå Oslo. Då historikarane i Bø ikkje kunne godta dette, braut Historisk institutt heile samarbeidet. Leiinga ved instituttet var etter alt å dømme ikkje informert om den utgåande avtalen, og skulda miljøet i Bø for dei siste åra å ha opparbeidd ein hovudfagsportefølje på eige initiativ, utan avtalt arbeidsdeling med Historisk institutt. Desse skuldingane og den lite samarbeidsvillige holdninga gjorde at Krag kort etter sa opp professor II-stillinga i Oslo.¹³²

Hjartesukk frå seksjonsleiar Nils Ivar Agøy om framstillinga Historisk institutt gav om praktiseringa av avtalen i Bø: Det var «kriminalromanen om hvordan troløse historikere på TDH lumskelig bygde opp et hovedfagstudium uten å fortelle noen om det, for så urettmessig å dumpe kandidatene på det allerede hardt prøvede instituttet i Oslo».¹³³

Om lag samstundes med hovudfagssamarbeidet i historie kom det i gang eit tilsvarande samarbeid med Universitetet i Oslo om hovudfag i nordisk. Men det fekk frå starten av eit noko lausare opplegg, og det vart ikkje ført opp i studieplanen ved høgskulen. Universitet hadde hovudansvar for undervisning og rettleiing, men samarbeidet medførte at det vart brukt lærarar frå Bø. Det møtte aldri motstand eller var involvert i konflikter av den karakter historiefaget opplevde.¹³⁴

Etter avslutninga av hovudfagsamarbeidet vart likevel den faglege kontakten, både med Universitetet i Oslo og andre universitet og høgskular, halden ved like mellom anna gjennom eksamensarbeid og gjesteforelesingar. Historiefaget

¹³² Framstillinga byggjer på opplysningar, m.a. skriftlege notat, frå Claus Krag, og dessutan på notat og korrespondanse med Universitetet, framforhandla avtale og avtaleutkast som forfattaren har i sitt arkiv.

¹³³ Ibid. Notat 12.juni 1995.

¹³⁴ Dei som deltok frå TDH var Odd Martin Mæland, Martin Skjekkeland og Olav Solberg, frå universitetet særleg Gudleiv Bø og Arne Torp.

i Bø gjekk i 1989 saman med universiteta og distriktshøgskulane som hadde historiestudium i eit prosjekt om eit fjernstudium i historie. Studiet bygde på studieplanen ved Universitetet i Bergen, og både fjernsyns- og radioprogram frå NRK var ein del av innhaldet i studiet. Eit tilsvarande opplegg, norskprosjektet FJERNORD, som Universitetet i Bergen sette i gang i 1993, involverte norskseksjonen i Bø. Olav Solberg fekk det faglege ansvaret for folkediktingsdelen med videoforelesing om folkedikting og lyd-kassettførelingar om folkeviser og stev, eventyr og segner, og norskseksjonen fekk hovudansvar for å koordinere og gjennomføre det regionale undervisningsopplegget for Telemark, Buskerud og Vestfold.¹³⁵

Dei tre årsstudia norsk, historie og engelsk utgjorde frå starten på 1970-talet eit humanistisk miljø ved høgskulen som tidleg utvikla eit innbyrdes samarbeid både om undervisning og forskning. Norsk- og engelskseksjonen gjekk til dømes saman om å arrangere eit stort Vinje-seminar i 1990 som resulterte i bokutgjeving.¹³⁶ Men det var heile tida norsk- og historie-studiet som stod nærast kvarandre, og dei gjekk ofte saman om faglege tilbod for «vanlege» folk, utanom den ordinære undervisninga – t.d. med eit dobbeltblikk på hamskiftet i Norge. I 1974 vart det laga planar om eit integrert tilleggsår for dei to faga. Det lukkast ikkje. I staden utarbeidde historie, som nemnt, eit eige halvårsstudium fem år seinare. Det same skjedde med utbygginga av norskfaget, der tilleggsstudiet kom i gang i hausten 1980. Det var dels ei vidareføring av årsstudiet, men det tok også opp nye disiplinær som stilistikk, språbruksanalyse og fagdidaktiske problemstillingar, og det sløyfa norrønt. Universiteta godkjende (1979) halvårsstudia som mellomfag når dei bygde på årsstudia, som var godkjende som grunnfag. Studia vart også godkjende av Lærarutdanningsrådet som kompetansegejevande eining i ei lærarutdanning.

Eit trekk ved utviklingsarbeidet ved det humanistiske miljøet som bør nemnast er Telemark historielag. Det var ein gamal organisasjon. Den vart stifta i 1917 med namnet «Historielaget for Telemark og Grenland» og heldt det gåande fram til andre verdskrig, og hadde eige årsskrift, det siste kom i 1946. Laget somna då inn. Det var folk frå TDH som leidde arbeidet med reetablering i 1979. Sidan 1980 har historielaget arrangert årlege seminar som danna grunnlaget for årbøker som vart utjevne kvart år. Det var ikkje berre historikarane ved høgskulen som heldt denne verksemda i gang, men også fagfolk frå både engelsk- og norsk- og kulturseksjonen og sjølv sagt i tillegg: fleire historisk-interesserte miljø i fylket.

¹³⁵ Omtale i TDH-nytt 23. februar 1993.

¹³⁶ *At føle paa Nationens Puls. Åtte artiklar om Aasmund O. Vinje*, redigert av Eli Glomnes, Øyvind T. Gulliksen og Olav Solberg. Novus 1992.

Nytt studium i kulturfag

I oppbyggingsperioden for TDH før fusjonen til Høgskolen i Telemark i 1994 vart det etablert to nye, breie studieretningar: studium i kultur og studium i idrett. Den første planen om eit toårig studium i «kunstformidling og kulturarbeid» vart utarbeidd alt i 1972, i prøveperioden for den nye høgskulen. Den vart trykt opp som «Førebels plan» i studiehandboka for 1973-74. Det nye studiet skulle «utdanne kulturarbeidarar som på ulike område skal ha som oppgåve



Teikning: G. E. Flaen

å formidle kunst og kunstopleving og verne, stimulere og utvikle kulturliv og kulturaktivitet».¹³⁷ Men planen vart sett på som altfor ambisjos og vidtfamnande, og den møtte motstand. Den var bygt opp av tre deler. Kulturhistorie skulle vere det samanbindande faget, men planen rekna opp ei mengd emne under dei to andre delane, estetiske fag og samfunnsfag, som gjorde at den samla sett sprikte i ulike retningar. Motstanden hadde nok også samanheng med otte for at den ville krevje for store ressursar i konkurranse med dei faga som alt var etablerte, og som i denne perioden var opptekne av egne konsolideringstiltak.¹³⁸

Etter ein ny planperiode (1974-75) starta derfor Kulturstudiet i 1975 med eit meir moderat opplegg: Eit eittårig studium i kunstformidling og kulturarbeid meint som eit tilbod til studentar med relevant yrkeserfaring, og elles som lekk i anna utdanning. Det oppsette formålet var å gje studentane ei «heilskapleg forståing for det rom og dei vilkår kulturlivet har i lokalsamfunn og storsamfunn».¹³⁹ I 1977 vart eittårskurset påbygt med eitt år, med den same overordna målsetjing, men med større vekt på yrkesretta, administrative fag. Det fekk namnet studium i kulturarbeid. Den nye studieplanen innførte fordjupingsområde i kulturvern, lokalhistorie, kunstformidling, i film og kino og i kulturarbeid blant barn og ungdom. Dessutan vart prosjektarbeid innført som ein obligatorisk del av studiet. Døme på slike prosjekt er sosiologiske undersøkingar av kulturlivet, eller kulturhistoriske registreringsarbeid.

¹³⁷ Telemark distriktshøgskole. Studiehandbok 1973-74.

¹³⁸ Mangset 1980: 41.

¹³⁹ Her frå studiehandboka for 1979-80: 124.

Studiet frå 1975 bar i seg nokre av dei spenningane som var tydlege i den første studieplanen av 1972. «Kulturarbeid» omfatta i utgangspunktet eit vidt spekter av aktivitetar som lett kunne gje både for stor breidd og spenningar i studiet. Derfor vart det ei hovudoppgåve å arbeide for avgrensingar, å vektleggje noko og skuve ut andre delar. Eit val var å gjere studiet yrkesretta utan å arbeide inn målsetjingar om kunstutdanning. Ein valde å leggje vekt på dei samfunnsmessige aspekta ved kulturlivet – i fortid og notid. Med dette utgangspunktet vart det bygt opp eit tverrfagleg miljø med hovudvekt på samfunnsfag og kulturhistorie – ved sida av administrative emne. Kulturhistorie-delen gav i prosjektdelen kontaktpunkt til ulike sider ved telemarkskulturen, mellom anna museumsarbeid, t.d. ved opprettinga av Bø bygdemuseum i 1977, der miljø ved høgskulen spelte ei viktig rolle. Bak opprettinga av museet stod, ved sida av kommunen, ei rekkje organisasjonar: ungdomslaget, bondekvinnelaget, historielaget, spelemanslaget (Bøheringen), mållaget, men det direkte initiativet til opprettinga kom frå studentar og tilsette ved kulturseksjonen, mellom anna ved å organisere ei stor utstilling basert på registrering og innsamling av gjenstandar som viste gamle handverkstradisjonar, byggeskikk og spelemannstradisjonar i bygda. Ustillinga



Sigrid Bø var ei av eldsjelenene for å ta vare på det gamle landhandleriet på Oterholt, der dei første butikkane vart opna i 1860. (Foto: Næringsrevyen nr. 11/12 1981)

vart gjennomført av studentar ved seksjonen – leidd av Jon Aage Gjestrum.¹⁴⁰ Sigrid Bø var også ein sentral person i denne samanhengen, og ho vart den første leiaren i museumslaget (1977-1982), og ho representerte i denne perioden kontakten mellom fagmiljøet ved høgskulen og museet.

Vekt på yrkesutdanning vart bakt inn i det tverrfaglege opplegget. «Den nye kulturpolitikken» på 1970-talet opna ein ny arbeidsmarknad med mange nye stillingar i fylke og kommune – kultursekretærar, kulturkonsulentar og kultursjefar.¹⁴¹ Men den sterkare satsinga på kultursektoren ved «Den nye kulturpolitikken» opna ein marknad også på andre område. Ei gransking Per Mangset utførde på 1980-talet viste at berre ca. ein fjerdedel av dei uteksaminerte kandidatane hamna i slike jobbar.¹⁴² Resten fekk plass andre stadar i kultursektoren, som regionale kunstnarsentra, Norsk filminstitutt, musikkfestivalar, museum – eller dei tok vidareutdanning. Mange nye jobbar i sektoren gav høge søkjartal til studiet, heilt fram til byrjinga av 2000-talet.

Då kulturstudiet i Bø vart oppretta, fanst det berre ein institusjon i Norge som hadde eit tilsvarende fagmiljø – Rogaland distriktshøgskole i Stavanger. Men i Stavanger var faget langt meir samfunnsfagleg orientert og mangla den kulturhistoriske/bygdekulturorienterede delen som Bø hadde. Bø-miljøet kom derfor til å arbeide med eit breiare og annleis spekter av problemstillingar, både innanfor samfunnsfaglege og kulturhistoriske emne. Det gav også Stavangerstudiet skarp konkurranse, og i TDH-perioden kom det til å dominere som yrkesstudium i «kulturarbeid» i Norge.

Alt to år etter etableringa i 1975 flytta kulturstudiet, først til «Sæterbygget» i Bø-gata med undervisninga lagt til samvirkelagskjellaren, før det i 1980 hamna i Napastaa-bygget i Gvarv-vegen der det hadde hus heilt til nybygget stod ferdig i 1994. Bakgrunnen var at bygningane på Frivoll nokså raskt vart sprengde, og høgskulen måtte dermed leige lokale mange andre plassar i bygda, noko som førte til spreidde fagmiljø. For kulturstudiet gjorde dette at samarbeidet til dei andre fagmiljøa vart hemma. Det galdt særleg dei humanistiske faga på Frivoll. På den andre sida skapte avstanden også fridom til eigenutvikling av studiet utan sterk påverknad frå andre i TDH-miljøet. Men då idrettsstudiet vart oppretta, vart det samlokalisert med kulturstudiet i Napastaa-bygget, og dei første åra også i felles seksjon. Dei samfunnsvitskaplege miljøa ved dei to studia samarbeidde også – m.a. ved felles kurs om administrative tema.

I 1988 vart det starta eit deltidsstudium i kulturarbeid etter inspirasjon frå

140 Sjå TA 15.2.1977, og Telemarkingen 15.2.1977

141 Mangset 1980: 41f.

142 Opplyst av Mangset 12.9.1916.



Jan Ove Tangen i lag med to av dei mange studentane som søkte seg til idrettsstudiet. (Telen 3.6.1994)

eit liknande kurs i Alta. Dei som følgde kurset var for det meste i fullt arbeid. Undervisninga skjedde slik i intensive samlingar på kveldstid og i helgene. Slike deltidsopplegg var felles for mange andre deltidskurs høgskulen sette i gang. Det som var spesielt med dette kurset, var at studentane måtte betale avgift. Ved fleire tilfelle vart denne avgifta betalt av arbeidsgjevarane. Kurset var vellukka og hadde mange søkjarar og god gjennomstrøyming.

Frå hausten 1992 vart studiet utvida med eit tredje år. Her vart det lagt inn ei større prosjektoppgåve som skulle fylle storparten av arbeidstida til studentane. Oppgåva kunne både vere praktisk, t.d. praksisplassering i ein kulturinstitusjon eller ei empirisk undersøking av kulturspørsmål, eller det kunne ta opp eit teoretisk problem. I begge tilfelle skulle arbeidet avsluttast med ein grundig rapport.¹⁴³

Idrettsstudium – «rørsleaktivitetar i naturmiljø»

Etter pågang både frå idrettsinteresserte organisasjonar og einskildpersonar vart det sett ned eit særskilt utval i 1976 som la fram ei innstilling i 1977 om plan for eitt- og to-årig idrettstudium ved TDH. Ved høgskulen var leiinga ved direktør Brenden pådrivar for studiet. Planen var å starte årsstudiet hausten 1979 og toårstudiet hausten 1980. Planen vart utsett på grunn av manglande lokale.

143 Telemark distriktshøgskole. Studiehandbok 1992-93: 132.

Studiet kom i gang hausten 1981 etter at departementet godkjende leige av bygget til Olav Napastaa ved Gvarv-vegen.¹⁴⁴ Året før, i 1980, vart Gerd von der Lippe tilsett



Atle Telnes vart tilsett ved idrettsstudiet i 1982 med hovudoppgåve å utarbeide studieplan for friluftsfag. Han var åleine ved dette studiet dei to første åra. For å utvikle det var ein avhengig av å bruke timelærarar. Nils Olav Skuset vart engasjert som medarbeidar i 1983, og Bjørn «Nalle» Tordsson frå 1988. I 1991 fekk han fast tilsetjing – og vart ein sentral person i den vidare oppbygginga av studiet. Telnes sa opp si stilling i 1994. Festskriftet som kom ut då Telnes fylte 70 år; Gunnar Telnes (red.): Friluftsliv, kystkultur og vakre løsnings (2018), viser både det faglege, politiske og ideologiske grunnlaget for friluftsstudiet, og arbeidet Telnes og faggruppa rundt han la ned for å utvikle det.

for å arbeide vidare med fagplanane. Ho tok i dette arbeidet initiativet til at det andre året skulle byggjast opp med to alternativ fordjupningsemne: «Friluftsliv» (som fekk start i 1982) og «Idrettsadministrasjon» (som kom i gang i 1983). Gerd von der Lippe var også den første studieleiaren i det nye studiet. Målet med studiet var å gje kunnskap om og forståing for idrett, i brei meining av omgrepet, «som ein sentral fritidsaktivitet og kulturfaktor i vårt samfunn».¹⁴⁵ Heilt frå starten av vart konkurranse- og prestasjonsidretten nedprioritert som emne, og i staden vart det lagt vekt på «aktivitetar med utgangspunkt i naturmiljø og prinsippet om idrett for alle», som det heitte i studiehandboka i 1981.¹⁴⁶ Første året var felles, og tok opp teori og praksis knytt til mosjons- og trimaktivitetar. Andre året kunne studentane fordjupe seg i ei av dei to valfagsretningane: «Friluftsliv», med vekt på planlegging og formidling av friluftaktivitetar, eller studere «Idrettsadministrasjon», administrasjon av idrett både i offentleg og privat sektor, her altså i samarbeid med kulturstudiet. Studiet vart på denne bakgrunn døypt om til «Studium i idrett, friluftsliv og idrettsadministrasjon», og seksjonen: Seksjon for idrett og friluftsliv. Viktige rammevilkår for

¹⁴⁴ Førde 2008.

¹⁴⁵ Telemark distriktshøgskole. Studiehandbok 1981-82: 128.

¹⁴⁶ Ibid.

studiet var telemarksnaturen, både i innlandet, fjellområda i Midt- og Vest-Telemark, og kystområdet.

Sjølv om opprettinga av faget hadde støtte i nokre fagmiljø ved høgskulen, var det også motstand fordi dei etablerte faga frykta konkurransen om stillingar og tildeling av midlar elles. Eit vanleg argument i oppbyggingsfasen til høgskulen på 1970- og 1980-talet var at dei eksisterande fagmiljøa måtte konsoliderast skikkeleg før ein oppretta nye fag – argument som altså i si tid vart brukte mot oppretting av engelsk-studiet. I 1984 braut det ut strid om nivået for timelærarmiddel ved idrettsstudiet, og krav som kom frå studiet vart avviste. Det vart sett ned ein komite som skulle vurdere opplegget, men utan ny tilførsel av timelærarpengar. Situasjonen betra seg noko på slutten av 80-åra då stor studenttilgang til studiet gav større tildeling av ressursar.

I 1991 vart det under hovudoverskrifta «Idrett og friluftsliv» skilt ut fire sideordna studium, 1- og 2-årig studium i idrettsfag, 1-årig studium i idrettsadministrative fag og 1-årig studium i friluftsfag. Ved opprettinga av det 3-årige studiet (i friluftsfag, kultur- og naturrettleiing) året etter vart det skilt ut eit nytt 2-årig studium (med same namn). Slik opererte idrett og friluftsliv med 6 studium frå 1992. Men ser ein bort frå skilja mellom eitt- og toårige løp, var det som før snakk om tre ulike studieveggar: Faglærerutdanning (idrett og kroppsøving) i samarbeid med lærarhøgskulen, idrettsadministrative fag, og friluftsliv, kultur og naturrettleiing.

I 1992 vart det sett i gang eit nytt 3-årig tilbod i samarbeid med lærarhøgskulen på Notodden – der det tredje året vart lagt til Notodden. Året etter vart det oppretta eit tilbod om hovudfag i idrett i samarbeid med Norges idrettshøgskole der val av hovudtema måtte vere innan samfunnsvitskapleg og humanistisk fagområde og innanfor kompetanseområda til dei vitskapleg tilsette i Bø – som var rettleiarar for hovudfagstudentane. Avtale om dette vart underskrive hausten 1992. I 1994 vart det utforma ny og tettare avtale om hovudfagssamarbeid som vart godkjent av departementet.¹⁴⁷

Idrettsstudiet var eitt av særtrekka ved fagutviklinga ved TDH – og identitetsskapande for høgskulen i nasjonal samanheng. Det vart også eit populært studium med høge søkjartal. I 1994 var grunnfagsstudiet høgskulens mest søkte studium. Særleg var linja for friluftsliv svært populær – med krav om høg poengsum for å kome inn. I det større fagmiljøet var idrettsstudiet ein del av ei gruppe på tre studium, som var ulike, men som var knytte saman med overordna tema: kultur og natur. Det omfatta kulturstudiet som saman med idrett altså vart

147 Telemark distriktshøgskole. Studiehandbok 1993-94: 197. TDH-Nytt 8, 1994.

gjort til eige institutt, og samlokalisert frå 1981 til det nye høgskulebygget stod ferdig i 1994, og det omfatta miljøvernstudiet der «natur» var eit felles møtepunkt.

Ein av dei som var med frå starten av idrettstudiet var idrettssosiolog Gerd von der Lippe. Ho hadde vore ei aktiv idrettskvinne som sprinter, og var i perioden 1985-89 medlem i det sentrale kvinneutvalet i NIF, og var ein pioner i forskinga om kjønn og idrett. Ho var, saman med Ingrid Ellingsen, med på å opne Holmenkollstafetten for kvinner (1975) då ho sprang «ulovleg» med falskt namn i 1972.

Kan ein lære å bli forfattar? ¹⁴⁸

Forfattarstudiet var kanskje det studieopplegget som gjorde TDH mest kjent i oppbygginga av distriktshøgskulane. Idéen om ein «forfattarskule», eit forfattarutdanningskurs plassert ved ein dh-skule, kom frå Den norske Forfatterforening (DnF) og Norsk kulturråd.¹⁴⁹ Ideen hadde rot i det som vart kalla «creative writing», det hadde utgangspunkt i reformpedagogikken i USA som utvikla seg på slutten av 1800-talet med undervisningsemne som også omfatta kunstfeltet. Det breidde seg vidare til Europa. I Norden var Sverige tidleg ute der studieoppleg i «creative writing» vart sett i gang ved universitet og høgskular på 1950- og 1960-talet. Norge kom seinare med, sjølv om det vart publisert mange bøker om «creative writing» på 1960-talet. Både på 1960-talet og først på 1970-talet



Eldrid Lunden leidde forfattarstudiet i perioden 1982 – 2011. Ho gav i denne perioden ut ei rekkje bøker og mottok for det mange prisar og utmerkingar. I 1996 vart ho første professor i Norge i skjønnerlitterær skrivekunst. (Foto: Bø Blad)

¹⁴⁸ Overskrifta er lånt frå Lunden 2014.

¹⁴⁹ Framstillinga her byggjer i stor grad på Lunden 2014.

var det også framme spørsmål om å byggje opp ei forfattarutdanning, men enno var ikkje dette tankar som fekk stor tilslutning, heller ikkje blant forfattarane.¹⁵⁰ Det som sette utdanninga på dagsordenen var Forfattarutdanningsutvalet, som forfattarforeininga sette ned i 1978. Saman med Norsk kulturråd vart det lansert ein plan om å byggje opp ei slik utdanning ved høgskulen i Bø. TDH vart valt som studiestad etter at fleire høgskular og universitet var kontakta. Reaksjonen frå direktør Brenden, som tende på ideen, var nok viktig for det som skjedde. Hausten 1979 tok forfattarforeininga kontakt med høgskulen for å drøfte den vidare utviklinga.¹⁵¹ Det vart sett ned eit planutval,¹⁵² men den som vart den drivande kraft i planprosessen var Paal-Helge Haugen frå Den norske forfatterforening (DnF), som gjorde hovudarbeidet i utarbeidinga av ein rammeplan i 1980 for eit forfattarutdanningskurs. Planen vart lagt fram for forfattarforeininga, høgskulen, Kulturrådet og departementet som i eit fellesmøte gav grønt lys for å setje i gang eit halvårig prøveopplegg i 1982, med utsikter til permanent drift ved skulen i 1984. Med bakgrunn i dette vedtaket løyvde Norsk Kulturråd i 1981 pengar til slik igangsetjing, og det vart sett ned eit styre for det vidare arbeidet: tre frå DnF og to frå TDH.¹⁵³

Odd Martin Mæland, høgskulelektor ved norsk-seksjonen, vart studieieiar, men trekte seg frå vervet alt etter to år. Då var det duka for den som kom til å leie og prege studiet i fleire tiår: forfattere Eldrid Lunden. Ho vart kontakta i 1981 av forfattarforeininga med spørsmål om ho kunne leie det kunstfaglege arbeidet i Bø. Lunden arbeidde på denne tid som høgskulelektor i Volda, og ho var ein vel etablert forfattar – med tankar om å gjere forfatterskapet til heiltidsarbeid. Men tilbodet var altfor freistande: «Eg kunne ikkje seie nei». Ho starta i 1982. I 1985 vart studiet plassert som permanent studium ved høgskulen, som då også tok over finansieringa av det, og Lunden tok over studieieiararbeidet i fast stilling, etter at Mæland slutta. Ho starta arbeidet med å gje studiet «ny start» ved å styrke den kunstfaglege delen i rammeplanen.¹⁵⁴ Ho førte med dette opplegget bort frå retninga «creative writing», som Mæland hadde introdusert, og gjorde det til eit studium for dei som satsa på forfatterskap. Namnet på studiet vart endra frå Forfattarutdanningskurset til «Forfattarstudiet» – framleis i formelt samarbeid med DnF.

Studiet var spesielt på mange måtar. Som forfattarutdanning var det første i sitt

150 Lunden 2014: 41-42.

151 Mæland 1984.

152 Med i utvalet: Odd Martin Mæland, Per Mangset og seinare Øyvind T. Gulliksen.

153 Mæland 1984.

154 Lunden 2014: 47.

slag i Skandinavia. Skrivekunstakademiet i Hordaland starta i 1985, og seinare vart det bygt opp liknande kurs både i Danmark og Sverige. Bø-kurset var eit «tilbod til personar som vil klargjere sitt forhold til skjønnlitterær skribentverksemd», som det heitte i studieplanen.¹⁵⁵ Det kunne både vere debutantar, folk som hadde sendt inn tekstar til vurdering, som hadde publisert tekstar, eller som kunne dokumentere kvalitet ved innsende prøver. Dette innebar at utveljinga av søkjarar var krevjande. Eit utval på fire personar var opptakskomite, tre kom frå forfattarforeninga, ein frå TDH – Eldrid Lunden. Spesielt for studiet var at det ikkje «i seg sjølv» gav kompetanse til seinare forfattarverksemd. For studentane skulle det «vere ei tid for forsøk og refleksjon, for avklaring av eige forhold til skjønnlitterære forfattarskap».¹⁵⁶ Det var lagt opp med ein teoretisk del som omfatta litteraturkunnskap, litteratur og samfunn, i tillegg til ein «Skriveverkstad», med praktiske skriveøvingar og analyse, og ein «Seminardel» sett saman av frittstående korte seminar. Skriveverkstaden, den litterære produksjon, var «rygggrada» som skulle avklare forholdet til skjønnlitterært forfattarskap.

I tillegg til to faste stillingar hadde faget ei rad timelærarar som til saman utgjorde om lag ei stilling. Etter at studiet vart utvida til eitt år i 1992, kunne det dreie seg om 25-30 personar, mange av dei med kunstnarleg bakgrunn. Det var først og fremst faglege grunnar til dette: «Lærarane er studentanes lærebøker», som både skulle dekkje store felt i studieplanen, men også gjere «punktnedslag» og utløyse «ringverknader».¹⁵⁷

Forfattarstudiet stod på fleire måtar nær norskstudiet. Det var bakgrunn for at Odd Martin Mæland vart den første studieleiaren. Men dette kom likevel ikkje til å føre til noko nærare forhold mellom dei to studia. Då Mæland slutta, flytta han tilbake til norskfaget. Dei to studia kunne nok dele på nokre gjesteforlesarar, som ofte var skjønnlitterære forfattarar, men eit hovudkjenneteikn ved forfattarstudiet var at det bygde opp ein tett indre kultur som avgrensa det frå resten av høgskulen, men med gode sambandsliner til dei litterære og kunstnarlege miljøa i Norge. Samarbeidet med Den norske forfatterforening heldt fram. Den sentrale personen i dette samarbeidet var Paal-Helge Haugen. Han sat heilt fram til 1999 som tillitsmann for forfattarforeninga i samarbeidet med TDH. Han sat også i ei årrekkje i opptakskomiteen for forfattarforeninga. Då høgskulen i 1993 ville utvide talet på opptekne studentar frå 15 til 25, såg han med «gru» på den store tekstmengda som måtte lesast og vurderast, men han tilrådde utvidinga.¹⁵⁸

¹⁵⁵ Telemark distriktshøgskole. Studiehandbok 1985-86: 225.

¹⁵⁶ Ibid.

¹⁵⁷ Lunden 2014: 73.

¹⁵⁸ TDH-Nytt 7/1993.

Men den som heile tida med stor autoritet leidde forfattarstudiet (heilt til 2011), var Eldrid Lunden. Studiet hadde ei slags dobbelstilling – eit kunstfagleg studium plassert i ein akademisk institusjon, og ikkje i ein kunsthøgskule. Men bakgrunnen til Lunden, som både var akademikar med hovudfag i nordisk frå Universitetet i Oslo, og vel etablert forfattar, gjorde henne godt fagleg skikka til oppgåvene. Ho kombinerte leiararbeidet ved studiet med å utvikle seg sjølv vidare som forfattar – og med stor suksess. Ho fekk ei rekkje prisar, m.a. Brageprisen (Hedersprisen) i 2000. I 1982, det året ho byrja i Bø, fekk ho nynorsk litteraturpris – og i 1994, det året distriktshøgskulen i Bø gjekk opp i ei større eining, var ho festspeldiktar i Bergen. Den posisjon ho hadde som forfattar spelte tilbake på studiet i Bø. Det hadde heile tida stor søknad og vart ein viktig institusjon for skjønnlitterære forfattarar i Norge. Tidleg på 90-talet var det ein debut-prosent for studentane på ca. 30, og ei rekkje av dei sette tydelege spor etter seg.¹⁵⁹

I 1988 tok ho opp spørsmålet om å utvide halvårsstudiet til to år. Ho viste til ei tilsvarende utviding ved Forfatterskolen i København. Svaret frå DnF (ved Paal-Helge Haugen) var nei. Kostnadane var for høge. Men i 1992 vart studiet utvida med eitt semester. Overgangen til årstudium endra ikkje på hovudstrukturen, men det vart sett av meir tid til dei tre delane det var bygt opp av.



Anne Elisabeth J. Rovde hadde det administrative ansvaret for internasjonaliseringsarbeidet fram til 1997. Berit Hagen Agøy tok deretter over i eitt år. Leiinga for internasjonaliseringsarbeidet vart så flytta til Porsgrunn.

Norsk språk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar

I 1991 gjekk Høgskoletinget inn for å setje i gang eit eittårig studium i norsk språk og samfunnsfag for utanlandske studentar – førebels som prøveprosjekt for 1991-92. Studiet var meint for framandspråklege studentar som det var blitt fleire av ved høgskulen. Det galdt dei som fylte allmenne opptakskrav til høgere utdanning ved høgskular og universitet, men mangla gode allmenkunnskapar i norsk språk og samfunnsforhold som grunnlag for å studere i Norge. Hovudvekta var lagt på språkdelen – særleg praktisering av språket. Med samfunnsfagdelen i tillegg var målet å gjere det lettare for studentane å

¹⁵⁹ Intervju med Lunden i Dag og Tid nr. 49, 1996. Av forfattarar nemner ho (i «ugradert rekkjefølgje»): Anne Bøe, Lisbeth Hilde, Pål Gerhard Olsen, Liv Nysted, Arne Hugo Stølan, Tale Næss, Jonny Halberg, Finn Øglænd, Tone Hødnebbø, Geir Gulliksen, Eva Jensen og Erik Eriksen.



Ni studentar (Asia, Sør-Amerika og Afrika) som følgde kurset «Norsk språk og samfunns-kunnskap for utanlandske studentar» 1992-93 – her saman med Torun Berntsen som leia studiet (saman med Einar og Solveig Gotehus). (Foto: Varden)

finne seg til rette i det norske samfunnet.

Bakgrunnen for studiet var den sterke internasjoniseringa som skjedde ved høgskulen. Eit utval la i 1991 fram ei innstilling om å gjere dette til eit satsingområde. Det vart frå no av knytt samarbeidsavtalar med utanlandske institusjonar, gjennom ERASMUS og NORDPLUS, og det vart inngått fleire utvekslingsavtalar med utanlandske institusjonar – i 1990 med Luther College og University of Surrey. Avtalen med Luther omfatta eit avgrensa tal studentar som ønskte å studere norsk i eitt år i Telemark. Avtalen med Surrey omfatta utveksling av studentar og tilsette innanfor fagområdet reiselivsøkonomi.¹⁶⁰

Frå og med 1992/93 vart studiet ein fast del av studieprogramma og vart knytt til norskseksjonen. Det fekk mange søkjarar. Samstundes vart mange utanlandske studentar rekrutterte til andre studium, både gjennom ERASMUS- og NORPLUS-nettverka distriktshøgskulen var ein del av. Hausten 1993 var det 46 utanlandske studentar ved høgskulen frå 18 ulike land.¹⁶¹

¹⁶⁰ Opplysningane er henta frå årsmeldingane.

¹⁶¹ TDH-Nytt, november 93. Studiet var leia av Torun Berntsen, og med Einar og Solveig Gotehus som viktige medspelalar i utviklinga av det.

Allmennfag og examen philosophicum

Som vi har sett, la det såkalla Allmennfagutvalet fram ei innstilling i 1969 med forslag om å innføre allmenndannande og samfunnskritiske fag ved distriktshøgskulane som grunnlag for å skape ein motekspertise mot rådande utviklingstrekk. I Telemark sette styret ned ein komite i 1972 for å vurdere plassen til allmennfag i studia. Det kom ikkje mykje ut av dette initiativet. Det faglege arbeidet elles ved høgskulen den første tida var, som vi har sett, innretta mot problemstillingar i nærmiljøet, og kan kanskje reknast som eit svar på krav om «allmennfag». Viktigare i denne samanhengen var nok examen philosophicum som høgskulen tilbød som årlege kurs frå 1973, med same studieplan som ved Universitetet i Oslo. Etter mange år, i 1991, vart det sett ned eit nytt utval, m.a. med Gunnar Skirbekk som medlem, for å vurdere plassen til allmennfag.¹⁶² Innstillinga i 1992 foreslo å dele allmennfag i ein kjernedel (70 %) som tilsvara examen philosophicum (filosofihistorie, vitenskapsfilosofi og logikk), og ein påbyggingsdel (30%) med miljøfilosofi og etikk. Det var denne påbyggingsdelen som skilde studiet mest frå andre tilsvarande tilbod. Det nye opplegget var for første gong brukt hausten 1993, då med Ole Martin Høystad som lærar i miljøfilosofi, og fleire gjesteforelesarar. I 1994 vart Otto Christensen tilsett med ansvar for vitenskapsfilosofidelen, og i 1996 Sven Arntzen med ansvar for filosofi- og vitenskapshistoriedelen, og for miljøfilosofi og etikk.¹⁶³

Alternativ yrkesretta høgre utdanning (AYHU)

Målsetjinga for dette kurset gjekk ut på å knyte teori og praksis saman, og opplegget vart bygt opp i samarbeid med Telemark fylke, Kommuneforbundet, Det regionale høgskolestyret og økonomisk/administrativ fagseksjon, og det vart knytt til den siste fagseksjonen. Etter ein planperiode leidd av Halvor Nordskog, vart studiet klargjort for opptak. Det nye studietilbodet som starta i 1981, var mynta på sosial- og helsesektoren i kommune- og fylkeskommune. Siktemålet var å fange inn folk med lang røynsle frå arbeidslivet til eit opplegg over to år, dels med skuleundervisning og dels gruppearbeid og dels prosjektorientert arbeid ved eigen arbeidsplass. Det hadde ikkje status som deltidskurs, men var eit alternativt opplegg der målet var å kople saman teori og praksis på ein meningsfull måte. Studiet gjekk over fire semester fram til 1983 og hadde eit opplegg som tilsvara eit eitt-årig studium på heiltid.

¹⁶² Ole Martin Høystad representerte TDH i utvalet.

¹⁶³ Eg byggjer her på opplysningar frå Arntzen og Christensen.

Forskning og utviklingsarbeid

Ved etableringa av distriktshøgskulane vart det, som vi har sett, opna for å bygge dei nye institusjonane rundt ein akademisk kultur med kvalifikasjonskrav ved tilsetjing av lærarane og opning for å fremje miljø for forskning og fagleg utvikling (FoU), og gjere dei til universitetsliknande institusjonar. Etter kvart «som de utvikler seg, kan det avtegne seg muligheter for å utvide noen av dem til fullverdige universiteter en gang i fremtiden», sa Lars Roar Langslet i Stortinget i 1971¹⁶⁴ – og vart sannspådd. Det var det ikkje mange som trudde då han sa det. Forholdet til universiteta var spent frå starten av. Universiteta motsette seg å godkjenne høgskulestudium som likeverdig med universitetsksamenar, og det kom åtvaring mot å gjere høgskulane til forskingsinstitusjonar.

Innretting mot yrkeslivet og vekt på effektive utdanningsløp var ei hovudoppgåve i planlegginga av dei. Det innebar at undervisningsarbeidet vart viktig, og dette tok nok, særleg i byrjinga, ein større del av arbeidsdagen til lærarane enn tilfelle var ved universiteta. Ikkje minst galdt dette dei nye tverrfaglege fagretningane. Her var det behov for å lage nytt undervisningsmaterieil som studentane kunne bruke. I dei første åra vart det derfor laga ei rekkje kompendium – i nokre tilfelle omarbeidde til lærebøker.¹⁶⁵ Også i dei humanistiske studia vart studieplanane, som først hadde universiteta som mønster, gradvis omarbeidde, m.a. ved at faglærarane sette inn sine eigne bøker og knytte dermed opplegga tett til eigne forskingsarbeid. På denne måten vart studieplanane i Bø tydeleg merka av dei som jobba ved faga.

Denne utviklinga var både ein del av sjølvstendigjeringa av distriktshøgskulane, og resultat av sterkare vekt på forskingsaktivitetar. Departement og regjering prøvde ved ulike høve å bremse, men vart stoppa av distriktsinteresser på Stortinget og effektiv lobbyverksemd frå distriktshøgskulane.¹⁶⁶ Etter press frå dh-skulane på 1970-talet oppnemnde universiteta eit nasjonalt koordinerande utval for godkjenning av eksamenar frå dh-skulane, og i 1981 vart eksamenslova utvida til å omfatte også regionale høgskular. Samtidig fekk høgskulane rett til å tildele cand.mag.-grad.

164 Sitert etter Sandvand 1976: 138.

165. T.d. *Forkurs i matematikk*, som Ulf Uttersrud utarbeidde, O. Haugland: *Innføring i forureiningsøkonomi*, TDH 1977, J. Nerbøvik og O. Solberg: *Det store hamskiftet – sett frå historia og litteraturen*, TDH Skrifter 22, V. Ringstad: *Innføring i makroøkonomi*, TDH 1978. O. Dvergsdal: *Innføring i jordbrukets markedsøkonomi*, Bø 1978, C. Krag: *Introduksjon til bosetningshistorien*, TDH 1979, S. Bø og T.F.Eilertsen: *Framover med fortida. Innføring i miljø- og kulturvern*, Oslo 1994, P.Mangset: *Kulturliv og forvaltning*, Oslo 1992; Ø.T. Gulliksen medforfattar av boka *Aspects of American Civilization* Oslo 1983. Boka J. Nerbøvik: *Norsk historie 1870-1905*, Oslo 1973, var i serien frå Samlaget om norsk historie som på denne tid var brukt både ved universiteta og høgskulane.

166 Kyvik 2002: 27.



Jostein Nerbøvik var ein av pionerane i oppbygginga av distriktshøgskulesystemet i Norge. Han vart tilsett ved TDH i 1971 som ein av dei første fagpersonane. Her var han aktiv i bygginga av historiefaget, samstundes som han engasjerte seg i forskning om og formidling av lokal- og regional historie i Telemark. I 1983 vart han tilsett ved Høgskulen i fødebygda si Volda, og her gjorde han på nytt ein stor innsats i arbeidet for lokalhistoria i regionen. Det omfatta også arbeid for å utvikle Aasen-tunet i grannekommunen Ørsta. Nerbøvik døde i 2004.

Parallelt med dette tok dh-skulane, TDH medrekna, meir og meir preg av å bli forskingsinstitusjonar. Men i starten gjekk det tregt. I eit oversyn over igangsette FoU-prosjekt ved distriktshøgskulane i perioden 1972-74 låg TDH nest sist. Den hadde til saman 13 slike prosjekt, berre Nordland distriktshøgskole hadde færre.¹⁶⁷ Men forskning vart sett på sakskartet til høgskulen frå starten av denne perioden. Eit to-dagars seminar arrangert på Lifjell våren 1972 vart behovet for forskning understreka – av mellom andre Jostein Nerbøvik, ein av dei to som starta opp historiestudiet: No «til å byrja med» har dette vore vanskeleg, men vi «må insistere på, halde fast på det målet at vi må ha forskning ved distriktshøgskulen»¹⁶⁸ Etter kvart kom då også TDH med i dragsuget skapt av aukande forskingsaktivitet ved alle distriktshøgskulane. Det vart oppretta stipendiatstillingar, den første i Bø frå 1974, same året fekk høgskulen dei to første undervisningsleiarane, Vidar Ringstad ved det økonomisk/administrative studiet og Olav Hesjedal

ved naturvernstudiet. I 1978 fekk dh-skulane, i lag med lærarhøgskulane og ingeniørhøgskulane, plass i NAVFs fagråd, og i 1979 oppretta departementet stillingar som høgskuledosent for å sikre folk med forskingskompetanse, og frå 1986 vart det gjeve høve til å opprette professorat.¹⁶⁹ Den første dosentstillinga kom til TDH i 1980, då fanst det fire undervisningsleiarar, og mange fekk opprykk til førstelektor/førsteamanuensis – og til professor. På 1980- og 1990-talet kom også dei første doktorgradene tekne av tilsette – stadig fleire

167 Sandvand 1976: 114.

168 Sitert frå referatet i Sandvand 1976: 107. Den andre som arbeidde fram historiestudiet var Claus Krag.

169 Kyvik 2002: 27.



Vidar Ringstad leidde oppbygginga av det økonomisk/adminstrative studiet etter overflyttinga frå Skien til Bø i 1971. Han gjorde ein viktig innsats for å etablere forskning ved studiet, og han publiserte ei rekke bøker om samfunnsøkonomi og økonomisk politikk. Mykje av det faglege arbeidet han vart engasjert i, var retta mot den nære regionen. I 1983 var han såleis leiar for eit treårig prosjekt som evaluerte tiltak Kommunal- og arbeidsdepartementet hadde sett i gang for å hjelpe på tiltaks- og sysselsettingsstoda i innlandskommunane på Austlandet. I ein periode var han også leiar for tiltaksnemnda i Bø kommune.

årsmeldingane vart merkte av. Ein stadig større del av dei vart fylte med «Anna verksemd» som stod for FoU-aktivitetar i ulike samanhengar – ikkje berre forskning, men også seminararrangement, deltaking på kongressar og foredrag ved fagleg tilsette. Frå 1980 vart det utarbeidd egne oversyn over skriftlege arbeid, som vart reviderte kvart år, og same år vart det oppretta ein eigen skriftserie.

I 1983 vedtok Høgskolerådet retningslinjer for forskingsverksemda. Det formulerte målet var å skaffe fram kunnskap for å styrke det faglege nivået i undervisninga, ta opp problemstillingar med spesiell interesse for regionen, utvikle fagmiljø som kunne ta på seg prosjektoppgåver, søkje god kontakt med

hadde også slik grad ved tilsetjing. Ein fekk på denne måten eit langt meir gradert og differensiert stillingssystem knytt til kvalifikasjonskrav der forskning var sentralt. Det var i tråd med denne utviklinga at det skjedde ei fagleg fordjuping av undervisningstilbodet i Bø, m.a. ved oppretting av mellomfag og avtalar om hovudfagssamarbeid.

Prosessen mot klarare universitetsprofil er karakterisert av Oddbjørn Melle, som har skrivne avhandling om Høgskulen i Volda:

Paradokset er at ein institusjonstype som var meint å blokkere for fleire universitet, i staden skulle bli basis og springbrett for ei utvikling i retning av det planleggjarane ville unngå: universitet. Mange har kritisert den prosessen i enkelte av høgskulane som går under nemninga akademisk drift – at dei tenderer i retning av å bli universitetskopiar. I ettertid melder eit allment spørsmål seg: Kan ein nyetablert institusjon avlaste ein institusjon høgre opp i same hierarkiet utan å bli lik denne, når mest alle incitament talar for at likgjering gir størst utteljing både for dei tilsette og for lokaliseringsregionen?¹⁷⁰

Distriktshøgskolen i Bø var i høgste grad med på denne «akademiske drifta» mot universitetslik institusjon. Forskning vart tidleg bakt inn i verksemda, noko

170 Melle 2001: 89. Jf. Kyvik: 27-28.

eventuelle brukargrupper, og å gjere kunnskap kjent for aktuelle brukargrupper. Som vi alt har sett, tente FoU-arbeidet som dei enkelte fagmiljøa sette i gang på 1970-talet, desse målsetjingane. Eit regionretta tiltak var også ein avtale med regionavisene om å trykkje populærvitskaplege artiklar skrivne av fagfolk ved høgskulen. Dette var ei ordning som varte til 1984. Året før vart det oppnemnt eit eige forskingsutval på fem medlemmer, førebels for ein prøveperiode på fem år.¹⁷¹ Då vart det gjort til eit fast rådgjevande og koordinerande utval for å stimulere forskning og forskingsformidling. Utvalet tok initiativ til å utarbeide årlege rapportar om FoU-verksemda, samle trådane og få til ei meir samanhengande oppstilling av behov og ønskje om det forskingspolitiske engasjementet ved høgskulen. Ei viktig oppgåve var å handsame søknader om interne stipendpermisjonar der FOU-arbeid var hovudkriterium for tildeling. Det overordna målet var å styrkje TDH som regionalt kompetansesenter. Her vart «Rådet for Telemark distriktshøgskole», oppnemnt i 1983, sett på som viktig.¹⁷² Det vart sett saman av 20 personar frå ulike miljø i fylket, og skulle tene som kontakt- og informasjonsorgan mellom høgskule og regionen. Hallvard Eika, som alltid hadde stått sentralt i arbeidet for høgskulen, gjekk inn som første leiar.¹⁷³ Ei hovudoppgåve for rådet var å formidle ønskje og interesse i regionen om undervisning og forskning, og det drøfta m.a. utviklingslinjer for høgskulen fram til 2000-årsskiftet. I 1989 vart det vedteke å leggje det ned frå januar 1990.

Men no fanst det andre måtar å halde kontakt mellom skule og region på. Oppdragsforskning



Einar Fagerås var hovudentreprenøren bak Telemarksforskning og leidde institusjonen frå starten i 1988 til 1995. Før det (1986-88) var han dagleg leiar for TEL-ØK. I 1995-97 var han administrativ leiar ved studiet i økonomi og administrasjon (der han hadde vore amanuensis/ førsteamanuensis 1977-86). Frå 1997 vart han tilsett som underdirektør ved den nye samanslegne avdelinga for allmenne fag (AF) – den største ved HiT. Dette var ei krevjande tid både på grunn av behov for omstilling, større konkurranse om studentane og strammare budsjett. I 2003 slutta han ved HiT for å gå inn i stilling som direktør ved Arkitektshøgskolen i Oslo.

¹⁷¹ Telemark distriktshøgskole. Årsmelding 1983. Medlemmer i det første forskingsutvalet: Oddvar Haugland (rektor), Norvald Fimreite, Claus Krag, Per Mangset og Ellen Schrumpf.

¹⁷² Oppretting av Rådet var ein del av programmet til Oddvar Haugland då han stilte til val for ny rektorperioden i 1983, jfr. TDH-Nytt nr. 4, 1984.

¹⁷³ Eika vart etterfølgt av Odd Bjørge (til 1987) og Per Espeli (1987-88) .

som var ein viktig del av FoU-arbeidet, spelte ei rolle her. Det omfatta m.a. engasjement om å skrive lærebøker, organisasjonshistorier – og andre bokoppdrag, ved sida av oppdrag som var retta mot regionen. Midt på 1980-talet vart det med utgangspunkt i TDH-miljøet oppretta tre frittstående sjølvfinansierande stiftingar for oppdragsverksemd. To av dei vart sette på beina i 1984, Institutt for naturanalyse (INA), der Hesjedal var ein sentral person, og Institutt for kultur- og samfunnsstudiar (IKOS), som vart lokalisert til og integrert i kultur- og idrettsmiljøet, der Per Mangset var initiativtakar og første leiar. Her vart m.a. prosjektet «Ungdata» sett i gang, kommunale ungdomsundersøkingar som vart vidareutvikla av forskingsinstituttet Ungforsk/NOVA i Oslo.¹⁷⁴ Det tredje, TEL-ØK, «Telemark økonomisk/administrativt kompetansesenter», vart plassert i Lia-bygget og knytt til økonomisk/administrativ fagseksjon med Einar Fagerås som leiar. TEL-ØK var i starten særleg oppteke av å satse på utvikling og marknadsføring av reiselivstilbod i Telemark.

I 1988 fusjonerte dei tre stiftingane til «Telemarksforskning – Bø». Olav Hesjedal og Einar Fagerås stod sentralt i etableringa og i leiinga også her i startfasen. Fagerås vart tilsett som direktør. Før denne samanslåinga var det forhandlingar med fylkeskommunen som gjerne ville ha eit felles institutt for heile fylket som omfatta også eit Notodden-institutt og eit Porsgrunn-institutt. Dette lukkast ikkje, mellom anna på grunn av motstand frå Bø-miljøet.

Programmet til Telemarksforskning var å arbeide for utvikling, nyskaping og kompetanseheving i næringsliv, organisasjonsliv og offentleg forvaltning. Dei faglege tenestene vart presiserte til tre programområde: «Bedrifts- og næringsutvikling», «Kultur og ungdom» og «Kommunal- og miljøforvaltning».¹⁷⁵ I 1991 flytta Telemarksforskning til nye lokale i Hellandtunet i kyrkjevegen, opna med «brask og bram» av handelsminister Bjørn Tore Godal i lag med 80 gjestar.¹⁷⁶ Frå slutten av 1990-åra og på 2000-talet voks stiftinga til å bli eit nasjonalt forskingsinstitutt med spisskompetanse særleg på helse- og velferdsforskning, kommunalforskning, kulturforskning og regional utvikling. Oppdraga instituttet tok på seg resulterte i ei rekkje publikasjonar.¹⁷⁷ I den tidlege fasen etablerte Telemarksforskning seg ved fleire store prosjekt som gjorde det til eit nasjonalt tyngdepunkt både i næringsliv- og i kulturpolitisk forskning. Fleire av prosjekta vart gjennomførte med økonomisk støtte frå Forskningsrådet, Kulturrådet og

174 Leiar for prosjektet i Bø: Tormod Øia. Jf. <http://w.w.w.hit.no/print/5791>. Sett 28.09.16.

175 Telemark distriktshøgskole. Årsmelding 1992: 45.

176 Sjå Varden 29.10. 1991.

177 <https://www.telemarksforskning.no/publikasjoner/start.asp?merket=5>.

Kulturdepartementet, mange av dei med Per Mangset som forskingsleiar.¹⁷⁸ «Telemarksforskning» hadde ein rammeavtale med høgskulen, men det kan vere at den drog forskingsaktivitet bort frå den. I alle fall vart det registrert ein nedgang i FoU-arbeidet frå slutten av 1980-talet, frå nesten 15 forskarårsverk i 1986 til knapt 11,5 i 1990. I same tidsrom var det ein nedgang i gjennomsnitt pr. stillingsheimel.¹⁷⁹ Dette kan også ha samanheng med at den store tilstrøyminga av studentar på denne tid gjorde undervisningsoppgåvene meir ressurskrevjande – og gav mindre tid til FoU-arbeid.

Det bør føyast til at biblioteket, som vi har sett fekk ein god start på 1970-talet, fekk medlemskap i Bibsys i 1992, eit nasjonalt bibliotekssystem for norske fag- og forskingsbibliotek. Det medførte m.a. at alle dokument ved høgskulen vart registrerte. Ved innsetting av modulen FORSKDOK kunne ein også få oversyn over alle forskingsprosjekt og forskingspublikasjonar i Norge.¹⁸⁰ I 2011 vart FORSKDOK stengt og overført til databasen CRISTin.

Vekst

Soga til Telemark distriktshøgskole fram til fusjonen i 1994 viser ein institusjon som vart bygt på nokre kraftige bein, men også med eit aukande fagleg mangfald. Frå ein spe start i 1971 med fire studieretningar, naturvern, økonomi/administrasjon, matematikk og historie, var det i studieplanen i 1993 ført opp med 31 studium, 8 i økonomi/administrasjon, 3 i kulturarbeid, 7 i idrett og friluftsliv, 1 i matematikk, 2 i engelsk, 3 i historie (her er hovudfag, som fall bort seinare,

178 T.d. prosjekt om museumsorganisering, norsk og europeisk kulturpolitikk, kunstnarpolitikk, kunstsksular og bibliotekpolitikk, folkemusikk og kulturvern, litteraturpolitikk og litteraturøkonomi, operadebatten, internasjonalt kultursamarbeid, fri scenekunst.

179 TDH-Nytt 28. nov.1991.

180 Sjå TDH-Nytt, nov.1992, og 29.4. 1993.



Turid Horgen og Gerd von der Lippe (her teikna av G. E. Flaen) var to av dei første kvinnene som vart tilsette i fagstillingar ved TDH, Horgen ved naturvernstudiet i 1974 og Lippe ved idrettsstudiet i 1980.



Bergit Grivi, Anne Ringstad, Håkon Øygarden og Gunhild Haugen frå administrasjonen på tur langs Telemarkskanalen

medrekna) og 5 ved norsk – inkludert forfatterstudiet og studiet i norsk språk og samfunnsfag og hovudfagssamarbeidet med Universitetet i Oslo (som også var kortvarig). Parallelt med dette hadde staben av tilsette, både av lærarar og i administrasjonen, blitt vesentleg utvida. Vi har sett at denne veksten hadde ein sterk start i prøveperioden fram til 1975 – då lærargruppa talde 34 faste stillingar. Fram til fusjonen i 1994 kom det over 40 nye undervisningsstillingar, og saman med personalet som jobba i IT-avdelinga, teknikarar ved laboratoria, i biblioteket, i administrasjon – og i vaktmester- og reingjeringsstensta vart talet på fast tilsette godt over 100. I tillegg var det mange deltidsstilsette ved høgskulen – det galdt særleg på undervisningssida der det jamt over arbeidde mellom 20 og 30 timelærarar.¹⁸¹ Med dette var høgskulen for lengst blitt den største verksemda i kommunen. Særleg var veksten sterk i slutten av perioden. På grunn av arbeidsløyse og sysselsetjingsvanskar i næringslivet fekk TDH, i lag med andre høgskular, tildelt mange nye studentar (sjå nedanfor). Det gav utteljing frå 1989 og dei næraste åra deretter i form av auka budsjett-tildeling og nye stillingar.


Medan kvinnene var godt representerte i den administrative delen av dei tilsette, var lærargruppa ei maskulin forsamling, særleg frå starten av. I 1974 fanst det berre to kvinner i lærergruppa.¹⁸² I 1986 hadde talet auka til 10 – av vel 50

181 Sjå TDH-Nytt, 17. februar 1992.

182 Dei to var Turid Horgen og Siri Nylander. Av dei tolv tilsette i administrasjonen (vaskepersonale ikkje medrekna) var 8 kvinner. Kjelde: *Undervisning våren 1974*. Telemark distriktshøgskole.

i gruppa til saman. I 1993 var dei tilsvarande tala 20 av 107 (då er ingeniørar/assistentar rekna med).

Det var relativt høg søking til studia i heile perioden.¹⁸³ Dei årlege søkjartala heldt seg stabile på 1970-talet – på mellom 1300 og 1400. Frå slutten av 1970-åra skaut dei noko i veret – dei nådde nesten 2000 i 1981 og passerte 3000 i 1983. Deretter flata det noko ut for igjen å stige sterkt mot slutten av 1980-talet. I 1989 gjekk søkjartalet over 4000. Siste året før fusjonen, i 1993, søkte rekordmange 8244 til det som var sluttåret for TDH. Bø-skulen var dermed ein av dei mest populære høgskulane i landet – i lag med Høgskolen i Rogaland, Oppland og



Tal på søkjarar til og registrerte studentar ved TDH i perioden 1970 – 1994. Når tala på søkjarar fauk i veret i slutten av perioden, kom det mellom anna av at stadig fleire søkte studieplass mange stadar utan å seie frå seg plassane når dei fekk tilbod. Det vart endra ved innføring av Samordna opptak i 1995. (Grafen er laga av Marius Waskaas)

Agder. Veksten heldt fram i 1994 – då 9125 personar sende søknad til Bø. Alle fag tok del i denne søknadsveksten, men den største søknadsmengda hadde dei økonomisk/administrative faga. Økonomiutdanning var i vinden desse åra. Av dei andre studia var idrett, særleg friluftsliv, mykje etterspurt – og av dei humanistiske

¹⁸³ Tala nedanfor er basert på årsmeldingane.

faga særleg engelsk. I 1992 hadde TDH den største engelsk-fagseksjonen utanom universiteta.

Søknadstala saman med tala for opptekne studentar viser at TDH vart ein populær høgskule. Jamt over låg den i heile perioden på tredje plass blant distriktshøgskulane målt etter opptekne studentar, etter dh-skulane i Rogaland og Agder.¹⁸⁴ Det var ein tydeleg overvekt av søkjarar frå den næraste regionen, mange frå Bø og kommunane rundt. I 1981 var til dømes nesten 30 % av dei frammøtte studentane frå Telemark, og dette talet låg elles jamt over på vel 25 %.¹⁸⁵ Slik vart distriktshøgskulen i Bø eit utdanningstilbod som i stor grad vart brukt av utdanningssøkjande frå regionen den var plassert i, godt i tråd med det som var ein intensjon ved etableringa. Eit argument for å utvide tilbodet på høgskulestudium i Telemark var at fylket låg eit stykke nede på lista over talet på studentar som tok høgre utdanning – både på lågare og høgre nivå.

Auken i søkjartala på slutten av 80-åra førte til stort press for å sleppe inn stadig fleire. Dette var ein årleg debatt i dei styrande organa ved høgskulen, budsjettutvalet og høgskulerådet/høgskuletinget. Her vart ofte diskusjonen om opptak ved dei enkelte studia ei samtidig kjøpslåing om budsjett-tildeling – mellom anna til timelærardekning.

Kva med kjønnsbalansen blant søkjarane? Den var ikkje så skeiv som blant lærarpersonalet, men ulikskapane var frå starten av store også her. Fram til byrjinga av 1980-åra representerte kvinnene godt under 50 % av søknadsmassen, fram til midten av 1970-åra under 40 %. Og det største faget, økonomisk/administrativ linje, hadde den største ubalansen. I 1978 sende Norsk Forskerforbund brev til høgskulen med spørsmål om likestillingsarbeidet. Svaret var at det ikkje hadde vore gjennomført særlege tiltak. Einast var at der kvinnene var underrepresenterte, fekk dei førsterett om dei elles stod likt med andre. I svaret vart det søkt trøst i at ubalansen var i ferd med å forsvinne. Dette var eit poeng. I 1971 var berre 12,7 % av søkjarane kvinner, i 1977 41.6 %.¹⁸⁶ I løpet av 1980-talet kom kvinnene i fleirtal. I 1986 utgjorde dei 57 %, i 1989 65 %. Vekst i opptak på studia ved dei humanistiske faga, historie, engelsk og norsk, der kvinnedelen var ekstra stor, slo her godt ut. Utviklinga var elles eit resultat av at høgskulen vart etablert i ei tid då utviklinga mot likestilling mellom kjønna gjekk raskt.

I tillegg til heiltidsstudentane kom deltidsstudentane som følgde opplegg utanfor dei faste studieopplegga. Heilt frå undervisningsstarten haustsemesteret

184 I 1992 hadde TDH eit studentmåltal på 1330, Rogaland hadde heile 2520 og Agder 1830. Her er deltidsstudentane med, omrekna til heiltid. Kjelde: TDH-nytt 17. september 1992.

185 Telemark distriktshøgskole. Årsmelding 1981:47.

186 Notat sendt Norsk Forskerforbund 24.2.1978, Boks 0059 014-014 Saksarkiv. Statsarkivet Kongsberg.

1971 vart det økonomisk/administrative studiet tilbode som deltidsopplegg i Skien. Våren 1972 var det over 90 studentar som her følgde eit eller anna kurs ved dette studiet. Dette opplegget vart laga for å sukke pillen – overflyttinga til Bø. Men deltidsopplegg vart ein del av ideologien høgskulen kledde på seg, at den skulle tene regionen. Derfor vart det sett i gang ei rekkje deltidsopplegg i åra utover. Det sette press på arbeidsdagen til dei tilsette. Deltidsundervisninga var i regelen lagt til kveldstid, også ofte med samlingar i helgene. Men deltidsopplegga var ein del av oppbygginga av høgskulen for å rekruttere studentar og sikre inntening. Slik vart omfanget etter kvart temmeleg stort. Det gjekk jamleg kurs i Skien og Porsgrunn, Kragerø, på Notodden og Rjukan, men også i meir gravgrendte stork som Treungen, Høydalsmo. Mange vart også arrangerte i Bø. Særleg var grenlandsområdet ein god marknad. I 1982 melde over 200 studentar seg på årsstudium i norsk i Porsgrunn, og i 1985 vart 75 registrert på eit liknande deltidsopplegg – også i Porsgrunn.¹⁸⁷

Deltidsstudentane gjekk med «halv fart» gjennom studia dei tok. For å telje dei likt med dei ordinære studentane, må talet derfor delast på to. I 1991 vart det registrert 586 deltidsstudentar, dvs 293 omrekna til heiltid. Same året vart det registrert 1088 heiltidsstudentar, og i tillegg kom 25 studentar som etter samarbeidet med Norges Landbrukshøgskole følgde undervisning i Bø. Det gav eit samla studenttal på om lag 1400. Tilsvarende tal for 1993 var over 1600. I heile perioden vart det dessutan arrangert ei rekkje korte kurs og foredragskveldar – som ikkje gav studiepoeng. For å nå fleire studentar vart det vedteke (i 1986) å leggje meir av den ordinære undervisninga til ettermiddags- og kveldstid.

1979 vart historikarane i Bø engasjerte for å gje årskurset over to år i Kristiansand i regi av Folkeuniversitetet. Leiar for kurset var Hans Try, statsarkivar ved Statsarkivet i Kristiansand, og det var planlagt som ein start på eit fast studium i historie ved Distriktshøgskolen i Agder, som vart oppretta seinare. Eit liknande tilbod av årsstudiet i norsk vart oppretta i Kongsberg med TDH som fagleg ansvarleg.

Leigelokale, eige hus – og sambruksanlegg

Etter vedtaket i mai om å plassere distriktshøgskulen i Bø, svinga både kommunale organ og den nye vesle høgskuleadministrasjonen seg fort rundt, som vi såg, og skaffa bygningsmasse for den nye høgskulen på rekordtid. Men lokala på Frivoll vart snart for små. Det var ei oppgåve for staten å byggje permanente lokale, men det var fleire distriktshøgskular i den køen, så det kom til å dra ut før dette skjedde – faktisk ikkje før i 1993. I mellomtida måtte høgskulen gå på bygda for å skaffe

187 TDH-Nytt 10/1982, og 2/1985.

hus til all den verksemda som vart sett i gang. Det gjorde at den vart spreidd over heile bygda. I 1975 vart andre etasje i Telemarksbanken (seinare med namnet Fokus Bank) midt i Bø-gata leigd for kontor til administrasjonen, og med plass til Studentbokhandel (som først hadde halde til i Folkets Hus) og EDB-terminal. I 1976 vart det underteikna leigeavtale med Midt-Telemark Samvirkeleg der det vart plassert undervisningsrom, og det vart same året leigd kontorlokale i bygget til Thor Napastaa, i det såkalla «Sæterbygget». I 1984 vart samvirkelegbygget selt til Napastaa Bygg A/S, men utan at dette endra leigeavtalen i bygget, som stod ved lag heilt til nybygget kom på plass i 1994. Då høgskulen skulle starte idrettstudium i 1981, vart det skaffa rom i eit større industribygg til Olav Napastaa i området kalla «Lillevold» eller «Nye Napastaa» ved Gvarv-vegen. Her vart det også leigd lærar- og undervisningsrom for kulturstudiet og idrettsseksjonen, og lesesal og bibliotek. Sidan kommunen i 1980 sette tommelen ned for å byggje idrettshall, vart det vedteke å innreie bygget med gymnastikk-sal for idrettsstudiet. I 1983 vart Lia-bygget i Bø-gata teke i bruk, med plass til undervisningsrom, EDB-senter, og personalet ved økonomisk/administrativ studieretning og matematikk-studiet. I 1988 vart leigeavtalen i Fokus Bank sagt opp, og ny inngått med Tonar forretningsbygg øvst i Bø-gata med større lokale for administrasjonen. Sett bort frå hovudbygningane på Frivoll var då høgskulen spreidd på fem lokale: Samvirkelegbygget, bygget til Thor Napastaa i Bø-gata («Sæterbygget»), Liabygget, Tonarbygget, og «Nye Napastaa» i Gvarv-vegen.¹⁸⁸

Alt tidleg på 1970-talet la kommunen fram planar om tomt til permanent høgskulebygg. Dei første planane hadde tre alternativ: Breisås, Folkestad og Gåraåsen. I generalplanen for 1974-1984 vart Folkestadmoane peika ut som det beste alternativet, og i 1973 fekk dette i to avrøystingar eit knapt fleirtal i kommunestyret, der ordføraren, Søren Høibø, måtte bruke dobbeltstemma si for å få vedtaket igjennom. I regjeringa hadde Miljødepartementet innvendingar: Gåavstanden til sentrum var stor, og det låg ein fare i å lokalisere høgskulen «i et område isolert fra bygdemiljøet». Kommunen burde vurdere nøye om den «sannsynlige utvikling tillater to levedyktige sentra i kommunen» og korleis dette ville verke inn «på funksjonsdyktigheten i de forskjellige utbyggingsfaser, særlig når det gjelder de to sentras innbyrdes rollefordeling».¹⁸⁹ Ein bakgrunn for valet var koplinga til planar om å byggje ut eit nytt bustadfelt på Folkestad. Det var også andre grunnar bak vedtaket. Det var basert på eit studenttal på over 3000, og eit arealkrav på 230-250 da. Det kunne vere krevjande reint arealmessig

188 Førde 1994.

189 Kommentar frå Miljøverndepartementet trykt i TDH-Fokus nr. 1/1977. Jf. TDH-Nytt 8/1985.

å plassere ein så stor institusjon i sentrumsområdet, men også tanken på at så mange studentar ville prege bygda sterkt ved å samle alt i sentrum, spelte inn ved avgjerda. Høgskulen både ved direktør Brenden, styret og dei valde organa var heilt frå starten skeptiske til å byggje på Folkestad. I intervju med TDH-nytt i 1975 åtvare Brenden mot at skulen kunne bli isolert og tape kontakt med det pulserande livet i bygda, og Høgskolerådet gjekk same året inn for at kommunen måtte vurdere meir sentrumsnære alternativ, Gåraåsen eller området ved Frivoll.¹⁹⁰ Noko av grunnlaget for Folkestad-alternativet var også i ferd med å forsvinne. 3000 studentar var eit lite realistisk tal. Ei framskrivning av utviklinga for skulen i 1976 la til grunn ein vekst på inntil 1000 studentar i 1985-90, og dette talet vart også seinare retningsgjevande for planlegginga av høgskulen.¹⁹¹ Spørsmålet om nybygg var likevel enno i fleire år lite aktuelt. I 1979 hadde skulen kontakt med departementet som sette Bø på vent. Først skulle Nordland distriktshøgskole byggjast. Denne utsetjinga var nok avgjerande for det endelege tomtevalet. Sjølv om både Brenden og Høgskolerådet tidleg var skeptisk til Folkestadalternativet, var fleire varsame med å kritisere valet kommunen tok av frykt for at bygginga kunne utsetjast. Det galdt t.d. rektor (1976-79) Hesjedal.¹⁹²

I 1985 tok kommunen tomtespørsmålet opp på nytt. No vart Folkestad skuva bort som byggjestad – til trass for investeringane i området på 1970-talet. Innvendingane frå kritikarane hadde gjort sin verknad. Eit stort bygg på Folkestad kunne skape to senter i bygda og både ha uheldige sider næringsmessig og skade samspelet mellom skule og lokalsamfunn.¹⁹³ Etter denne snuoperasjonen i kommunen la Generalplanutvalet i 1986 fram ei innstilling som gjekk gjennom alle tomtealternativa som hadde vore framme i diskusjonen. Folkestad-moane var ikkje lenger aktuell, men utvalet skuva også bort Grivimoen, som også hadde vore eit av fem alternativ. Det gjekk også mot eit alternativ om å kople Folkets Hus, bygningane på Frivoll og Lia-bygget saman med eit nytt sambruksanlegg i Gullbring. Det stod då att to alternativ: Breisås eller samla utbygging i Gullbring. Det siste alternativet vart støtta av dei tre representantane for Arbeidarpartiet, og fekk fleirtal. Mindretalet, ein frå Høgre og ein frå Kristeleg Folkeparti, gjekk inn for Breisås. Eit av argumenta her var omsynet til jorbruksinteressene – ei

190 TDH-Fokus nr. 1, og nr. 2, 1975. Opplysningane nedanfor er for det meste henta frå årsmeldingane. Jf. Førde 1994.

191 Telemark distriktshøgskole. Årsmelding 1976. Plandokumentet sette også opp 1000 deltakarar i deltidssundervisning og kursverksemd.

192 Då tomtevalet vart aktualisert i samband med utarbeiding av ny generalplan, er Søren Høibø, som brukte dobbeltstemma si som ordførar i 1973, referert på at han angra på at høgskulen vart lagt til Bø (referert i *Telemarkingen* 14.9.1982). Dette var eit standpunkt han i så fall stod temmeleg åleine om.

193 TDH-Nytt nr. 8/85.

utbygging i Gullbring ville krevje bruk av dyrka mark. Breisås-alternativet vart derfor støtta både av Bø bondelag og Senterpartiet i bygda.¹⁹⁴ Høgskulen hadde på dette tidspunkt ingen sterke meiningar. I eit vedtak i Høgskoletinget hausten 1985 vart Breisås prioritert først, men både Grivimoen og Gullbring kunne godtakast. I vedtaket vart det lagt vekt på nærleik til viktige serviceinstitusjonar, kommunikasjonar, studentheimar og busetnad elles, og dessutan behov for areal til idrettsstudiet, og omsyn til jordvern. Det siste var særleg eit krav som kom frå miljøvernstudiet.¹⁹⁵

I denne fasen vart eit nytt spørsmål avklara som grunnlag for byggjeprosessen. Kulturorganisasjonane i Bø gjekk inn for at det vart bygt lokale til felles bruk for høgskulen og kommunen: idrettshall, symjehall og kulturhus. Kommunen oppnemnde eit eige utval, sambruksutvalet, som i innstilling i november 1987 slutta seg til prinsippet. Det avgjerande var økonomien. Dette vart avklara etter kontakt med departementet som gav klarsignal for eit sambruksanlegg.

Men på denne tid var enno eit nytt tomtealternativ kasta inn i debatten. I oktober/november vart det utarbeidd ei privat skisse ved entreprenør Gudmund Lia om å bruke statsjorda på prestegardstomta til nybygg for høgskulen i terrassar rett ovanfor for Lia-bygget og bygga på Frivoll, og leggje idretts- og symjehall i den austre enden mot fylkesvegen til Oterholt, og dessutan bruke bygningane på prestegarden til kultursenter. Ved høgskulen vart dette alternativet vurdert positivt og prioritert på førsteplass – framfor Gullbring. Grunngevinga var at det kunne vere utgangspunkt for ei stegvis utbygging av høgskulen – som kunne vere lettare å få til i konkurransen om offentlege løyvingar.¹⁹⁶

Den endelege avgjerda vart fatta av kommunestyret 11. februar 1988 med 60 tilhøyrarar til stades. Heilt til det siste var det strid og motsetningar om stadvalet. Særleg var jordbruksinteressene aktive i protest mot å ofre dyrka jord – noko både Gullbring og prestegardsjordet ville ha som konsekvens. Avrøystinga skjedde i fleire runder. Første votering vart annullert på grunn av protestar mot at Grivi/Napastaa ikkje var sett opp som voteringsalternativ. I andre prøvevotering fekk prestegardsjordet ingen stemmer og fall dermed også bort. I de endelege avgjerda fall både Breisås (18 mot 7) og Grivi/Napastaa (20 mot 5), før Gullbring/Evjudalen vart vedteke med 18 stemmer mot 7.¹⁹⁷

I denne prosessen vart altså Gullbring/Evjudalen peika ut som tometalternativ

194 Bø blad 9.9. og 18.9. 1986.

195 TDH-Nytt nr. 8/85.

196 Sjå Bø blad 1., 8. og 15. oktober 1987. Skissa over prestegardsjordet var utarbeidd av entreprenør Gudmund Lia saman med Olav Langåsdaalen og Tor E. Almankås.

197 Dei 18 som avgjorde valet av Gullbring var representantane for DNA (14) og 2 frå SV 1 frå V og 1 frå H). Bø blad 18. 2. 1988.

både for høgskulen og for sambruksanlegget: *Gullbring kulturanlegg*. Kommunen sette ned eit byggjeutval med direktør og rektor ved høgskulen som observatørar. Rammeplan for nybygg vart godkjent av departementet og Statens bygge- og

eigedomsdirektorat, og Bø kommune inviterte arkitektfirma til idékonkurranse om korleis arealet i Gullbring skulle disponerast.

Byggjeprosessen for det nye høgskulebygget starta i 1993. Byggjeplanen som vart godkjent av departementet i 1991, vart dimensjonert for 1000 studentar, eit tal som låg under opptakstala på denne tid. Gunstige finansieringsordningar og utspel frå Reidar Førde som fekk plass i byggjekomiteen, førte til at arealramma vart noko auka, til eit bygg som samla sett gav plass til 1800 studentar, fleire kontor og større kantine.¹⁹⁸ Det la på seg noko seinare. I 1996 vart det bygt personalkantine, møterom og terasse i 3. etasje

Høgskulebygget vart høgtidleg overlevert i oktober 1994 – samtidig med Gullbring kulturanlegg. Dermed hadde Bø fått eit høgskule- og kultursenter



Reidar Førde framfor oppføringa av det nye høgskulebygget. Førde hadde hovudansvaret for bygge- og anleggssektoren ved høgskulen. (Foto: utlånt av Førde)

198 Førde 1994: 3.

konsentrert i sentrum av bygda. Vi kan kanskje spekulere på om plasseringa hadde blitt annleis med eit tidlegare vedtak. Om det var aktuelt å reise eit nybygg på 1970-talet, ville kanskje staden vore Folkestad. Valet om å plassere bustadområde og studentheim der peikte i den retning. Det hadde i tilfelle skapt ei anna og meir oppdelt bygd enn det som vart resultatet ved samlinga i sentrum. Men dei første åra var det lite aktuelt å byggje permanent høgskulebygg. Når dei grunnleggjande faktorane for bygg kom på bordet, var det lite som talte for Folkestad. Høgskulen sette i avslutningsfasen i plasseringsdebatten (1987/88) prestegardsjordet som prioritert tomteområdet. Men dette var eit alternativ som utfordra sterke motkrefter både i bygda og i kommunen og fall derfor bort. Gullbring kunne også godt godtakast i 1988 som tomt for høgskulen. Dette vart også ei god plassering for bygda Bø som på denne måten fekk ei meir konsentrert utbygging i samvirke med den nye institusjonen – og eit nytt kultur- og idrettssenter.

Høgskulen, studentane og bygda

Ved etableringa av høgskulen i 1970/71 måtte Bø kommune, som vi har sett, ta mesteparten av kostnadane til bygg og infrastruktur som følgde med den nye institusjonen. I fylkesleiinga som var dominert av folk som likte plasseringa i Bø dårleg, var støtta til etableringa svak. Men for Bø var investeringa i den nye høgskulen lønsam på lenger sikt.

Den gav ny sysselsetjing – i 1994 med godt over 100 faste stillingar, og det var ein stabil arbeidsplass der det heile tida var vekst. Leiga for dei lokala høgskulen i stadig større grad fekk bruk for, vart dekt av staten. Like eins var staten byggherre for det permanente høgskule-bygget, og leigeavtale om bruk av kulturanlegget i Gullbring var ein viktig grunn for at dette anlegget vart reist. Studentane som kom til bygda gav økonomiske ringverknader – både i forretningsverda og i leigemarknaden for studentbustadar som mange bøheringar kunne tene pengar på – sjølv om dei fleste studentar kunne bu i studentheimane som vart bygde.

Også organisasjons- og kulturlivet i bygda vart påverka, både ved at dei tilsette og studentane gjekk inn i eksisterande organisasjonar, eller ved at dei starta eigne lag ved høgskulen. Av organisasjonar er Spelemansslaget Bøheringen eit



Student i Bø - i strek ved G. E. Flaen



Asbjørn Storesund kom til Natur og miljøvernstudiet i 1974, der han i ein periode var instituttleiar. Han kom raskt med i spelemannsmiljøet i Bø, lærte slåttar av dei eldre spelemennene i Bø og var formann i Spelemannslaget Bøheringen i mange år. Storesund har samla inn mykje tradisjonstoff og skrive ei rekkje artiklar og bøker om spelemenn og felemakarar i Telemark. Særleg kan ein nemne boka om Torkjell Haugerud «Høyrrer du Tårån?», utgjeve på Buen Kulturverkstad i 1995. (Foto: Kari Lønnestad, Telemark Folkemusikkarkiv).

godt døme. Då høgskulen kom til bygda låg dette tradisjonsrike laget nesten i dvale på grunn av vanskar med rekruttering. Folk frå høgskulen var med på å blåse nytt liv i det. Sentralt her stod Asbjørn Storesund og Knut Dale. Storesund sat som formann i laget i 23 år. Elles vart øvingane laget hadde i 18 år lagt til lokale på Frivoll som spelemannslaget fekk nytte gratis.¹⁹⁹

Vi har tidlegare nemnt arbeidet med opprettinga av Bø Bygdemuseum der høgskulen spelte ei viktig rolle. Ein annan institusjon som vart til i samarbeid mellom folk frå høgskulen

og folk frå bygda, var Lokalhistorisk arkiv i 1979 – med Øystein Rian som mangårig leiar.²⁰⁰ Ved å bygge opp ein brei dokumentasjon om fortida, vart arkivet viktig for kultur- og historiarbeidet. Det var ein del av vernearbeidet bygdemuseet stod i spissen for. Her var arbeidet for å gjere Østerli Nistugu, nedanfor dåverande Lifjell turisthotell, til bygdetun, av dei første tiltaka. Men det som vekte størst debatt var kva som skulle gjerast med det gamle meieriet som vart lagt ut til sal i 1978. Museet gjekk inn for å verne bygget, i strid med forretningsinteresser som til slutt fekk kjøpt det. Under opp-pussinga til forretningsbygg kom det skarpe protestar frå verneinteressene ved museet, som ei tid greidde å stoppe arbeidet. Dette utvikla seg til ein konflikt der miljø ved høgskulen vart skyteskive. «Det har ikke vært annet enn spetakkel og hindringer» sa rørleggarmeister Ivar Haugestøl, som representerte kjøparane, til Varden: «Kommunen må tenke på næringsliv,

¹⁹⁹ Opplysningar frå Asbjørn Storesund.

²⁰⁰ Liva Espedalen vart først valt som leiar, men av arbeidsmessige grunnar måtte ho trekkje seg frå vervet. I styret 1979 sat elles Lars Jysereid og Sigrid Bø.

ikke bare skolevesen.»²⁰¹ Forretningsinteressene gjekk likevel sigrande ut av konflikten, på sikt også ved at veksten som høgskulen skapte tente desse interessene.

Eit anna område for kontakt mellom skule og bygd, var idrettslivet. Men her laga først studentane eige idrettsutval i 1975 som mellom anna arrangerte fotballturneringar med andre høgskular. I 1976 skipa også dei tilsette eige bedriftsidrettslag, og ein periode konkurrerte både fotballag og handballag rundt om i fylket, om enn med variabel suksess. Idrettsaktivitetar stod høgt i kurs på 1970- og 1980-talet. Ved tiårsjubileet i 1980 vart det arrangert ein jubileumsstafett om Folkestad der både gåing og sykling og meir rurale aktivitetar, som traktorpløying, var inkluderte. Studentane arrangerte også ein alternativ stafett om Nordbøåsane i protest mot at kommunen ville leggje høgskulen på Folkestad.

På eitt område vart forholdet til idrettslivet i Bø ganske tett, innanfor barneidretten. I 1983 tok Ingunn Fjørtoft med seg eit prosjekt frå Norges Idrettsforbund, vedteke på idrettstinget i 1983, som var retta inn mot barn i alderen 5/6 til 12 år. Idrettsforbundet løyvde 20 000 kroner i oppstartmiddel, og Fjørtoft kontakta Skarphedin, som gav full støtte til prosjektet. Det både starta og utvikla seg som eit breispora opplegg med støtte frå alle særgruppene i idrettslaget, med ballspel, friidrett og orientering om sommaren og ski om vinteren. Sidan Bø mangla lokale for inneidrett, det kom først med kulturanlegget i Gullbring, vart aktivitanane for det meste lagt ute i naturen. Her kunne ein kople seg til studiemiljøet i friluftsliv ved høgskulen, der studentane vart dregne med i prosjektopplegget som også omfatta barnehagebarn. Prosjektet vart grunnlag for doktorgraden Ingunn Fjørtoft tok i 2001 med avhandlingen *Landscape as playscape*.²⁰² Fire år tidlegare fekk ho Kulturprisen i Bø saman med Liv Hemmestad for innsats for barneidretten i kommunen. Etter at Fjørtoft starta dette arbeidet i samarbeid mellom idrettsstudiet og Skarphedin, tok Hemmestad over ansvaret og førte det vidare frå 1994/95.

Høgskulen vart ein møteplass i ulike samanhengar for folk i Bø som ikkje direkte hadde noko med høgskulen å gjere. Fagkveldar, «kveldssete», kunne ta opp spørsmål som munna ut av den faglege aktiviteten ved institusjonen, ofte knytt til telemarkskulturen, men også til meir dagsaktuelle spørsmål som hadde med regionen å gjere. For ein stor del hadde slike opplegg bakgrunn i «distriktsideologien» som stod sterkt i starten: At det var ei hovudoppgåve for distriktshøgskulen å tene regionen, og meir lokalt vere samlingsstad for

201 Varden 20.10. 1979.

202 Framstillinga av barneidrettsprosjektet er for det meste bygt på opplysningar frå Ingunn Fjørtoft.

samfunnsdebatt og kulturspørsmål i Bø-bygda. Her bør Jostein Nerbøvik nemnast. Som ivrig lokalhistorikar baud han fleire gongar inn til kveldssamlingar med historiske tema frå Bø og regionen rundt – ofte i samarbeid med lærarar frå norskseksjonen – som også arbeidde med telemarkskulturen. Eit døme her er eit seminar om hamskiftet i Telemark, der Nerbøvik tok for seg hamskifteprosessen sett frå historikarsida, og Olav Solberg frå korleis litteraturen har handsama den. Desse møta spelte ein viktig kontaktskapande funksjon i forholdet mellom bygd, region og skule. Eit anna døme er etableringa og utviklinga Bø Bygdemuseum. I 2002 brukte Bø blad dette som argument for det gode tilhøvet mellom høgskulen og kulturlivet i bygda, og peikte spesielt på rolla Sigrid Bø hadde spelt her.²⁰³

1970- og 1980-åra var ei tid med sterk samfunnspolitisk debatt. Det ytra seg med stor møteaktivitet internt ved høgskulen, der brennheite politiske spørsmål var tema. På 1970-talet vart det skipa ei rekkje politiske organisasjonar, t.d. Kvinnefronten, Kristengruppa, SV-lag og Noregs kommunistiske studentforbund som var ungdomsorganisasjon til AKP (m-l) – der leiaren proklamerte «revolusjonen som mål».²⁰⁴ I pakt med tidsånda i samtida var særleg aktiviteten på den politiske venstresida stor. Den påverka også debatten om oppbygginga av studia. Det galdt i første rekkje natur- og miljøvernstudiet som var eit nytt fagfelt, og sjølv om det bygde på solid og vel etablert kunnskap, vart studieplandiskusjonen ein periode eit tilbakevendande tema. På folkemunne i Bø vart høgskulesenteret på Frivoll kalla «Mao-haugen». Men det fanst også ei konservativ foreining. Hausten 1975 marknadsførte den seg som «det einaste moderate alternativet ved TDH».²⁰⁵

Martin Skjekkeland minnst studenten som i ei oppgåve ville knyte samfunnsengasjement til norskfaget då han skulle skrive om sterke verb: «De sterke verb er knyttet til primærnæringene. Med den sterke sentraliseringen i dag vil primærnæringene bli borte, og de sterke verb vil dermed gå i glemselens bok.»²⁰⁶

Dei politiske aktivitetane var ein del av eit langt breiare engasjement. Både tilsette og studentar fann sine plassar i organisasjons- og kulturlivet i bygda, ikkje berre i idrettslivet, men også i ungdomslaget og i ulike politiske lag. I 1979 vart Frode Lieungh, lærar ved det økonomisk/administrative studiet, plassert øvst på høgrelista, og han sat i kommunestyret i fleire periodar – til saman i 16 år. Han var også medlem av formannskapet, og sat seinare i fylkestinget. Elles var fleire andre TDH-folk innom kommunestyret – som Oddvar Haugland for Arbeidarpartiet og Nils Røttingen for Venstre (1983-87). Dessutan var det mange

203 Bø blad 17.10. 2002.

204 Per Håkonsen sitert i TDH Fokus nr. 2, 1975.


205 Ibid.

206 TDH-Nytt 3/1980.

frå høgskulen som stod på dei andre partilistene, utan å bli innvalde. Alt i alt let institusjonen seg rimeleg greit integrere i Bø-miljøet. Både tilsette og studentar spelte også ei viktig rolle i fleire sentrale spørsmål som var oppe til debatt i bygda. Det galdt sjølvsaugt plasseringa av det permanente høgskulebygget. Studentane arbeidde også for at kommunen skaffa lokale for eit fritidssenter for ungdomen. Det fanst få tiltak som var direkte retta mot ungdomen i bygda, og arbeidet for fritidssenter hadde bygdeungdomen som målgruppe.

Eit spørsmål som både tilsette og studentar, med støtte frå mange i bygda, tok opp, var å byggje barnehage. Det mangla Bø då høgskulen vart opna. Dei tilsette ved TDH, mange av dei var unge foreldre der begge var i arbeid, måtte bruke dagmammaordningar. I 1974 kom Bø musikalske barnehage i gang med eit avkorta tilbod. Ei prosjektgruppe arbeidde vidare for å få heildagsbarnehage, og naturvernstudiet vart engasjert i planarbeidet. Men arbeidet var i starten vanskeleg. TDH-Fokus klagde i 1976: «Krava kom berre frå innflyttarar, meinte bygdefolk. Barnehage vart sett på som eit trugsmål mot etablerte samlivsformer».²⁰⁷ Saka drog ut. I

²⁰⁷ TDH-Fokus nr. 1, 1976.



TDH – fokus var internt meldingsblad 1975 – 1979



TDH Nytt 1979 – 1994, med logoen for TDH: Liffellsymbolet.

1981 sette Høgskulen ned eit dagheim-utval som konkluderte med at institusjonen hadde behov for 50 dagheims plassar som kommunen anten bygde sjølv, eller fekk til i samarbeid med Stiftinga for studentheimane og høgskulen.²⁰⁸ I 1984 vart den første kommunale barnehage starta i Gullbring, og i 1991 starta Samskipnaden drift av studentbarnehage i Napastaa-bygget. Kommunen disponerte første driftsåret over halvparten av plassane, men sa dei opp frå hausten 1994 då det kommunale barnehagetilbodet var styrka og kunne dekkje etterspørselen frå bygda.²⁰⁹

Studentlivet knytt til Kroa var møteplass for sosiale og meir festlege samkomer. Her vart det arrangert diskotek-kveld kvar laurdag, og krokveld kvar onsdag. Bø-ungdomen, ikkje berre jentene (!), fekk sleppe inn. Men om dei kjem, sa forkvinna i Kro- og Kulturutvalet i 1976, «vert dei sitjande kvar for seg sjølve».²¹⁰ Forholdet mellom studentmiljøet, som etter få år talde fleire hundre studentar, og ungdomsmiljøet kunne nok i ei så lita bygd som Bø var, skape både



*Kroa (frå 1985) og barnehagen «Veslekroa» (frå 1991) i Napastaa-bygget ved Gvarv-vegen
(Foto: Øystein Akselberg)*

208 TDH-Nytt 2/1981.

209 Årsmelding og rekneskap for studentsamskipnaden i Øvre Telemark 1994. Boks 108. Arkiv Porsgrunn.

210 TDH-Fokus nr 1, 1976.

avstand og rivningar dei første åra. Det hende at slike motsetningar kunne bli til slåsskampar der studentar vart utsette for sterke nevar frå oppelda bøungdomar.²¹¹ Eit tiltak frå studentane si side for å gjere dette forholdet betre, var å leige ut kroa ein kveld i veka som fritidssenter for ungdom. Forholdet høgskule – bygd vart også teke opp fleire gongar i TDH-Fokus, eit meldingsblad som starta i 1975, som øvingsoppgåve ved kurset Miljøverninformasjon ved Natur- og miljøvernstudiet – leidd av Øystein Dalland. Frå 1979 vart meldingsbladet avløyst av TDH-Nytt med administrasjonen ved høgskulen som ansvarlege utgjevar. Det var Arne Kielland som dreiv fram dette bladprosjektet, og seinare, frå 1986, var det personar frå administrasjonen ved høgskulen som redigerte bladet – Bergit Myrjord, Kristian Hanto, Gunhild Haugen og Ragnar Våge Pedersen. Hausten 1993 tok Per Holtung over, og han stod etter fusjonen som redaktør av det nye meldingsbladet, HiT-nytt.

Som vi har sett, var det høgskulen som fekk hovudansvar for velferdsarbeidet blant studentane. Universiteta og dei vitskaplege høgskulane hadde studentsamskipnader med heimel i eiga lov, men med unntak for høgskulen i Rogaland, som fekk studentsamskipnad i 1975,²¹² vart velferdsarbeidet ved dei andre distriktshøgskulane organisert litt tilfeldig. Ved TDH sleit ein med å sikre gode tenester for studentane. Kroa vart for liten, og lokala var dårlege. Søknad om å bruke kjellaren i Samvirkelaget vart avslått på grunn av brannfaren – og etter naboprotestar. I 1978 vart det inngått avtale om leige av Fagerheim hospits til bruk for studentsosiale tiltak, og med kontorplass for velferdsadministrasjonen og studentforeininga og underutvala (Kro og kultur, Idrettsutvalet, Velferdsutvalet). Ein søknad om påbygg på Fagerheim-bygget vart avslått av kommunen i 1981. Men i 1985 vart det inngått leigeavtale med Olav Napastaa i garasjelegget ved kultur- og idrettsbygget i «baksølet» med plass til kroaktivitetar.

I den nye Kroa vart det opna for sal av alkohol. Før 1985 kom kroa-gjestane med drikkevarene i ryggsekk, heitte det i Bø blad. På nye Kroa blei det «siviliserte» tilstandar med sal over disk.²¹³

Som ein naudsynt del av høgskuletilbodet vart det oppretta studentbokhandel – sidan det ikkje fanst bokhandel i Bø. Bokhandelen vart som nemnt, først lagt til i Folkets Hus, seinare flytta til underetasjen i Telemarksbanken. Dei første åra var det studentforeininga som dreiv bokhandelen, men den gjekk med underskot og den daglege drifta måtte derfor overførast til administrasjonen.²¹⁴ Tilbodet var dårleg – særleg var det problematisk å tilby eit utval av bøker utover pensumlitteraturen.

211 Sjå t.d. oppslag i Bø blad 20.12. 1990.

212 Det vart vedteke eiga lov om studentsamskipnad i Rogaland i 1975 som omfatta alle elevar og studentar ved vidaregåande og høgre skular i fylket. Sjå NOU 1976: 33. Velferd for elever og studenter: 7.

213 Bø blad 11. august 2016.

214 TDH-Fokus nr. 2, 1976.



TDH-Nytt nr. 1, 1994: Søndag 9. januar 1994 var det klart for innflytting i det direktør for samskipnaden Arne Johnsen meiner er landets finaste studenthyblar. «I vinterleg idyll byr den nye studentgrenda i Breisås på luksushyblar til 56 studentar. (...) Kvar hybel har eige toalett og dusj, oppbevaringsrom og god plass. Fire hyblar deler kombinert kjøkken og samlingsrom (med TV). Luksusen inkluderer varmekablar, fullt utsyrt vaskerom, telefonautomat, sportsbod og panoramutsikt over Bø.» (Foto: Max Emanuelson)

I 1978 vart det teke kontakt med Telemarken Bokhandel/Sentralbokhandelen for å etablere fast bokhandel i Bø. Året etter kom bokhandelen i gang i Bø-gata. Same året starta studiet i bokbransjefag som del av tilbodet frå økonomisk/adminstrativ fagseksjon.

Eit anna velferdstiltak var studentkantine. Den låg i kjellaretasjen under undervisningsfløyen på Frivoll, i eit lokale som vart trongare og trongare etter som studenttalet fauk i veret. Hausten 1981 vart det oppretta ny kantine i Napastaa-bygget. Kantina vart driven av Stiftinga som også hadde ansvar for studentheimane.

I 1975 fanst det tre studentheimar, på Grivi, i Gullbring og i Breisås. Den siste var bygd av anleggsbrakker av Eivind Eckbo som eigde grunnen. I 1980 kom det i gang forhandlingar om å kjøpe både grunnen og bygga. Stiftinga for studentheimane gjekk inn for det, og fekk klarsignal frå departementet. Alt før, i 1976, vart det utarbeidd forslag om å byggje ein ny studentheim som kommunen plasserte på Folkestad – i tråd med planane på den tid om kvar det permanente høgskulebygget skulle plasserast.

Spørsmål om velferdsordningar for studentane vart tekne opp i ei stor offentleg utgreiing, lagt fram i 1976 av det såkalla Alstadheim-utvalet.²¹⁵ Utvalet gjekk inn for ei felles velferdslov som skulle omfatte alle elevar og studentar, ved dei større skulesentra organisert av eigne medlemsstyrte elev- og studentsamskipnader og finansiert dels ved avgifter frå obligatorisk medlemskap, dels med tilskot frå skuleeigar – som også skulle stille lokale til disposisjon.²¹⁶ Med bakgrunn i denne innstillinga gjekk Studentforeininga i 1977 inn for ei førebels velferdsordning med krav om velferdssekretær i heil stilling underlagt styret i Stiftinga, samskipnaden og velferdsadministrasjonen, med eit samla budsjett for alle velferdsordningane.²¹⁷ Året etter, i 1978, vart dette kravet følgt opp med at velferdsadministrasjonen vart skilt ut med eige budsjett og eigne stillingar: heiltidsstilling for leiar (Arne Johnsen) og ei halv kontorassistentstilling. Velferdsadministrasjonen fekk det daglege ansvaret for velferdsarbeidet som Stiftinga for studentheimane hadde hatt tidlegare. Ti år seinare, i 1988, vart Studentsamskipnaden skipa. Den tok ansvaret for alt velferdsarbeid ved høgskulen med unntak av bustaddrifta. Men også den vart lagt til året etter. Slik fekk Studentsamskipnaden frå sommaren 1989 ansvaret for heile velferdssektoren. Frå hausten 1992 kom også studentane ved lærarhøgskulen på Notodden og folkekulturstudiet i Rauland med i det som fekk namnet Studentsamskipnaden i Øvre Telemark (SØT). Hovudkontoret vart lagt til Bø – i Lia-bygget. Samstundes vart Studentsamskipnaden for Nedre Telemark (SINT) etablert med hovudkontor i Porsgrunn.²¹⁸

Frå «Bøgata blues» som Olav Solberg skreiv til ein julefest for tilsette. (Her fire av i alt åtte vers, sakså frå TDH Fokus nr. 1, 1977):

Bøgateblues

Frå den tida då DH-lektorane og kontorsjefane deira setter hælane i taket etter at studentar er reist for hausten, saksar vi denne rimsa, skriven av ein nærverande norsk-litteraturlektor utan blygsel, skruplar og smålege omsyn.

Mel: Flickorna i Småland

*Ei lang og gråkald gate, dekt av førjulskitten snø,
med heradshus og S-marknad, er bygdebyen Bø.*

Der kan du sjå dei ein for ein, og stundom to og tre,

215 NOU 1976: 33. Velferd for elever og studenter. Håvard Alstadheim var formann for utvalet.

216 Ibid.: 7-10.

217 TDH Fokus nr. 1, 1977.

218 Opplysningane om Studentsamskipnaden: Årsmelding og rekneskap for Studentsamskipnaden i Øvre Telemark 1994, Boks HiT D 108. Arkiv Porsgrunn.

*på kvar sin måte opptekne av bygdas vel og ve:
Ågetveit står fast i sentrum, Svagård strir mot det blå,
på sin post er Asbjørn Josefsen, og Aslaug likeså.
Ødegård ser ut til venstre. Ved ein farleg høgresving,
lurer Borgjas Eivind Eckbo og ein Varden-utsending.*

*Men frå det lir på kvelden, skifter gata liksom stil.
Frå Folkets Hus til Midtbygda er bare bil i bil.
Der møter du dei ein for ein, men også tre og to,
på fortauet og i blomsterbed, der slår dei seg til ro.
Her er bilvrak ifrå Notodden og Bø og Ulefoss,
her er tøffingar frå Briskeli og Seljord som vil slåss.
Flasker singlar mot studentkallar i gatas lampeskinn,
medan lensmann Kaasa varsamt glytter ut bak sitt gardin.*

*Er Bø eit oppmarsjområde for sinte menn i bil,
så er nå gata og ein stad for folk som har profil.
Ja, du kan sjå dei ein og ein med mapper under arm,
med tankane på talen som det gjeld å halde varm.
Her er Anlaug Moen, Turid Varsi, Olav Hesjedal,
Odd Johansen, og studenten i frå Porsgrunn filial,
her er Agnes Sælend. Styrkt med TDH-diplomati,
for det trengst med Rafn og Østvolds syn på skule-harmoni.*

*Ja, Bøgata er blåsande og asfalhard og lang,
med bankar og forretningar, men ingen restaurant.
Og ikkje kjem her kinosal og platebar og slikt-
og heller ikkje stad for unge – kva skal ein no med slikt?
For her er matvarer til folk og fe, bensin til båt og bil,
her er jernbane og bussar som kan kjøre frå og til,
og bak de heile sullar gamle Lortebekk på ein song,
som er både ny og gamal – som er høyrd så mang ein gong.*

Organisering, styring og demokrati

Ottosen-komiteen gjekk opphavleg inn for eit regionalt høgskulesystem der landet skulle inndelast i høgskuleregionar underlagt felles regionsstyring, og der eksisterande regionale høgre utdanningsinstitusjonar skulle gå inn i systemet under felles leiing.

Men det var ikkje eit slikt høgskulesystem som vart sett på beina på 1970-talet, korkje i Telemark eller i andre regionar. Kvar av dei nye distriktshøgskulane kom til å stå direkte ansvarlege overfor departementet, og dette vart slått fast som prinsipp i 1973 då departementet (i regjeringa Korvald) gjekk mot ei felles regionsstyring.²¹⁹ Sentraliseringstanken var sterkare i Arbeidarpartiet. Regjeringa Bratteli gjekk i 1975 inn for å samle dei høgre utdanningsinstitusjonane i ein region, men møtte motstand både frå dei etablerte institusjonane og i Stortinget. Stortinget gjekk inn for ei mellomløysing då høgskulesektoren vart etablert med 17 høgskuleregionar under felles styre, men der dei enkelte høgskulane skulle få budsjettet sitt direkte frå departementet. I Telemark skulle alle høgskulane innordnast under «Distriktshøgskolen i Telemark», som var ein av fleire høgskuleregionar. Namnet på høgskulen i Bø i 1976 var såleis sett til «Telemark distriktshøgskole. Studiesenter Bø».²²⁰ Det regionale høgskulestyret skulle oppnemnast av departementet og ha eit fleirtal av samfunnsrepresentantar, og det skulle ha tilsyn med høgskulane i regionen, vurdere dei i samanheng med utdanningstilbodet i regionen, og drive med planlegging og igangsetjing av nye tiltak. I Telemark vart Birger Risnes sekretariatsleiar, seinare med tittelen direktør, og Hans Østvold vart første leiaren i høgskulestyret. Sekretariatet vart lagt til administrasjonen ved TDH. I starten fekk styret ansvar berre for dh-skulen, men gradvis vart dei andre høgskulane lagt inn under styret, og fekk status som «høgskule».

Det regionale høgskulestyret fekk ingen stor direkte innverknad over dei enkelte institusjonane i regionen – og særleg ikkje over distriktshøgskulen. Når budsjetta vart tildelte direkte frå departementet, mangla styret «reell makt over økonomien», og det fekk dermed også «mindre innverknad over den faglege utviklinga», som Risnes skriv i eit attersyn.²²¹ Resultatet var at dei einskilte distriktshøgskulane hadde «stor grad av fridom til å styre seg sjølv», som direktør Brenden skriv i boka TDH gav ut til tiårsjubileet i 1980.²²² Dette skapte frå starten av motsetningar og spenningar mellom høgskulestyra og distriktshøgskulane. Risnes erfarte dette i Telemark: Høgskulane såg på styra som overflødige og ynskte i staden direkte kommunikasjon med departementet, og styra klaga over mangel på vedtaksrett.²²³ Etter som fleire høgskular vart underordna styret frå slutten av 1970-talet, overførte departementet fleire oppgåver til regionsstyra. Dette vart møtt med protestar. I 1986 retta TDH (ved direktør Brenden og rektor Røttingen) i merknader til stortingsmelding nr. 66 om

219 St.meld. nr.66 (1972-73).

220 Sjå Studiehandbok 1976-77.

221 Risnes 2005.

222 Brenden 1980: 12.

223 Risnes 2005.

Høgskolebyggeren Asmund Brenden 75 år

BØ: Asmund Brenden (bildet), tidligere direktør ved Telemark distriktshøgskole, fyller 75 år fredag 9. mars. Fra høgskolemiljøet i Bø vil vi gjerne gratulere med åremålsdagen.

Gudbrandsdøl, jurist og departementsmann Asmund Brenden ble tilsatt som direktør ved Telemark distriktshøgskole 1. november 1970. Gjennom hele 22 år har han vært direktør her, og han har spilt en sentral rolle under oppbyggingen av høgskolen i Bø – som i dag er en av de fire avdelingene ved Høgskolen i Telemark. Som høgskolebygger var han både iderik og praktisk problemløsende, og han hadde et brennende engasjement for utviklingen av distriktshøgskolen. Alle som har samarbeidet nært med Brenden, vet at han har hatt avgjørende innflytelse



på viktige strategiske valg. Han var lydhør for nyskapende initiativer fra fagmiljøet. Mange ansatte har opplevd dette, ikke minst i ansikt-til-ansikt-samtaler på direktørens kontor. Flere studietilbud ved høgskolen – ikke

minst de mer ukonvensjonelle blant dem – ville neppe ha blitt virkeliggjort uten Brendens aktive støtte og initiativ. I slike sammenhenger viste han ofte ubyråkratisk fleksibilitet og betydelig entusiasme.

Ved oppstarten av undervisningen i 1971 var det 20 stillinger og 160 studenter ved høgskolen. Da Brenden i 1992 gikk av med pensjon, forlot han en vel-drevet høgskole som hadde vokst til 100 ansatte og 1400 studenter, og dermed utgjør en hjørnesteinsbedrift i Bø. For øvrig har han også etter sin avgang gjort tjeneste i et av høgskolens organer.

Vi hilser jubilanten hjertelig, og ønsker ham fortsatt mange gode år!

EIVIND LANDMARK

dekanus Høgskolen i Telemark

Tekst og bilde henta frå TA 9. mars 2001.

høgre utdanning hard kritikk mot høgskulestyret fordi det blanda seg inn i ei rekkje saker, om fagplanar, tilsetjingar, permisjonar, lønstilvisingar – grunngevinga «kan ikkje vere anna enn mistillit til høgskulen og organa der». Det burde leggjast større makt til høgskulen «som gjer høgskulestyra meir eller mindre overflødige», og meir makt til departementet som hadde det nasjonale ansvaret.²²⁴

Ein bakgrunn for motsetningane var at høgskulen måtte byggje opp eigne styringsorgan og eigen administrasjon som gav den ein posisjon som sjølvstendig institusjon i kontakt med departementet. Heilt frå starten i 1970 hadde det eige styre og eigen direktør, og i løpet av få år bygde det opp nye styringsorgan, høgskuleråd frå 1973, med namnet Høgskoleting frå 1985, og vald rektor, indirekte ved Høgskolerådet/Høgskoletinget, frå 1976 (Olav Hesjedal). I Høgskoletinget sat representantar for dei enkelte fagmiljøa saman med leiinga og representantar for administrasjonen og studentane. Denne utviklinga var ein del av «medbestemmelsessystemet» som stod ideologisk sterkt på 1970-talet. Høgskolerådet/Høgskoletinget var det øvste interne organet ved skulen. Eit arbeidsutval førebudde sakene, m.a. budsjettspørsmål tinget tok opp. Dei enkelte fagmiljøa fekk valde fagleiarar, eit verv som ofte gjekk på omgang, og eigne seksjonsmøte (allmøte) som var møteplass for studentane og

224 Saksarkiv «Nasjonalt råd for distriktshøgskulene». Boks 0059 014-014. Statsarkivet Kongsberg

Rektorar ved Telemark distriktshøgskole

Olav Hesjedal 1976-79

Anders Nyberg 1979-81

Oddvar Haugland 1981-85

Nils Røttingen 1985-89


Per Christian Hagen 1989-91

Nils Røttingen 1991-94

I dei første åra med vald rektor var det ingen stor konkurranse om vervet. Reglementet stilte som føresetnad at det skulle vere minst to kandidatar, men heilt fram til 1984, då både Nils Røttingen og Frode Lieungh stilte, var det berre ein kandidat som til slutt melde seg.

Asmund Brenden var direktør til 1992. Reidar Førde vikarierte deretter i stillinga inntil Oddvar Haugland tok over i november 1992. Han vart tilsett i ein toårsperiode, men då han vart direktør ved Høgskolen i Agder våren 1994, fungerte Reidar Førde igjen som direktør dei siste månadane før det ved samanslåinga til HiT vart tilsett administrative leiarar ved dei to avdelingane, som vart oppretta frå 1. august same år.

Rektorane ved TDH: Olav Hesjedal, Anders Nyberg, Oddvar Haugland, Per Chr. Hagen og Nils Røttingen



Fusjonen til Høgskolen i Telemark (HiT), med fellestenester i Porsgrunn

I 1987 starta ein reformprosess der det såkalla Universitet- og høyskoleutvalget under leiing av Gudmund Hernes utarbeidde innstillinga *Med viten og vilje*, som var ferdig året etter. Stortinget slutta seg til opplegget i innstillinga i 1991,²²⁶ og det vart lagt til grunn i den store høgskulereformen i 1993 – då med Hernes som statsråd for utdanning og forskning. Sluttresultatet var at 98 regionale høgskular vart omgjort til 26 statlege høgskular, og var inntil då den største reformen i moderne norsk utdanningshistorie. Målet for reformprosessen var, slik innstillinga i 1988 formulerte det, å bygge opp ein kunnskapspolitikk for «å utvikle bedre ferdigheter av befolkningens evner». Innsatsen hittil for å bygge ny kompetanse «er ikke stor nok til å dekke behovet for høyt kvalifisert arbeidskraft fram mot 2010», og innsatsen på forskingsfronten «er ikke omfattende nok til å møte samfunnets behov for ny grunnleggende kunnskap eller for å møte internasjonale samarbeidspartners krav til likeverdighet».²²⁷ For å møte desse utfordringane måtte det setjast inn fleire tiltak, auke studiefrekvensen og rekruttere nye grupper til høgre utdanning, og gjennomføre ei rekkje både kvalitative og strukturelle reformer for å gjere høgskulesystemet betre. Eit viktig mål var å styrke samarbeidet mellom dei enkelte høgskuleinstitusjonane og utvikle sterkare administrative einingar. Her peika innstillinga på at det ville vere naudsynt å slå saman institusjonar både for å utnytte ressursane betre og for å skape forutsetningar for fagleg utvikling. Framlegga vart følgde opp av departementet og Stortinget. Visjonen var å samle alle høgre lærestadar, forskingsinstitutt og forskingsstiftingar i landet i eit integrert system for produksjon og formidling av kunnskap og kompetanse basert på samarbeid og arbeidsdeling, eit såkalla *Norgesnett*. I Norgesnettet kunne enkelte miljø stå fram som faglege spissmiljø, som faglege «knutepunkt», med undervisning og forskning på nasjonalt og internasjonalt toppnivå. Forslaget om å redusere talet på einingar i det regionale systemet var også nyskapande, og hadde direkte konsekvensar for høgskulesystemet i Telemark.²²⁸ Forslaget var i slekt med innstillinga frå Ottosen-komiteen, som gjekk inn for konsentrasjon i regionale senter, eit opplegg som vart endra ved organiseringa av distriktshøgskulane. I 1990 omfatta høgskulesystemet 127 statlege utdanningsinstitusjonar, der dei regionale høgskulane klart var den største gruppa (98), som altså skulle reduserast til 26 statlege høgskular.

226 St.meld. nr. 40 (1990-91)

227 NOU 1988: 28 *Med viten og vilje*. Her sitert frå samandraget s. 274.

228 St.meld nr. 40 (1990-91). Sjå også TDH-Nytt, 24. september 1991.

Holdningane i departement hadde i lang tid gått i retning av struktur-rasjonalisering i tråd med tankane frå Ottosen-komiteen.²²⁹ Eit poeng her var det også, som vi har sett, at dei regionale høgskulestyra ikkje kom til å fungere som samordnande organ med legitimitet i høgskulesystemet. Ei nyorganisering måtte initierast utanfrå. Men korkje departement eller Stortinget kom med konkrete forslag om korleis det nye høgskulesystemet i detalj skulle utformast. Med ulike kulturar og tradisjonar kravde dette tid til gjennomtenking. Det måtte grunnleggjast fagleg og forankrast i regionen.

Kva plass skulle Telemark ha i det nye utdanningssystemet? Hausten 1991 fekk dei regionale høgskulestyra i oppdrag å leie det lokale arbeidet. Det skulle også oppnemnast ei rådgjevings- eller referansegruppe til støtte for departementet i omorganiseringsarbeidet. Gruppen skulle fungere som høyringsinstans for forslag frå høgskulestyra og høgskulane og som diskusjonspartnar for departementet.²³⁰ Nils Røttingen vart oppnemnt som medlem i gruppa fordi han var leiar for Nasjonalt råd for distriktshøgskolane. Det gjorde at han fekk god innsikt i tankane departementet hadde om omorganiseringa, mellom anna ønskje om at fellesadministrasjonen skulle liggje integrert i den faglege verksemda på ein studiestad og ikkje geografisk isolert, slik sekretariatet for det regionale høgskulestyret hadde gjort.²³¹

Med dette gjekk høgskulestyra og dei enkelte høgskulane inn i ei hektisk utgreiings- og drøftingsfase. Det prega arbeidet i styret i Telemark, og i særleg grad sekretariatet, frå hausten 1991.²³² Hernes, som styrte arbeidet frå departementet og var kjend for å vere rask og effektiv, pressa på for å få det nye systemet på plass så fort som råd. Ei hovudoppfatning hos Hernes var at departementet ville følgje samrøystes råd frå det regionale høgskulestyret når det galdt høgskulestruktur. Det avgjorde til dømes strukturen i Møre og Romsdal, der høgskulane både i Molde, Ålesund og Volda kunne halde fram som før. Det same galdt også høgskulane i Oppland (Lillehammer og Gjøvik) og i Nordland (Bodø, Nesna og Narvik).

I Telemark var det ikkje så enkelt. Dei fire aktuelle institusjonane var ulike, dei hadde ulike tradisjonar og ulike lærdomskulturar og hadde vore underlagde ulike styringssystem. Den nyaste, distriktshøgskulen, hadde «høgskule» i namnet sitt frå opprettinga i 1970. Dei tre andre bygde på langt eldre historiske tradisjonar, men fekk som nemnt status som høgskular seinare. Dette innebar at

229 Kyvik 2002: 48.

230 Referansegruppa skulle ha medlemmer frå direktørkollegiet ved dei regionale høgskulestyra, rektørkollegiet ved dei pedagogiske høgskulane, rektørkollegiet ved sjukepleiarhøgskulane, Nasjonalt råd for distriktshøgskular, Ingeniørutdanningsrådet, Det norske universitetsråd og Statskonsult. Ibid: 49.

231 Opplyst av N. Røttingen i notat 19.12. 2017.

232 Risnes 2005.

dei kom langt seinare med som forskingsinstitusjonar. I Midt-Telemark slo dette særleg ut i forholdet mellom TDH og lærarhøgskulen – der den siste hadde ei langt sterkare profesjons- og svakare forskingsinnretting enn høgskulen på den andre sida av fjellet. Men det var, som vi såg, inga klar linje frå starten av om at forskning skulle vere ein del av verksemda ved distriktshøgskulane. Dette var ein strid på nasjonalt plan, og det var først etter ei rekkje utspel frå dei tilsette at dei nye høgskulane vart forskingsutførande institusjonar. Men det skjedde alt på 1970-talet. Mellom høgskulemiljøa i Porsgrunn og Skien på den eine sida og distriktshøgskulen i Bø spelte også andre historiske forhold inn. At Bø stakk av med sigeren i striden om plassering av distriktshøgskule i 1970, var ikkje gløymd. Alt dette gjorde debatten om samanslåing og ny struktur i Telemark problematisk og motsetnadsfull. Forslaga sprikte heilt frå starten av.

Den nye høgskulestrukturen vart først utgreidd av eit utval sett ned av Det regionale høgskulestyret og leidd av leiaren Bjørg Kyrkjebø Staaland. I juni 1992 la det fram ei innstilling (Staaland I) som sprikte i fleire retningar. Fleirtalet gjekk inn for å opprette *ein* høgskule med felles rektor med ein frittliggjande fellesadministrasjon. Mindretalet, rektor Nils Røttingen og organisasjonsrepresentanten for TDH, Per Mangset, gjekk prinsipalt inn for tre senter, i Bø, Notodden og Grenland. Røttingen uttrykte på denne tid skepsis til tanken om å samle alle høgskulane i fylket under ein felles administrasjon. Det ville ende i «mer byråkrati». Høgskulane «kan ikkje flyttes».²³³ Men subsidiært støtta han likevel, saman med Mangset, fleirtalsinnstillinga om eitt høgskulesenter, men vilkåret var i begge tilfelle at fellesadministrasjonen vart lagt til Bø og integrert i den faglege verksemda der.²³⁴ Dette var eit standpunkt som også Høgskoletinget i Bø hadde gått inn for.²³⁵ Grunngevinga var at den geografiske avstanden mellom høgskulane og ulikskapane i fagleg orientering og tyngdepunkt, ville gjere det vanskeleg å få til ein reell fagleg integrasjon mellom administrasjonane og fagmiljøa. Når dei to gjekk inn for ein integrert fellesadministrasjon, bygde det på tanken om at det ville vere den beste føresetnaden for ei god fagleg utvikling.²³⁶ Til grunn låg nok også ei oppfatning om at høgskulen i Bø, som hadde den klaraste akademiske profilen, måtte sitje i førarsetet.

På ein regionskonferanse med dei fire høgskulane i november 1992 gav departementet ei klar tilbakemelding på innstillinga frå Staaland-utvalet: Gå ei

233 Intervju i TA 3.9. 1992.

234 «Organisering av Den regionale høgskulesektoren i Telemark.» Utgreiing og tilråding frå Staaland-utvalet. Bø, juni 1992.

235 TDH. Årsmelding 1992.

236 Notat frå N. Røttingen til forfattaren 19.12. 2017.

runde til! I Telemark kunne det vere aktuelt med eitt senter – eller to, eit i øvre (ved å slå saman institusjonane i Bø, Notodden og Rauland), og eit i nedre del (høgskulane i Porsgrunn og Skien), og ingen frittliggjande fellesadministrasjon.²³⁷ Samanslåing til *ein* høgskule i Grenland var alt under planlegging. Her var eit tydeleg motiv å styrke høgskulesystemet i dei to nedre byane etter tapet mot Bø i 1970, og som motvekt mot dei langt sterkare høgskulane i Midt-Telemark. Men samanslåing i øvre del møtte raskt motstand, og då særleg frå Notodden. Miljøet på lærarhøgskulen frykta at distriktshøgskulen ville dominere ein samanslått institusjon og bli hovudbøle. I miljøet i Bø var det heller ingen støtte til samanslåing med lærarhøgskulen. Her gjekk stemninga i retning av å føre vidare tradisjonane frå dikstriktshøgskulen – ikkje minst mellom dei som hadde stått på barrikadane i 1970 for ein høgskule i eit bygde- og nynorskmiljø.

Modellen med to senter ved å slå saman høgskulane i Bø og Notodden fall på denne bakgrunn nokså raskt bort. Men elles var meiningane delte. Ei ny utgreiing (Staaland II) på nyåret 1993 gav på nytt solid fleirtal (8) for eitt høgskulesenter i Telemark. Men i Det regionale høgskulestyret vart det fleirtal (6) for tre senter, to i Øvre Telemark, distriktshøgskulen og lærarhøgskulen), og eitt i nedre.²³⁸

Dette var bakgrunn for at Røttingen hausten 1992 enda med å støtte modellen med *ein* høgskule. Her var han også påverka av Oddvar Haugland, som tok over som direktør i november 1992, og elles av kontakt med departemenet og andre høgskuleregionar i referansegruppa som han var medlem av. Alt dette gjorde at han etter kvart skjønna at det ikkje ville bli aktuelt med tre høgskular: «Då stod det klart for meg at ein var betre enn to».²³⁹ I miljøet i Bø var det ikkje full semje om einskule-modellen. Det ville vere lettare, vart det hevda, å utvikle dei akademiske og forskingsmessige sidene og slik nærme seg universitetsstatus, om Bø stod åleine.

Det som mest karakteriserte debattprosessen om høgskulestrukturen i 1992-93, var spriket og usemja i tilrådingane, både frå dei enkelte høgskulemiljøa og høgskulestyret. Utan ei sams innstilling frå Telemark vart den endelege avgjerda flytta til departementet. I mai 1993 kom avgjerda: Det skulle vere

237 Ibid. Jf. referert i TDH-Nytt 25.november 1992.

238 Birger Risnes har i ein artikkel referert frå eit møte mellom alle fire høgskulerektorane våren 1993 der to av dei, Bjørn Goksøyr og Mette Karoliussen, gjekk inn for tre høgskulesenter. Røttingen var innstilt på det same, men slutta seg likevel til rekor Odd Erik Johansen, som gjekk inn for eitt senter (Risnes 2005). Eg har hatt kontakt både med Johansen, Goksøyr og Røttingen, og ingen av dei huskar dette. Rektorane utgjorde elles ingen fast institusjon i høgskulesystemet i Telemark på den tid. Derfor er det ikkje grunn til å tru at møte i eit slikt utval var viktig i denne prosessen. Framstillinga av holdningar og stemmeresultat byggjer elles på eldre intervju på nett med Staaland, Røttingen, Hesjedal, Hernes og Bogen, jf. litteraturlista.

239 Brev frå Røttingen til forfattaren 10. januar 2018.

berre eitt høgskulesenter i fylket. Kva så med fellesadministrasjonen? I eit møte i Nasjonalt råd for distriktshøgskolene, der Røttingen var leiar, i juni 1993 på Lifjell turisthotell, sa statsråd Gudmund Hernes – i tråd med tidlegare varsel – at fellesadministrasjonen skulle liggje i tilknytning til ein av institusjonane. Kampen om kvar den skulle leggjast, var då alt i gang. I mai hadde Bjørg Kyrkjebø Staaland og fylkesordfører Frode Svendsen, begge frå Arbeidarpartiet, møte om spørsmålet med regjeringa. Fylkesordføraren hadde då alt kasta seg inn i kampen for å få fellesadministrasjonen lagt til Grenland. Eit svar kom frå direktør Oddvar Haugland og rektor Nils Røttingen som i august la fram eit notat der det vart konkludert at det var billigast å leggje fellesadministrasjonen til Bø. Høgskulen i Bø hadde også det breiaste faglege tilbodet, og den høgste faglege kompetansen – og ei plassering her ville føre vidare dei distriktpolitiske verdiane som var avgjerande for plasseringa av distriktshøgskulen i 1970.²⁴⁰ I innstillinga frå representative organ var meinigane, som før, delte. Eit utval som Det regionale høgskulestyret sette ned hausten 1993 for å gje råd om lokaliseringsstad, la fram ei delt innstilling i august: Fire gjekk inn for lokalisering i Porsgrunn, to for Notodden og to for Bø. Det regionale høgskulestyret gjekk med fem mot fire røyster ein månad seinare inn for Bø. Både direktør, rektor og miljøet i Bø var trygge på at Bø-høgskulen ville bli hovudbøle og senter for fellesadministrasjonen – både fordi dette var den største av høgskulane i fylket (og den tredje største distriktshøgskulen i landet), og på grunn av den faglege og administrative kvaliteten høgskulen kunne framvise. Men her tok dei feil.

I oktober 1993 vart Porsgrunn peika ut som senter for leiinga og fellesadministrasjonen for ein samla høgskule i fylket. Vedtaket kom overraskande på miljøet i Bø. «Et rent politisk og ikke faglig begrunnet vedtak» sa Røttingen til Varden over telefonen frå London – der han som leiar for Nasjonalt råd for distriktshøgskulane leia ein delegasjon som vitja utdanningsdepartementet, universitet og høgskular i den britiske hovudstaden. Han var «ikke det minste i tvil» om at Bø faglig sett var den største, sterkaste og mest forskningsorienterte høgskulen i fylket. Eit argument som gjekk att, var at tyngda av studentane sokna til Bø og til Notodden – berre om lag ein fjerdedel til Porsgrunn. Dette var ein hovudgrunn til at eit fleirtal i det regionale høgskulestyret til slutt peikte på Bø. «At Porsgrunn befinner seg nærmere fylkesadministrasjonen, industrien og tyngdepunktet i befolkningen», skreiv Røttingen, burde derfor ikkje vere utslagsgjevande.²⁴¹ Her var han likevel inne på eit sentralt poeng for

240 Notatet er trykt i Bø blad 26..8. 1993.

241 Varden 14.10.1993. Notat frå Røttingen 19.12.2017.

å forklare kvifor Grenland drog det lengste strået i plasseringsdebatten. Her var ikkje næringslivet den viktigaste faktoren. Det spelte ei heller tilbaketrekt rolle i denne debatten.²⁴² Men Grenland drog fordelar av den politiske makta. Avgjerda vart teken i regjeringa, og her sat fleire sterke statsrådar med tilknytning til Grenland: Bjørn Tore Godal, Kari Norheim Larsen og Finn Kristensen. Vedtaket var eit temmeleg klart «takk-for-sist» frå 1970 – då Grenland følte seg overkøyrtd. Det vekte elles irritasjon ved TDH då statsekretær Randi Øverland grunn gav plasseringa av fellesadministrasjonen med at «Porsgrunn i dag har eit smalt fagmiljø».²⁴³ Underforstått: ei overføring av fellestenestene til Porsgrunn måtte til for å styrke Porsgrunn-miljøet.

Vedtaket skapte fleire etterspel. Stortingsrepresentant Børre Rønningen (for SV) frå Vinje stilte kritiske spørsmål til Hernes på Stortinget, med støtte frå dei politiske miljøa i Midt- og Vest-Telemark (m.a. ordførarane Asbjørn Josefsen, Bø, og Olav H. Nystog, Vinje). Formannen i Vest-Telemarksrådet, Inge Fjalestad, var opprørt og provosert, og Anne Haugen Wagn, som representerte fleirtalet i høgskulestyret, såg på vedtaket som ein «kraftig provokasjon», og kritiserte lobbyverksemd grenlandspolitkarar hadde drive overfor departementet.²⁴⁴ Fleire skarpe reaksjonar kom også frå fagmiljøa i Bø – og like eins kom det kritiske kommentarar frå lærarhøgskulen. Men kritikken var ikkje heilt samkøyrtd. Stortingsrepresentant Terje Riis Johansen, senterpartipolitkar frå Skien, som nok var delt mellom lojalitet til miljø i grenlandsområdet og støtte til distriktsprogrammet til partiet, foreslo i eit brev til Hernes at høgskuleadministrasjonen burde delast mellom Bø og Porsgrunn.²⁴⁵ Det var ei lite aktuell løysing på denne tid. Rektor ved lærarhøgskulen på Notodden, Odd Erik Johansen, var skuffa over vedtaket frå departementet, fordi «det var så mange grunner for å legge det hele til Notodden».²⁴⁶ Innspela førte likevel ikkje til endringar i vedtaket frå departementet. Mangelen på ein samkøyrtd kritikk, som kom på toppen av usemja i heile debatten om høgskulestrukturen i 1993, gjorde det også lettare for dei sentrale arbeidartipolitkarane som sokna til grenlandsområdet å få gjennomslag for å leggje fellesadministrasjonen til Porsgrunn. Hadde holdningane og tilrådingane frå prosessen fram til det endelege vedtaket vore meir samla og eintydig, kunne resultatet vore annleis. I alle fall gjorde den sterke kløyvinga i fylket det lettare for politkarane å få det siste ordet.²⁴⁷

242 <https://www.youtube.com/watch?v=RNHTkjbBLO> (intervju med Røttingen og Hesjedal 10.9.2014)

243 TDH-Nytt november 1993.

244 Varden 14.10. 1993 (merk også TA 08.05.1993 der Wagn kritiserer lobbyverksemd til Frode Svendsen og leiaren for det regionale høgskulestyret, Bjørg Kyrkjebø Staaland, overfor departementet.)

245 Varden 29.10. 1993.

246 Varden 14.10. 1993.

247 I følge B. Risnes sa Arnfinn Johs. Stein frå KrF, som sat som representant i høgskulestyret, at om rektorutvalet

Bø-miljøet fekk likevel nokre plaster på såret. Eit møte Haugland og Røttingen fekk til med Hernes i november 1993, der dei m.a. viste til søknader om nye studium og studieplassar, var bakgrunn for at departementet godkjende etablering av det 1-årige påbyggingsstudiet i GIS, og utviding av naturvernstudiet til fire år. Og i 1994 fekk Bø 105 nye studieplassar.²⁴⁸

Vedtaket om å slå saman dei regionale høgskulane til 26 statlege høgskular vart følgt opp med å leggje ned Det regionale høgskolestyret. I staden oppnemnde departementet nye styre ved kvart høgskulesenter, dvs. eitt for Høgskolen i Telemark (HiT). Like eins vart det avgjort at det berre skulle vere *ein* studentsamskipnad, Studentsamskipnaden i Telemark. Det innebar at studentsamskipnadane i Øvre Telemark (SØT) og i Nedre Telemark (SINT) vart slått saman – også her med hovudkontor i Porsgrunn.²⁴⁹



Den nye høgskulen.

hadde vore samde om ein modell med tre høgskular i fylket, slik resultatet vart i t.d. Møre og Romsdal, ville det fått gjennomslag. (Risnes til forfattaren januar 2018).

248 Notat frå Røttingen 19.12. 2017 Digitalarkivet i Porsgrunn.

249 Ifølgje munnlege opplysningar frå Risnes i januar 2018 opplyste Hernes i denne plasseringsdebatten at det var rimeleg å leggje senteret for samskipnaden i Øvre Telemark til Bø, der studenttalet var høgst. Jf. Risnes 2005: 144.

Til julebordet på Kroa i 1993, det siste ved TDH, skreiv Røttingen ei vise om lokaliseringsstriden. Her trykkjer vi dei fire siste versa, som startar med den uventa meldinga som kom til hotellet delegasjonen frå Bø budde på i London:

*Til Cromwell Road kom fax med mishagsmelding,
før jula '93.*

*Kom heim, for Bø har tapt,
d'er i Porsgrunn det blir skapt –
og heile TDH ligg no i kne!»*

*Slik stura vi ein dag lik Terje Vigen,
før jula '93.*

*Men vi riste sorga av,
la mismotet i grav,
og tenkte at vi har så mange pre.*

*Og leiinga fekk møte statsråd Hernes,
før jula '93.*

*«Du er vel litt i tvil?»
sa Oddvar med eit smil,
og bad om 100 studieplassar te`.*

*Og statsråden gav bod om gode gåver,
til jula '93.*

*Det var i all`fall slik,
dei tolka det forlik
som kom i stand i Gudmunds foajé.*

Telemark distriktshøgskole – ved vegs ende

1994 var på fleire måtar eit skiljande år i saga om høgskulen i Bø. Det bygningsmessige utgjorde den mest synlege endringa. Frå å vere spreidd rundt heile bygda, vart høgskulen samla i nybygg i «hjartet» av Bø-bygda, og i bygningsfellesskap med kulturhuset i Gullbring. Krefter som i den første tida ville skuve institusjonen noko ut av syne i bygda, vart gradvis pressa i bakgrunnen. I realiteten var vel aldri dette sterke krefter. Forholdet mellom høgskule og bygd kunne nok ofte by på spenningar og gje grunnlag for sarkastiske og spydige utfall i begge «kulturane», men hovudtendensen over tid var integrasjon der høgskulen utan vesentlege problem vart ein del av bygdesamfunnet. Det gjeld sjølvsagt i mindre grad studentane, som hadde kortvarige opphald i bygda – enn dei tilsette som busette seg og vart bøheringar

Overgangen frå Telemark distriktshøgskole til Høgskolen i Telemark var ein del av eit markant skilje i historia om høgre utdanning i Norge. I Telemark var

dette skiljet samstundes ei djuptgåande endring i høgskulestrukturen i fylket. At slike endringar ville kome, var klart frå starten av då utgreiingane om den store høgskulereformen vart sette i gang. Men det nøyaktige innhaldet i den nye strukturen var emne for lange dragkampar der mange alternativ var framme. Eit resultat med tre høgskulesenter, slik modellen vart i Møre og Romsdal, var tenkjeleg også i Telemark. Ein struktur med to høgskular var også framme, m.a. i eit tidleg stadium i departementet. Avgjerande var usemja i Telemark. Ei sams tilråding, t.d. om tre senter, eller to, kunne ha bunde departementet. Med usemja i regionen stod regjeringa langt friare. Når den fall ned på eitt høgskulesenter, hadde det truleg mest samanheng med holdningane til politikarane – både dei som sat i det regionale høgskulestyret, og, med større gjennomslagskraft, dei som sat i regjeringa. Her spelte nok også holdningane til plasseringa av fellesadministrasjonen inn. I grenlandsdistriktet, ikkje minst blant politikarane der, var vedtaket knapt 25 år tidlegare om å plassere distriktshøgskulen i Bø, sett på som urimeleg. Å plassere leiinga for den nye Høgskolen i Telemark i Porsgrunn var å gjere om på gamle feilsteg. Vedtaket om Porsgrunn som senter reduserte i alle fall den stillinga høgskulen i Bø hadde hatt som leiande institusjon i høgskulesystemet i fylket.

Det tydelege kjenneteiknet for utviklinga frå starten i 1970 til fusjonen i 1994 er vekst – sjølvstøtt fordi høgskulen var ny. Men i løpet av denne perioden vart TDH ein av dei største høgskulane i landet målt i talet på studentar. Veksten hadde feste i den faglege utviklinga som vart bygt opp med det som kan identifiserast som fire eller fem pillarar: det økonomisk/administrative studiet, natur- og miljøvernstudiet, dei humanistiske faga og kultur- og idrettsfaga. Dei to siste fagområda var saman i felles fagseksjon til 1988, då dei vart skilde. Begge hadde elles faglege tilknytingspunkt til dei humanistiske faga. I denne oppbygginga etablerte høgskulen seg også, etter ein noko treg start, som ein forskingsinstitusjon. Her tok TDH del i ei allmenn utvikling av distriktshøgskulane i strid med det Ottosenkomiteen i si tid gjekk inn for: At dei primært skulle byggje opp yrkesretta studiar og drive profesjonsutdanning, medan det var universiteta og dei vitenskaplege høgskulane som skulle drive forskning. Det er verdt å leggje til at TDH hadde låge driftskostnader pr. student, om lag på linje med dei andre dh-skulane, men langt mindre enn ingeniørhøgskulane, lærarhøgskulane, og sjukepleiarhøgskulane.²⁵⁰

Både studentane som søkte til høgskulen og det faglege arbeidet dei vart ein del av, tok i starten preg av målsetjinga om at dei nye distriktshøgskulane skulle tene regionen dei var plasserte i: Å byggje opp ein motekspertise som tente

250 Sjå TDH-Nytt 6/92.

lokalsamfunnet. Ein stor del av studentane kom, som vi har sett, frå fylket, og svært mange frå det næraste området rundt Bø. Den faglege orienteringa, både i undervisning og forskning, var frå starten av også retta mot problemstillingar i regionen. Faga var nok i ulik grad med på dette. Men elles skjedde det ei endring i løpet av perioden – bort frå lokaltilknytninga og over til meir nasjonale og internasjonale problemstillingar. I framstillinga om distriktshøgskulen i Sogndal har Gunnar Yttri registrert same tendens: «På slutten av 1980-åra er det vanskeleg å få auge på lokalsamfunnsprofilen og motekspertisen ved distriktshøgskulen».²⁵¹ Men for utviklinga i Bø er dette ei for bastant utsegn. Det er godt mulig å få auge på fagleg arbeid med regionale og lokale problemstillingar også på 1980-talet. Men endringane var tydelege. Det vart lagt meir vekt på fagleg samarbeid over fylkesgrensene, og på arbeidsdeling og fagleg spissing, slik tanken om «Norgesnettet» var døme på. Og internasjonalisering både gjennom fagleg utveksling og studentutveksling vart eit viktig satsingsområde.

Eit karakteristisk trekk ved utviklinga av distriktshøgskulen var utbygginga av eit representativt styresett som del av «medbestemmelsessystemet» som stod sterkt nettopp i grunnleggjingsstida. Det gjorde at dei tilsette fekk innverknad, men det skapte også arenaer for strid og usemje. Det gjekk til dels på det faglege innhaldet i studieopplegga, men mest om oppretting av nye studium i ein fase då alle ville konsolidere sine egne. Dette ytra seg i konkurranse om ressursar, om nye stillingar og løyvingar til timelærarar. Men fordelen med «medbestemmelsessystemet» som vart bygt opp i distriktshøgskuletida, var at denne striden kunne løysast på demokratisk vis gjennom mest mulig opne prosessar. Dette kom til å endre seg.

Plasseringa av høgskulen til Bø hadde konsekvensar ikkje berre for det utoverretta faglege arbeidet, men også for dei kulturelle rammene som vart bygt rundt den nye institusjonen. At Bø var ei nynorskbygd, hadde som verknad at nynorsk vart den offisielle språkforma, både brukt av administrasjonen som hovudform, og i studiehandbøker og forelesingskatalogar som gjekk til studentane. Ved overgangen til HIT i 1994, som vi snart skal sjå på, vart nynorsk svekka då leiinga ved den samslegne institusjonen sidestilte dei to språkformene. Det gjorde at nynorsk også ved studiestaden i Bø vart stadig sjeldnare å sjå, sjølv om det framleis hadde ein dominerande plass i det generelle studiemateriellet brukt overfor studentane.

251 Yttri 2008: 103.

Korleis høgskulen i Bø vart innordna i Høgskolen i Telemark

Telemark distriktshøgskole vart formelt overført til Høgskolen i Telemark 1. august 1994. Skuffinga i Bø-miljøet over at fellesadministrasjonen samstundes vart plassert i Porsgrunn kom noko i skuggen av feiringa av nybygget. Den offisielle opninga med overrekking av bygget i regi av Statsbygg skjedde fredag 28. august, ein festkveld i den nye storstova i Bø, Gullbring kulturanlegg, med eit stort kulturprogram: nyskriven prolog av Pål Helge Haugen, musikk ved Knut Buen, festtale ved rektor Olav Hesjedal, diktlesing av Eldrid Lunden og song av m.a. Anders Vangen Halvorsen. Og så var det dans til slutt, både i Gullbring og i høgskulebygget. Feiringa heldt fram dagen etter med konsert i Gullbring kulturanlegg der familien Norstoga presenterte tekstar av A.O.Vinje. Ved sida av desse festkveldane vart det stelt til ei rekkje opne forelesingar med emne frå naturvernfeltet, kultur, historie og idrett, og utstillingar med stands som gav opplysningar om studietilboda, og demonstrasjonar av laboratoriestyr, og høve til sjølv å prøve seg på skulens datautstyr.²⁵²

Leiinga ved HiT etter 1994

Direktør:

Nils Røttingen 1994-2011

Rektorar:

Olav Hesjedal 1994-1997

Arvid Gjengedal 1997-2003

Dag Kjartan Bjerketvedt 2003-2011

Nils Kristian Bogen 2011-2016 (Med valet av Bogen var det slutt på delt leiing ved HiT. Rektor var frå no av den høgste leiaren ved institusjonen)

²⁵² Sjå referat i HiT-nytt 8/94.



Olav Hesjedal var første rektor ved HiT. Etter han følgde Arvid Gjengedal (frå lærarutdanninga i Notodden), Dag Kjartan Bjerketvedt (frå avdelinga i Bø) og Nils Kristian Bogen (som kom frå direktørstilling ved BI, Oslo). Bogen var den første rektor med fast tilsetjing. (Etter fusjonen i 2016 vart Bogen prorektor ved HSN/USN).

Nye rammevilkår

Med vedtaket hausten 1994 vart altså dei fire høgskulane i Telemark, Telemark distriktshøgskole i Bø, Telemark lærarhøgskole i Notodden og Rauland, Telemark ingeniørhøgskole i Porsgrunn og Telemark sjukepleierhøgskole i Skien,²⁵³ slått saman til ein institusjon, Høgskolen i Telemark (HiT), med fellesadministrasjonen lagt til Porsgrunn – og vart med det ein av dei «lengste» høgskulane i landet – og fekk «distriktstillegg» som kompensasjon i starten.

Reklamefolk og designbyrå átvara mot å bruke forkortinga HiT. Det var berre dei færreste forkortingar som kunne bli nasjonalt felleseige, og HiT var ei av mange forkortingar – som det vart stadig fleire av. Men nemninga Telemark hadde positiv klang. «Studiestad Telemark» vart derfor brukt i marknadsføringa av dei ulike studieopplegga. Sara Rosenbaum, kunstnaren bak fakkelmannen og OL-piktogramma, fekk skryt av logoen ho laga – og som kunne brukast for å marknadsføre kvar av studiestadane.²⁵⁴



Høgskolen i Telemark

Logoen for HiT, laga av Sara Rosenbaum, er forma som ein primstav. Den asymmetriske plasseringa av teksten er ein viktig del av logoen – som dei enkelte avdelingane (til saman 6 då logoen vart teken i bruk i 1995) skulle ha kvar sin del av.

²⁵³ Sjukepleiarutdanninga vart lagt til Porsgrunn i 2000.

²⁵⁴ HiT-nytt nr. 1 og nr. 4, 1994.

Fusjonen vart driven igjennom ovanfrå, med Gudmund Hernes i hovudrolla. Utgreiingsarbeidet *Med viten og vilje* som Hernes leidde frå slutten av 1980-talet, var den første overgripande utgreiinga om høgskulestrukturen etter arbeida til Ottosen-komiteen på 1960-talet. Hovudmålet var å styrke og effektivisere utdanningssystemet både gjennom fagleg samarbeid og samordning (Norgesnett), og ved å innføre eit styringssystem med vekt på leiarskap i institusjonane. Her var reforma påverka av politisk-ideologiske straumdrag i samtida, kalla New Public Management, og som gjekk ut på å effektivisere offentleg sektor gjennom prinsipp om mål- og resultatstyring henta frå privat sektor. I analyser av den store høgskulereforma er det lagt vekt på at samlingstanken, overgang til færre og større institusjonar, som var eit sosialdemokratisk prosjekt, modna samstundes med at den vart koplå til nyliberalistisk tankegods om desentralisering av makt og innføring av marknadsstyrte modellar. Reforma «stod i spenn» mellom to styringsideologiar, ein marknadsliberal, med mål- og resultatstyring basert på etterspurnad frå marknaden, og ein sosialdemokratisk, der fagleg kvalitet og utvikling skulle utformast gjennom samarbeid og samordning i «norgesnettet».²⁵⁵ Slik var endringane frå 1990-talet eit resultat av både internasjonale og nasjonale straumdrag der høgre utdanning i langt sterkare grad enn før vart plassert i ein samanheng mellom kunnskapsvekst og økonomisk vekst. Satsing på kunnskapsvekst hang saman med masseutdanning. At høgre utdanning skulle vere ein rett med tilbod til alle, ikkje berre eliten, låg som mål i innstillingane frå Vidareutdanningskomiteen på slutten av 1960-talet. Men no vart det sett sterkare fokus på ein effektivitetstanke: Korleis organisere utdanningssystemet for å få mest mulig ut av ressursane som vart sette inn? Det var denne problemstillinga Hernes spissformulerte i 1988 i utgreiingsarbeidet han leidde, (*Med viten og vilje*): «Utfordringen for norsk kunnskapspolitik er at landet ikkje får nok kompetanse ut av befolkningens talent».²⁵⁶ Det var dette utgreiingsarbeidet som låg til grunn for høgskulereforma i 1994 – gjennomført med Hernes som statsråd. Tankane som prega denne reforma, kom til å få langt sterkare gjennomslag seinare, ved den såkalla Kvalitetsreforma.

Reforma i 1994 som altså i omfang og verknader kunne måle seg med etableringa av distriktshøgskulesystemet, skjedde utan stor mobilisering mot endringane slik tilfelle var då distriktshøgskulane vart oppretta. Studentopprøret som prega debatten om innstillinga frå Ottosen-komiteen var over. Men det kom protestar frå nokre hald. Ein av dei som også var aktiv i diskusjonen

255 Kyvik 2002: 51.

256 NOU 1988: 28: 7.

Student-okkupasjon av distriktshøgskolen i Bø

■ Gro B. Røiland

Studentoppøret fortsetter. Onsdag okkuperte kamplystne studenter forelesningslokale ved Telemark distriktshøgskole i Bø.

"Studentene i Bø reaktirer å da" led opper da rundt syv hundre studenter toget inn ved konferanselokal i Bø. På event, kort varsel var nærme halvparten av TDH-studentene ut for å vise sin misnøye forslaget til ny studie- og finansiering. Akksjonen ble ikke bestemt for noen tidspunkt.

Verbal juling

Statsråd Gudmund Hernim fikk igjen verbal rundjuling av studentene. I dette går formidlingsprosjektet de av utgangspunktet til forelesningslokale ved TDH. Med demonstrasjon og aksjon. Begge og opper stivt for konferanselokal, studenter de tydelig sin uvilje for statsrådets forslag til fremtidig studiefinansiering. Som en avslutning "okkuperte" studentene rundkjøringen i Bø-gata. Etter å ha sprengt trafikken en tid, ble demonstrasjonen jaget vekk av folk fra Bø kommune.

Streiker

Utdanningsministeren har klart å provosere studentene til et oppør som ager seg over hele landet. Den siste uken har studenter ved en rekke høyskoler og universiteter okkupert og demonstrert. Tidlig oppførte Hernim å bli innad i ryggen til av innhørdne sine streiker i ANA. I sin egen freid i et av sine "streik" der de vil forlate forelesnings-



APPELL: Politisk nestleder i Studentforening ved TDH, Lars Arntzen, holdt en flammende appell for flere hundre demonstrerende Bø-studenter.

Stuedale i månedlige utbetaling, og ett av mange forslag studentene reagere mot. Skal studentene ansvarliggjaves, spør leder i Studentforening ved TDH, Arnt Flaak.

med tog, bortsett av utpand livs studentene styrke til økonomi og redusert støtte til studenter som får barn i studietiden, er andre forslag som får styrke karakter av studentene. Forslaget vil gå ut over distriktet. Mer livs Gudmund

Hernim ønsker et eller annet, er dette rett politikk, sier Flaak.

For lite

Etter oppbeholdet fra 14,2 til 18 prosent slik regjeringen

konstatte blir sett på som alt for lite. Det samme blir reduksjonen av lånerente.

Større utvasker for utdanning ønsker renterendring med 2,5 prosent, men regjeringen ikke vil redusere renter mer enn 0,5 prosent.

Då statsbudsjettet vart lagt fram hausten 1993 arrangerte studentane protestaksjonar på grunn av misnøye med studiefinansieringa. Bildet viser demonstrasjonen framfor heradshuset der den politiske nestleiaren i studentforeininga, Lars Arntzen, «holdt en flammende appell». (Vården, foto Gro Røiland). Det var liknande demonstrasjon mot statsbudsjettet 10 år tidlegare, med protestmøte og tog i Bø-gata. Men elles var det få "studentoppør" ved TDH.

om distriktshøgskulane rundt 1970, ikkje minst om høgskulen i Bø, Hans Skjervheim, åtvare mot prinsippet om mål- og resultatstyring fordi det bygde på ein bedriftsøkonomisk tankegang lite høveleg for ein kunnskapsinstitusjon. Andre frykta at større einingar ville føre til meir byråkrati, slik rektor Nils Røttingen hadde åtvare mot i 1992, i starten av reformprosessen.²⁵⁷

Reforma var eit brot på desentraliseringstanken som stod sterkt ved etableringa i 1969/70. Tankegangen den gang var at desentralisering gav eit enklare system for å fatte vedtak og setje dei ut i livet. Vegane for deltaking og påverknad var

257 Sjå også protestane som kom frå universiteta i Vaabø 2003.

stuttare, og sjansane for å utvikle demokrati var større. Ørbeck Sørheim var som nemnt talsmann for dette synet i 1970. No la ein vekt på at reforma både kunne gje eit meir effektivt styringssystem, og gje stordriftsfordelar økonomisk sett.

Med overgangen frå regionale til statlege høgskular vart det lagt større vekt på departementets ansvar for samordning. Dei nye styra fekk meir makt, men departementet tok over enkelte saker som institusjonane sjølve hadde hatt. Dei faglege oppgåvene, undervisning og FoU-arbeid, skulle utviklast i samarbeid med andre nasjonale og internasjonale utdanningstilbod.

Studentleiaren Håkon Okkenhaug sukker over korleis studentane, som tidlegare var opprørske, hadde tilpassa seg – og illustrerte det slik i TDH-nytt forsommaren 1994: 1970-årene: Læreren: «God dag, studenter!» Studentene (med kraftig røst): «God dag, kamerat!» 1980-årene: Læreren: «God dag, studenter!» Studentene (ikke svar, bare stresskoffertenes maskingeværknatring). 1990-årene: Læreren: «God dag, studenter!» Studentene (ikke svar. De noterer ned: «God dag, studenter!»)²⁵⁸

I 1996 kom Hernes «ens ærend» til Bø for å snakke med studentane, og tok då eit oppgjær med dei vanlege orsakingane for at studentane ikkje engasjerte seg:

Vi har ikke penger: Jo, vi – og studentene – har en materiell standard som overgår resten av verden. Vi har ikke tid: Å nei! Lærestedene har påfallende stort frafall mandager og fredager. Men mange tror visst også at døgnet har 12 timer. Fjernkontrollen: Vel, viss du synes det er morsommere å se på TV enn på studentrevy, så satser du på en tidlig hjernedød.²⁵⁹

Organiseringa av HiT

Overgangen i 1994 reiste ei rekkje andre vanskelege avvegingar. Det mest problematiske i startfasen var dimensjoneringa av fellestenestene i Porsgrunn og forholdet til dei administrative tenestene ved dei tre andre høgskulane. Dette vart det dragkamp om frå våren 1994. Departementet gjekk i utgangspunktet inn for ei sterkare sentralisering til Porsgrunn, med ein stab på til saman 20-22 personar, i tillegg til fire nyoppretta direktørstillingar. Dette var langt fleire enn det både Det regionale høgskolestyret og TDH ønskte. Departementet ville også i utgangspunktet at fellesadministrasjonen skulle fyllast med stillingar henta frå dei fire høgskulane. Dette vart «vinterens store tema» ved TDH,²⁶⁰ og var oppe i fleire møte for tilsette og studentar, og i fagorganisasjonane. Samstundes var det krav og debatt om høgskulane i Bø og Notodden skulle få plassert «utløparar» i fellesadministrasjonen. Eit administrasjonsutval i Høgskolestyret gjekk inn for

258 TDH-Nytt nr. 22, 1994.

259 HiT-nytt nr. 9, 1996.

260 TDH-Nytt nr. 3, 1994.

at fellesadministrasjonen skulle ha 21 stillingar, at avdelingsadministrasjonane på dei ulike lærestadane skulle ha til saman 30, og det foreslo å opprette fire «utløparar» både i Bø og på Notodden. Elles opna forslaget for å plassere såkalla «avgrensa funksjonar» i fellesadministrasjonen til Bø og på Notodden – tekne av potten på dei 21 i fellesadministrasjonen. Her sende fagorganisasjonane i Bø krav til departementet om at studieseksjonen i den nye høgskulen skulle leggjast til Bø. Forslaget gjekk elles inn for tilføring av 9,5 nye stillingar. For TDH ville administrasjonen med det vere på nivå om lag som før fusjonen.²⁶¹

Departementets svar var i det meste negativt. I staden for 9,5 stillingar fekk den nye høgskulen tildelt to nye stillingar. Kravet om studieadministrasjon til Bø fekk blankt nei-svar. Dette hadde heller ikkje støtte frå Notodden eller frå Det regionale Høgskolestyret. Men departementet gjekk inn for tre «utløparar» i Bø og på Notodden som skulle vere fellesadministrasjonens forlengte arm til desse studiestadane. Dessutan vart det opna for at nokre «avgrensa funksjonar» i fellesadministrasjonen i ein prøveperiode kunne liggje i Bø eller Notodden.²⁶² Dette hang saman med lovnad frå departementet om at det ikkje skulle brukast tvang til flytting som følgje av fusjonen. På denne måten vart det lagt opp til ein gradvis prosess i oppbygginga av fellesadministrasjonen.

Medan høgskulen i Bø ikkje i særleg grad vart sete for fellestenestene i den fusjonerte høgskulen, vart dei øvste leiarane tekne herifrå: Olav Hesjedal og Nils Røttingen. Hesjedal søkte først stillinga som studiedirektør, men drog seinare søknaden tilbake – truleg fordi studieadministrasjonen ikkje vart lagt til Bø. Men han vart deretter stilt under press frå Bø-miljøet om å stille som rektor. Han vann valet overlegent – med høgt valoppmøte i Bø, men lågt både på Notodden og i Porsgrunn. Å aksle rektorvervet i den samanslegne høgskulen var inga lett oppgåve. Det var utvikla samarbeid mellom fagmiljø i Bø både med ingeniørhøgskulen (naturvernstudiet), sjukepleiarutdanninga (naturvern, idrett) og lærarhøgskulen (idrett, årsstudia), men samarbeidet var ikkje svært tett, og den faglege avstanden slo ofte igjennom. Ei hovudoppgåve for rektor var å bryte ned motsetningar og samordne fagpolitikken, og i promoteringa av Hesjedal var det lagt vekt på både hans evne til samarbeid, ved sida av dei faglege og administrative erfaringane han hadde. Og her hadde han også mykje å vise til: Han stod sentralt i oppbygginga av både naturvernstudiet, inkludert geografiske informasjonssystem

261 TDH-Nytt nr. 5, 1994.

262 TDH-Nytt nr. 12, 1994. Dei tre «utløparane» frå fellesadministrasjonen i Bø var Reidar Førde, med ansvar for «Drift og innkjøp», Gerd Thommasen og Marit Wiik med ansvar for «Ekspedisjon og nybygg» og Anne Elisabeth J. Rovde for internasjonalisering.

(GIS),²⁶³ og Telemarksforsking-Bø (der han var forskingsleiar), han var første direktør (1990-92) i Global Resource Information Database (GRID) i Arendal, og medlem av ei rekkje offentlege nasjonale utval, mellom dei Hovudkomiteen for norsk forskning – og han var den første rektoren ved TDH.

Også Nils Røttingen som vart tilsett som den første direktøren ved den samanslegne høgskulen, kunne vise til erfaring som rektor i to periodar, den siste fram til fusjonen i 1994.²⁶⁴ Røttingen hadde tilbod om jobben som studiedirektør ved Universitetet i Oslo, og var innstilt i same stilling ved Høgskolen i Bergen, men valde direktørstillinga i Telemark. Hesjedal og Røttingen hadde førestnader for å gå godt saman i tospann, dei hadde samarbeidd ved TDH, dei hadde hatt tett sosial omgang i mange år – og, om det kan vere eit poeng, dei kom frå same fylke!²⁶⁵

HiT fekk slik delt leiing. Direktøren var leiar av fellesadministrasjonen som vart bygt opp med einingar for personal- og organisasjonsspørsmål, økonomi, informasjonsteknologi, studieadministrasjon, internasjonalisering og forskings- og utviklingsverksemd, bibliotek og drift og innkjøp, og han var sekretær for det nyoppretta høgskulestyret. Rektor var valt fagleg leiar og leiar for styret. Reforma i 1994 tildelte dei ei leiarrolle som innebar å skifte side: Dei skulle leie på vegner av styresmaktene og utøve innverknad gjennom styra som henta sin autoritet frå styresmaktene. Så straumlinjeforma kom ikkje systemet til å virke. Dei faglege leiarane bar med seg erfaringar, slik også Olav Hesjedal gjorde, styrt av holdningar og verdiar knytt til fagleg fridom både når det galdt undervisning og forskning, som gjorde det viktig å stå vakt mot inngrep utanfrå. Evalueringar av høgskulereforma i 1999 tyder ikkje på at høgskuleleiarane la krefter i å realisere målstyringsideologien: «Høgskolene styres av motvillige ledere», var konklusjonen på ein analyse av reformprosessen ved høgskulane.²⁶⁶ Bakgrunnen for dette hadde samanheng med at den nye leiingsstrukturen var krevjande og ukjent for store deler av personalet ved høgskulen.

Før fusjonen var det berre TDH av høgskulane i fylket som hadde hatt delt leiing. Samordninga i det nye høgskulesystemet fekk også andre følgjer. Det forskingsorienterte og universitetslike fagarbeidet som karakteriserte TDH, vart gradvis overført til dei andre høgskulane i fylket, som hadde vore meir prega

263 GIS var eit eittårig påbyggingsstudium som vart lagt til *Institutt for økonomi og informatikk*, men det hadde eit tett samarbeid med *Institutt for natur-, helse- og miljøvern*.

264 Røttingen var tilsett frå sommaren 1994. I perioden fram til fusjonen hadde prorektor Per Kristian Halle rektorfunksjonen i Bø.

265 Det vart oppretta tre andre direktørstillingar: økonomidirektør (Torbjørn Lindås), studiedirektør (Bjørn Goksøyr), personaldirektør (Henning Hanto).

266 Gammelsæter 2002: 102f.



I godt lag kunne Røttingen ta fram gitaren. Heilt sidan distriktshøgskuletida var han ein av dei fremste leiarane for høgskulen, rektor i to periodar (1981-89, 1991-94), og direktør for HiT 1994-2011. (Foto: Per M. Holtung).

av praksisorienterte og undervisningsintense profesjonsutdanningar. Det innebar at dei tilsette ved desse utdanningane fekk auka krav til fagleg publisering og forskingsbasert undervisning.

Det nye høgskulestyret var høgskulens øvsteråd med hovudansvar for kvaliteten i den faglege undervisninga, det skulle dra opp strategien for undervisning, forskning og anna fagleg verksemd, og hadde elles ansvar for økonomi og intern

organisering. I 1994 vart det nye Høgskolerådet oppretta, det andre sentrale styringsorganet ved sida av styret. Oppgåvene var å tene som koordinerande lekk mellom styret og fagmiljøa, og premissleverandør for planlegging og utvikling av høgskulen. På grunn av avstandane mellom dei enkelte institusjonane i HiT, fungerte Høgskolerådet også som eit informasjons- og samrådingsorgan.

Lova om universitet og høgskole frå 1.1.1996 gav høgskulane same rammeverk og styringsordning som universiteta – før det galdt ei mellombels ordning. Det første styret for HiT vart oppnemnt av departementet sommaren 1994 og fekk 11 medlemmer: rektor og prorektor, tre frå lærarpersonalet, ein frå den teknisk / administrative gruppa og 2 studentar. Ingen av dei faste medlemene kom frå TDH – det hadde nok samanheng med at både direktør og rektor kom derifrå.²⁶⁷ I tillegg plukka departementet ut tre eksterne medlemmer som tidlegare var nominerte av høgskulane og fylkeskommunen: Hydro-direktør Knut Harg, Herøya, ordførar i Tinn, Olav Ulleren, og redaksjonssjef i NRK, Audgunn Oltedal. Dei eksterne var i mindretal, ulikt samansetjinga i det gamle regionale høgskulestyret. Departementet opna for at også dei nye høgskulestyra kunne ha eksternt fleirtal, nokre fekk det, men ikkje HiT. Ved Kvalitetsreforma i 2003 vart talet på dei eksterne medlemene auka frå tre til fire, og dei interne redusert frå 6 til 5, medan studentrepresentasjonen var uendra. Det var val på rektor kvart fjerde år, men direktøren hadde fast stilling. Nils Røttingen sat samanhengande som direktør fram til 2011. Det gav han ein heilt sentral posisjon i oppbygginga og utviklinga av HiT desse åra. Tett kontakt til sentrale styresmakter, til avdelingane rundt om i fylket, og årleg utarbeiding av budsjett, årsmeldingar og årsrapporter gav han ein inngåande kjennskap til høgskulen og styringssystemet i den. Røttingens avgang i 2011 markerte også slutten på delt leing ved institusjonen. Rektor, frå 2011 Kristian Bogen, var frå no av den øvste leiaren ved HiT. Han hadde bakgrunn som direktør ved Handelshøgskolen BI i Porsgrunn, og som divisjonsdirektør ved BI sentralt i Oslo.

Før samanslåinga til HiT i 1994 var TDH delt i 8 seksjonar med valde seksjonsstyre som hadde personalansvar og økonomiansvar i tillegg til faglege oppgåver. Seksjonsstyret var leia av ein seksjonsleiar som fekk kompensasjon i form av redusert undervisningstid, og seksjonane var delte i studium som igjen kunne romme eitt eller fleire fag. Ved seksjon for økonomisk/administrative fag var det 10 studium, men tre studieleiarar. Etter ei interimperiode kom det på plass eit nytt system – med verknad frå 1. mai 1996. Høgskulen i Bø vart delt i to avdelingar, Avdeling for kultur- og humanistiske fag (KH) og Avdeling for

267 Claus Krag var 2. vararepresentant i lærargruppa.

økonomi, miljø- og idrettsfag (ØMI). Under kvar av avdelingane vart fagområda delt i institutt med eigne instituttstyre – to ved KH-avdelinga (Institutt for Kultur og Institutt for humanistiske fag) og fire ved ØMI (Institutt idrett- og friluftsliv, for informatikk og matematiske fag, for natur- og miljøvern fag, og for økonomi- og administrasjonsfag).

Departementet stilte høgskulane fritt til val av tittel på dei som vart leiarar ved avdelingane, avdelingsleiar eller dekanus. Valet fall på den siste. Dekanus var eigentleg knytt til namnet fakultet. Men det namnet sa departementet nei til å bruke, i første omgang. Nemninga kom inn først i 2011 – frå då av vart avdeling omdøypd til fakultet.

I 1997 vart dei to avdelingane slått saman til ei, Avdeling for allmenne fag (AF), som med det vart den største avdelinga ved HiT med nesten 1600 studentar. Høgskolerådet foreslo at den skulle heite Avdeling for allmennvitenskaplege fag, men fekk nei frå departementet.²⁶⁸ Men i 2005 avgjorde styret at nemninga «allmennvitenskaplege fag» skulle brukast som namn på avdelinga. Samanslåinga i 1997 var den største omorganiseringa etter 1994. Resultatet var at organiseringa i Bø var nesten identisk med den gamle distriktshøgskulen. Det styrka institusjonsfellesskapet, men bakgrunnen var sterkare krav til eit meir effektivt styringssystem. Vedtaket i 1997 om at kulturstudiet skulle leggjast til eit samanslått institutt saman med dei humanistiske faga (Institutt for kultur- og humanistiske fag IKH), var eit steg i same retning. Men det hadde, som vi skal sjå, også samanheng med behovet for å dempe motsetningar som hadde utvikla seg mellom dei to institutta.

Oppbygginga av den fusjonerte høgskulen og den plassen Bø-avdelinga skulle ha i den, var arbeidskrevjande. Generelle utviklingstrekk på slutten av 1990-åra førte til strammare budsjett, samstundes med innskjerpa krav til delegering, meir rapportering og større konkurranse om studentane. Vidare var den nye leiingsstrukturen som ein ønskte å innføre, krevjande og ukjent for store deler av personalet. «Til en viss grad kan det synest som om rolleforståelsen ikke er fullt utviklet og som om enkelte valgte verv vegrer seg noe for å påta seg det representative ansvar de skal forvalte», sa Røttingen i styret våren 1996. Det skapte ønskje om støtte, ryggdekning og tilbagemelding frå resten av personalet. «Allmøtekulturen» hadde overlevd.²⁶⁹ Desse problema kom til syne hausten 1996 då det var vanskeleg å få fram kandidatar til leiinga i den nye avdelinga: «... alle oppfatta denne oppgåva så krevjande og lite attraktiv» at dei svara nei.²⁷⁰ Året

268 Departementet meinte at namnet låg for nært opp til namnet Norges almenvitenskaplige forskningsråd (NAVF), sjølv om det alt i 1993, saman med dei andre forskningsråda, hadde fusjonert til Norges forskningsråd.

269 Styret for HiT. Møte 5.5. 1996. Arkiv Porsgrunn.

270 Brev 22.10. 1996 frå ktr.sjef Fagerås til ktr.sjef Berntsen. Boks 4 ØMI. Arkiv Bø

før hadde Per Kristian Halle truga med å trekkje seg som avdelingsleiar ved KH-avdelinga på grunn av dramatiske budsjettkutt.²⁷¹ Til slutt vart løysinga at han saman med leiaren ved den andre gamle avdelinga, Per O. Marheim Isaksen, delte på leiinga i den nye – med Isaksen som avdelingsleiar og Halle som nestleiar. Ny avdelingsleiar (dekan) vart Eivind Landmark. Einar Fagerås vart tilsett som underdirektør

Ved fusjonen i 1994 vart IT-avdelingane slegne saman til ei eining med felles IT-sjef, Arne Hatlen. HiT var den første fusjonerte høgskulen som tok i bruk den nye infrastrukturen for telefoni, data og video. Det gjorde at studiestadane i Bø, Porsgrunn og Notodden vart kopla saman, året etter (1995) også Skien og Rauland. I 1995 vart også høgskulens intranett for datakommunikasjon kopla til UNINETT med linje Bø – Oslo, og det vart bygt opp ei WEB-base som inneheldt mykje informasjon om HiT: studium, kurs, og anna fagleg aktivitet. Sjølv om kommunikasjonslinjene fekk auka kapasitet, vart linja ut til Internet alltid ein flaskehals: «Noen lyse hoder fra høgskolen og Telemarksforskning hadde i 1999 fått vite at BaneTele hadde lagt fiber langs de viktigste jernbanelinjene i landet. Kommunikasjonssjefen i BaneTele ble kontaktet, og ikke lenge etter ble det inngått en avtale mellom UNINETT og BaneTele om bruk av fiber som kommunikasjon mellom UH-institusjonene. Dette åpnet for at det norske forskningsnettet raskt ble et av de beste i verden. Høgskolen i Telemark la egen fiber fram til Bø stasjon i oktober 1999, og den nye IT-motorveien til Oslo ble åpnet med brask og bram i Bø den 12.12. 1999».²⁷²

Nye utspel – og ferd i tyngre terreng

Dei store administrative reformene på 90-talet vart avløyste med større konsentrasjon om faglege spørsmål. Fagprofilutvalet som vart sett ned alt i 1993 for å gje tilråding om faglege utviklingslinjer ved den samanslegne høgskulen, la våren 1994 fram eit forslag om å auke talet på studentar med 770 i planperioden 1994-97.²⁷³ I den generelle framskrivninga vart målsetjingane og utsiktene teikna med tydelege positive formuleringar. Den første strategiske planen høgskulen utforma – for perioden 1996-2000, slo fast at «Høgskolen i Telemark skal vere ein regionalt forankra, nasjonalt akta og internasjonalt orientert høgre utdannings- og forskingsinstitusjon som utviklar brei og allsidig verksemd og utnyttar regionen sitt mangfald i geografi, kultur, tradisjon og næringsliv».²⁷⁴ Dei påfølgjande strategiske planane hadde liknande formuleringar. HiT skulle vere «en dynamisk og omstillingsorientert institusjon – open og aktiv i sin samhandling med eksterne samarbeidspartnere og lydhør overfor signaliserte behov for utdannings- og forskningstjenester»,²⁷⁵ og den skulle «bidra til utvikling av menneskets forståelse,

271 HiT-Nytt 6/95.

272 Arne Hatlen til forfattern 4.2. 2018. Sjå elles Årsmelding for HiT 1995.

273 Faglige utviklingslinjer ved Høgskolen i Telemark. Utredning fra Fagprofilutvalget april 1994. Arkiv Porsgrunn 274 Ibid.

275 Høgskolen i Telemark. Strategisk plan 2000-2004.

kulturens mangfold, naturens bæreevne og teknologiens nyskapingskraft».²⁷⁶ Dette romma det meste, og var kanskje ikkje så mykje å bli klok på. I dei 4-årige strategiske planane og i handlingsplanane kom det inn ein ny språkbruk med dristige formuleringar om ikkje berre å halde eit høgt aktivitetsnivå, men auke det heile tida gjennom forskning og undervisning – også på eit høgt nivå. Målsetjingane vart ofte omtala med ein terminologi som inneheldt ei rekkje nye ord og omgrep og i eit språk som avveik noko frå tidlegare programformuleringar: «rammekvalitet», «inntakskvalitet», «programkvalitet», «ressurskvalitet».²⁷⁷ Men samstundes vart måla noko nøgnare presiserte. Etter fusjonen til HiT vart det lagt mykje meir arbeid i å utforme arbeidsplanar. Utdanningstilboda som alt fanst skulle konsoliderast og vidareutviklast gjennom spesialisering knytt til dei faglege satsingsområda, og ved å utvikle nærliggjande fagfelt eller etablere studiefelt på tvers av avdelingsgrensene. Men dette innebar, vel nokså sjølvsgagt, at ein skulle trakke vidare på dei faglege vegane som var gått opp tidlegare i utviklinga av TDH. Samstundes vart det lagt meir vekt på studiekvalitetsarbeid. Alle nye studentar fekk tilbod om fadderordning, kurs i studieteknikk og eigne «snakkeseminar» for å få trening i å ta ordet – alt dette gjennomført i samarbeid med studentsamskipnaden.

I 1997 vart det vedteke å innføre medarbeidersamtalar ved IKH. Instituttleiar Sven Arntzen var i starten motstandar av ordninga. Det ville ta minst ei veke til arbeid og etterarbeid, og gå ut over det faglege arbeidet. Han var generelt uroa over alle initiativa som kom ovanfrå. Det var med på å skape ei kjensle av maktesløyse over eigen arbeidssituasjon.²⁷⁸

Fagutvikling under vekslende forhold

Starten i 1995 var prega av optimisme. I 1994 var det stor søking til studia i Bø, noko som utløyste 8,5 nye stillingar. Søknadsområdet var blitt breiare og omfatta i større grad Vestlandet, særleg Rogaland. Som vi snart skal sjå, slo denne optimismen om ved svakare studentsøking i siste del av 90-talet.

Søknadsveksten rundt fusjonen i 1994 gjorde at det vart sett i gang planlegging av nye studium – og konsolidering av dei gamle. Ved økonomisk/administrativ fagseksjon gjekk revisorstudiet godt. I åra 1995 til 2001 vart det oppretta eittårige påbyggingsstudium i internasjonal marknadsføring og reiseliv, og begge vart utvida til 3 år i 2003. Nytt frå 2003 var at praksis i arbeidslivet kunne gå inn som ein del av studiet. Samstundes vart informatikk-studiet utvida til tre år. Det var eit fag «i tida» og drog til seg mange studentar. Informatikk-

²⁷⁶ Høgskolen i Telemark. Strategisk plan 2005-2009.

²⁷⁷ «Handlingsplan for studiekvalitetsarbeidet ved HiT 1996-2000». Arkiv Bø.

²⁷⁸ IKH. Møtebok for instituttstyret, ref. frå møte 15.1. 1997. Arkiv Bø.



Jostein Sageie, tilsett ved Institutt for økonomi og IT (1995-2003). Han var overingeniør og arbeidet med ei rekke GIS-prosjekt, både direkte for høgskulen og etter oppdrag utanfrå.

studiet hadde fellesskap med matematikk, som sleit med få studentar – men som var eit viktig hjelpefag. Det nye eittårige påbyggingsstudiet i geografiske informasjonssystem (GIS) som kom i gang i 1994, stod nær informatikk-studiet som altså enno hadde god tilgang på studentar.

I 2000 vart Jostein Sageie utlånt frå høgskulen til eit konsulentteam som skulle innføre moderne GIS-system for forvaltning av landområda for dei palestinske styresmaktene.

I 1999 vart eit studium/valfagsemne i entreprenørskap oppretta i samarbeid med Avdeling for estetiske fag og folkekultur og Avdeling for teknologiske fag. Det vart i 2003 utvida til eittårig studium som skulle gjere studentane i stand til å opprette egne bedrifter.

Studiet i landbruksøkonomi hadde hatt stabil søking, men levde med frykt for arbeidsmarknaden i framtida. Avtale med Landbrukshøgskolen der første

studieår vart plassert i Bø, vart sagt opp i 2002, og året etter vart studiet lagt ned på grunn av for få studentar.

Det same skjedde med bokbransjestudiet, som også hadde svak studenttilgang m.a. på grunn av omstrukturering og liberalisering av den gjennomregulerte bokbransjen som reduserte behovet for dette studiet. Instituttet var likevel misnøgd med nedleggingsvedtaket fordi det i realiteten ikkje gav særleg stor innsparing – sidan studiet kravde lite av spesielle fagopplegg i tillegg til det som alt fanst. Ei ny «attåtærning»²⁷⁹ var mange skreddarsydde kurs i Grenland og Bø for mellom anna skatteetaten, bankar og forsikringsselskap.

Den sterkaste utviklinga skjedde ved natur- og miljøvernstudiet, som altså hadde fått knutepunktfunksjon «på studienivå». Studiet vart utvida frå tre til fire år (1994). Samstundes vart det slutta eit tettare samarbeid med bedriftshelsetenesta, og «helse» kom inn som nemning for studieretninga. Frå 1998 heitte instituttet «Institutt for natur-, helse- og miljøvern» fag». I 2001 starta eit eittårig påbyggingsstudium i helse- og miljøvern for helsepersonell. Studiet var retta mot helsepersonell i kommunane. Regjeringa fjerna støtte til slikt helsepersonell i 2007 – dermed fall studentsøkinga bort. Eit nytt satsingsområde var matkvalitet og mathelse, som vart utvikla i samarbeid med Mattilsynet i Bø (som ynskte å

279 Hans Martin Rugstad i Bø blad 12.8.2004.

utvikle det til eit meir omfattande studium).²⁸⁰

Fagleg opprusting

På slutten av 90-talet vart det sett i gang arbeid for å opprette hovudfag ved studiet, og i 2000 vart hovudfaget i helse- og miljøvern godkjent av departementet. Det hadde eit tverrfagleg opplegg i helse- og miljøvernspørsmål, og skulle, som det einaste i sitt slag i landet, kvalifisere studentane til stillingar i offentleg sektor – eller i næringslivet.

Doktoravhandlinga til Asbjørn Storesund granskar den historiske utviklinga av miljøretta helsearbeid i Telemark 1860-1900: «Akutt sykelygheit og forebyggende helsearbeid i Telemark 1860 - 1900». Her kombinerte han sine kunnskapar i miljøhygieniske fag, som var fagområdet hans ved instituttet, og i historie. Han tok både grunnfag og mellomfag i historie ved historieseseksjonen i Bø på 1990-talet.

Utviding til hovudfag kom også til å prege planlegginga ved fleire andre studium. Samarbeidet om hovudfag mellom idrett og idrettshøgskulen vart gjort tettare, og i 1998 vart det etablert som ordinært studium ved avdelinga i Bø. Det vart særleg retta mot friluftsliv og idrettsadministrasjon. Gjennom forskingsprogrammet frå Norges Forskningsråd, «Idrett, samfunn og frivillig organisering», fekk høgskulen i Bø og Telemarksforskning – Bø i 1998 tildelt kjernemiljøstatus på områda «Idrettsanlegg og idrettsutøvelse» og «Idrettspolitikk». Rundt desse områda vart det sett i gang fleire forskingsprosjekt og doktorgradsløp, delvis i samarbeid med andre institusjonar. Prosjektet «Idrett og politikk – kampsport eller lagspill» analyserte forholdet mellom idretten og det offentlege – med vekt på graden av integrasjon versus autonomi. Fleire prosjekt analyserte utforming, lokalisering og finansiering av idrettsanlegg, to andre om kva rolle friluftslivet og endringane av det i dei siste åra har hatt å seie for idretten. Eit anna prosjekt tok for seg kampen mot doping i idretten.

Idrettsstudiet tok også opp problematiske sider ved idrettslivet – her av Jan Ove Tangen i ein kronikk i Dagbladet: Idretten gjev tvilsame ideal. Ideala for våre barn blir «de som tar mannen før ballen», og supplerer treningar med kosttilskot og dopingpreparat, installerer seg i «høgdehus» og «viser dommeren finger'n».²⁸¹

Idrettstudiet tok initiativ til å forankre kjernemiljøsetinga i faste stillingar og stipendiatstillingar – og ved å invitere internasjonalt kjende forskarar som «key note speakers» ved forskingskonferansar instituttet arrangerte. Fagmiljøet var ikkje berre involvert i undervisning og rettleiing ved eige hovudfagsstudium,

280 Sjø Asbjørn Storesund i Bø blad 12.8. 2004, jf. HiT-nytt 13.09. 04.

281 Referert i HiT-nytt 28.2. 01.



Idrettsanlegget opna i 2003 (Foto: Per M. Holtung)

men også ved hovudfagsstudiet som vart opretta i kulturfag. Om lag samstundes med kjernemiljøsatsinga kom det spørsmål frå Norges idrettsforbund om å gjennomføre prosjekt som «Idrett for eldre» og «Idrettsrådenes medvirkning i kommunal planlegging». Dette var tema som seinare vart inkorporert i kjernemiljøet i form av hovudoppgåver. Temaet «Idrett for eldre» vart ført vidare gjennom eit forskingsprosjekt til Inger-Lise Eriksrud Bergan etter avtale med idrettsforbundet. Status som kjernemiljø varte til 2008.²⁸² Eit viktig tilskot for miljøet var det nye idrettsanlegget som vart opna like ved høgskulen hausten 2003 – som kom i tillegg til symje- og idrettshallen i Gullbring. Her var det bane med kunststoffdekke, forballbane, golfreningsanlegg, to sandvolleybaner, bane for rulleski og ei flomlyst asfaltert ball- og isbane for skeiser, tennis, basketball og handball.

Hausten 2004 vart det oppretta eit nytt senter i samarbeid med Telemarksforsking

²⁸² Opplysningane om den faglege utviklinga ved instituttet er for det meste gjevne av Jan Ove Tangen, m.a. i notatet eg har fått låne: «Egenevaluering av kjernemiljøfunksjonen ved Høgskolen i Telemark og Telemarksforskning-Bø», datert 2001.

– Bø: Senter for kultur- og idrettsstudiar (SKI). Målet for senteret var å fremje forskning «på høgt nivå» med utgangspunkt i forskingsmiljøa ved dei to institusjonane – særleg med vekt på kulturpolitikk, kulturøkonomi, idrettspolitik, idrettsøkonomi og den sosiale organiseringa av idrettslivet, og hadde som mål å konsolidere Bø-miljøets stilling som eit nasjonalt og internasjonalt tyngdepunkt for kultur- og idrettsforskning.²⁸³ Senteret var fødselshjelpar for ei rekkje prosjekt som vart sette i gang i åra utover – finansiert gjennom Norsk Kulturråd, ulike departement, kommunar, fylkeskommunar og Norges Forskningsråd. Flesteparten av desse prosjekta sprang ut frå fagmiljøa ved instituttet i Bø.²⁸⁴

Striden om det nye kulturhovudfaget

Ved kulturstudiet vart det frå 1995 arbeidd med å utvikle eit tverrfagleg studium på hovudfagsnivå og fleire variantar av deltidstudium. Deltidstudium ved seksjonen var ikkje noko nytt. I 1988 vart det oppretta eit kursopplegg i samarbeid med Norsk Kommuneforbund og Kommunenes Sentralforbund – delvis som betalingsstudium, der m.a. fleire kultursjefar vart uteksaminerte.²⁸⁵ På 90-talet vart det utvikla nye deltidstudium med utgangspunkt i formidlingsfaga, der samarbeid med eksterne, nasjonale institusjonar var eit viktig grep. Deltidstudiet med musikkadministrasjon som fordjuping vart sett i gang i 1997 i samarbeid med Norsk Musikkråd, Norsk Musikkskuleråd og kommunale musikk- og kulturskular. Seinare vart Kuratorstudiet utvikla med fordjuping i kunstformidling i samarbeid med Nasjonalmuseet og norske kunstforeiningar.²⁸⁶

Framlegget om det tverrfaglege hovudfaget vart først lagt fram i ei innstilling frå eit utval leidd av Ole Martin Høystad.²⁸⁷ Det gjekk ut på å opprette eit toårig tverrfagleg humanistisk hovudfagsstudium med namnet «hovudfag i kulturstudiar» og knyte det til Avdeling for kultur- og humanistiske fag. Departementet godkjende å opprette eit slikt hovudfag sommaren 1997 med oppstart i 1999, under føresetnad av at det kunne opprettast innanfor tildelt budsjetttramme. Men på denne tid var det usemje ved avdelinga om innretting. Då innstillinga vart lagt fram i avdelingsstyret hausten 1996, kom det kritikk av at utvalet ikkje hadde vore «representativt for heile den faglege breidda og dei ulike synsmåtane

283 Jf. HiT-nytt 16.6. 2004. Senteret var leidd av ei styringsgruppe med representantar frå høgskulen og Telemarsk-forsking, med Per Mangset som forskingskoordinator.

284 Basert på opplysningar i *Doktorprogram i kulturstudiar. Beskriving og eigenvurdering av programmet*, Februar 2010: 27

285 Opplysningar frå Mangset.

286 Opplysningar frå Blengsdalen.

287 Med i utvalet utanom Høystad, var Sigrid Bø, Øyvind T. Gulliksen, Otto M. Christensen, og tre eksterne medlemmer: Trond Berg Eriksen, Gunnar Skirbekk og Vigdis Ystad.



Anne S. Blengsdalen: lærar ved IKH frå 1994. Ho var samstundes utøvande kunstnar: musikal (hardingfele, kveding) og dansar. Ho skreiv doktorgradsavhandling om stadsmusikantordninga i Norge 1660-1800.

på avdelinga», og at innstillinga i for liten grad hadde vore lagt ut til debatt.²⁸⁸ Debatten som kom i 1997 galdt både spørsmålet om fagleg innretting og om kvar det nye faget skulle forankrast, om det skulle underordnast avdelinga direkte, eller knytast til eitt eller begge institutta, dvs både til kultur- og humanist-fag. Spørsmålet om fagleg innretting gjekk på kor sterkt det nye hovudfaget skulle lene seg til humanistiske eller samfunnsvitskaplege fagtradisjonar. Etter godkjenninga frå departement oppretta avdelinga ei instituttovergripande ad-hoc-gruppe som skulle gje råd om dette. Gruppen laga forslag til studieplan og stillingsomtale til dei to professorata, der det skulle leggjast vekt på «kulturfagleg profil med humanistisk basis». I spørsmålet om institutt-tilknytning delte gruppa

seg. Fire gjekk inn for å knyte studiet til Institutt for humanistiske fag, to til Institutt for kulturfag.²⁸⁹ Då denne saka var oppe i institutta, gjekk humanistane inn for å plassere hovudfaget ved sitt institutt, men dele på dei to professorane. På kulturstudiet var synet delt. Eit fleirtal kom til at med dei ressursane og den kompetansen instituttet rådde over, ville det vere vanskeleg å bere eit hovudfag.²⁹⁰

Ei arbeidsgruppe oppnemnt av avdelinga la vinteren 1998 fram ei skisse som konkluderte med å organisere hovudfaget i eit eige senter med eige styre og eige budsjett, formelt underlagt avdelingsstyret på same måte som instituttet. Instituttstyret støtta denne løysinga, men i møte i juni 1998 sa høgskulestyret nei. Ei slik ordning ville vere «kostnadsdrivande og ekskluderande».²⁹¹ I staden avgjorde det at heile kulturstudiet skulle leggjast til eit nytt samanslått Institutt

288 Møte i avdelingsstyret 12.11.1997. Protokolltilførsel frå Claus Krag. Arkiv Bø.

289 Notat til avdelingsleiinga 26.9.1997, i ref frå møte i avdelingsstyret 12.11.1997. 011.4. 9700200. Arkiv Bø.

290 Ibid.

291 Prorektor ref. i HiT-nytt 3/98. Sjå elles HiT-nytt 6/98.



Ole Martin Høystad og Per Mangset veksla på å leie hovudfaget (masterstudiet) i kulturstudiar dei første åra etter opprettinga i 1999.

for kultur- og humanistiske fag (IKH). Den faglege striden ved studiet var slik ein tydeleg bakgrunn for dette grepet. Men det var ei naturleg løysing på debatten sidan det heile tida vart understreka frå alle hald at det nye hovudfaget måtte utviklast som samarbeidsprosjekt mellom humanist- og kulturstudiet.

Motsetningane om den faglege profilen i hovudfaget fall saman med samarbeidsproblem ved Institutt for kulturfag like før instituttet vart fusjonert med humanistinstituttet, som førte til at Anne Svånaug Blengsdalen sa opp stillinga si som instituttleiar.²⁹² Avdelinga tok oppseiinga til etterretning utan å ta stilling til innhaldet. Øystein Dalland, som var tilbake som lærar ved kulturstudiet etter at han sa opp lærarstillinga si ved naturvern etter Alta-aksjonen, tok over i ein overgangsperiode, før Peter Fjågesund ved valet i mars 1999 vart den første instituttleiaren for det samanslegne instituttet – med Blengsdalen som nestleiar.²⁹³

Hovudfaget kom i gang i 1999 som toårig studium – bygt opp med eit innføringsemne med vekt på overgripande tema, og eit emne i metode (10 vt), to fordjupingsemne (kvart på 5 vt),²⁹⁴ og ei hovudoppgåve på 20 vekttal. Ole Martin Høystad og Per Mangset vart tilsett i dei to professorata. Dei var fagleg sett nokså ulike. Høystad var litteraturvitar med doktorgrad om diktinga til Olav Duun, men orienterte seg fagleg mot tverrfaglege kulturforskningsprosjekt

292 Brev frå Blengsdalen til avdelingsstyret 28.1.1999. Refr frå avd.styremøte 10.2. 1999. Boks 011.4. Arkiv Bø. (Framstillinga byggjer elles på opplysningar frå Blengsdalen).

293 Protokoll frå val av nytt instituttstyre i ref frå avd.styremøte 24.3.1999.

294 Emne i starten; «Natur og kultur», «Barndom og modernitet», «Internasjonal kulturpolitikk».

innanfor tradisjonen etter «cultural studies». Mangset var sosiolog og forskar i kulturpolitikk. I studieplanen vart hovudfaget presentert som «tverrfagleg humanistisk og fortolkande samfunnsvitskapleg» med målsetjing «å analysere og forstå aktuelle sider ved kunst og kultur, historie og samfunn ut frå nye perspektiv». ²⁹⁵ Professorane vart i praksis berre knytte til hovudfagsstudiet utan undervisning eller tilknytning nedover i studieløpet. I starten var studiet heller ikkje direkte festa til kulturstudia, men til dei humanistiske faga. For å kome inn måtte ein ha cand.mag.-grad, examen philosophicum og minimum eitt humanistisk fag i fagkrinsen. Dette innebar at kulturstudia ved det tidlegare kultur-instituttet ikkje var sett på som godt nok grunnlag for opptak. Men det fanst likevel ein utveg. Etter særskild søknad kunne ein sleppe inn med ein annan fagleg bakgrunn enn avlagt cand.mag.-grad, «spesielt relevant for hovudfaget i kulturstudiar». ²⁹⁶ I 2002 vart dette opna meir opp: søkjarar med eit tverrfagleg to-årig kulturstudium i cand.mag.-graden var kvalifiserte for inntak. Kravet om examen philosophicum for å kome inn vart vidareført. ²⁹⁷ I 2003 vart hovudfaget, i tråd med innføringa av den nye gradsstrukturen, automatisk gjort om til eit masterstudium.

Studiet la vekt på å vere tverrfagleg der studentane «skulle få innsikt i grunnlaget for kultur slik det kjem til uttrykk gjennom ulike fagtradisjonar innanfor humaniora og fortolkande samfunnsvitskap», ²⁹⁸ og både innføringsemnet og utvalet av valemne var lagt opp med ei slik målsetjing – dei siste kanskje med mest vekt på kulturhistoriske perspektiv. I starten veksla dei to professorane om vervet som fagkoordinator, men etter ei tid tok andre over.

Ellen Schruppf vart knytt til hovudfaget heilt frå starten av, i 1999. Det vart utforma ein avtale der stillinga hennar vart delt med ein halvpart ved historiestudiet og den andre ved hovudfaget. Her bygde ho opp og fekk fagansvaret for fordjupingsemnet «Barndom og modernitet». Frå 2003 var ho permittert for å skrive Porsgrunn historie (sjå s. 215). Då ho kom tilbake hausten 2005, vart ho fagkoordinator ved masterstudiet. Dette innleidde ein periode der leiinga av studiet veksla. Då ho i 2006 gjekk inn i ei stilling som professor ved Norsk senter for barneforskning i Trondheim (med permisjon frå HiT), tok først Øyvind Gulliksen, som hadde fagansvar for fordjupingsemnet «Migrasjon og fleirkulturalitet», over vervet i ein kort periode. Deretter kom

295 Høgskolen i Telemark. Studiehandbok 2000/2001. Avdeling for almenne fag: 94.

296 Ibid: 97.

297 Høgskolen i Telemark. Studiehandbok 2002-2003. Avdeling for allmenne fag: 47. (Ein kunne søkje om unntak for kravet om examen philosophicum).


298 Frå studieplanen – her i Studiehandbok 2001-2002. Avdeling for allmenne fag: 103.

Sture Kvarv inn som leiar (2007-2008). Men då Schrumpf vende tilbake i 2008, gjekk ho på nytt inn som fagkoordinator, dei to første åra også med professor II-stilling i Trondheim. Ho styrte stort sett studiet seinare. To trekk ved utviklinga av studiet viser at det var ganske vellukka: Det hadde stabil søking, og til saman 120-130 studentar vart uteksaminerte som ferdige kandidatar med masteroppgåver fram til 2017.

Det var heile tida ei viss motsetning ved instituttet om vektlegginga mellom ei humanistisk og kulturhistorisk orientering av studiet og ei empirisk samfunnsvitskapleg tilnærming. Frå humanistane ved instituttet kom det kritikk over at «eigarskapet» ikkje var godt nok fordelt mellom fagmiljøa. Dette var ein debatt som dukka opp med jamne mellomrom i åra utover, og vi skal sjå på den seinare.

Svakare studenttilgang – konsekvensar for fagutviklinga

Frå midten av 1990-talet gjekk studenttala ned, ein tendens som heldt seg inn i dei første åra på 2000-talet. Bakgrunnen var dels krympande ungdomskull, men



Søknadstal til HiT etter innføringa av Samordna opptak (SO), og registrerte studentar i Bø etter 1994. Ved SO vart opptakssystemet sentralisert slik at studentane frå no av berre fekk eitt tilbud. Dette forklarar kvifor søknadstalet (til HiT) heilt fram til 2013 er lågare enn talet på alle søkjarar til Bø på midten av 1990-talet (sjå graf s. 80). (Grafen er laga av Marius Waskaas)

dels også at konkurransen om studentane var blitt hardare. Dette var ein nasjonal tendens som ramma heile HiT. Nedgangen heldt her fram til 2006 då det vart registrert nesten 5000 søknader. Deretter steig talet gradvis – til vel 11 000 før fusjonen i 2016 (sjå graf).²⁹⁹ Den same tendensen syntte søknaden til studia i Bø. Bø hadde dei mest søkte faga – i 1994 med eit tal på vel 9000. Men så kom fallet og søknadstalet vart om lag halvert fram til 2004. Fallet var størst ved natur- og miljøvernstudia, og ved dei humanistiske faga, medan idrettsstudiet, særleg friluftsliv, framleis var populært blant søkjarane. Opptakstala gjekk også tilbake. I 1995 var det 1875 registrerte studentar ved Bø-avdelingane, i 2000 knapt 1500. Det kom ein liten vekst på midten av det første tiåret. Men enno i 2006 låg studenttalet i Bø under 1995-nivået. I dette talet er det inkludert deltidsundervisning og undervisning på nett. Dei som gjekk med halv fart gjennom studia, vart då omrekna ved å dele på talet med to. I tala som vart oppgjevne i årsmeldingane i dei siste åra før fusjonen, vart også utanlandske studentar gjennom samarbeid i Gateway rekna med – ein brukte då nemninga «hoder». Totaltalet passerte 2000 i 2009, og steig deretter gradvis dei siste åra før fusjonen. I 2016 nådde talet samla sett nesten 3000 – då altså omrekna til «heiltidsekvivalentar».³⁰⁰

Svikten i studentsøknaden på 1990-talet var bakgrunn for «Studedest Telemark» frå 2000, eit prosjekt for ei meir profesjonell marknadsføring av høgskulen i fylket. Bakgrunnen var m.a. at Telemark i jamføring med andre fylke hadde mange innbyggjarar bak kvar student, dette galdt ikkje minst Bø som var avhengig av å rekruttere vidt, og Per Holtung som leidde prosjektet, kopla det til personar med stort nettverk.

Fallet i studenttal på 1990-talet og først på 2000-talet førte til reduserte løyvingar. Dette hadde også som bakgrunn at styresmaktene ville ha ut gevinst som følgje av fusjonen. Samstundes var overgangen til HiT ressurskrevjande. I 1996 uttrykte styret uro over dette: «...sterkere resultatkrav, økende behov for å holde stillinger ledige, mer delegering fra departementet, krav om mer rapportering, og større konkurranse om studentene».³⁰¹ På bakgrunn av mål som vart formulerte ved høgskulereforma, låg det ei forventning om betre arbeidsvilkår: «fagpersonalet var forespeilet større muligheter enn tidligere til faglig utvikling og konsentrasjon og reduserte administrative arbeidsoppgåver, administrasjonspersonalet såg for seg muligheter til kompetanseoppbygging». Men dette skjedde ikkje – fordi «mulige

299 Tala er henta frå «Database for statistikk om høgre utdanning», supplert med opplysningar frå årsmeldingar og årsrapportar.

300 Fordi tala frå Samordna opptak ikkje gjev fullstendig oversyn over søknaden til studiestadane, er det vanskeleg å finne nøyaktige oppgåver over søknadstala til Bø-avdelingane. Her er det henta tal frå årsmeldingane og årsrapportane. Her kunne tala variere litt m.a. fordi dei vart registrerte på noko ulike tidspunkt av studieåret.

301 Ref. frå styremøte 5.5.1996.

effektiviseringsgevinster er tatt ut samtidig som institusjonen skal formes». ³⁰²

Ein fagleg stolpe bygd i TDH-tida var dei humanistiske og universitetslike faga som starta som årsstudium eller grunnfag, og vart utbygde med mellomfag. Før fusjonen i 1994 vart det lagt fram planar om å etablere seks nye grunnfag i perioden 1996-97: russisk, tysk, fransk, samfunnskunnskap, kunsthistorie og psykologi. Planane om språkfaga hadde samanheng med satsinga på internasjonalisering, men dei hadde truleg også som bakgrunn at Bø-miljøet ynskte å vere i forkant når fagutviklinga skulle utmeislast i HiT. TDH var elles den einaste distriktshøgskulen som på denne tid planla nye universitetsfag. Bakgrunnen for planane var også den sterke veksten i søknadstala før fusjonen i 1994 (og altså bakgrunn for 8,5 nye stillingar i 1994) – og utsikter til ein relativ romsleg økonomi.

Plan for studium i russisk ved Telemark distriktshøgskole vart lagt fram i 1993, og gjekk ut på å opprette eit grunnfag i russisk over tre semester, to studieterninar i Bø, og ein ved Universitetet i Petersburg. Planen var kopla til Novgorod-prosjektet som høgskulen hadde starta to år tidlegare (sjå nedanfor). Høgskulestyret sa ja til planen, men den vart stoppa av departementet. På grunn av Barentssamarbeidet (som starta i 1993), ynskte ikkje dei norske styresmaktene å etablere fleire studietilbod i russisk i Sør-Norge. ³⁰³

Nedgangen i studenttala innebar at planane om dei nye grunnfaga måtte leggjast bort. I staden måtte avdelinga i Bø drøfte nedskjerings- og effektiviseringstiltak. I 1997 varsla Institutt for humanistiske fag at det ikkje kunne ta ansvar for fagleg forsvarleg drift med det budsjettet som var tildelt. ³⁰⁴ Dette vart teke opp att under budsjettfordelinga i 1999: Det var ikkje mulig å gjennomføre studieplanane for engelsk, norsk og historie innanfor dei tildelte rammene. ³⁰⁵ I 2000 tok studiedirektør Goksøyr opp rekrutteringssvikten, som særleg var eit problem ved dei humanistiske faga. Den var «så vidt dramatisk at alle mulige tiltak bør vurderes», og han etterlyste ei meir offensiv holdning frå avdelinga. Det han særleg foreslo var å tilby studia på heiltid i Grenland, og han viste her til at lærarutdanninga hadde utplassert undervisning i Porsgrunn og Drammen. ³⁰⁶ Svaret frå Bø-avdelinga var nei. Det ville ikkje hjelpe, men ville svekke potensialet for rekruttering begge stadar. Svikten, meinte avdelinga, var grunna i generelle nasjonale svingingar. Våren 2001 sende instituttstyret ved IKH eit skriv til leiaren ved avdelinga i Bø som åtvara sterkt mot å byggje ned fagmiljøa i norsk, engelsk og historie. Det ville vere stort behov for kvalifisert arbeidskraft

302 «Arbeidssituasjonen i Høgskolen i Telemark», 5.6.1996. Nils Røttingen. Boks 4 ØMI. Arkiv Bø.

303 Brev frå det Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet til HiT datert 4.10. 1994 (utlånt saman med anna materiale om russisk-planen av Per Kristian Halle)

304 Institutt for humanistiske fag. Møtebok, møte 7.01.1997. Arkiv Bø.

305 Institutt for kultur og humanistiske fag. Instituttstyret. Møtebok. Møte 14.2.1999. Arkiv Bø.

306 Skriv frå Goksøyr 13.4.2000. Mappe 98/011 70. Arkiv 046.2 Boks D 110. Arkiv Porsgrunn.

i den vidaregåande skulen i åra som kom.³⁰⁷ Det var særleg norsk som kom i søkelyset. I 2002 kom det ei ny tilråding til KH-instituttet om å vurdere flytting av norsk grunnfag til Porsgrunn mellombels for tre år. Instituttstyret åtvara på nytt. Her måtte ein ta fleire omsyn. Norsk var viktig for det nyoppretta hovudfaget i kulturstudiet. Å bryte fagkontinuiteten i Bø ville ha uheldige verknader. Trekk tydde på at studenttala kunne vere på veg oppover. Byane hadde også hatt dårleg søknad, og ei flytting til Porsgrunn gav ingen garantiar for større tilstrøyming til studiet.³⁰⁸ Forslaget gjekk vidare til avdelingsstyret vel ein månad seinare. Her la Claus Krag fram eit motforslag som gjekk ut på å følgje utviklinga ved norskstudiet nøye, og eventuelt kome tilbake til spørsmålet om flytting seinare.³⁰⁹ Det vart samrøystes vedteke – og grunnfaget fekk halde fram i Bø. Studiestadane skal opprettaldast, heitte det i årsmeldinga for 2004, men elles skulle særleg Grenland utnyttast som «potensiell marknad».

Svaret frå dei faga som var ramma, var samstundes å presentere nye freistande studietilbod. Den faglege utbygginga av dei økonomisk/administrative faga, med nye studium i reiseliv, internasjonal marknadsføring og informatikk, av miljø- og naturvern, der det vart lagt opp til nytt hovudfag i miljø- og helsevern, av nytt hovudfag i kulturstudiar, og av fleire nye idrettsfag, hadde ein slik bakgrunn, sjølv om dette også var resultat av langsiktig planlegging. Av dei humanistiske faga hadde historie oppretta eit nytt mellomfag i Nordens historie i 1999 som erstatta det gamle mellomfaget i lokalhistorie. Det vart bygt opp med band til historiemiljø i Danmark og Finland. Annakvart år vart det arrangert kurs anten ved Schæffergården ved København i dansk historie, eller Hanaholmen i Helsingfors i finsk historie.³¹⁰ Mellomfagsstudiet i norsk hadde ein liknande samarbeidsavtale med Schæffergården. Engelskstudiet drog fordelar av samarbeidet mellom høgskulane og universitet om Det norske studiesenteret i York, oppretta med midlar frå departementet. Kvart år (frå og med 1985) vart det organisert eit to- eller trevekers kurs ved studiesenteret med opplæring i praktisk språkbruk, og forelesingar om litteratur og samfunnstilhøve i Storbritannia. Engelskstudiet i Bø var involvert i senteret frå slutten av 1970-åra. Thor Sigurd Nilsen var styrar for senteret i 1985-86, Peter Fjågesund i 1996-97 og 2004-2005.

Eit nytt grunnfag i idéhistorie vart etablert i 2003 bygt opp av ei rekkje modular med ulike kronologiske og tematiske fokus som studentane kunne velje mellom.

307 Institutt for kultur og humanistiske fag. Instituttstyret. Møtebok. Møte 28.01.2001. Arkiv Bø.

308 Ibid. Møte 11.09.02.

309 Møtebok. Avdelingsstyret 2000-2003. Møte 02.10. 2002. Arkiv Bø.

310 Schæffergården er eit dansk-norsk kultursentrum som ligg i Gentofte utanfor København, drive av Fondet for dansk-norsk samarbeid. Hanaholmen er eit kultursentrum oppretta i 1975 for samarbeid mellom Sverige og Finland.



Norskstudiet med ekskursjon til Island i 2012. Evy Beate Stykket foreles i Snorrestofa i kyrkja i Reykholt – om kyrkja og Snorre. Arnfinn Áslund, lærar i litteraturdelen ved studiet frå 2011, sit midt på bildet (med gensar).

Studiet vart seinare utbygt slik at det var mulig å ta mellomfag/Ba-fordjuping i det. Målsetjinga med studiet var å forstå «korleis sentrale tankestraumar har utvikla seg frå antikken fram til vår eiga tid, særleg innan det filosofiske, religiøse, kunstneriske, politiske og vitskaplege området.»³¹¹ Hausten 2003 vart det arrangert eit stort symposium som markerte starten for det nye studiet som var det andre i sitt slag i Norge – etter Universitetet i Oslo, der det hadde ei lang historie. Det faglege grunnlaget for samlinga var også det nye trebindsverket *Norsk tro og tanke* som kom ut i 2001. Foredraga ved symposiet vart publisert i ei eiga bok, redigert av Sven Arntzen og Otto Christensen, som stod i spissen for arrangementet. Boka vart pensumbok ved studiet, og var elles tenkt som eit tilskot til debatten omkring «idéhistoriens egenart og kildemateriale».³¹² Dei første åra var idéhistorie-studiet rekrutteringsplattform for hovudfagsstudiet i kulturstudiar.

Eit internasjonalt opplegg var, som alt nemnt, eittårsstudiet i Norsk språk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar som vart oppretta i 1991. Formålet

311 Høgskolen i Telemark. Studiehandbok 2002-2003: 38.

312 Sven Arntzen og Otto M. Christensen (red): *Hvor kommer idéhistorien fra? Tematiske og teoretiske brytninger i idéhistoriefaget*. Kristiansand 2003.

var å gje utanlandske studentar tilstrekkeleg fagleg bakgrunn, særleg i norsk språk, for å studere ved norske høgskular og universitet. Bakgrunnen for studiet var ei aukande utveksling av studentar der mange utanlandske studentar kom til Bø for å studere. Eit opplegg som samla mange utanlandske studentar, særleg frå USA, var halvårsstudiet Scandinavian Studies in Telemark, oppretta ti år seinare (i 2001). Det gjekk på engelsk, som einaste studium i Bø etter at Norwegian Nature and Culture vart lagt ned i 1993, og kravde derfor ikkje norskkunnskapar. Begge desse studieopplegga var eit resultat av internasjonaliseringa ved høgskulen.

Studiet IKT for humanistar, etablert i 2002, hadde som mål å gje studentane ved humanistiske studium ei grunnleggjande innføring i informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Emnet skulle gje både «teoretiske og praktiske kunnskapar for å kunne nytte aktuelle maskin- og programvaretyper i samanheng med fagleg arbeid innan humanistiske fag» og med eit «kritisk perspektiv på IKT i kultur og samfunn».³¹³

Det som vart ei god erstatning for sekkande studenttal, var ulike former for fjernundervisning og desentraliserte deltidsstudiar. Dette var ei verksemd arbeid fram i distriktshøgskule-tida, men som det no vart lagt større vekt på. Det gjekk



Historieseksjonen på kurs i finsk historie på Hanaholmen i Helsingfors i 2005. Her er gruppa fotografert ved Runeberg-statua i Esplanad-parken i Helsingfors. Kursleiar Henry Rask (i lys frakk) står i midten i lag med Anna Tranberg og forfattaren. Nils Ivar Agøy står som nr. 2 frå høgre.

313 Sitert etter Studiehandboka 2002-2003. Avdeling for allmenne fag: 48.

mange kveldsturar med bil til grenlandsområdet der fag ved høgskulen vart tilbydd – særleg dei humanistiske faga. Her kom t.d. norsk inn med eit deltidsopplegg i mellomfaget i 2002 – altså i staden for å flytte heile grunnfaget. Men alle fagmiljøa var involverte i slike deltidsopplegg. Ferdene gjekk også i resten av fylket – til Treungen og Rjukan, der lærarane måtte overnatte (fredag til laurdag), og utanfor fylket (Kongsberg). I Odda vart det utvikla eit deltidstilbod i engelsk grunnfag i 1999 i samarbeid med Stiftinga for høgre utdanning/Folkeuniversitetet i Indre Hardanger. Eit liknande deltidsopplegg vart starta opp i økonomisk/administrative fag i samarbeid med Odda næringsråd.

Den utplasserte undervisninga som vart sett i gang på grunn av fallet i studentsøkinga til Bø, aktualiserte behovet for å gje grenlandsområdet eit meir permanent tilbod. Slik vart det i 2005 starta eit deltidstudium i natur- og miljøvern i Grenland – med obligatoriske samlingar i Bø. Det gjekk over to år, og tilsvara eit eittårig heiltidstudium.

Fagleg utveksling og samarbeid mellom avdelingane i HiT kunne også dra opp studenttalet. Pengar frå Norsk kulturråd i 1995 finansierte samarbeid mellom kulturarbeid i Bø og barnevernspedagogutdanninga i Porsgrunn om prosjektet «Kultur som førebyggjande helsetiltak for barn og ungdom». I 1999 kom «IT i Grenland» i stand i samarbeid mellom Bø-miljøet og avdeling for teknologiske fag (TF).

I denne perioden vart det innleidd samarbeid ikkje berre med norske institusjonar, men også utanlandske. Det mest vellukka og det første store internasjonale prosjektet distriktshøgskulen oppretta,



Frode Lieungh og Hans Øy med kopi av brev Gorbatsjov sende til utanriksminister Bjørn Tore Godal med sterk ros til økonomistudiet som høgskulen dreiv ved universitetet i Novgorod. (Bilde: HiT-nytt 3, 1995)

var samarbeidet med Novgorod statsuniversitet, utvikla i «glasnosttida» under Gorbatsjov, der økonomistudiet i mange år dreiv eit toårig studium i økonomi og administrasjon. Hans Øy leia prosjektet den første tida, seinare Frode Lieungh. Etter 1995 vart prosjektet utvida der det vart lagt større vekt på å utvikle lærarkrefter ved statsuniversitetet, og i hovudsak finansiert av det norske utanriksdepartementet, gjennom Senter for inter-nasjonale universitetsstudier (SIU). Nesten alle fag-tilsette ved instituttet reiste på eit eller anna tidspunkt over for å undervise, og fleire tilsette og studentar frå det russiske universitet kom til Bø for å delta i ulike kurs. Opplegget fekk rosande omtale både frå UD og Norges Forskningsråd.³¹⁴ I 2002 vart Frode Lieungh utnemnt som æresdoktor ved universitetet i Novgorod for sin innsats for studiet. Men samarbeidet kunne nok ha sine problematiske og også utfordrande sider fordi kulturen ved det russiske universitetet var så ulik det ein var vant med i Norge. Det galdt mellom anna eksamens- og sensursystemet. Prosjektet som starta i 1992, vart avslutta i 2006 – etter fire programperioder.³¹⁵

Elles var avdelingane i Bø med i ei rekkje faglege nettverk i EUs utvekslingsprogram ERASMUS, som bilaterale avtalar med University of Surrey (i reiselivsfag og internasjonal marknadsføring), med Universitetet i Caen (økonomi) og Luther College i USA (ulike fagområde) – og i det nordiske NORDPLUS-samarbeidet: Avtalar med Högskulan i Växjö (økonomi-fag), Roskilde Universitetscenter (natur- og miljøvern) og i eit nettverk i idrettsfag saman med 8 institusjonar i Norden.

I 1997 vart det godkjent ny studieplan i Examen philosophicum med påbygging i Examen facultatem. Studiet var eit tilbod til alle som ønskte å byggje opp ein allmennvitskapleg kompetanse og «auke sin allmennkulturelle danning».³¹⁶ Ulikt universiteta var ikkje desse emna obligatoriske som førstesemesterstudium, men var frivillige for dei som ønskte eit allment grunnlag for studium dei tok ved høgskulen. I 2002 vart dette endra for opptak i hovudfag i kulturstudiar.³¹⁷ Elles var eksamen i desse emna godkjende nasjonalt og dei gav fritak for examen philosophicum ved universiteta. Faget som var normert til 5 vektal, var sett saman av filosofihistorie og vitskapsfilosofi med logikk, naturfilosofi, og påbyggingsdel i anvendt miljøetikk. Studiet hadde elles ansvar for eit kurs i vitskapsteori for

314 HiT-nytt nr. 10/95.

315 Namn på studia: NORMANN I og II. Sjå Avdeling for økonomi-, miljø- og idrettsfag. Årsplan 1996. (Arkiv Porsgrunn 95/01995), og pressemelding 23.08.94 om Russlandsseminar. Arkiv Porsgrunn 94/01639. Æresdoktor: sjå HiT-nytt 10.10.2002. Byggjer elles på opplysningar frå Frode Lieungh.

316 Høgskolen i Telemark. Studieplan. Examen philosophicum med påbyggingsdel (Examen facultatem). Godkjent 30. januar, 1997.

317 Høgskolen i Telemark. Studiehandbok 2002-2003. Avdeling for allmenne fag: 47.

natur- og miljøvernstudiet og ved idretts- og friluftsfaga. Det fekk også ansvaret for «environmental philosophy» ved det nye studiet Norwegian Nature and Culture, men som vi snart skal sjå, vart dette eit kortvarig ansvar.

Examen facultatem var eit påbyggingsstudium også normert til fem vekttal. Det var godkjent på nasjonalt nivå og gav dermed fritak for eksamen i emnet ved universiteteta. Liksom examen philosophicum hadde det karakter av eit førebuande studium med formål å gje studentane ei allmenn referanseramme for vidare studiar innanfor ulike fagområde. Emnet var sett saman av to delar: Praktisk filosofi med hovudvekt på etikk, politisk filosofi og rettsfilosofi; og ein del med fagretta emne med tilbod frå tre ulike fagområde, ein miljøfilosofisk variant, ein humaniora-variant og ein lingvistikk-variant.

Norwegian Nature and Culture – som vart stoppa

Sommaren 1992 vart det sett ned eit utval til å greie ut plan om eit nytt tverrfagleg årsstudium eller halvårsstudium som på engelsk fekk namnet «Norwegian Nature and Culture». Idéen kom opphavelig frå styreformann Leif Kristoffersen i Scandinavian Seminar, som var på leiting etter eit studium som tok for seg nordmenns forhold til friluftsliv. Det var påtenkt sidan 1989. I 1992 vart tanken søkt realisert ved distriktshøgskulen i Bø der det faglege grunnlaget dels var naturvernstudiet, og dels dei humanistiske faga og kulturstudiet. Målet med studiet var å skape ei djupare forståing av tilhøvet mellom menneske og naturmiljø. Det skulle tilbydast utanlandske studentar. Det var det første studiet ved høgskulen som fekk engelsk som undervisningsspråk, og det var tenkt å vere ein del av internasjonaliseringsprosessen av utdanningstilbodet ved høgskulen. Planen som var ferdig 1993, skisserte eit halvårsstudium finansiert frå Canada og USA. Olav Hesjedal, som var hovudarkitekt for studiet, rektor Nils Røttingen og instituttleiar Faye Benedict ved naturvernstudiet, reiste til USA invitert av Scandinavian Seminar i Massachusetts og forhandla fram avtale hausten 1993. Høgskuletinget godkjende planen for studiet like før årsskiftet.³¹⁸

Men det drog ut før studiet kunne kome i gang. Det hadde støtte frå dei amerikanske samarbeidspartnarane (University of Massachusetts og Scandinavian Seminar), men møtte motstand i fagmiljø i Bø som meinte at studiet var for ressurskrevjande. Det vart starta først i 1997, både som halvårs-og eittårsstudium, men det kom skeivt ut fordi det byrja utan fast stillingsheimel. Ved oppstart vart det også avgjort at det skulle takast opp til ny evaluering hausten 1997. Ved denne evalueringa vart det i styret avgjort å leggje det ned. Departementets svar på

318 Sjå HiT-nytt nr. 8, 1993.

vedtaket var å be om ny vurdering. Men rektor Dag Kjartan Bjerketvedt stod fast på vedtaket og fekk styret med seg. Studiet vart lagt ned i 1998 – eit stort nederlag for dei som hadde arbeidd studiet fram, særleg Olav Hesjedal.

Frå departement kom det negative reaksjonar på vedtaket. Statsråd Jon Lilletun gav uttrykk for misnøye med måten høgskulen hadde behandla saka på, og han peika på at dei amerikanske samarbeidspartnarane var misnøgde med utviklinga og behandlinga av saka. Men statsråden måtte ta avgjerda til etterretning.³¹⁹Også frå tilsette i Bø kom det protestar. 31 skreiv under på eit protestskriv der det m.a. vart klagt på sakshandsaminga. I ein artikkel i Varden kritiserte Øyvind T. Gulliksen vedtaket og at det vart fatta utan evaluering eller konsekvensvurdering på førehand.³²⁰

Forfattarstudiet – i konflikt og utvikling

Utvidinga av forfattarstudiet til eitt år i 1992 vart innleiinga til ei vanskelegare tid for studiet, og eit temmeleg skarpt motsetningsforhold mellom studiet og dei styrande organa ved høgskulen. I utgangspunktet dreia det seg om ressursar. Alt tidlegare hadde kome klager frå studiet over altfor tronge økonomiske rammor. Sommaren 1989 sende Pål Helge Haugen frå samarbeidsinstitusjonen Den norske Forfattarforening brev til direktør Brenden om at budsjettet til opptaksarbeidet var altfor trengt. Sjølv med ein rimeleg sats for å lese dei tilsende tekstane som følgde med søknadane, måtte mykje gjerast som gratisarbeid for å få alt unna.³²¹ Men det var utvidinga til to-semesterstudium som var starten på mange problem, som munna ut i ei rekkje skarpe utfall frå studiet til avdelinga. Striden utvikla seg særleg etter 1995 – etter overgangen til HiT. Motsetningane hadde som bakgrunn at budsjetta ved høgskulen vart stramma inn dels på grunn av fallet i studentsøkinga, og dels fordi fusjonen skulle gje rasjonaliseringsgevinstar. Dette ramma også forfattarstudiet som måtte tole nedskjeringar. I debatten som dette utløyste, køyrde forfattarstudiet samstundes fram eit krav om særbehov studiet hadde. Det kom fram i ei rekkje notat og skriv frå forfattarforeninga, og frå leiaren ved studiet, Eldrid Lunden.³²² Forfattarstudiet var eit kunstfagleg studium som hadde blitt pressa inn i eit strukturelt uføre ved å bli integrert i eit ikkje-kunstfagleg institutt. Dette hadde gjort det vanskeleg å tildele ressursar naudsynte for å halde oppe den kunstfaglege karakteren ved studiet. Om dette ikkje vart

319 HiT-nytt nr. 5 og nr. 7, 1997, og HiT-nytt nr. 3, 1998. Jf. Møtebok i natur-, helse- og miljøvernag, møte 11.12.1997. Arkiv Bø.

320 Varden 6.1.1998: «Høgskulestyret kjører i revers». Sjå også Varden 15.01.1998.

321 Brev 2.6.1989, til vedlegg 1. Arkiv Bø

322 Ei rekkje brev og notat frå DnF (19.11.95, 6.5.1996, 1.5.1996, 1.4. 1998, frå E.L. 3.3. 1998 - jf brev frå depar-

endra, hevda Lunden, var det vanskeleg å halde studiet i gang. Krava gjekk ut på å få til ei rammetildeling basert på ei vurdering av kva ei kunstfagleg utdanning måtte koste. For å kome ut av famntaket til instituttet, søkte også studiet om å bli ei eiga grunneining eller eige institutt direkte under høgskulestyret.³²³

Etter fleire møte med avdelinga og med departementet fekk studiet ei ekstraløyving i 1997, men i 1998 hadde krisa vendt tilbake. Medan departementet hevda at tilleggsløyvinga frå året før låg inne i 1998-budsjettet, nekta studiet – med støtte frå forfatarforeininga – at dette var tilfelle. Ein grunn til usemja var at studiet drog med seg eit overforbruk frå 1997, som etter gjeldande praksis vart trekt frå ramma for 1998. I samband med arbeidet med revidert budsjett for 1998 foreslo administrasjonen ved avdelinga etter råd frå høgskuledirektøren ei tilleggsløyving på 260 000. Dette ville ikkje avdelingsleiinga følgje opp, men reduserte løyvinga til 200 000. For avdelinga var det viktig å vurdere ressursbruken ved studiet i jamføring med dei andre institutta. Den synta til ein pressa situasjonen med tiltak «som går utover studiekvaliteten for alle studier». Ressursrammene for studentane ved dei ulike institutta synta også store skilnader.

Som allmenn regel: Når alle faggrupper opplever at alt er skore inn til beinet, er dei mest kostnadskrevjande studia særleg utsette når det skal strammast inn ytterlegare.

Institutt/studium	Kr. pr måltal-student ³²⁴
Institutt for økonomi- og adm.fag	14 444
Institutt for natur- og miljøvern fag	23 190
Institutt for informatikk og mat. fag	15 395
Institutt for idretts- og friluftsfag	24 799
Instituttfor hum. fag (eks forfatterstudiet)	21 221
Forfatterstudiet	130 172
Institutt for kulturfag	12 444

Avdelinga drog fram eit anna argument for å forsvare at den hadde vore «tilbakeholdende» med å løyve «fullt ut» i «samsvar med studiets egne krav»: Det hadde blitt svært liten synergieffekt av plasseringa av studiet ved avdelinga – ingen felles undervisning med andre faggrupper til trass for at det ved fag som engelsk og

tementet til DnF 8.7. 1998. Arkiv Bø

323 Skriv frå forfatterstudiet v/Eldrid Lunden 3.3.1998.

324 Internt notat: Vedrørende situasjonen ved forfatterstudiet. 11.5. 1998. Arkiv Bø.

norsk vart undervist i beslekta emne – t.d. litteraturteori.³²⁵

Midt oppe i ressursstriden kring forfattarstudiet, og i tilknytning til denne striden, tok studiet fram den gamle tanken om utviding til to år. Eldrid Lunden sende våren 1998 ein lang søknad med ein gjennomarbeidd plan om utforminga av eit studium på fire semester.³²⁶ Det første året skulle ta vare på dei sentrale fellestrekkane ved det eksisterande årsstudiet, men gje mindre fragmentering og breiare perspektiv, m.a. ved innføring i dei litterære hovudsjangrane. Det andre året skulle fyllast med fagleg fordjuping, tekstproduksjon og prosjektarbeid. Planen la vekt på å utvikle samarbeid, både internt ved høgskulen, her vart det nye hovudfaget i kulturstudiar nemnt, og med andre nasjonale og internasjonale institusjonar på det kunstfaglege området. Dette kunne tolkast som eit svar på kritikk studiet ofte vart møtt med på høgskulen, at det isolerte seg. Men eit sentralt punkt i planen var på den andre sida å realisere målsetjingane om å organisere studiet som ei meir sjølvstendig eining i institusjonen. På den måten kunne ein også få formell godkjenning som kunstfagleg utdanning. Her viste planen til korleis figurteaterutdanninga ved Høgskolen i Østfold vart organisert, innpassa som grunneining direkte under styret, som samstundes viste at «kunstfaglig utdanning generelt er dyrere enn annen utdanning».³²⁷ Planen inneheldt også eit overslag over ressurs- og budsjettbehov der særkrava som kunstfagleg studium var innarbeidde.

Planen tok på denne måten opp dei tre hovudtema som kom til å stå i sentrum i debatten om studiet den næraste tida utover: utviding til toårsstudium, budsjett- og ressurs spørsmålet og spørsmålet om å fristille studiet organisatorisk. Dei tre spørsmåla hang tett saman. Eit vilkår for utviding til to år var å markere den kunstfaglege profilen i faget. Ei slik utviding var eit spørsmål om ei langsiktig utvikling. Det hadde støtte i miljøet i Bø. Hausten 1998 gjekk både institutt- og avdelingsstyret inn for utviding, men då som tiltak utanfor den ordinære budsjetttramma. Instituttet gjekk inn for å godkjenne faget som kunstfagleg studium med ei administrativ ordning som gav innverknad over budsjettfordeling og dei økonomiske rammene. Dersom desse punkta kunne bli avklara, kunne instituttet gå med på å plassere studiet som eiga grunneining under avdelinga eller under høgskulestyret.

Avdelingsstyret fatta eit liknande vedtak. Men det skjerpa formuleringane om ressursbruken. Styret ville ikkje tilrå å utvide til to år dersom noko av kostnadane skulle finansierast innanfor den noverande budsjetttramma til avdelinga. Det gjekk også inn på kostnadsnivået for det nye studiet som var sett opp i søknaden. Det

325 Ibid.

326 «Plan for utviding av forfattarstudiet frå 1-årig til 2-årig studium» 8.4. 1998 Eldrid Lunden. Arkiv Bø.

327 Ibid.

ville gje «meget god studiekvalitet», men fordi andre studium ved HiT sleit med stramme budsjetterammer, burde ein «kunne gjennomføre studiet med noe lavere kostnader og samtidig kunne opprettholde en akseptabel studiekvalitet.»³²⁸

Den siste formuleringa kom etter at HiT-styret hadde bede avdelinga (AF) «foreta en reell vurdering av ressursbehovet» knytt til utvidinga, og samtidig «foreta en prioritering mellom dette og andre faglige tiltak i forbindelse med arbeidet med høgskulens strategiske plan for perioden 2000-2004».³²⁹ Men styret var heller ikkje fornøgd med det nye vedtaket i AF. I ei vurdering frå høgskuledirektøren skreiv han at det var «for lite presist» og at det «må spesifiseres nærmere». Derfor tilrådde han at saka måtte sendast tilbake for vidare behandling, noko styret følgde opp i vedtak 24. juni 1999.³³⁰

Dermed kom ein ny omgang med utgreiingar. Hausten 2001 kom saka tilbake til høgskulestyret som no godkjende planen om toårig studium og som vedtok samstundes å gje det førsteprioritet som tiltak utanfor ramma. Etter kontakt med departementet var signalet at ei utviding av studiet «sitter langt inne», men at høgskulen i og for seg stod fritt til å setje i gang studiet frå 2002.³³¹ Men det følgde ikkje med garantiar om finansiering. Slik vart spørsmålet ståande – og høgskulen fekk aldri slike garantiar. Forfattarstudiet heldt derfor fram som eittårig kurs. Det vart heller ikkje fristilt i avdelinga i Bø. Då Institutt for humanistiske fag og Institutt for kulturfag vart slått saman til IKH våren 1999, følgde forfattarstudiet med inn i det samanslegne instituttet.³³²

Parallelt med denne utviklinga skjedde ei endring i forholdet mellom studiet og forfattarforeininga. Bakgrunnen var konflikt. Hausten 1999 skreiv Eldrid Lunden «Rapport om Forfattarstudiet ved Høgskolen i Telemark – Bø»³³³ Rapporten vart sendt til forfattarforeininga med kopi til Pål Helge Haugen og til avdelinga i Bø. Den hadde to delar. Den eine var ein gjennomgang av alle dei vanskane studiet hadde møtt i siste del av 1990-talet, både ressurs- og organisasjonsmessig. Men den andre delen var eit oppgjær med forfattarforeininga og særleg Pål Helge Haugen, som etter Lundens mening bar eit hovudansvar for utviklinga. Haugens reaksjon var overrasking («lyn frå klår himmel»), og i svar til avdelinga i Bø

328 HiT Møtebøker. Avdeling for allmenne fag. Avdelingsstyret. 5.5. 1999. Arkiv Bø.

329 Styret for HiT. S-sak 11/99 (11.02. 99). Arkiv Porsgrunn.

330 Styret for HiT. S-sak 68/99 (24.06.99) «Utvidelse av forfatterstudiet frå 1- til 2-årig studieum». Arkiv Porsgrunn.

331 «sitter langt inne», ref i brev frå Einar Fagerås til DnF 10.07.00 etter møte med departementet våren 2000. «stod fritt» - ref i notat 01.04.2004 frå EL/KIH «Om forfattarstudiet ved Høgskolen i Telemark. Arkiv Bø.

332 Sjø utskrift frå Møtebok for avdelingsstyret: «Forfattarstudiets organisering ved Høgskolen i Telemark.» AS-sak 78/98 (4. november 1998). Arkiv Bø.

333 Sak 9800328. Datert 14.08. 1999. Arkiv Bø.

trekte han seg som tillitsmann for forfatterforeininga i forfatterstudiet.³³⁴

Dette var bakgrunn for eit møte mellom leiinga ved høgskulen og leiinga ved DNF i desember 1999.³³⁵ Forfatterforeininga sa frå på møtet at den i framtida ikkje ville ha ein samarbeidsavtale som innebar direkte innverknad på fagplanar eller i administrative spørsmål. Men ein ville gjerne bli rådspurd i ulike samanhengar for å ta vare på interessene til studiet, om HiT skulle ønskje det. Men det ville ikkje vere «oppmann» i interne drøftingar om kostnader og studenttal.³³⁶ Med dette gjekk DnF over til å bli ein reint rådgjevande instans for forfatterstudiet.

Korkje den interne konflikten ved høgskulen eller problema som oppstod i forholdet til forfatterforeininga, reduserte det ryet studiet hadde fått i det norske utdanningssystemet. I eit notat frå administrasjonen ved avdelinga i Bø i desember 1999 heitte det at forfatterstudiet truleg var det studiet ved avdelinga, kanskje også i heile høgskulen, «som får mest merksemd i massemedia, radio og aviser». Trass i eit lite miljø er det «med på å gjere HiT og studiestaden Bø kjend over heile landet».³³⁷ Eldrid Lunden, som nok kunne fronte harde åtak på vegner av studiet, spelte også ei sentral fagleg rolle heilt til ho gjekk av for aldersgrensa i 2011. Ho fekk ei rekkje prisar, som nemnt Brageprisen («hedersprisen») i 2000, og i 2007 fekk ho Haldis Moren Vesaas-prisen. I 2004 vart ho æresdoktor ved Universitetet i Gøteborg for den rolla ho hadde hatt for den nordiske samtids poesien. Også studentane gjorde seg gjeldande i den litterære verda. Både i 1998, 1999, 2000, 2002, og 2004 var det studentar herifrå som fekk Tarjei Vesaas kulturpris.

Pressemelding frå Norlis bokhandel 2007: «Årets Haldis Moren Vesaaspris tildeles til en av våre fremste diktere, en lyriker som med stor autoritet og utrettelig engasjement har påvirket vår lesing av poesien». Lunden «har inspirert flere generasjoner lyrikere, og prosaister for den slags skyld, gjennom sitt virke ved forfatterstudiet ved Høgskolen i Telemark» (Nyheter/HiT 08.01. 2008)

NRKs melder Tor Egil Hvervens kritikk av diktsamlinga *Flokken og skuggen* 2005: «Knappt noen forfattere i Norge er bedre enn Eldrid Lunden til å skape overflod av mening med få ord». (04.11.05)

Hanne Ørstaviks roman *Uke 39* er plassert i miljøet rundt forfatterstudiet, der ho sjølv var student i 1993-94.

334 Brev 03.09.1999 til Høgskolen i Telemark (kopi til DNF og Eldrid Lunden). Arkiv Bø.

335 «Møte om samarbeid mellom Den norske forfatterforening og Høgskolen i Telemark», 10. desember 1999. Arkiv Bø. Med på møtet var Leif Håvik og Karsten Alnes frå DnF. Frå HiT: Eldrid Lunden, dekan Eivind Landmark, instituttleiar Peter Fjågesund, instituttkonsulent Steinar Smeland, høgskuledirektør Nils Røttingen, rektor Arvid Gjengedal og underdirektør Einar Fagerås.

336 Ibid.

337 Notat om status for forfatterstudiet» 02.12.1999 v. Steinar Smeland. Arkiv Bø.

Det store omstillingsarbeidet

Dei faglege ambisjonane som vart nedfelte i dei første strategiske planane for HiT på slutten av 1990-talet, som var ei nyordning i planleggingsarbeidet, vart langt sterkare markert på 2000-talet. Det hadde å gjere med nasjonale føringar i utdanningspolitikken, og det kom først til uttrykk ved Kvalitetsreforma som vart gjeldande frå studieåret 2003-2004.³³⁸ Her spelte også internasjonale forhold inn. Ved den såkalla Bologna-prosessen (som hadde namn etter Europas eldste universitet) som starta i 1999, gjekk Norge saman med dei fleste andre europeiske land inn i eit samarbeid mellom universitet og høgskular der målet var å samkøyre utdanningsstrukturen og utvikle samanliknbare akademiske grader for å sikre kvalitet og nivå på utdanninga. Eit anna utgangspunkt for kvalitetsarbeidet var målsetjingar som vart innarbeidde i utviklingsplanar både ved HiT og andre høgskular, om å oppnå universitetsstatus. Alt dette munna ut i den store omstillinga, utvikling av ein ny fagleg struktur (BA, master og doktorgrad), gjennomgang av den faglege porteføljen med sikte både på å utvikle fag som kunne samle studentar, produsere studiepoeng og vere lønsame for høgskulen samtidig som kvaliteten var sikra. For høgskulen, ikkje minst Bø-avdelinga, utløyste dette det største faglege reformarbeidet sidan oppbygginga av dh-skulen på 1970-talet.

Arbeidet starta alt i 2000 då styret vedtok å utarbeide ein omstillingsplan som skulle blinke ut fagområder som eventuelt skulle rasjonaliserast, byggjast ned, leggjast ned eller prioriterast sterkare.³³⁹ Omstillingsplanen vart lagt fram våren 2002. Her låg det mellom anna forslag om å leggje ned årsstudiet i matematikk samt dei 1- og 2-årige studia i bokbransjefag, og redusere dei humanistiske faga. Det var i denne samanhengen det kom forslag om å flytte norsk grunnfag til Porsgrunn. I debatten om planen vart det vedgått at dette på sikt var altfor lite. Med utgangspunkt i eit meir resultatbasert finansieringssystem som departementet

338 St.meld. nr. 27 (2000-2001). Jfr framstillinga om kvalitetsreforma i Yttri 2008: 180ff.

339 Høgskolen i Telemark. Årsrapport for 2000. Boks D 112. Arkiv Porsgrunn.

la fram, vart det hausten 2002 vedteke ein ny budsjettfordelingsmodell ved HiT som medførte nokså store innsparingstiltak. Styret stadfesta samstundes forslaga om å leggje ned bokbransjefag og årsstudiet i matematikk.³⁴⁰

Omstillingsarbeidet omfatta også organisasjonsspørsmål. Eit utval leidd av rektor la hausten 2002 fram ei ny ordning for organisering, styring og leing i høgskulen. Utvalet foreslo å slå saman Institutt for natur-, helse- og miljøvern fag med Institutt for idretts- og friluftsfag. Det gjekk avdelinga og begge dei nemnde institutta skarpt imot,³⁴¹ og fekk gjennomslag. Resultatet av heile debatten om ny instituttstruktur var at avdelinga i Bø sat att med fire institutt: Institutt for natur-, helse- og miljøfag (INHM), Institutt for idrett, kroppsøving og friluftsfag (IFIF), Institutt for kultur- og humanistiske fag (IKH), og Institutt for økonomi og informatikk (IØI). Det siste fekk overført informatikk frå det gamle Institutt for informatikk og matematiske fag, som opphøyrd etter at årstudiet i matematikk vart nedlagt.³⁴² Ei målsetjing frå avdelingas side var å samordne fagmiljø. Ei arbeidsgruppe foreslo også at naturfag på Notodden skulle organiserast frå Bø, og at idretts-, friluftslivs- og kroppsøving fag skulle samorganiserast og samlokalisert ved AF. Men i høgskulestyremøte i november 2002 vart denne tanken lagt død.³⁴³

Nyordninga medførte også at høgskulen frå hausten 2003 gjekk over til einskapleg leing både på institutt og avdelingsnivå. Frå då av fekk avdelinga administrativ leing med tittel dekan, og både dekan og instituttleiaren vart tilsett på åremål (4 år). Alle desse leiarstillingane skulle utlysast både internt og eksternt, men når det gjaldt instituttleiaren hadde det lite for seg – det kom ingen eksterne søkjarar her. Avdelings- og instituttstyra og høgskulerådet vart lagt ned, saman med fleire andre råd og utval i høgskulen. Formålet var å auke effektivisering og målretting i vedtaksprosessen og realisere det som no var det berande styrings- og leiingsprinsippet: Mål- og resultatstyring. Det skjedde med dette ei endring frå forvaltning til fokus på leing. Det innebar at «allmøtekulturen» fekk det endelege dødsstøtet.³⁴⁴ Nedlegginga av avdelingsstyra utløyste intern motstand. Mange var redde for at sterke leiarar ville setje den tradisjonelle medverknaden frå tilsette til sides. Dette vart tilbakevist av eksternt medlem i HiT-styret (Bente Erichsen): Det skulle setjast langt sterkare krav til leiarane – og ingen «moderne» leiar vil oppnå

340 Høgskolen i Telemark. Årsrapport for 2002: s. 9. Boks 34. Saksarkiv AF. (Bø) (Innsparing for budsjettåra 2002 og 2003: 19.5 millionar kroner). Jf. Høgskolen i Telemark. Årsrapport for 2003. Boks D 113. Arkiv Porsgrunn.

341 Avdeling for allmenne fag. Intern notat. Instituttstrukturen. 03.12.02. 02/00/01 41. Arkiv Porsgrunn.

342 Avdeling for allmenne fag. Fastsetting av instituttstrukturen i høgskolen. 07.01.03. 02/00/01 53 Arkiv Porsgrunn.

343 Avdeling for allmenne fag. Instituttstrukturen. 03.12.02. 02/00/01. Arkiv Porsgrunn.

344 Høgskolen i Telemark. Årsrapport for 2002: 9. Boks 34. Saksarkiv AF. Arkiv Bø.

resultat utan å lytte til tilsette og brukarar.³⁴⁵ Hovudpoenget med nyordninga var likevel at dei faglege utviklingsprosjekta skulle drivast fram ovanfrå.

Mål- og resultatstyring som styringsfilosofi kan skissemessig framstillast slik: Stortinget skulle fastsetje overordna mål (samfunnsoppdraget), Utdannings- og forskingsdepartementet skulle fastsetje resultatmål for institusjonane i årlege budsjettforslag pluss årlege tildelingsbrev til dei enkelte institusjonane, og institusjonane skulle fastsetje overordna mål i sine strategiske planar, og resultatkrav for leiarar og driftseiningane i årsplanane. Dette systemet svekka sjølvsgagt handlingsromet til underordna organ, men ei nokså utbreidd delegering gjorde innverknaden nedanfrå noko lettare. Med heimel i Lov om universitet og høgskular vart det lagt nye forvaltningsmessige rammer kring høgskulane som gav dei auka delegert makt frå dei sentrale organa i Oslo.

Mål- og resultatstyring sprang ut av det som er kalla New Public Management knytt til nyliberalistisk ideologi på 1980-talet. Den gjekk ut på at styringsprinsipp frå privat sektor, der marknadstenkinga stod i fokus, med fordel kunne overførast til offentlege sektor for å gjere den meir effektiv og auke kvaliteten på styringssystemet. Denne tenkinga breidde seg til politiske retningar langt frå det nyliberale utgangspunktet,³⁴⁶ og element frå dei nye styringsprinsippa fekk altså plass i utdanningspolitikken i Norge. Det galdt ikkje minst Kvalitetsreforma i 2003.

Det som derimot ikkje fekk gjennomslag, var eit forslag frå det såkalla Ryssdal-utvalet i 2003 om å gjennomføre ei utgreiing av den såkalla «foretaksmodellen», å fristille høgskulane og universiteta frå staten.³⁴⁷ Dette møtte sterk motstand frå ein nesten samla sektor og vart lagt bort. I Bø rykte til og med ordførar Arne Storhaug ut i Bø blad og åtvare mot at forslaga frå Ryssdal-utvalet ville forsere utviklinga mot meir marknadsstyring og sterkare sentralisering som kunne ramme høgskulen i Bø.³⁴⁸

Kvalitetsreforma

Kvalitetsreforma vart avla og boren fram av tre regjeringar, først ved at statsråd for utdanning og forskning i den første regjeringa til Bondevik (1997-2000), Jon Lilletun, sette ned det såkalla Mjøsutvalet (med professor Ole Danbolt Mjøs som leiar). Innstillinga frå utvalet, som kom i 2001, var grunnlag for stortingsmeldinga

345 HiT-nytt 22.11. og 25.11.2002.

346 Snl.no/New_Public_Mangement. (Tore Hansen).

347 NOU 2003: 25.

348 «Høgskolen i Telemark – i dag ei kraft for heile Telemark, men i morgent?», Bø blad 5. februar 2004.

«Gjør din plikt – krev din rett. Kvalitetsreform av høyere utdanning»,³⁴⁹ som statsråd Trond Giske (i regjeringa Stoltenberg 2000-2001) la fram våren 2001, og som vart sett ut i livet under statsråd Kristin Clemet (i Bondeviks andre regjering) same året med verknad frå 2003/2004. Med bakgrunn i kvalitetsreforma fekk høgskulane i 2004 same styringssystem som universiteta. Den slo fast felles gradsstruktur og opna for at høgskulane kunne oppnå universitetsstatus.

Som namnet på reforma tyder på, var kvalitet eit kjerneord. Andre kjerneord var “internasjonalisering” og “relevans”. Det siste gjekk på framtidige behov arbeidsmarknaden hadde for kompetanse. Reforma var slik retta mot den faglege utviklinga, men innførte også endringar i styringssystemet, som vi alt har sett. Den åremålstilsette dekanen som både fekk fagleg og administrativt ansvar på si avdeling, sat i ei direkte styringslinje underordna direktør og rektor. Institutta fekk tilsvarande samla leiing for faglege og administrative spørsmål. Avdelings- og instituttstyra var alt, som vi har sett, nedlagde – saman med fleire andre råd og utval. Heile omlegginga innebar meir makt samla på toppen, og gjorde at demokratiet vart avgjerande svekka i åra utover. Siste steg i denne utviklinga kom i 2011. Hausten 2010 vedtok styret at det skulle gjennomførast ei ekstern evaluering av korleis høgskulen skulle organiserast og styrast. Evalueringsrapporten var bakgrunn for vedtak om overgang frå val av rektor til åremålstilsetting. Dermed vart ordninga med valde leiarar heilt avskaffa. Samstundes vart rektor, frå 2011 Kristian Bogen, den øvste leiaren i høgskulen og den første rektor ved HiT med fast tilsetjing. Det innebar overgang frå delt til einskapleg leiing. Resultatet var ein styringsstruktur som tok meir preg av profesjonelle leiareigenskapar enn av den faglege



Rune Nilsen, professor ved Universitetet i Bergen, var styreleiar ved HiT 2011-2015. I 2016 vart han oppnemnt som styreleiar i den nye samanslegne Høgskolen i Sør-aust-Noreg.

349 St.meld. nr. 27 (2000-2001).

legitimiteten i utøvinga av stillinga som leiar. Samstundes vart det oppretta to viserektorstillinger, ei for utdanning og ei for forskning og utvikling (FoU), for å ta vare på og styre fagutviklinga ved høgskulen. Ved endringa hausten 2011 vart samstundes nemninga «avdeling» skifta ut med nemning «fakultet» – ei endring som signaliserte universitets-målsetjinga. Endringane omfatta også oppnemning av ny styreleiar, Rune Nilsen (professor ved Universitetet i Bergen), og nytt høgskulestyre³⁵⁰ – som under den nye rektoren skulle stake ut den vidare vegen for Høgskolen i Telemark.

Både som styringsfilosofi, sterkare vekt på mål- og resultatstyring, og som fagleg politikk var kvalitetsreforma ei vidareføring av tankane og planane til Hernes – men eit stykke unna den ideologien som rådde ved starten av høgskulen. Men den generelle bakgrunnen for nye utspel om kvalitet var å skape vilkår for å få fram den arbeidssame og effektive heiltidsstudenten. Spesielt for Telemark var at det var eit av fylka med lågast del av befolkninga i høgre utdanning – i 1997 14,7 % mot 19,5 % i landet.³⁵¹ Derfor vart søkelys sett på sterkare effektiviseringstiltak også på det faglege området: fastare studieopplegg, utviding av studieåret (til 10 månadar), nye vurderingsformer med kontinuerleg oppfølging gjennom heile studieåret, og ein ny finansieringsmodell bygt på oppnådde resultat. Alt i 1997 vart det vedteke ein budsjettfordelingsmodell som la meir vekt enn tidlegare på student- og kandidattal og på mål- og resultatstyring. Grunnlaget for tildeling skulle ikkje vere å ha mange studentar og forskingsopplegg, men det faktiske talet på uteksaminerte studentar og realiserte forskingsprosjekt. Som vi har sett, vart denne budsjettfordelingsmodellen skjerpa ytterlegare i 2002. Slik vart rammevilkåra for ressurstildeling i aukande grad resultatsbasert, for det meste avhengig av «produksjon» av ferdige studentar. I 2005 åtvara styret mot ei utvikling det frykta kunne gå for langt, «at en sterk grad av markedsorientering med studentøkning som dominerende faktor, på sikt kunne gi uheldige forskyvninger av studieplasser og ressurser innen universitets- og høgskulesektoren.»³⁵²

Institusjonane vart påførte meir ansvar for å tryggje eiga finansiering, men samtidig blanda ikkje styresmaktene seg inn i den interne organiseringa, i fastlegging av studieprogram og avvikling av fag. Institusjonane fekk både større ansvar og større fridom. I arbeidet innover i HiT vart det lagt vekt på å marknadsføre og brukartilpasse studietilboda. Utviklinga gjekk i retning av

350 Samansetjinga av det nye høgskulestyret: Tre eksterne representantar (i tillegg til R. Nilsen), to representantar for studentgruppa, fem som representerte dei tilsette ved HiT (4 frå undervisningsgruppa, 1 frå den teknisk/administrative gruppa). Rune Nilsen var professor emeritus (UiBergen), og sat som styreleiar i HiT 2011-2015.

351 Strategisk plan for HiT 1996-2000. Ref i møte nr. 8/97 170997.Arkiv Porsgrunn

352 Årsrapport 2005. Boks D 113. Arkiv Porsgrunn.

avvikling av detaljregulering og sterkare intern og ekstern delegering av makt og styring. Det gjekk mellom anna ut på å leggje til rette for den nye gradsstrukturen med ei rekkje nye BA-program,³⁵³ og dessutan arbeide vidare med deltidsstudiar både i og utanfor fylket. Tendensen gjekk elles i retning av at fleire søkte til byane. I årsrapporten for 2004 vart det slått fast at alle studiestadane ved HiT skulle haldast oppe, men som alt nemnt, at ein særleg skulle utnytte Porsgrunn som «potensiell marknad».³⁵⁴

Kvalitetsarbeidet vart lagt under strammare oppsyn gjennom eit kvalitetssikringssystem der dei tilsette vart målt etter ytingar – vekta etter kor mykje dei produserte, kva dei produserte og kvar dei produserte – internasjonalt eller nasjonalt. Frå 2005 kom løyvingar frå departement på grunnlag av publiseringspoeng. Dei vart fanga opp i eit sentralt register som gradvis vart utvikla og gjort meir detaljert, under namnet CRISTin («Current Research Information System in Norway»). I 2003 vart NOKUT, Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga, oppretta for å kontrollere at dei enkelte institusjonane heldt tilfredsstillande fagleg nivå. Dette systemet skulle sikre kvaliteten i utviklinga, men dei kvantitative måla, summen av publiseringspoeng, noko respektlaust kalla «teljekantsystemet», kom i forgrunnen. Debatten og kritikken har seinare gått på at ein ved dette systemet innførte insentivordningar som gjekk ut på å måle og vege berre ein del av det oppdraget vitskapleg tilsette hadde ved institusjonane, nemleg forskning, og ikkje undervisning og formidling, som var dei to andre viktige oppgåvene. No vart undervisninga, i alle fall indirekte, målt gjennom studiepoengproduksjonen, men kritikken gjekk på at kvaliteten i undervisning og formidling i mindre grad vart lagt vekt på ved desse endringane. Ein tilsvarande kritikk kunne reisast mot forskingsdelen der tendensen gjekk i retning av å la kvalitet bli kvantitetsmål. Ordninga var elles ein del av ei internasjonal utvikling der tildeling av basismiddel i stigande grad vart kopla til prestasjonsindikatorar.

Ein av dei som kritiserte utviklinga i akademia i retning av å leggje vekt på «teljekantar» og New Public Management var Ingjald Ørbeck Sørheim. Her frå eit innlegg på møte i Forskerforbundet 7. november 2006 – retta til akademikarane: «Kan dere vinne tilbake en plass på samfunnets hovedscene? For å si det rett ut: Dere har ikke vært altfor synlige i senere år. Dere må få fram folk som kan tale Akademiets sak med slik kraft at folket og makten lytter! (...) Se på ny om tellekantene er svaret på alt. Reflekter over verdien og betydningen av det som ikke kan måles, veies og telles. Er det ikke her Akademiets sjel ligger? (...) Jeg tror tida er kommet for en fundamental kritikk av New Public Management; det pleier å hjelpe når vinden har snudd der ute. (...) *Når en ide er blitt riktig*

353 I 2002 vart ei rekkje studieprogram ved AF omgjort til BA-studium: BA i naturforvaltning, BA i helse- og miljøvern, BA i natur- og miljøvern med GIS, BA i idrett, administrasjon og ledelse, BA i idrett og friluftsliv, BA i natur og friluftsliv, BA i informatikk og informasjon, BA i geoinformatikk, BA i økonomi og administrasjon. Etablering av nye bachelorstudier ved avdeling for allmenne fag. 24.10. 02. 01/00956 41. Arkiv Porsgrunn.

354 Årsrapport 2004. Boks D 113. Arkiv Porsgrunn.



Ingjald Ørbeck Sørheim, som var med på å leggje distriktshøgskulen til Bø i 1970, rykte i 2006 ut med kritikk av New Public Management.

gammel og avfeldig, kommer den til Norge for å dø.»³⁵⁵

Ved gjennomføringa av kvalitetsreforma vart Norgesnett, kongstanken til Hernes, lagt ned. Ein grunn for dette var truleg at den store studenttilstrøyminga til høgre utdanning i perioden 1986 til 1994 sprengde «nettet». Merksemda måtte i desse åra rettast mot etablering av studieplassar.³⁵⁶ I alle fall vart ikkje planen om Norgesnettet følgt opp, og dei studieprogramma som vart peika ut som nasjonale knutepunkt, fekk ikkje tilført ekstra ressursar. I Bø ramma dette naturvernstudiet. Det ramma også forfattarstudiet ved at det vart slutt på øyremerkt kunstfagleg finansiering av studiet frå departementet. Gjennomføring av kvalitetsreforma skjodde elles gjennom tilpassing til trongare økonomiske rammer

– m.a. som følgje av omlegginga av finansieringssystemet.

Ei sentral målsetjing i reformarbeidet var vekt på internasjonalisering. Det låg i mandatet til Mjøs-utvalet, og vart styrka ved Bologna-prosessen der forskningssamarbeid skulle sikrast gjennom utveksling av studentar og lærarar ved universiteta og høgskulane. Gjennom dei såkalla Erasmus- og Sokrates-programma kunne det opprettast bilaterale samarbeidsavtalar. I 1997 hadde avdelinga i Bø til saman 15 slike avtalar, og i tillegg ei rekkje bilaterale avtalar med institusjonar i Norden, Europa, USA og Australia.³⁵⁷ Denne utviklinga vart gradvis utvida på 2000-talet. I 2004 hadde høgskulen samla sett 42 samarbeidsavtalar med utanlandske høgre lærestadar innanfor Socrates-programmet, 18 innanfor Nordplus, ti med dei nye medlemslanda i EU, og 21 bilaterale avtalar i Afrika, Australia, Europa, Kina, Russland og USA.³⁵⁸

Eit resultat av samarbeidet, gjennomført ved Kvalitetsreforma, var altså innføringa i 2003 av ein ny felles gradsstruktur med tre nivå: bachelor (tre år),³⁵⁹

³⁵⁵ Sørheim 2006.

³⁵⁶ Yttri 2008: 181.

³⁵⁷ HIT-nytt nr. 9/97.

³⁵⁸ Kjelde: HiT. Årsrapport 2004. Boks D 113. Arkiv Porsgrunn.

³⁵⁹ Bachelor er den egelskspråklege nemninga for baccalaureus (latin). Språkrådet gjekk mot å bruke den, (ville heller ha nemninga *kandidat*), men vart overkøyrd av regjeringa ved Kristin Clemet. Ordet bryt «klart og provoka-

mastergrad (fem år) og doktorgrad, studieprogram som jamført med den gamle cand.mag.-graden på fire år og hovudfaget på 6 år gav kortare studieløp. Dette er bakgrunn for at det vart stilt spørsmålsteikn ved nemninga «kvalitetsreform» – og at den ofte er blitt omtalt som den «såkalla kvalitetsreforma»,³⁶⁰ eller «kvantitetsreforma», fordi det vart lagt større vekt på produksjon av studiepoeng og tal på forskingsarbeid. Samtidig vart det innført eit nytt karaktersystem med bokstavkarakterar (frå A til E, og F som stryk). NOKUT fekk ansvar for å godkjenne utanlandsk utdanning. Gjennomgangen av studieporteføljen skulle slik innehalde både ei vurdering av dei økonomiske kostnadane og av korleis studieprogramma skulle inngå i gradsstrukturen.

I 2005 vart alle studium ved AF som hadde grunnfag i namnet sitt endra til årsstudium. Frå då av brukte ein nemningane som galdt ved UiOslo: årsstudium, bachelor og master. I staden for mellomfagstillegg skulle nemninga påbyggingsstudium (eller fordjuping) brukast, som ei tilpassing til BA-graden – t.d.: BA i litteratur og språk med fordjuping i engelsk.

Universitet?

Med grunnlag i Kvalitetsreforma vedtok styret i HiT i 2005 ein plan om å oppnå universitetstatus. Bakgrunnen var samankoplinga av universitets- og høgskulesektoren i same lov og regelverk, noko som gjorde grensene mellom dei to meir flytande. I høgskulesystemet skapte dette spenning. Draumen om universitetsstatus vart ei sprengkraft som kom til å endre dei gamle forutsetningane for det regionale høgskulesystemet. Styresmaktene søkte i første omgang å kvele desse ambisjonane. Stortinget vedtok i 2001 klare føringar for utviklinga av høgskulane der hovudprinsippet var arbeidsdeling mellom universitet og høgskule. Men ingenting vart låst fast som hindra høgskulane å utvikle seg mot universitet, og ved endring i 2003 i universitets- og høgskolelova vart det opna for at dei norske høgskulane kunne rekategoriserast som universitet ved å oppfylle visse minimumskrav, mastergradsstudium på minst fem område og doktorgrad på minst fire. Det nye nasjonale organet for akkreditering og kvalitetssikring, NOKUT, spelte her ei sentral rolle. Høgskolen i Rogaland låg i front, og alt hausten 2004 fekk den tildelt universitetsstatus (Universitetet i Stavanger). Dernest kom Agder etter i 2007, og Bodø (Universitetet i Nordland) i 2011.

Som ein av dei første høgskulane opna HiT i 2005 nye gigabytelinjer for kommunikasjon mellom studiestadane og ut mot internett. Dette var eit nytt steg mot universitetsstatus. Høgskulen tok mål av seg til å bli norsk pilotinstitusjon i det såkalla GigaCampus-prosjektet som Kunnskapsdepartementets selskap

torisk med norsk skrive- og uttalemønster» (språkforskar Svein Lie). <http://no.wikipedia.org/wiki/Bachelor>.

360 Sjø Jostein Gripsrud i Morgenbladet nr. 28, 2017: «Det finnes en reform som aldri omtales utan at 'den såkalte' settes foran navnet».



Arne Hatlen opnar det nye Gigabit datanett i 2005. (Foto: Per M. Holtung)

UNINETT skulle bygge opp til kommunikasjonsnett med gigabit-kapasitet mellom universiteta og høgskulane. Satsing på nettet medførte at studie- og fagplanane frå 2006 vart presenterte digitalt. Det var slutt på det som før heitte «studiehandboka». Elles vart IKT i aukande grad integrert i undervisninga og nytta i kommunikasjon med og rettleiing av studentane.

Ved HiT fekk universitetsambisjonane brei plass i Strategisk plan for 2005-2009, som fekk undertittelen «På vei mot universitet». Målet var å få dette på plass innan 2015, anten åleine eller saman med andre. Vilåret var «betydelig ekstern økonomisk støtte». ³⁶¹ Bak forslaget låg ein lang og grundig prosess med utgreiingar, medverknad frå interne miljø i tillegg til dialog med samfunns- og næringsliv i distriktet. Utfordringane ein såg for seg var auka konkurranse, strammare statleg økonomi, skjerpa krav frå nye brukargrupper, meir marknadsorientering og auka internasjonisering. ³⁶²

I strategisk plan vart det skilt mellom «vekstområde», der studenttalet skulle aukast mest, og «spissingsområde» der utdanningane skulle byggjast ut ved å utvide talet på mastergradsstudium, og nokre heilt til doktorgradsnivå. Her vart kulturfag det første fagområdet ved HiT som fekk ein slik plan (ved sida av gassteknologi i Porsgrunn.) Seinare vart økologi det andre fagområdet ved avdelinga i Bø som

³⁶¹ HiT. Strategisk plan for 2005-2009. Arkiv Porsgrunn.

³⁶² Sjå HiT-nytt 28.2. 2005.

fekk doktorgrad som mål. I styret skapte planane stor entusiasme. I 2008 vart det tilsett ein prosjektdirektør (Olav Risholt) som fekk som hovudoppgåve å utvikle høgskulen til universitet, m.a. ved å byggje opp eit universitetsfond. Prorektor Knut Duesund sette fram forslag i 2009 om å framskude planane med to år – frå 2015 til 2013. Dette gjekk eit samla styre inn for – eit vel optimistisk mål sett i ettertid. Målet måtte også revurderast fleire gonger. Behovet for å samarbeide med andre institusjonar for å få dette på plass, kom raskt inn i planlegginga. Men det var ikkje lett å få tak i slike samarbeidspartnarar. Dette vart, som vi skal sjå, ein diskusjon som gjekk saman med samanslåingsprosessen som til slutt enda med «Høgskolen i Sørøst-Noreg» i 2016.

Status i 2011 var ti masterprogram totalt sett ved høgskulen, og her var dei oppsette kriteria for å bli universitet oppfylte. Ved høgskulen i Bø hadde ein, som nemnt, i tillegg under utvikling to doktorgradsprogram, eitt i økologi og eitt i kulturstudium – det siste var til behandling i NOKUT. I Porsgrunn fanst det eit tredje – i gassteknologi. Men dermed mangla det eitt for å bli universitet. Denne mangelen var bakgrunnen for at HiT såg seg rundt etter samarbeidspartnarar som kunne hjelpe til med å oppfylle kravet. Valet fall på Universitetet i Agder.

Drøftingane mellom styra ved dei to institusjonane starta sommaren 2011. Frå det første møtet på Hotell Norge i Lillesand var drøftingane prega av «ulike synspunkter, og mange spørsmål, og ikkje så mange svar», refererte HiT-nytt.³⁶³ Det gav varsel om at prosessen ikkje ville bli lett. Men samarbeidsdrøftingane og arbeidet for universitet som mål viste at det hadde skjedd ei tyngdeforskuving i det faglege utviklingsarbeidet der den «akademiske drift» frå distriktshøgskuletida, som mest var ei kraft som kom nedanfrå, frå fagmiljøa, no i aukande grad vart eit «strategiske utviklingsprosjekt» styrt ovanfrå.³⁶⁴



Arild Hovland, dekan ved avdelinga i Bø frå 2003 til 2012, då han overtok som dekan for avdelinga i Notodden/Rauland.

Den store gjennomgangen

Universitetsmålet fekk konsekvensar for det faglege arbeidet ved HiT. For å oppnå universitetsstatus måtte kompetansen ved institusjonen hevast kraftig. Det stilte krav til forskings- og utviklingsarbeidet

³⁶³ HiT-nytt (digitalt) 26. 5. 2011.

³⁶⁴ Jf. Thue 2017: 289.

og skapte behov for program som kunne heve standarden på lærarane og dei vitskapleg tilsette – auke delen tilsette med førstekompetanse og doktorgrad.

Den faglege utviklinga med universitet som mål måtte også ta omsyn til krav om omstilling og effektivisering som følgje av at konkurransen om studentane vart sterkare og at det nye finansierings-systemet gav strammare rammer – kombinert med strengare krav til resultat. Det innebar at ressursane i stadig sterkare grad vart tildelte og fordelte mellom institusjonane etter omfanget av studiepoengproduksjon og FoU-resultat. Vidare måtte omlegginga følgje opp den nye gradsstrukturen som no vart introdusert ved alle fagprogramma og institutta i Bø. Alt dette ligg som bakgrunn for eit stort arbeid som vart sett i gang hausten 2007 om å gå gjennom heile fagsamansetjinga, eller studieporteføljen, ved høgskulen. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe som skulle administrere dette arbeidet, leidd av prorektor Knut Duesund, med studiedirektør Bjørn Goksøyr som nestleiar, og med representantar frå alle avdelingar – frå Bø: Arild Hovland.³⁶⁵

Initiativet i 2007 munna ut i ei rekkje rapportar som vart lagde fram i 2008, 2009 og 2010, sjølvevalueringar frå dei enkelte institutt, fellesrapportar og ein sluttrapport.³⁶⁶ Ved denne gjennomgangen skulle studieprogram og emne vurderast, og dei som hadde svak søking, låg gjennomstrøyming og dårleg produksjon skulle merkjast ut. Sentralt i denne prosessen var ein økonomisk analyse som skulle vise i kva grad studieprogramma gjekk i pluss eller minus. Det heile skulle munne ut i forslag til framtidig portefølje «med god relevans og høy kvalitet» som sikra «god og stabil rekruttering»³⁶⁷ – og utgjere grunnlag for den nye strategiske planen for 2010-14. Analysen skulle gje ei vurdering med inndeling i tre kategoriar. I den strengaste, der ein ikkje fann grunnlag for vidare drift, var konklusjonen «Nedlegging». Den andre kategorien var «Omstilling er nødvendig». Det innebar alle typer strategiske tiltak for å sikre berekraftige studietilbod, så som endringar i studieplan, rekrutteringstiltak osv. Dersom omstilling ikkje førte fram, måtte det tilrådest at studiet vert lagt ned. Den tredje kategorien heitte «Tiltak er nødvendig». Det innebar å følgje nøye med i rekruttering, økonomi og produksjon, men utan i første omgang å gripe inn med dramatiske tiltak. Vurderingane av plassering i dei ulike kategoriane kvilte på ei samanstilling av fleire faktorar: studenttal, studiepoengproduksjon og økonomisk resultat for studieretninga, basert på eit innvikla reknestykke om forholdet mellom kostnader og inntening for emnet og

365 Gjennomgang av høgskulens studieportefølje 10.12.2007. 07-02063 1. Arkiv Porsgrunn.

366 Gjennomgang av studieporteføljen ved Høgskolen i Telemark – Sluttrapport, datert 10.mai 2010. Arkiv Porsgrunn.

367 Gjennomgang av høgskulens studieportefølje. Notat frå høgskuledirektøren 23.03. 2009 07-02063-30. Arkiv Porsgrunn.

studieprogrammet.³⁶⁸

Planen var at gjennomgangen skulle vere avslutta innan hausten 2008. Men det viste seg at arbeidet var langt meir krevjande enn det ein hadde trudd, og det vart mykje forseinka, mellom anna fordi dei enkelte institutta fekk høve til sjøvevalueringar. Sidan arbeidet var tett knytt til den pågåande utforminga av strategisk plan for 2010-2014, vart det avgjort å leggje opp til ein fleirfasa framdriftsplan, der det i første fase vart lagt fram ein delrapport som styret behandla våren 2009. Fase to var gjennomgangen av delrapporten i avdelingane, og sluttrapporten som vart utarbeidd i 2010 vart kalla fase tre. Som vi skal sjå, fekk den eit etterspel.

Delrapporten valde ut studieprogram for nærare analyse som viste svak økonomi, nedgang i talet på registrerte studentar og sekkande studentpoengproduksjon i perioden 2003-2008, samt plassen dei hadde i gradsstrukturen. Vurderingar av andre forhold som kunne vere viktige, slik som omsynet til eksisterande fagkompetanse, ønska fagprofil eller samfunnsbehov, var ikkje med i denne omgang. Det primære målet med delrapporten var å finne fram studieprogram som skulle vere gjenstand for nærare analyse. For Bø-avdelinga var konklusjonen på gjennomgangen ei førebels innstilling om å leggje ned 3 studieprogram: halvårsstudiet i nordisk historie, studiet Kuratorarbeid – utstilling og formidling, og Geografiske informasjonssystem (GIS). For 19 studieprogram var «omstilling nødvendig» og for 4 «tiltak nødvendig».³⁶⁹

Styret behandla rapporten i mars 2009 og sende den tilbake til avdelingane for at dei skulle gå igjennom den og kome med konkrete forslag til tiltak der dette var etterlyst. Forslaga skulle grunngjevast og ha ei vurdering om forventta effekt. Men, vart det lagt til, i «særskilte tilfelle vil det vere aktuelt å ha studieprogram som til tross for omstilling og ulike tiltak ikkje vil gi et positivt, økonomisk resultat. Mulige begrunnelser for å beholde slike program kan vere hensynet til høgskolens hovedstrategier.»³⁷⁰ Dette gjaldt studiet i geografiske informasjonssystem som fekk ein ny vår ved avdelinga i Bø (sjå nedanfor).

Frå avdelingane kom tilbakemeldingane i slutten av april 2009. Meldinga frå Bø-avdelinga vart sett på papiret av dekan Arild Hovland, men i tett samarbeid med institutta. Det medførte også innspel frå enkeltfaggrupper ved institutta.³⁷¹

368 Gjennomgang av høgskulens studieportefølje. Delrapport. 11.3.2009. 07-02063. Arkiv Porsgrunn.

369 Ibid. Avdelinga hadde til saman 69 studieprogram.

370 Gjennomgang av høgskulens studieportefølje – Fase 2. (01.04.2009) 07-02063-31. Arkiv Porsgrunn.

371 Gjennomgang av høgskulens studieportefølje – Fase 2 – tilbakemelding fra AF (29.04.09) 07-02063-31. Hoveddokument. Arkiv Porsgrunn.

Året etter vart sluttrapporten lagt fram for styret. Det skauv prosessen vidare med fleire oppfylgingsvedtak som alle peika på «problembarnet», Institutt for kultur- og humanistiske fag. Styret gjekk inn for å etablere eit prosjekt ved instituttet som skulle gå gjennom fagopplegget «med sikte på en fremtidig økonomisk berekraftig studieportefølje». Arbeidet vart organisert av ei styringsgruppe og ei prosjektgruppe som la fram ein justert sluttrapport i oktober 2011.³⁷²

Eit trekk ved prosessen var den sterke styringa frå toppen, i starten frå arbeidsgruppa med Duesund som formann, som fekk som oppgåve å leie arbeidet. At toppstyringa vart så tydeleg hadde sjølv sagt samanheng med at alle demokratiske og representative organ ved institutta og avdelingane var nedlagde (i 2003), då målstyring vart det nye leiings- og styringsprinsippet. Men ein føresetnad for prosessen var likevel at fagmiljø og faggrupper ved høgskulen, saman med representantar for fagforeiningane, skulle takast med på råd før studieporteføljesaka gjekk inn i den avgjerande fasen, og samordnast med dei to andre viktige spørsmåla som høgskulen samtidig skulle ta stilling til, universitetsspørsmålet og utarbeidinga av den nye strategiske planen. Frå faggrupper ved avdelinga i Bø kom det protestar og klager over at dette ikkje vart følgt opp. Nils Ivar Agøy (som sat i prosjektgruppa for instituttet, og i tillegg var fagforeiningsrepresentant) kritiserte på dette grunnlag arbeidet til Duesund. Det var «skremmende» at det ikkje vart lagt opp til dialogmøte på institutt-, fagmiljø- eller faggruppenivå. Dei møta som var avvikla hadde mest som formål å «samle informasjon», ikkje dele eller utveksle eller å gå inn i debattar.³⁷³ Også fagforeiningane kom med utspel. Hausten 2009 drog dei seg frå referansegruppa som var oppretta, fordi dei meinte at dei var for svakt involverte i prosessen. Etter klaga frå Agøy vart det sett ned ei ad hoc-gruppe med Duesund som leiari, som skulle utarbeide plan om dialogmøte.³⁷⁴ Men det fungerte framleis ikkje tilfredsstillande for fagforeiningane. I januar 2012 førte eit utspel frå rektor om å avgrense dei rettane tillitsvalde hadde til å delta i møter med leiargruppene i fakulteta til berre å gjelde «saker av spesiell betydning for de tilsatte», til reaksjon frå Norsk Tjenestemannslag. Organisasjonen ville fjerne avgrensinga og gjere møteretten fri.³⁷⁵

372 Gjennomgang av studieporteføljen for Høgskolen i Telemark. Justert sluttrapport. (25.10.2010.) 10-01448-7. Arkiv Porsgrunn. Prosjektgruppa vart leidd av instituttleiar Sven Arntzen, og med medlemmer frå alle faggruppene. Styringsgruppa vart leidd av rektor Dag K. Bjerketvedt, og med dekan Arild Hovland og studiedirektør Bjørn Goksøyr som medlemmer.

373 Udatert brev/notat i brevvexling med Duesund. Gjennom innhaldet i brevvexlinga må dateringa setjast til seint 2009 eller tidleg 2010. (Materialet er utlånt av Agøy).

374 Dei andre medlemene: Olav Risholt, Henning Hanto og Nils Ivar Agøy. Notat frå Agøy 17.12.09. Ibid.

375 Notat «Høring om revisjon av retningslinjer for studentenes og tilsattes innflytelse ved Høgskolen i Telemark»

Vi skal no sjå meir på innhaldet i debatten om og utviklinga av studieporteføljen ved fakultetet – og konsekvensane det hadde for studieprogramma. Her skal vi også ta opp sluttrapporten om kulturfag og dei humanistiske faga, der kritikken mot måten arbeidet vart gjennomført på, var størst.

Studia i økonomi og informatikk (IØI)

Økonomistudiet var alt ved lanseringa av universitetsambisjonen i 2005 plassert som eit fagområde som i aukande grad skulle stå fram som eit fagleg tyngdepunkt, med vekt på FoU og samhandling med regionalt samfunns- og næringsliv, og som viktig grunnlag for universitetsplanane.³⁷⁶ Plassen tiltenkt det økonomisk-administrative studieområdet var elles i pakt med den faglege utviklinga til høgskulen heilt frå starten i 1970.

Fagsamansetjinga omfatta to eittårige studium i informatikk og bedrifts-økonomi, som både var sett opp i Bø og i Porsgunn, eit toårig høgskulekandidatstudium i økonomi og administrasjon, 8 treårige BA-løp



Roy Martin Istad, tilsett ved TDH i 1986, foreles i matematikk for økonomi- og IT-studentar hausten 2016 (dvs etter overgangen til Høgskolen i Sørøst-Noreg).

NTL, Høgskolen i Telemark. 26.01. 12. (Utlånt av Agøy).
376 HiT. Strategisk plan 2005-2009 «På vei til universitet.»

med utskilde fordjupingar i økonomi og administrasjon, revisjon, reiseliv, internasjonal marknadføring, innovasjon og entreprenørkunnskap, informatikk og informasjonssystem, og påbyggingsstudiet i geografiske informasjonssystem (GIS).

I den interne eigenevalueringa såg instituttet ingen grunn til store endringar. Det peikte på eit godt integrert studieprogram samla sett, med emne prega av sambruk på tvers, og arbeid som var i gang med å harmonisere deler av studieporteføljen med tilsvarende utdanningar elles i landet.³⁷⁷ Studieplanen for 3-årsstudiet i økonomi og administrasjon bygde slik på ein tilrådd studieplan frå Nasjonalt råd for økonomisk/administrativ utdanning, og studiet utgjorde basis for dei fleste av studietilboda elles ved instituttet. Fagplanen for studiet i revisjon bygde på ein rammeplan for treårig revisorutdanning godkjent av Kredittilsynet, og dette studiet som ikkje fanst ved mange utdanningsinstitusjonar, vart eit av flaggskipa ved instituttet. Også studiet i eigedomsmekling hadde godkjenning frå Kredittilsynet. Eit anna flaggskip var studiet i internasjonal marknadføring som var eit av dei mest søkte studia ved instituttet.

I den eksterne analysen vart det peika på problem ved studia i informatikk, som burde omstillast. Nedgangen her starta etter 2000, og var særleg eit resultat av overgangen til det nye millenium. Ein defekt i mange dataprogram gjorde at dei ville vise feil etter 1.1. 2000 (som byrja med talet 00). Det skapte i første omgang behov for folk i internettsktoren for å rette feil i program som ikkje ville greie overgangen (jf. den såkalla «Y2k og millennium-feilen»). Resultatet var ein enorm vekst i sektoren. Det førte til oppretting av ei rekkje selskap og større konkurranse for å utvikle opplæring. I tida etter 2000 snudde dette og «Dot com-bobla», som det er kalla, sprakk. Søknaden og talet på studentar til faget gjekk sterkt tilbake. Nedgangen i søkinga til IT-studia sakk med ca. 75 % på landsbasis.³⁷⁸ Den nødvendige omstillinga av studiet i Bø skjedde m.a. ved fusjonen med Institutt for økonomi og administrasjonsfag til Institutt for økonomi og informatikk (IØI). Ei følgje var også at det vart inngått eit formalisert samarbeid med IT-bransjen i Telemark i 2006.

Problem fanst også i opplegget i reiselivsfag der den økonomiske analysen synte negative tal. Det same gjorde BA-studiet i informasjonssystem som også vart innstilt til omstilling, medan påbyggingsstudiet «Geografiske

377 Gjennomgang av høgskulens studieportefølje 2008-2010. Institutt for økonomi og informatikk. Porsgrunn arkiv 07-02063-25. Sjå elles «Studieportefølje. Kommentar til selvevalueringer» ved Arild Hovland 25.november 2006 i same arkiv. Teksten byggjer også på opplysningar frå Hans Martin Rugstad og Helge Kaasin.

378 Framstillinga av 2000-problema byggjer i stor grad på opplysningar frå Tor Lønnestad.

informasjonssystemer» vart innstilt til nedlegging på grunn av fall i studenttalet.³⁷⁹

I gjennomgangen frå avdelinga, som i stor grad vart laga i samarbeid med instituttet, vart det vist til at faggruppene var i gang med det etterlyste omstillingsarbeidet. Det galdt informatikk-studia, der det vart oppretta eit formalisert samarbeid med IT-bransjen i Telemark i 2006. Samarbeidet som tidlegare var oppretta med Universitetet i Agder, vart ført vidare. Det var også etablert kontakt med IKT-miljøet ved avdelinga på Notodden (EFL) for å kartlegge moglege område for samarbeid, og korleis IKT-miljøet i Bø kunne hjelpe til med ny lærarutdanning på ungdomstrinnet. I tillegg til årsstudiet i Bø var det frå 2008/2009, som ei prøveordning, etablert eit årsstudium i informatikk i Porsgrunn.

GIS-miljøet ved høgskulen hadde fått nye utfordringar. I 2005 tok Prevista AS Kongsberg kontakt for å gjennomføre eit samarbeidsprosjekt for å utvikle



Tor Lønnestad, tilsett (frå 1992) ved Institutt for økonomi og IT. Han har eit verv som programkoordinator for BA-studia i IT og informasjonssystem. Spesialområdet hans er programmering og bildebehandling.

og dokumentere produksjonsprosessar innan GIS og fjernmåling for å oppnå meir effektiv produksjon. Verksemda valde HiT på grunn av spisskompetanse på området, og knytte til seg Jostein Sageie (prosjektleder), Kjell Kjenstad, Tor Lønnestad, Bjørn Kristoffersen og Arne Hjeltnes.³⁸⁰ GIS-studiet var, som vi har sett, også eit tilbod til studentar ved naturvernstudiet, og søkinga til studiet frå naturvernstudentar gjekk også gradvis opp, mellom anna på grunn av god jobbmarknad for studentar med slik fagbakgrunn. Dette var ein grunn til at studiet ikkje berre fekk leve vidare, men vart ein viktig del av det totale fagtilbodet ved avdelinga i Bø.³⁸¹

For reiselivsfacet var det eit problem at tilboda i Norge hadde auka mykje og skapt eit misforhold mellom talet på ferdige kandidatar og dei jobbane som fanst. For utdanninga i Bø hadde særleg konkurransen med eit nytt reiselivsstudium ved Høgskolen i Buskerud gjort det vanskelegare å rekruttere studentar. Ei omstilling måtte likevel ta omsyn til at studiet var viktig for eit masterstudium i

379 Gjennomgang studieporteføljen for Høgskolen i Telemark. (11.03.2009) Digitalarkiv Porsgrunn 07-02063. Hoveddokument

380 HiT-nett 2.12.05.

381 Hans Martin Rugstad til forfatternen: Det var naturvernstudiet som redda GIS-studiet.

«opplevelseøkonomi» som var under planlegging ved instituttet. Det skulle vere eit tverrfagleg studium relevant for alle institutt ved AF. I 2008 vart søknad sendt til NOKUT om godkjenning. Det vart godkjent – men var avhengig av tilsetting av professor i faget før oppstarting, som avdelinga sjølv måtte finansiere. Derfor vart det utsett. Hausten 2011 gjekk avdelinga inn for å prioritere professorstillinga på tredjeplass. Men det kom aldri vidare.³⁸²

Eit anna moment som gjorde at reiselivsstudiet burde halde fram, var internasjonaliseringa og samarbeidet med Gateway College, som hadde auka i omfang – mellom anna med ansvar for reiselivsutdanning i Mexico og på Bali – og planar om å satse på økoturisme.³⁸³ Det siste var eit fagtilbod sett i gang frå 2008/2009 i samarbeid med Institutt for natur-, helse- og miljøvern, finansiert som eit prosjekt mellom avdelinga og Bishkek Academy of Finance and Economics (BAFE) i Kirgisistan. Det førte mellom anna til at studentar og tilsette frå universitetet i hovudstaden reiste til Bø for å ta emne i økonomi, økologi og reiseliv.³⁸⁴ Instituttet var også med i eit nettverkssamarbeid om ein nordisk BA-grad saman med institusjonar i Danmark, Sverige, Finland, Estland og Island. Nordic Baltic Perspective on Marketing vart oppretta i 2007, og prosjektet gjekk ut på at studentane jobba individuelt, for så å kome saman for å drøfte opplegga.

Samla sett kom IØI stort sett positivt ut av gjennomgangen av det faglege programmet, men med unntak av studiet i informatikk. Negativt var det også at BA-studiet i reiseliv synte sekkande tendens, men det vart vurdert som ein viktig del av totaltilbodet til instituttet.

Studia i idrett, kroppsøving og friluftsfag (IFIF)

Det vart ikkje plukka ut studieprogram frå dette instituttet for nærare analyse i fase 1, og det kom derfor heller ikkje noko tilbakemelding til denne studieportefølgjennomgangen. Men instituttet gjekk likevel gjennom studieporteføljen hausten 2008, og fann den stort sett tilfredsstillande. Studieopplegget var velfungerande både når det galdt søkjartal og produksjon av studiepoeng.³⁸⁵ Studia ved instituttet, i idretts-, kroppsøvings- og friluftsfag, var også av dei mest populære fagområda ved høgskulen. Dei greidde å halde oppe søkjartala i periodar då andre fagmiljø måtte tole nedgang. I Strategisk plan 2005-2009 vart det sett på som eit

382 Det var oppretta studieopplegg i «Opplevelsesøkonomi» m.a. ved Handelshøyskolen BI, Høgskolen i Lillehammer og Universitetet i Nordland. Men i Bø vart tilsvarande studieopplegg lagt «på is».

383 Gjennomgang av høgskulens studieportefølje. Fase 2 – tilbakemelding fra AF (29.04. 2009). Digitalarkiv Prosj. grunn 07-02063-31. Hoveddokument.

384 HiT-nett 27.10. 2007.

385 Gjennomgang av høgskulens studieportefølje. Institutt for idretts- og friluftsfag. (3. oktober 2008). Digitalarkiv Prosj. grunn 07-02063-15.

«vekstområde», dvs eit område der ein forventar fleire studentar, ei målsetjing som stort sett slo til i utviklinga av studieprogramma i åra framover.

I gjennomføringa av den nye gradsstrukturen vart det, som ved dei andre fagområda ved avdelinga, bygt opp nye bachelor-utdanningar. Dei kvilte på tre søyler, fagområde som var utvikla gjennom fleire år: friluftsliv, idrettsadministrasjon og trenarstudiet. Alle desse søylene vart i 2008 samla i «Bachelorstudium i idrettsfag» – som då vart utforma med fleire variantar: fordjuping i administrasjon og leiing, studieretninga «Friluftsliv, kultur- og naturveiledning» og «Idrettsfaglig spesialisering», og dessutan vart det tilbode eit «Idrett årsstudium», som også kunne byggjast inn i BA-programmet.³⁸⁶

BA-studia som instituttet bygde opp, vart i sin tur grunnlag for eit masterstudium i idretts- og friluftsfag. Som nemnt tidlegare vart det oppretta eit hovudfag i idrett i 1994 i samarbeid med Norges Idrettshøgskole, som var godkjennande institusjon.



Friluftsstudiet vart bygt opp i samarbeid med institusjonar i Norden – og vart eit av dei mest populære studia ved høgskulen. Her frå ei vinterutflukt.

³⁸⁶ Gjennomgang av høgskulens studieportefølje. Institutt for idretts- og friluftsfag. 1.oktober 2008. Digitalarkiv Porsgrunn 07-02063-15.

I 2003 fekk HiT akkreditering til å tilby eige hovudfag, som då med ny nemning vart mastergradsstudium i «Kroppsoving, idrett og friluftsfag». Året før vart det oppretta eit trenarstudium med ulike fordjupingsretningar, og frå 2003 kunne studiet tilby eit nytt idrettsfysiologisk testlaboratorium der ein kunne teste styrke, evna til å halde ut (maksimalt oksygenopptak), spenst og hurtigheit. Laboratoriet var ikkje berre til for eigne studentar, men også basert på kommersiell drift – m.a. fotballspelarar frå Odd.³⁸⁷

Instituttet utvikla også eit engelskspråkleg tilbod til utanlandske studentar: Outdoor Life, Culture and Ecophilosophy. Dette studiet gjekk ikkje inn i nokon gradsstruktur, og det produserte heller få studiepoeng. Men i gjennomgangen hausten 2008 innstilte instituttet på å halde det i gang fordi det var viktig for internasjonaliseringsarbeidet, og var med på å vidareutvikle den sentrale rolla instituttet spelte i friluftstudninga i Norge.

Ein annan del både av internasjonalisering og friluftstudning var studiet «Nordisk Friluftsliv» som var eit samarbeidstiltak mellom institusjonar i Norge, Sverige, Danmark og Island, regulert gjennom ein avtale som vart revidert årleg. Ideen om eit slikt studium vart lansert av Annette Bischoff i 1994, og det vart bygt opp med midlar frå Nordisk Ministerråd i eit nettverk mellom dei deltakande institusjonane. Frå 2003 vart det plassert i Bø, med Bischoff som koordineringsansvarleg. Studiet rekrutterte mange studentar frå nordiske land, særleg frå Danmark – færrast frå Norge. Frå 2007 vart det administrert av Syddansk Universitet i Odense. I oppbyggingsperioden fram til 2007 vart studiet eksternt finansiert gjennom Nordplus. Frå 2008 måtte studiet stå på eigne bein. Det medførte utgifter, men ikkje store sidan studiet administrativt sett låg under det danske universitetet.³⁸⁸

Instituttet tok sjølv opp spørsmål om å byggje ut ei fjerde søyle, eit meir skuleretta tilbod i kroppsoving. Det ville medføre samarbeid med lærarutdanninga på Notodden. Planen i Bø var å kople eit nytt tilbod i kroppsoving til kroppsovingsseksjonen på Notodden. Det kunne gje faget stordriftsfordelar og komplettere utdanningstilbodet, men det forutsette samlokalisering. Ei slik endring ville, meinte instituttet, styrke høgskulen i konkurransesituasjonen det stod i på fagområdet, og gjere det lettare å utnytte den felles kompetansen i dei to miljøa. Men slike forslag om samlokalisering skapte ikkje gode stemningar mellom Bø og Notodden. I sin kommentar til dette skreiv dekan ved AF, Arild Hovland, at sjølv om dei faglege argumenta var sterke «fra vårt ståsted» i Bø, er

387 Sjå Bø blad 29.1. 2003

388 Som note 386. Opplysningar frå Bischoff.

han kjend med «at det framsettes vel så sterke» argument frå EFL si side mot ei slik tilnærming. Spørsmålet om samlokalisering vart elles «diskutert kraftig» for 5-6 år sidan, utan å lukkast – «og med tilleggsresultat sterke negative følelser i begge miljøer, og fra deres ståsted sett» like velgrunna argument frå EFL.³⁸⁹

Instituttet la også fram planar om eit nytt studietilbod i golf. Bakgrunnen var ein kontakt Norges Golf forbund tok i 2001 om å gjennomføre forskingsprosjekt knytta til anlegg, organisering, drift og utdanning. Grunngevinga var den store interessa for denne idretten. Kontakten resulterte i ein avtale om hovudfagsoppgåve-prosjekt leidd av Jan Ove Tangen, som ville at HiT skulle vere den første høgskulen med golf på timeplanen. Våren 2003 vart det arbeidd fram ein sponsoravtale med Norsjø Golfpark der høgskulen skulle betale 17 500 kr. i året for å få namnet sitt ved hol nr. 16. Sponsoravtalen var toårig; studentane fekk spele billigare og to lærarar gratis, alt saman betalt av overskot frå prosjekt ved studiet.³⁹⁰ Ved det nye idrettsanlegget i Gullbring vart det lagt til rette for golf – med ferdigstilling av «driving range», «putting green» og «innspillingsgreen» og seinare med ei 6-holsbane. Det vart også utarbeidd planar om å utdanne golftrenarar – m.a. med bruk av ekspertise frå England. Men planane vart aldri realiserte – korkje valfaget eller trenarutdanninga. Det var fleire som var på denne marknaden, både idrettshøgskolen i Oslo og Høgskolen i Hedmark. Det var den siste som drog av med sigeren i 2006.³⁹¹

I 2009 vart det oppretta eit «Senter for volleyball» i samarbeid med Norsk Volleyballforbund. Det



Idrettsstudiet oppretta i 2009 eit senter for volleyball i samarbeid med Norsk Volleyballforbund – etter at planane om eit golfstudium måtte skrinleggjast.

389 Studieportefølje. Kommentar til selvevaluering-er. Arild Hovland (15.12.2008). Digitalarkiv Porsgrunn 07-02063-25. Hoveddokument.

390 Varden 23.4. 2003.

391 Framstillinga av idrettstudiet bygger i stor grad på opplysningar frå Bischof og Tangen.

var første gang denne idretten fekk eit slikt tilbod på høgskule- og universitetsnivå. HiT hadde frå før stor kompetanse innan volleyball og sandvolleyball. Fleire gongar hadde instituttet arrangert samlingar for toppspelarar og toptrenarar i Bø for trenarutdanning.³⁹² På idrettsanlegget i Gullbring vart det også bygt fire sandvolleybaner, i tillegg til tre innandørs baner i idrettshallen. Eit opprustingstiltak for studiet var også bygging av eit nytt testlaboratorium i 2008 i underetasjen, «klossen», nordvest i høgskulebygget.

Hausten 2016 kasta Jan Ove Tangen inn ein «brannfakkell» i debatten om doping: «Toppidretten befinner seg i gråsonen til forbudte områder. Den prøver ut alle muligheter, både lovlige og ulovlige, for å prestere best mulig. Derfor mener jeg det er på tide at vi skal tillate doping og legalisere doping med forbehold om at idrettsutøvere som bruker doping blir fulgt opp av medisinsk personell».³⁹³

Studia i natur-, helse- og miljøvern fag (INHM)

Naturvern-studiet hadde heilt frå etableringa av studieretninga i 1972 vore viktig for profileringa av institusjonen i høgskulesystemet. Sjølv om namn og emnetilbod endra seg gjennom 1980- og 1990-talet, hadde kjernområda heile tida vore natur, helse og miljø. Dette heldt fram med å vere grunnstrukturen i studiet også på 2000-talet.

Viktig for utviklinga av studiet var som tidlegare nemnt, tildeling av knutepunktfunksjon i 1994 – i ein prosess som starta ved reformarbeidet Hernes sette i gang i 1991 og som blinka ut fagfeltet natur-og miljøvern, etter kvart også helsevern, ved høgskulen som eit nasjonalt knutepunkt.³⁹⁴ Denne tildelinga hadde konsekvensar både for utviklinga av undervisningstilbodet og av fag- og forskingsutviklinga ved instituttet. Ved overgang til HiT i 1994 vart studiet utvida til fire år ved at det vart oppretta eit toårig påbyggingsstudium i natur- og miljøvern fag på toppen av det toårige basistudiet. Som lekk i opprusting av studiet fekk det i 1996 tildelt to nye professorat. Eit tredje professorat kom ved at ei dosentstilling studiet alt hadde, vart gjort om til professorstilling.

I utviklinga av studiet vart det i 1996 gjennomført ei arbeidsdeling ved at Høgskulen i Sogn og Fjordane skulle leggje vekt på bruk og forvaltning av

³⁹² HiT-nett 15.11.2009.

³⁹³ <https://www.tv.2.no>

³⁹⁴ Knutepunktet ved natur- og miljøvern faga var eitt av tre tildelt HiT. Dei to andre var sivilingeniørutdanninga i prosesseteknikk, prosessautomatisering og industrielle miljøteknologi i Porsgrunn; og i forming og folkekultur på Notodden.

naturressursar i fjord- og kyststrok, medan HiT skulle konsentrere seg meir om dei generelle knutepunktfunksjonane (miljøvern og miljøkunnskap). Samstundes vart det lagt meir vekt på i sterkare grad å knyte forskingsoppgåver til dei faglege knutepunkta.³⁹⁵ I 2000 vart den faglege utviklinga ved instituttet, som vi har sett, vidareført ved oppretting av hovudfag i helse- og miljøvern. Ein nedgang i studenttal på slutten av 1990-talet, førte samstundes til at nokre studietilbod vart lagt ned, m.a. det eittårige studiet i miljøkunnskap.

Etter 2005 vart heile studieområdet ved instituttet omarbeidd og reorganisert – som tilpassing til den nye gradsstrukturen og universitetsplanane. Det omfatta nye bachelor-studium, frå 2007 organisert i to: «Økologi og naturressursar» og «Forurensing og miljø». Det gamle årsstudiet i natur og friluftsliv gjekk inn som første året i begge. Det vart også oppretta eit BA-studium i «Natur og Friluftsliv» i samarbeid med Institutt for idrett og friluftsliv. BA-studia leidde fram til masterstudiet i «Natur-, helse- og miljøvern», som bygde vidare på det gamle hovudfaget i miljø- og helsevern. Det var i starten tredelt, eitt ordinært løp, eitt tilrettelagt for lærarar, og eitt tilrettelagt for bioingeniørar. Det siste var avhengig av eksterne lærarkrefter som det vart vanskeleg å få tak i, og studiet var også relativt dyrt å drive. Derfor vart dette studietilbodet trappa ned og avvikla som tilbod.³⁹⁶

Ved sida av BA- og masterstudia bygde instituttet frå 2007 opp års- og semesterstudia «Alpine Ecology and Environmental Management», som var tilbod til internasjonale og norske studentar og var ein del av satsinga på og synleggjeringa av internasjonaliseringa ved HiT. Studieprogrammet var ikkje ein del av gradsstrukturen, men fleire av emna gjekk inn i BA- og masterutdanninga, og gjorde på den måten undervisningsopplegget meir kostnadssparande. Gjennomgangen av studieporteføljen som vart lagt fram i 2008 som sjøvevaluering, melde om «tiltak» både ved dette studiet og elles ved BA- og masterutdanninga med sikte på å auke rekrutteringa av studentar og arbeide for betre gjennomstrøyming – «eventuelt også andre kostnadsbesparende tiltak.»³⁹⁷ Opplegg i økoturisme var, som vi har sett, eit samarbeidstiltak saman med økonomi-instituttet, og det vart ein del av BA-studiet i «Økologi og naturressursar».

I sjøvevalueringa viste instituttet at det arbeidde kontinuerleg med å styrke samordninga mellom studieprogramma – og auke samarbeidet med andre institusjonar. Det jamførte tilboda i Bø med dei som fanst ved andre

395 Sjå «FoU-politikk for de statlige høyskulene», skriv frå KUF 24.05 1999. Brev utlånt av Dag K. Bjerketvedt.

396 Gjennomgang av høyskolens studieportefølje. Fase 2 – tilbakemelding frå AF. Institutt for natur, helse og miljøvern. Digitalarkiv Porsgrunn 29.04. 2009 07-02063-31, sjå også arkiv 10-01448-3.

397 Ibid.

utdanningsinstusjonar. I Norge galdt det Universitetet for miljø- og biovitskap på Ås, og universiteta i Oslo, Bergen, Trondheim og Agder, og i jamføringa vart det lagt vekt på å vise at opplegget i Bø hadde særpreg og kompetanse som ikkje fanst ved andre studium. Det galdt årseininga i «Alpine Ecology», undervist på engelsk, som tilbaud emne som også var relevante for norske studentar og den nære regionen, og det galdt BA-studiet i økologi og naturressursar som hadde eit meir tverrfagleg fokus enn dei andre opplegga. Instituttet gjekk inn for å leggje ned deltidsstudiet i natur-, helse- og miljøvern, som hadde vore eit tilbod i grenlandsregionen, og det eittårige påbyggingsstudiet i helse-og miljøvern for helsepersonell, men desse studia hadde ikkje blitt marknadsførte dei siste åra. I sjølvevalueringa 2006 fann derfor instituttet ingen sterke grunnar til å omarbeide studieprogramma.³⁹⁸

I gjennomgangen av studieporteføljen som høgskulen la fram våren 2009, vart det heller ikkje stilt framlegg om å leggje ned andre studieprogram ved instituttet. Studenttilgangen var stort sett bra, med eit visst unntak for mastergradsstudia i miljø-, helse- og miljøvern. Men desse bygde opp under det planlagde doktorgradsstudiet i økologi, og det var ein grunnleggjande premiss for universitetssatsinga at studium som var bakgrunn for doktorgradsstudia måtte vernast. Samla sett syntte likevel den økonomiske analysen negative tal. Studia var dyre å drive. Derfor innstilte delrapporten på innsporingstiltak.³⁹⁹

Det nye doktorgradsstudiet (PhD) i økologi

Når naturvernstudiet vart valt ut som studieområde for utvikling av eitt av dei to PhD-studia ved høgskulen i Bø, var det eit resultat både av den stillinga miljø- og naturvern hadde fått i politikk og samfunnsdebatt, og ei vurdering av den faglege utviklinga og kvaliteten ved studiet, der fleire av dei tilsette hadde første- og professorkompetanse og stor forskingsproduksjon. I starten tenkte ein å kalle doktorprogrammet «Miljø og genetisk mangfold». Fleire av professorane brukte genetikk som metode – som Jan Heggenes (populasjonsgenetikk) og Olaf Rosef (mikrobiologi). Det galdt i særleg grad Elin Kure som tidlegare hadde jobba ved Sykehuset i Telemark der ho hadde hatt hovudansvaret for å byggje opp genetikk-laboratoriet. Kompetansen ho hadde, gjorde at instituttet i Bø kunne byggje opp eit velfungerande genetisk laboratorium. Instituttet oppretta også eit samarbeid med sjukehuset om eit masterprogram tilrettelagt for bioingeniørar, og for to

398 Gjennomgang av høgskulens stuidieportefølje, sept. 2008. Digitalarkiv Porsgrunn 07-02063 – 15. Vedlegg 7.

399 Gjennomgang studieporteføljen for Høgskolen i Telemark. Delrapport (11.03.2009) Digitalarkiv Porsgrunn 07-02063 Hoveddokument.



Doktorprogrammet i økologi vart utvikla i perioden 2007 – 2009. Eit for sterkt fokus på genetikkk gjorde at den første søknaden måtte reviderast i retning av eit breiare fleirfagleg/ tverrfagleg program, der genetikkk var verktøy for økologiske problemstillingar. Bildet viser studieleiar Tone Jøran Oredalen saman med Mona Sæbø, som var ein sentral person i forskargruppa bak doktorprogrammet. (Foto: Per Holtung)

stipendiatar som skulle uteksaminerast ved Ullevål sjukehus i regi av Universitetet i Oslo. Den eine av stipendiatane, Mona Sæbø, heldt etter disputasen i 2008 fram med å utvikle laboratoriet ved instituttet.

Etter at den første søknaden om doktorprogrammet var oppe i styret, vart det avgjort at det skulle kallast «Økologi» for betre å utnytte den tverrfaglege tradisjonen innan og på tvers av fagområda natur-, helse- og miljøvern, og på den måten gje programmet ei breiare tilnærming til ulike økologiske problemstillingar. Dette vart sett opp av ei forskingsgruppe som fekk eit særleg ansvar for å utforme ein forskingsstrategi med tanke på doktorprogrammet. Resultatet var innretting til to sider: terrestrisk (knytt til «land» og «jord») økologi og akvatisk (knytt til «vatn») økologi. I Bø hadde det særleg vore satsa på akvatisk økologi. Det skjedde gjennom eit internasjonalt forskingsprosjekt som tok for seg problemstillingar knytt til nedbør i jord og vatn. Ferskvassøkologi bygde på limnologi som vart oppretta som årsstudium ved instituttet alt i 2001.⁴⁰⁰

⁴⁰⁰ Opplysningane om oppbygginga av doktorgradsstudiet i økologi byggjer i stor grad på opplysningar frå Mona

Eit anna samarbeidsprosjekt vart oppretta saman med Norges Veterinærhøgskole og kreftsenteret på Ullevål sjukehus, der ein studerte genetisk respons på spesifikk miljøpåverknad på fisk. Ifølgje instituttets eigen vurdering stod dette prosjektet «helt i fronten av internasjonal økologisk forskning».⁴⁰¹Liksom dei andre studia ved instituttet hadde det eit sterkt innslag av laboratorie- og feltaktivitetar, der det vart lagt vekt på å gjere studentane kjende med både vitenskaplege og praktisk retta metodar.

Arbeidet med doktorprogrammet i økologi var slik godt førebudd då søknaden om akkreditering av studiet vart sendt til NOKUT våren 2009. Her vart akvatisk og terrestrisk økologi sett opp som hovudfokus, men også miljø og helse skulle ha ein naturleg plass. Studiet vart akkreditert alt året etter, i 2010. Same året sende styret etter tilråding frå høgskuledirektøren søknad til departementet om etablering av studiet. Det vart sett i gang i 2011. Samarbeidet med Agder om mastergradsstudiet i ferskvass- og marin økologi som vart godkjent i 2013, fall bort i 2017 då institusjonelt samarbeid var uaktuelt. (Sjå seinare om FoU-verksemda ved instituttet).

Studia i kultur- og humanistiske fag (IKH)

IKH var både problembarn og flaggskip. Det var problembarn fordi fleire av studieprogramma hadde dårleg søking, hadde låg studiepoengproduksjon og gjekk økonomisk sett i minus. Det var slike negative trekk som kom i forgrunnen ved gjennomgangen av studieporteføljen frå 2007-2010. Det gjorde at det ofte kom beiske kommentarar frå institutt som rekrutterte godt, at dei «drog lasset» for humanistane, og press for å redusere stillingsressursar. På den andre sida hadde instituttet svært aktive forskingsmiljø og stod for ein stor del av den samla FoU-produksjon ved HiT, ein heilt sentral kvalitet når høgskulen skulle oppgraderast til universitet. I 2004 talde fagtilsette ved faga engelsk, historie og norsk noko under 5 % av dei vitenskaplege tilsette ved HiT, men stod i åra 1998-2004 for ca. 20% av høgskulens samla FoU-produksjon.⁴⁰² Fagsamansetjinga ved instituttet stod også sentralt i høgskulens strategiske mål om å bli universitet.

Eit anna problem var at IKH stod overfor eit generasjonsskifte. I 2007 sende «De unges Forbund» (Nils Ivar Agøy, Peter Fjågesund og Sture Kvarv) på oppfordring ein rapport om stoda og framtidig utvikling ved instituttet, der dei peikte nettopp på dette. Av dei 32 faglege tilsette ved instituttet var 14 over 60 år, og dei som stod for tur for å gå for aldersgrensa var mellom dei mest

Sæbø.

401 FoU-strategi og doktorgradssatsing ved INHM. Digitalarkiv Porsgrunn 07-02063-31. Vedlegg 1.

402 Data frå Forskpub, opplyst i Søknad om akkreditering av doktorgradsprogram i kulturstudier, 2006.

kvalifiserte. Den tronge økonomien og problema med å vere avhengig av studiepoengproduksjonen, kunne freiste til kortsiktige løysingar og undergrave dei meir langsiktige strategiske planane. Her var universitetssettinga viktig. Basisutdanningane i tradisjonelle universitetsfag som instituttet hadde utvikla, måtte derfor sikrast gjennom ei minimumsbemanning, meinte gruppa. I tillegg gjekk den inn for å opprette ein «mer logisk og hensiktsmessig faggruppestruktur» som kunne sikre det felles «eierskapet» til masterstudiet. Det skulle skje ved å opprette tre større faggrupper, i «Språk og litteratur», «Kulturfag» og «Historiske fag», og la representantar for desse utgjere ei gruppe som styrte

Varden 23.3.1999 NAVN OG DAG 11



STOLTE. Staben er godt fornøyd med undersøkelsen, (f.v.) førsteamanuensis Petter Hågesund, høyskolelektor Stein Bekke, høyskolelektor Inger-Anne Sefting, amanuensis Per Kristian Halle, førsteamanuensis Øyvind Tvetereid Gulliksen og førsteamanuensis Thor Sigurd Nilsen. Foto: Jon Arne Bergset

Norges beste engelsk-studium

Høgskolen i Telemark, avdeling Bø, har det beste engelskstudiet i landet. Her er det mange gode lærere og et godt studie- og arbeidsmiljø. Det har vært en suksess med å samarbeide med andre høyskoler og universiteter i Norge og i utlandet. Det har vært en suksess med å samarbeide med andre høyskoler og universiteter i Norge og i utlandet. Det har vært en suksess med å samarbeide med andre høyskoler og universiteter i Norge og i utlandet.

Ei gransking i 1999 Norsk Institutt for studier av forskning og utdanning og Norsk Gallup gjennomførte blant aktuelle studentar ved universitet og høyskular, som målte fagleg og pedagogisk kvalitet, fagleg og sosialt miljø, samt lokale, administrasjon og service, sette engelskstudiet i Bø på topp på poengskalaen. – I ei opinionsgransking seks år seinare, i 2005, utført av TNS Gallup og NIPU (Norsk institutt for personalutvikling), oppnådde også engelskstudiet høgste karakter. Målinga gjekk også denne gongen på fagleg og pedagogisk kvalitet, og på evna lærarane hadde til å skape fagleg engasjement.

masterstudium – eventuelt også andre masterstudiar som avdelinga oppretta. Med denne strukturen ville institusjonen tydeleggjere at det var ein del emne som var «fellesanliggender» og som dermed ikkje tilhørde ei bestemt faggruppe.⁴⁰³ Dette forslaget var eit framhald av debatten om tilknytninga masterstudiet hadde, og burde ha, til fagmiljøa ved instituttet. Det vart drøfta i fleire omgangar i åra utover. I 2008 la Sture Kvarv fram ei vurdering av studiet på bakgrunn av hans tid som fagkoordinator. Han foreslo her ein «moderat» studieplanrevisjon som mellom anna gjekk ut på å styrke den institusjonelle forankringa i instituttet ved å gje meir plass til dei humanistiske faga i studieopplegget. Han foreslo å leggje inn ei ny fordjupingsretning i historie. Hovudkonklusjonen hans var likevel at situasjonen for studiet var «meget tilfredsstillende», derfor råde han frå «vesentlige endringer».⁴⁰⁴ Studieopplegget vart heller ikkje endra då Ellen Schruppf tok over som fagkoordinator etter at Kvarv slutta i 2008.

Debatten om innrettinga av masterstudiet tok likevel ikkje slutt. Etter initiativ frå fakultetsleiinga i 2014 fekk ei gruppe sett saman av fagpersonar frå kultur-, språk- og historiefaga i oppdrag å vurdere mastergraden – både det faglege innhaldet og den administrative styringa av studiet. Innstillinga la vekt på å styrke det tverrfaglege opplegget i studiet, og – i tråd med tankane frå «De unges Forbund» – opprette ei faggruppe med 7 representantar frå alle fagmiljø for å utvikle ein “master” med nytt innhald. Innstillinga vart drøfta på eit møte ved instituttet sommaren 2015 der det, som det heitte i referatet, «har vært vektige argumenter» både frå dei som var mot og dei som var for større endringar.⁴⁰⁵ Dette skjedde eit halvt år før den store fusjonen – og lenger kom ein ikkje før Bømiljøet vart ein del av Høgskolen i Sørøst-Noreg. Masterstudiet gjekk likevel gjennom ein mindre revisjon i 2015 – leidd av Stephen Walton. Innføringsemnet vart lagt noko om ved å auke metodedelen frå 10 til 15 studiepoeng, og redusere innføringsdelen tilsvarande, frå 20 til 15. Slik stod heile innføringsdelen, som før, med 30 studiepoeng.

Ynskje om å unngå nedbygging av dei universitetslike basisfaga var heller ikkje lett å få aksept for. Krav instituttet vart stilt overfor i 2007 om innsparing, var både eit større og vanskelegare problem ved IKH enn ved andre institutt fordi grensene for kor mykje som kunne sambrukast var skarpare. Fagstrukturen hadde preg av vertikal organisering, med ei rekkje sideordna fag: årsstudium i norsk, historie og engelsk, alle med halvårige tillegg, årsstudium i idéhistorie, og årsstudium i

403 «Generasjonsskifte». Innstilling frå «De unges forbund», mai 2007. Arkiv Bø.

404 Sture Kvarv: «Master i kulturstudier – erfaringer og tilrådingar», notat til møte for fagpersonalet datert 11.06.2008. Arkiv Bø.

405 Høgskolen i Telemark. Institutt for kultur- og humanistiske fag. Møte 3.6. 2015. Arkiv Bø.

spansk som starta i 2007 som halvårsstudium (30 studiepoeng), utvida i 2009 til eitt år (60 studiepoeng). Eit visst sambruk kunne ein få til mellom «Norsk språk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar» og «Scandinavian Studies in Telemark» (30 studiepoeng), som også var eit studium for utanlandske studentar. Men desse studia utgjorde ein liten del av studieprogramma ved instituttet, og dei var heller ikkje ein del av gradsstrukturen.

Studiet i spansk vart først etablert fordi det vart godkjent av Gateway som eit semesterkurs. Det var strid mellom avdelinga og leiinga ved HiT om etableringa, og om planar om utvidinga til årskurs. Men avdelinga, ved instituttet, vann fram.⁴⁰⁶ Den generelle bakgrunnen for studiet var etterspurnaden etter spansk, som var kopla til folks ferievanar. Det skilde spansk frå planane om m.a. tysk i starten av HiT-tida, som i mykje sterkare grad var kopla til akademiske universitetstradisjonar.

Dei førebuande prøvene i examen philosophicum og examen facultatem var grunnemne for andre humanistiske fag, men dei fleste grunnemna var spesifikke for fagstudiet (t.d. engelsk grammatikk, norsk dialektologi) og ikkje særleg aktuelle for studentar ved andre fagstudium – ulikt t.d. IØI eller INHM der mange av grunnemna var sams for ulike studieprogram. I oppbygginga av den nye gradsstrukturen ved instituttet, sett i verk etter kvalitetsreforma, vart studieprogramma ved instituttet søkt bygt inn i ein horisontal struktur, lagdelt med BA-utdanningar som igjen kunne innpassast i opprettinga av masterutdanningar, og det vart utarbeidd plan om masterstudium i engelsk og norsk, fagdidaktisk retning.⁴⁰⁷ Studiet vart akkreditert og godkjent i 2007. Det var lagt opp som eit samarbeidsprosjekt mellom lærarutdanninga på Notodden og AF, men vart ikkje sett i gang på grunn av manglande ressursar. Hausten 2012 varsla EFL at det ikkje lenger var aktuelt å satse vidare på dette studiet.⁴⁰⁸

I gradsprosessen vart det utvikla tre BA-studium ved instituttet: det nemnde «Kultur – arrangering, formidling og forvaltning», «Litteratur og språk», der ein kunne velje fordjuping anten i engelsk eller norsk, og i «Historiske fag», med fordjuping i historie. Examen philosophicum og lingvistikk var obligatoriske emne for oppnådd grad i «Litteratur og språk», medan examen philosophicum og examen facultatum var obligatorisk for graden i «Historiske fag».

Otto Christensen som underviste ved Examen philosophicum var ei tid leiar for Norsk Selskap for 1700-tallsstudier (opprett i Trondheim i 1998). I 2005 fekk han til ein konferanse i Bø med m.a. Quentin Skinner som foredragshaldar – ein av verdas leiande kapasitet i det som på engelsk heiter Intellectual History. Året etter arrangerte instituttet eit internasjonalt seminar om «nord-amerikansk

406 Opplyst av Kristian Hanto.

407 Masterstudium i engelsk og norsk, fagdidaktisk retning. Ved Høgskolen i Telemark. Innstilling og studieplan. Mars 2005. Arkiv Bø.

408 Referat frå møte i styret 22.11.2012: Prioritering av faglige satsingsområder, fastsetting av studentporteføljen for studieåret 2013-2014. Digitalarkiv Porsgrunn.



Kristian Hanto, tilsett ved høgskulen først som eksamens- og informasjonskonsulent i 1987, frå 1991 i lærarstilling ved norskseksjonen, men fram til 1993 delt med leiarstilling i 50% i Noregs Mållag. Ved norskstudiet fekk han det faglege ansvaret for språkhistorie, norrønt og talemålvitskap. I perioden 2000-2003 var han valt instituttleiар ved IKH-instituttet, i 2003-2010 var han tilsett instituttleiар ved same instituttet – i ei vanskeleg tid med nedgang i studentsøknaden til instituttet.

historie» med Jon Gjerde frå University of California at Berkeley som gjesteforelesar.

I delrapporten som vart lagt fram våren 2009, som skulle identifisere studieprogram som hadde behov for grundigare analyse, var studieemna ved Institut for kultur- og humanistiske fag godt representerte. Rapporten tok for seg 13 av studieprogramma – som dekkja stort sett heile feltet av tilbod frå instituttet. Ni vart innstilte til omstilling fordi dei rekrutterte dårleg, hadde svak studiepoengproduksjon og gjekk økonomisk sett i minus. Dei omfatta alle BA-studia ved instituttet, og alle dei gamle humanistiske årsstudia: norsk, historie og engelsk. To av studieprogramma, examen philosophicum/examen facultatem og det nye språkfaget frå 2007, spansk, vart plasserte i den minst inngripande kategorien, «Tiltak nødvendig», medan to andre vart innstilte til nedlegging. Det eine var studiet «Kuratorarbeid - utstilling og formidling» som var oppretta i 2005, eksternt finansiert – og hadde dårleg søking. Det andre var halvårsstudiet i Nordens historie, oppretta, som vi har vist, i 1999 og bygt opp med band til historiemiljø både i Danmark og Finland. Etter 2005 hadde studentsøkinga gått tilbake, og sjølv om studiet økonomisk sett gjekk i pluss, ville altså arbeidsgruppa som vurderte studieporteføljen leggje det ned.⁴⁰⁹

Det var ikkje lett for instituttet å takle den breie negative analysen av fagprogramma. Det er «ikkje rare framtida i låge studenttal for noko studium», skreiv instituttleiaren Kristian Hanto. Han prøvde seg likevel med ein meir overordna kritisk kommentar til heile prosessen, og bakgrunnen for den:

«Likevel er det slik no at høgskular og universitet i heile sektoren kavар under den frie konkurran-sens forbanning. Store ressursar går med til å seigpine institusjonane i ein prosess der sjølvdauding er metode framfor utdanningspolitisk styring, i ei tid med stor overkapasitet innan mange studieom-råde, mellom dei også mange kulturfag og humanistiske fag. Me har altså god råd i dette landet.»⁴¹⁰

409 Gjennomgang av høgskolens studieportefølge. Delrapport (11.3. 2009) 07-02063 Hoveddokument. Digitalarkiv Porsgrunn.

410 Gjennomgang av høgskolens studieportefølge – Fase 2 – tilbakemedling fra AF (09.04.2009). Digitalarkiv Pors-

Instituttet måtte likevel ta tak i kritikken mot fagprogramma. Det skjedde gjennom ein prosess sett i gang før jul i 2008, der faggruppene fekk i oppdrag å vurdere revisjon av studieopplegga. Gjennomgangen vart deretter drøfta i fleire instituttallmøte våren 2009. Før tilbakemeldinga måtte det også ta stilling til eit utspel frå leiinga ved HiT ved prorektor Knut Duesund, som leidde omstillingsarbeidet. Han understreka dei påviste negative sidene ved fagutviklinga ved instituttet, og stilte spørsmål ved stillinga til dei humanistiske faga: Burde dei, alle eller berre nokre, vere eit grunnlag for doktorgradsstudiet? Burde dei vere del av studieporteføljen som sjølvstendig studieprogram, eller kunne dei vere emne i ei framtidig grunnskulelærerutdanning?⁴¹¹

Svaret frå instituttet tok tak i spørsmålet om lærarutdanning, som både var mest vidtrekkande – og mest aktuelt. Å gå inn i ei lærarutdanning for grunnskulen ville over tid gjere instituttet lite interessant som arbeidsplass for humanistar, og svekke rekrutteringa av nyttilsette. Men samtidig la instituttet i sitt svar frå Kristian Hanto opp til store endringar i fagopplegget: nedlegging av kuratorstudiet i kulturutdanninga og halvårsstudiet i nordisk historie: «...vi er ikkje interessert i å undervise utan studentar»,⁴¹² omlegging av årsstudiet i norsk til deltidsstudium, det same burde gjerast med spansk-studiet som var planlagt som årsstudium i 2009, men som måtte skuvast fram i tid fordi det mangla ressursar til ny stilling. Engelsk årsstudium, som rekrutterte godt, burde haldast oppe førebels, men – som årsstudiet i historie og idé-historie – inngå i eit klarare undervisningsretta program. Og her vart det skissert eit opplegg til den største omlegginga. Instituttet ville etablere eit studieprogram for adjunkt- og lektorutdanning for å utdanne lærarar for skulestega 11 – 13, mellom anna ved å leggje om BA-programma i litteratur og språk, som norsk, engelsk og spansk samarbeidde om, og BA-programmet i historiske fag, som var eit samarbeid mellom års- og halvårsstudiet i historie og idéhistorie. I tillegg skulle dei andre institutta trekkjast inn i adjunkt- og lektorutdanninga ved å bruke idretts- og friluftslivsfag, natur- og miljøvern fag, informatikk og fag frå økonomi- og administrasjons-instituttet. Planen var omfattande, men i svaret våren 2009 mest utarbeidd som ei skisse. Fagdidaktikk var plassert som blokker inn mot fagdisiplinane.

I tråd med argumenta frå instituttleiaren la dekan Arild Hovland vekt på at IKH-instituttet stod i ein spesiell situasjon. På den eine sida var det strategisk sett svært viktig, «bærende på identiteten til Bø som studiested, relevant for regionens

grunn 07-02063-31. Hoveddokument.

411 Gjennomgang av høgskulens studieportefølge – Fase 2 (01.04.2009). Digitalarkiv Porsgrunn.

412 Gjennomgang av høgskulens studieportefølge – Fase 2 – tilbakemelding fra AF (29.04.2009). Digitalarkiv Porsgrunn 07-02063-31. Hoveddokument.

videre utvikling», men stod på den andre sida i ein svært pressa situasjon når det galdt rekruttering, forholdet mellom inntekter og kostnader samstundes som det var inne i eit pågåande generasjonsskifte.⁴¹³ Duesund, som leia prosessen, var slett ikkje nøgd. Instituttet måtte gjennom ei ny utgreiing. Styret vedtok i juni 2010 at AF måtte setje ned ei prosjektgruppe som skulle granske studieprogramma ved IKH på nytt «med sikte på en fremtidig bærekraftig studieportefølje».⁴¹⁴ Adjektivet «bærekraftig» vart eit ord som vart hyppig brukt i denne prosessen. Prosjektgruppa vart sett ned hausten 2010 med instuttleiar Sven Arntzen som leiar, og elles medlemmer frå undervisningspersonalet ved instituttet. Den vart pålagt å rapportere til styringsgruppa, leidd av rektor Dag K. Bjerketvedt. Mandatet gjekk ut på å utgreie og foreslå endringar i dei tre eksisterande BA-studia og elles vise tiltak som kunne styrke «berekrafta» i studieporteføljen til instituttet.⁴¹⁵

Innstillinga kom i oktober 2010 og foreslo at instituttet burde ha to BA-studiar, BA i kultur – arrangement, formidling og forvaltning, som før, men slå saman BA-graden i litteratur og språk og i historiske fag til eit BA i humanistiske fag med tre ulike fordjupingar, engelsk litteratur og språk, norsk litteratur og språk – og historie, alle basert på eksisterande emne ved instituttet. Det gjorde at omlegginga ikkje ville koste noko ekstra. Alle fordjupingane i BA for humanistiske fag, samt årsstudia i desse faga (engelsk og spansk, norsk og historie), oppfylte krava til PPU ved lærarhøgskulen – og gav adjunktkompetanse for undervisning i skuleverket. IKH ville tydeleggjere dette, og bruke nettet. Nettbasering vart først gjennomført ved norskstudiet i eit betalingsstudie over to år. Prosjektgruppa foreslo å opprette nettstudium i historie og samordne det med undervisninga ved det faste studiet i Bø. Desse endringane i tillegg til meir aktive rekrutteringsframstøytar og sterkare økonomisk styring burde prøvast ut før ein gjennomførde ytterlegare tiltak. Elles meinte gruppa at nedlegging av studium ved IKH ville ha negative ringverknader for rekruttering til andre av studia ved instituttet – og det ville også svekke masterutdanninga i kulturstudiar, og det ville svekke satsinga på universitetet.⁴¹⁶ I desember 2009 skreiv Agøy eit eige notat om tilhøvet mellom studieporteføljesaka og historiestudiet der han peikte på at det burde leggjast meir vekt på breidda i fagtilboda frå høgskulen, på plassen faget hadde i BA-løp, rolla det hadde som underlag for masterutdanningar, og for universitetssatsinga og internasjonaliseringsarbeidet. Han argumenterte også for å halde oppe studiet i

413 Ibid.

414 Gjennomgang av studieporteføljen ved Høgskolen i Telemark – Sluttrapport 10.05.10. Digitalarkiv Porsgrunn 10- 01448-1.

415 Gjennomgang av studieporteføljen ved Høgskolen i Telemark. Justert sluttrapport. Internt notat 25.10.10. Digitalarkiv Porsgrunn 10-01448-7.

416. Ibid.

nordisk historie – som var unikt i nordisk samanheng.⁴¹⁷

Innvendingane både frå historie og frå faga elles ved instituttet til fagporteføljeprosessen vart berre delvis innfridde. Redninga frå nedlegging var å tilby studiar, eller deler av dei, som nettstudium, men med nokre felles samlingar i løpet av studietida. Tilleggsstudia vart borte som eigne studieprogram, men både engelsk, norsk og historie tilbød fordjupningsemne som gjorde det mulig å byggje opp 90 studiepoeng i kvart av faga som grunnlag for ei masterutdanning. Hovudstudia i dei tre humanistiske årsstudia vart haldne oppe ved å tilby dei både som faste studieopplegg, og som nettstudium. Dei tre fagtilboda var dermed framleis ein fagleg berykling ved KH-instituttet. Årsstudiet i norsk,



Geir Vestheim vart tilsett ved HiT i 2009 med hovdoppgåve å lage søknad om doktorprogram i kulturstudiar. Etter mange runder med NOKUT, vart studiet godkjent av departement våren 2012.

som lenge hadde dei største problema når det galdt studentsøking, var altså først ute med tilbod som nettstudium, men historie og engelsk følgde etter. Det same galdt kulturstudia – som i tillegg vart bygt ut i eit samarbeidsopplegg med andre avdelingar i høgskulen, med eige doktorprogram i perioden fram til den nye fusjonen i 2016.

Doktorgradsprogrammet (PhD) i kulturstudiar

Doktorprogrammet i kulturstudiar – der masterstudiet var eit viktig grunnlag, var ei sak for seg. Målet om å utforme eit eige doktorprogram vart ført opp i strategisk plan for 2005-2009. Universitetsstatsinga som stilte krav om fire PhD-program, var ein grunnleggjande premiss. Ved AF vart kulturstudiet det andre, i tillegg til PhD-programmet i økologi. Doktorgradsprogrammet i kulturstudiar var lagt opp som eit tverrfagleg studium i eit samarbeidsprosjekt som involverte fleire avdelingar ved høgskulen: Avdeling for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning i Notodden/Rauland i tillegg til Avdeling for allmenne fag i Bø, der ikkje berre IKH var med på å utarbeide programmet, men også Institutt for idrett, kroppsøving og friluftsfag.⁴¹⁸ Dette gjorde utforminga av

417. «Momenter angående historiestudiene ved HiT», og fleire e-postsendingar til Kr. Hanto 12.5., 30.9. og 10.11. 2009. (Utlånt av Agøy).

418 I 2014 kom også Avdeling for helse- og sosialfag med i programmet. Innanfor dei estetiske faga var namnet på programmet: «Kunstnarleg utviklingsprogram».

studiet vanskeleg, og til dels motsetnadsfull, og vegen fram til akkreditering av studiet i 2012 var lang og krunglete – med ei utvikling i fleire faser.

I startfasen i 2005 vart programmet utgreidd av eit utval sett ned av representantar frå avdelingane både i Bø og på Notodden. Innstillinga som vart lagt fram om hausten, la opp til eit breitt studium som omfatta både materiell og immateriell kultur.⁴¹⁹ I 2006 vart innstillinga sendt over til fellesadministrasjonen, men her vart den liggjande i 2-3 år. I 2009 vart det laga ein kortversjon som vart sendt vidare til NOKUT med programmet som vedlegg. Men her stoppa søknadsprosessen opp – i denne omgang. NOKUT sende søknaden tilbake med melding om at den ikkje var bygt opp etter forskriftene når det galdt standardar for slike søknader.

Dermed måtte ein gå i gang med ei ny runde i utgreiingsgruppa, no med Geir Vestheim som leiar. Han vart tilsett som professor ved avdelinga i Bø frå august 2009 med særleg ansvar for å fullføre søknaden til NOKUT og få i gang PhD-programmet. Ein ny søknad vart utarbeidd, utforma som ein kombinasjon av tradisjonell vitenskapleg utdanning og ein praktisk-estetisk komponent, og sendt vidare til NOKUT. Men tilbakemeldinga gjekk ut på at ein slik «hybrid» variant ikkje kunne godkjennast i Norge slik ein kunne i utlandet, m.a. Finland, og vart derfor ikkje realitetshandsama.⁴²⁰

Det innebar at søknaden måtte omarbeidast på nytt – igjen med Geir Vestheim som hovudansvarleg.⁴²¹ Denne versjonen var ein søknad om ein rein vitenskapleg PhD-grad med sterkare konsentrasjon om det faglege grunnlaget, både undervisningsprogramma, master- og BA-studia og dei enkelte fagstudia, og forskingsaktiviteten som sprang ut frå desse miljøa – medrekna samarbeidet i nettverk både nasjonalt og internasjonalt. Med dette fekk søknaden fram at miljøet som stod bak famna vidt, både til den formingsfaglege kulturforskinga ved Institutt for forming og formgiving på Notodden, til forskinga i tradisjonskunst ved Institutt for folkekultur i Rauland, og til den humanistiske kulturforskinga og kulturpolitikkforskinga som skjedde ved avdelinga i Bø. Her kunne ein også dra

419 Utkast til innstilling om avgrensning av doktorgradsprogram i kulturstudier. Delutredning 1, 26.09. 05 Med i gruppa var Per Mangset (leiar), Nils Ivar Agøy, Kari Carlsen, Oddvar Hollup, Vidar Lande, Jan Ove Tangen, Arne Marius Samuelsen. Lande bad seg fritaken, i hans stad vart Odd Arne Berkåk valt. Inger Birkeland var sekretær. Det vart også oppnemnt ei eksternt referansegruppe: Lars Inge Terum (Høgskolen i Oslo), forskingsleiar Ellen Aslaksen (Norsk Kulturråd), Cathrine Holst (Universitetet i Oslo), Søren Kjørup (Roskilde Universitetssentrum), Halina Dunin-Woyseth (Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo), Arne Bugge Andersen (Universitetet i Oslo), Geir Berge Nortveit (Telemark fylkeskommune).

420 Opplyst av Geir Vestheim.

421 Doktorgradsprogram i kulturstudiar. Beskriving og eigenvurdering av programmet, Februar 2010: 6. Den nye versjonen vart utforma i samarbeid med Per Mangset og Marte G. Gulliksen (ved avdeling for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning.)

fram Telemarksforsking – Bø som Norges Forskningsråd (i 2003) peika ut som eitt av to senter for kulturpolitikkforsking i Norge, og Senter for kultur- og idrettstudiar som vart oppretta i 2004 (sjå nedanfor). Desse institusjonane var ein del av ei femte grein av fagmiljøet rundt doktorprogrammet: idretts- og friluftsforsking, som elles var forankra i Institutt for idretts- og friluftsfag. Endeleg kunne søknaden støtte seg på «forskingssklyngen» i kultur- og kulturpolitikkforsking som var oppretta ved avdelinga i Bø i 2008. I gradsstrukturen bygde programmet elles på masterstudia i kultur, idretts- og friluftsliv, på humaniora, og på bachelorstudia i Kultur – arrangering, formidling og forvaltning. Den faglege hovudstrukturen stod elles ved lag. Det galdt innhaldet i kultur-omgrepet, at studiet gjekk på meiningsinnhaldet i menneskelege fellesskap, at det omfatta både materiell og ikkje-materiell kultur, at det i utprega grad var tverr-fagleg, og at det skulle byggjast opp gjennom to breie temaområde: «Kulturforståing og kulturpolitikk», og «Kulturproduksjon og estetisk praksis».⁴²²

Men problemet også ved denne søknaden var at programmet framleis omfatta både den materielle og immaterielle kulturen. Den materielle delen var ein konsekvens av samarbeidet med avdelingane i Notodden og Rauland, frå fagmiljøet der den akademisk-teoretiske tradisjonen var svakare enn i Bø-miljøet, men som stod desto sterkare i fagopplegg knytt til den materielle kulturen. I svaret frå det sakkunnige utvalet heitte det at søknaden «beror på den misforståelse at det er mulig innenfor det norske systemet å etablere en doktorgrad som omfatter både kunstnerisk arbeide og vitenskaplig forskning». Denne misforståinga var «gjennomgående». Mange universitet og høgskular i Norge hadde doktorgradsutdanningar anten innanfor kunstfag eller kulturfag, men ingen hadde ein kombinasjon av vitenskaplege, estetiske og praksisbaserte tilnærmingar. På denne bakgrunnen fann utvalet at det ikkje «gir mening» å gå nærare inn på sterke og svake sider ved søknaden», og rådde til avslag.⁴²³

Frå miljøet i Notodden kom det protestar mot denne tolkinga, og Mikkel B. Tin, som i 2010 arbeidde ved høgskulen i Rauland, la fram eit notat der han viste at ein praktisk-estetisk komponent vart nytta i avhandlingar ved ei rekkje utdanningsinstitusjonar i Europa.⁴²⁴

Men søknadsprosessen måtte gjennom ei ny runde. Den nye søknaden vart sendt like før jul i 2010. Etter nokre runder med NOKUT vart det sett ned ein ny sakkunnsing komite som la inn endringar der «estetisk praksis» frå masterstudia i

422 Ibid.: 5ff

423 Uttalelse fra den sakkyndige komiteen for akkreditering av doktorgradsstudium i kulturstudiet, Høgskolen i Telemark, dat.19.mai 2010. Saksnummer 2009/201-15 Digitalarkiv Porsgrunn.

424 Mikkel B.Tin, Rauland, notat 3. juni 2010. Jf. brev frå Marte Gulliksen til utgreiings- og referansegruppa

formgjeving, kunst og handverk og formkunst vart svakare profilert. Det gjorde at dei no oppfylte kriteria NOKUT hadde sett opp for å godkjenne søknaden.⁴²⁵ Den sakkunnige komiteen hadde elles fleire positive vurderingar. Det galdt kjerneområdet «Kulturforståelse og kulturpolitikk» der forskingsmiljø i Telemark «har spilt en betydelig rolle» i forskning om kulturpolitikk, og har opparbeidd eit nordisk samarbeid «med nettverk, konferanser og tidsskrifter».⁴²⁶ Dermed kunne NOKUT melde tilbake i februar 2012 at studiet tilfredsstilte krava til akkreditering, og i brev 10.mars 2012 vart det godkjent av departementet.⁴²⁷

Med det fekk fakultetet i Bø sitt andre doktorgradsstudium, og HiT sitt tredje. Studiet fekk namnet «PhD-program i kulturstudiar», mot rådet frå NOKUT: «PhD-program i praktiske kulturstudiar». Men det spesielle ved studiet var den tverrfaglege karakteren av det, at det omfatta både humaniora, samfunnsfag og praksisfeltet knytt til kultur. Studiet vart slik lagt opp i eit samarbeid mellom studiestadane i Bø og Notodden, etter kvart også Rauland og Porsgrunn.

I tillegg til dei obligatoriske kursa ved PhD-studiet (kulturteori, vitskapsteori og etikk og metode) vart det frå 2013 tilbydd to valfrie emne: Developments in International Cultural Policies - A Comparative Perspective, og Body-Based Practices, begge på 10 studiepoeng.

Eit fjerde doktorgradsstudium? Planen som stranda

Det vart også lagt planar for eit fjerde PhD-studium i samarbeid mellom studiestadane i Telemark. Det fekk først namnet «Folkehelse», deretter «Forebyggjande helsearbeid», og vart til slutt omdøyppt til «Helsefremjande arbeid». Forslaget vart i 2006 og 2007 utarbeidd av ei gruppe frå to institutt i Bø, Institutt for idretts- og friluftsfag, Institutt for natur-, helse- og miljøvern, to frå Porsgrunn, Institutt for helsefag, Institutt for sosialfag, og Institutt for lærarutdanning på Notodden. Ambisjonen var å byggje opp eit tverrfagleg doktorgradsprogram innanfor folkehelse basert på kompetansen som fanst om dette ved dei tre avdelingane, og med det stimulere til auka forskning og bidra til samarbeid mellom fagmiljøa i Bø, Notodden og Porsgrunn – og å utdanne

8.6.2010.

425 Søknad om akkreditering av doktorgradsstudium i kulturstudier ved Høgskolen i Telemark. Rapport frå sakkunnig komitee (datert 14.11.2011 Digitalarkiv Porsgrunn. Komiteen var leidd av professor Liv Merete Nielsen (Høgskolen i Oslo og Akershus). Dei andre medlemene var professor Peter Aronsson (Linköpings universitet) og professor Torun Selberg (UiBergen). Den siste sat også i den førre komiteen, dei to andre var nye.

426 Ibid. s. 14.

427 Godkjenning av doktorgradsstudium i kulturstudium. Det kongelige kunnskapsdepartement. 10.04.2012. Digitalarkiv Porsgrunn 6/1373/85.

kandidatar med kompetanse i skulesektoren og helse- og sosialsektoren. Det vart sett ned ei utgreiingsgruppe i 2007 leia av Pål Augestad som la fram to utgreiingar: «Doktorgrad i helsefremmende arbeid» (Fase 1 2008), og «Beskrivelse og egenvurdering av doktorgradsstudium innen Helsefremmende arbeid» (HiT mai 2010).⁴²⁸

Undervegs i arbeidet vart ein merksam på at Universitetet i Agder arbeidde med eit tilsvarande doktorgradsopplegg. Dermed vart det teke kontakt med Kristiansand for om mulig utvikle doktorgradsprogrammet i samarbeid mellom dei to institusjonane. Dette skjedde på ei tid då spørsmålet om tosidig samarbeid var aktuelt i fleire andre samanhengar (sjå seinare). Spørsmålet var samstundes knytt til diskusjonen om å utvikle høgskulen i Bø til å bli universitet – som HiT vanskeleg kunne greie åleine og der Agder vart den



«Kulturrikets tilstand» er ein årleg konferanse arrangert av SKI ved Litteraturhuset i Oslo frå og med 2010. Personane på bildet er (frå venstre) Ola Berge, Ole Marius Hylland (begge ved Telemarksforsking, Sigrid Røyseng (professor ved BI, tidlegare forskar ved Telemarksforsking), Pål Augestad (forskningsrektor ved USN), Kjersti Skjeldal (dåverande sekretær for SKI) og Per Mangset. (Foto: Per M. Holtung)

428 Rapportane er utånt av Dag K.Bjerketvedt. Med i gruppa var, forutan Augestad, Bjørn Tordsson, Mona Sæbø, Runar Bakken, Merete Hellum, Ingunn Fjørtoft og Lise Kjønnsen.

mest aktuelle samarbeidspartnaren. Som vi skal sjå, skar dette samarbeidet seg. Dermed fall også planen om doktorgradsstudiet bort – som elles vart avvist av Fakultet for helse- og idrettsfag ved universitetet i Agder.

Senter for kultur- og idrettsstudier (SKI) – og «Kulturrikets tilstand»

Senter for kultur- og idrettstudier (SKI), oppretta i 2004, var i mange år engasjert i forskings- og utviklingsarbeid på eit breitt kulturfelt. Senteret arrangerte ei rekkje mindre seminar og «work-shops» både innan kulturpolitikk, idrett- og humaniora-områda. I dei siste åra før fusjonen var aktiviteten noko avgrensa – men med eitt unntak. I 2009 tok det initiativet til det som vart kalla «Kulturrikets tilstand». Det var ein årleg konferanse lagt for det meste til Litteraturhuset i Oslo der forskarar og andre fagfolk vart samla for å presentere korte og poengterte evalueringar om situasjonen på ulike kulturfelt, og formidle kunnskap uavhengig av interesseorganisasjonar og offentleg kulturforvaltning. Konferansen tok i regelen opp eitt hovudtema, som «Kultur og pengar» i 2015, «Ny kulturpolitikk for barn og unge?» i 2016 – og vart etter kvart ei viktig og påakta hending i norsk kulturdebatt.

Gjennom åra har ei lang rekkje forskarar knytt til SKI (og Telemarksforsking) publisert bøker og doktoravhandlingar, det gjeld doktoravhandlingane til Pål Augestad og Bjørn Tordsson i 2003, og til Sigrid Røyseng i 2007, og fleire andre bøker.⁴²⁹ Ein person som bør nemnast særskildt er Vidar Ringstad. Han var, som vi alt har sett, ein av veteranane ved høgskulen og stod fremst i arbeidet med å byggje opp studiet i økonomisk/administrative fag i TDH-tida. I 1988 gjekk han over til Telemarksforsking. Han deltok i miljøet i SKI og publiserte ei rekkje lærebøker og fagbøker om økonomi – m.a. boka *Kulturøkonomi* i 2005.

Ibsen-senter?

Ved utbygginga av dei humanistiske studia i Bø var det ein nærliggjande tanke å knyte faglege band til Henrik Ibsen. Skien kommune oppretta alt i 1986 Ibsen-prisen for å fremje norsk dramatikk, og prisen vart kvart år utdelt på fødselsdagen

⁴²⁹ Augestad: *Skulering av kroppen: om kunnskap og makt i i kroppsøvningsfaget* (PhD-grad 2003), Tordsson: *Å svare på naturens opne tiltale* (PhD-grad 2003), Røyseng: *Den gode, hellige disiplinerte kunsten* (PhD-grad 2007). Andre bøker, t.d. Augestad/Bergsgård: *Toppidrettens formel* (2007), Mangset/Røyseng: *Kulturelt entrepenørskap* (2009).

til Ibsen (20. mars) til ein norsk dramatikar som i det siste året hadde fått oppført eit nytt verk på ei norsk scene (eller i radio eller på TV). Prisen kunne også gå til eit samla forfattarskap.⁴³⁰ Høgskulen var ikkje involvert i denne utdelinga.

2006, hundre år etter at diktaren døde, vart gjort til Ibsen-året – og m.a. markert med ein stor konferanse ved Universitetet i Oslo. I ei festforestilling på Nationatheatret i august lanserte statminister Stoltenberg «Den internasjonale Ibsen-prisen». Den vart ført opp på statsbudsjettet året etter. Utdelinga av denne prisen vart lagt til Nationaltheatret, i eit arrangement som dei første åra vart fronta av Liv Ullmann, som var leiar for priskomiteen. Den vart rekna som ein av dei mest gjevaste av alle teaterprisar.

Men markeringa av Ibsen-året fekk også miljø ved høgskulen i Bø til å reagere. Det vart avgjort at Forskingsdagane, som var eit årleg arrangement ved høgskulen, skulle viast Ibsen i 2006. 30. september, etter lanseringa av den internasjonale Ibsen-prisen, baud høgskulen inn til ein Ibsen-dag på Venstøp i samarbeid med Skien kommune og Ibsen-museet på Venstøp, der Henrik budde frå han var 7 til 15 år. Avdelinga i Bø stilte med forelesarar – Øyvind T. Gulliksen, Olav Solberg og Sven Arntzen.⁴³¹ Same hausten vart det sett ned ei plangruppe (Gulliksen, Fjågesund, Solberg, og representantar for Skien kommune) – med Gulliksen som leiar. I februar 2007 la gruppa fram eit forslag om å opprette ei studieretning ved Ibsen-senteret i Skien kalla «Ibsen – tekst og kontekst» som skulle omfatte to semesterstudium, eit norskspråkleg, «Ibsen-semesteret i Skien», og eit engelskspråkleg, «Ibsen in English». Innstillinga inneheldt studieplanar, pensumlistar og emneinndeling for dei to semesterkurser – i tillegg til forslag om å tilby sommarkurs og kortare kurs for lærarar, kulturarbeidarar og andre interesserte. Studiestart vart sett til 2008 eller 2009.⁴³²

Innstillinga vart lagt fram for styret ved HiT som vedtok å gå vidare med planen i ein ny fase 2. Det vart oppnemnt to utgreiingsgrupper, den eine for å lage plan for eit tekststudium på BA-nivå, den andre for eit skjønnlitterært dramatkarstudium. Utarbeidinga av den første planen vart knytt til forslaget frå den første innstillingsgruppa om dei to semesterkurser, eitt på norsk og eitt på engelsk. Den andre utgreiingsgruppa la vekt på å utvikle Ibsen-studiet i samarbeid med teatera i fylket: «Plasseringen i Ibsens hjemby og nærheten til teaterfaglig kompetanse» var faktorar som gjorde det mulig å studere Ibsens tekstar «i forskjellige, interessante sammenhenger»: Både den topografiske og kulturelle

430 Sjå «Ibsen-prisen» i Wikipedia, der alle prisvinnarane f.o.m. 1986 er ført opp.

431 HiT-nett 29.9. 2006.

432 Innstillinga «Henrik Ibsen - tekst og kontekst» - litteraturstudier på BA-nivå. (Utlånt av P. Fjågesund.) Jf. HiT-nett 19.11. 2007.

konteksten som Telemark representerte, og den teaterhistoriske konteksten.

Samla sett romma utgeiingane store og dristige planar. Og det ville koste. Det vart lagt inn forslag om to nye stillingar, som skulle delast likt mellom Ibsen-senteret og høgskulen, og dessutan behov for timelærarar tilsvarande ei halv stilling. Det måtte også setjast av middel for å invitere gjesteforelesarar frå inn- og utland. I tillegg kom krav til kontor, lesesal og auditorium/undervisningsrom. Lite av dette fanst frå før i Skien – så det måtte reisast eit nytt Ibsen-senter, anten på Klosterøya eller nærare sentrum. For høgskulen ville eit slikt senter passe godt i den strategiske planen – i ønskje om å bruke grenlandsområdet betre, og å spisse kompetansen og auke FoU-verksemda i humanistiske fag. Senteret skulle organiserast som ein del av IKH i Bø, men elles få «en relativt frittstående funksjon» ved at eigne tilsette tok hand om den daglege drifta. Det innebar å byggje opp ein eigen adminstrasjon.⁴³³

Det var ikkje lett å setje slike planar ut i livet. Markeringa av Ibsen etter Ibsen-året vart samla i hovudstaden og det var ikkje enkelt for Telemark å markere seg her. Den internasjonale prisen vart årleg utdelt under stor festivitas på Nationaltheteret. Øyvind T. Gulliksen vart utnemnt av kulturdepartementet i 2007 til å sitje i komiteen, og han gjekk inn for at også Skien skulle få eit fast arrangement. Prisutdelinga og Ibsen-festivalen i tilknytning til den vart likevel ikkje flytta. Men etter initiativ frå regjeringa fekk Skien kommune frå 2008 tildelt ein internasjonal Ibsen-konferanse som vart eit årleg arrangement.



Rune Christiansen leidde forfattarstudiet frå 2011.

Foto: Mogens Engelund - <https://commons.wikimedia.org/w/index.php?curid=52756906>

⁴³³ Alle sitat er henta frå innstillinga.

Høgskulen fekk inga direkte rolle i dette arrangementet, og det vart heller ikkje noko av eit fagleg Ibsen-senter. Det høyrer til dei prosjekta ved høgskulen som vart lagt på teiknebordet, men aldri stilt ferdig. Når Skien kommune fekk den internasjonale Ibsen-konferansen, slokna interessa for å lage eit Ibsen-studium – der ein stor del av utgiftene til å byggje opp eit slikt fagleg senter ville falle på kommunen. Miljøet i Bø var nok for svakt til å starte eit slikt studium på eiga hand.

Forfattarstudiet – i stabil drift

Eit av dei mest stabile studia når det galdt søking og «produksjon» ved høgskulen, og ved avdelinga i Bø, var forfattarstudiet. Økonomisk sett kom det likevel framleis ut med negative tal, då i jamføring med andre fag ved høgskulen, men ikkje når det vart samanlikna med andre kunsthøgskular. Ved innføringa av «kvalitetsreforma» vart det slutt med øyremerkt kunstfagleg finansiering av studiet frå departementet, og det hamna dermed i den lågaste finansieringskategorien, langt unna finansieringa av andre kunstfaglege institusjonar i landet. Økonomien i studiet var heile tida eit tilbakevendande problem. Men høgskulen sentralt heldt si hand over det. Det var det studiet som fekk mest positiv omtale av alle studium i Bø, det oppfylte målalet og fekk smigrande evalueringar. Det gjekk i samarbeid med andre kunstfaglege institusjonar i Norden, Den danske forfatterskole i København (opprett i 1987) og *Litterär gestaltning*, ei utdanning som vart sett på beina på slutten av 1990-talet ved universitetet i Göteborg. Begge, og særleg den siste, fekk mange søknadar frå Norge og gav Bø-studiet konkurranse både fagleg og i popularitet, men det kunne også gje positive effektar på opplegget. Arbeid med å styrke det ved å byggje det ut til eit toårsstudium, mislukkast likevel. Dei leiande organa ved høgskulen svara nei.

Eit spørsmål som hadde følgt studiet sidan starten, var tilhøvet til dei andre studia ved instituttet. I ei innstilling frå dei tre seksjonsleiarane ved instituttet i 2007 vart det foreslått at når den einaste fast tilsette ved studiet, Eldrid Lunden, gjekk av med pensjon, var det naudsynt «å tenke nytt» om korleis studiet «bedre kan integreres i instituttet for øvrig».⁴³⁴ Men dette førte ikkje til endringar når det galdt samarbeidet med dei andre fagmiljøa, iallfall ikkje i første omgang. Eldrid Lunden vart pensjonist i 2011. Den nye leiaren, Rune Christiansen, førde hovudtrekka ved studieopplegget vidare. Han hadde vore gjestelærer ved studiet sidan slutten av 1990-talet og kjende det slik godt frå innsida. På mange måtar

434 Generasjonsskifte» Innstilling frå «De unges forbund», mai 2007. Arkiv Bø.

likna han på forgjengaren. Han var prisløna forfattar, lyrikar, romanforfattar – og gjendiktar. For boka *Ensomheten i Lydia Ernemanns liv* (2014) fekk han Brageprisen og han fekk tildelt Gyldendalsprisen i 2015 for heile forfatterskapet sitt.

I den siste perioden i HiT fram til fusjonen 2016 (og etter), heldt studiet på den solide posisjonen det hadde både i høgskulesystemet i Telemark – og nasjonalt. Søknaden til studiet gjekk opp. Frå 2010 til 2011 vart søknadstalet nesten dobla, frå 80 til 150, og 2011-nivået heldt seg i åra deretter. Det vart fleire danske studentar blant søkjarane. Det synta at «ryktet» om studiet hadde nådd utanfor dei nasjonale grensene. Økonomien vart også betre i denne perioden. Christiansen sette i gang varsomme innsparingstiltak – ein liten auke i studenttalet, færre undervisningstimar som reduserte timelærarbudsjetten, og færre ekskursjonar.

I 2012 feira studiet 30 år og arrangerte i den samanhengen stor fest på Gullbring med eit knippe forfattarar, mellom dei Dag Solstad som i sine bøker ofte hadde vitja Telemark og forfattarstudiet.⁴³⁵ Same året starta litteraturfestivalen «Bøker i Bø» med utspring i studiemiljøet ved forfattarstudiet, med opne arrangement i kafear, torg, bokhandel, bibliotek, i prestegarden, kulturhuset i Gullbring og museet på Oterholt. Det fekk støtte frå Midt-Telemark Næringsutvikling, Fritt ord og både kommunen og fylkeskommunen. «Bøker i Bø» vart eit årleg tiltak og var både med på å styrke studiet – og Bø som kulturkommune.

FoU-aktivitet i HiT-tida

Etter samanslåinga til HiT i 1994 og ikkje minst etter at universitetsplanane fekk høg prioritet, vart forskning og fagleg utviklingsarbeid (FoU) ei meir sentral oppgåve. Høgskulen skulle markerast i det nye utdanningssystemet der konkurransen om kvalitet vart viktigare.

Irritasjon over dei stramme rammene kring kvardagen og skjerpa krav til forskning førte til dette hjertesukket frå Steinar Kjosavik (ved lærarutdanninga i Notodden) på eit seminar i Bø i 1996: Kva gjorde Arkimedes i badekaret og Newton under epletreet. «Burde dei ikkje vore på kontoret og forska?» Direktør Røttingen parerte raskt: «...dersom vi har forskarar av Arkimedes' eller Newtons kaliber i høgskolen, skal han eller ho gjerne få vandre fritt på Lifjell».⁴³⁶

Miljøet i Bø hadde ein tradisjon i FoU-arbeid som det kunne byggjast vidare på. I distriktshøgskulen fekk forskning ei ganske sterk stilling, etablert av dei tilsette som måtte gjennom ei vurdering av vitenskapleg nivå før dei byrja i stillinga.

435 HiT-nett 9.5.12.

436 HiT-nytt nr. 6, 1996.

Det vart forma ein forskingskultur som resulterte i ei rekkje vitenskaplege arbeid, artiklar og bøker – mellom anna fleire doktoravhandlingar. Faglege opprykk, at stillingsstrukturen vart gjort lik den universiteta hadde, med titlar som amanuensis, førsteamanuensis og professor, var sjølvstøtt ein viktig motivasjonsfaktor. Publiseringssystemet som vart innført, hadde som formål å gjere forskning målbar for tildeling av midlar på grunnlag av vitenskapleg produksjon, og stimulere til auka publisering gjennom autoriserte publiseringskanalar, og på grunnlag av fagfellevurdering. Ved kvalitetsreforma i 2003 fekk forskning ein enda sterkare posisjon ved at FoU-aktivitet vart tett kopla til budsjett og offentlege overføringar. Alt året før vart det lagt fram ein handlingsplan om tildeling av ressursar til FoU-stipend, vitenskaplege reiser og støtte til publisering der det var avdelingane som fekk til oppgåve å fordele dette. Tidlegare skjedde dette på institusjonsnivå.⁴³⁷ I 2004 vart det utforma ein publiseringsindikator som vart innført ved alle høgskular og universitet i 2006. Registeret, «teljekantsystemet», vart drive på oppdrag av Kunnskapsdepartementet,⁴³⁸ og skapte eit meir sentralstyrt opplegg. Registrert publisering i vitenskaplege tidsskrift vart fordelt på to nivå, der nivå 2 gav størst utteljing av publikasjonspoeng, og nivå 1 minst. Systemet var klart med på å auke talet på forskingsarbeid og også fremje produksjon av doktoravhandlingar blant dei tilsette. Talet på toppstillingar gjekk opp på 2000-talet. I 2008 lanserte HiT ei ny teneste: TEORA – Telemark Open Research Archive, der det meste av forskinga ved institusjonen vart ope tilgjengeleg på internett. Tenestene omfatta også arbeid ved andre forskingsinstitusjonar i regionen, som Telemarksforskning, og også studentarbeid av høg kvalitet vart registrerte.⁴³⁹ Nytt i dei siste åra før fusjonen i 2016 var elles dei to doktorgradsprogramma som vart oppretta – i økologi og kulturstudiar.

Forskingsarbeida ved avdelinga kan grovt sett delast i to grupper. Den eine er dei breie prosjekta som fleire samarbeidde om. Dette var vanlegast ved dei tverrfaglege studia. Den andre gruppa er dei individuelle prosjekta som det var flest av ved dei universitetslike studia. På studiet i økonomi, administrasjon og informatikk hadde større samarbeidsprosjekt vore vanleg heilt frå starten av – i distriktshøgskuletida. Dei var i stor grad retta mot problemstillingar i regionen. Her var, som vi har sett, Vidar Ringstad ein viktig person. Han leidde dette arbeidet og drog med seg kollegaer ved instituttet. Etter at Ringstad slutta ved instituttet låg nok FoU-arbeidet ei tid i dvale – ein grunn til at den samla FoU-

437 Årsrapport 2002: 60. (HiT-nett)

438 Det direkte ansvaret for drifta hadde Norsk senter for forskingsdata (NSD) og Det nasjonale publiseringsutvalget, som rapporterte direkte til Universitets- og høgskolerådet (UHR).

439 HiT-nytt nr. 6, 1996.

produksjonen ved avdelinga gjekk ned. Men det tok seg opp att seinare, i mange tilfelle i hopehav med Telemarksforsking. Fleire som arbeidde ved instituttet hadde også til tider oppgåver ved denne forskingsinstitusjonen. Det galdt t.d. Lars Håkonsen som delte stillinga si mellom høgskulen og Telemarksforsking og som dreiv med velferdsforsking knytt til kommunal sektor, og kulturforsking, der han samarbeidde med Per Mangset. Men elles var mykje av FoU-arbeidet ved instituttet, slik som tidlegare, retta mot den nære regionen eller tok opp lokale forhold. Sentrale tema var bygdeturisme og reiseliv, og evaluering av næringsverksemd i lokalmiljø, utvikla av mellom andre Nils Per Hovland.⁴⁴⁰

Men i denne perioden hadde også FoU-arbeidet ved instituttet internasjonal orientering – i forlenging av Novgorod-prosjektet. Ingeborg Nordbø, som hadde doktorgrad i økonomi frå universitetet i Aalborg, arbeidde med turisme og lokal



Niklas Kreander hadde PhD-grad ved Universitetet i Glasgow, og vart tilsett ved HiT i 2007. Både i forskning og undervisning tok han opp problemstillingar knytt til etisk handel. Han engasjerte seg i arbeidet for Fairtrade. Det førte m.a.til at HiT vart den første Fairtrade-høgskulen i Norge i 2013

Nils Per Hovland, tilsett 1984, arbeidde med reiseliv og turisme, særleg knytt til den næraste regionen.

Ingeborg Nordbø, tilsett 2008, hadde også turisme som forskingsområde, men her også med tema som omfatta mål utanfor Norge,


utvikling knytt til det, ikkje berre i Norge, men også i Chile, Guatemala og Kina. Eit anna prosjekt gjekk ut på å hjelpe til med å utvikle turisme og reiseliv i

⁴⁴⁰ Sjå t.d.Nils Per Hovland (prosjektleiar): *Lokaløkonomiske virkninger av reiselivsvirksomhet. Eksempel fra Risør kommune*, (1989), Nils Per Hovland: «Prising av bygdeturismeprodukt», LØF 1/96. Hovland gjennomførte ei rekkje andre analyser av næringslivsutvikling i Telemark, Buskerud og Vestfold. Sjå m.a. HiT-skrift nr. 5/ 2006 og HiT-rapport, HiT-rapport nr. 2, 2013.

Kirgisistan. Det var leidd av stipendiat Anne Gry Sturød – som var i gang med eit doktorgradsarbeid om temaet.

Eit spesielt temaområde var arbeida til Niklas Valter Kreander som tok opp problemstillingar knytte til etiske forhold i handel og finansmarknaden. Han skreiv ei rekkje artiklar om dette, mange i samarbeid med tidlegare kollegaer frå den tida han arbeidde ved universitetet i Glasgow. Både ved dei tema han tok opp, og at han skreiv alle arbeida sine på engelsk, gjorde dette til forskning retta mot eit større internasjonalt publikum.


Ved naturvernstudiet var det aller meste av FoU-arbeidet drive i store samarbeidsprosjekt der mange fagfolk var involverte. Samarbeidet var i svært mange tilfelle oppretta med forskarar og institusjonar utanfor HiT. Dette var eit trekk som også var tydeleg ved andre fagmiljø ved høgskulen i Bø. Det kom sjølvstapt av at mange fagmiljø var små slik at kontakt utover var nødvendig for



*Arne Myhre med grafen som viser den sterke globale temperaturstiginga frå 1861 til 2004. Forskinga til Myhre krinsa om vilkåra som skapte klimaendringane.
(Foto: Per M. Holtung)*

å utvikle forskingsprosjekt. Men dette karakteriserte sterkare Institutt for natur, helse og miljøvern fag som var samansett av ei rekkje fag med sine egne godt etablerte fagtradisjonar. På denne bakgrunn vart det oppretta forskingsgrupper rundt dei sentrale forskingsområda som samarbeidde med institusjonar og miljø utanfor høgskulen – og som bygde vidare på fag- og forskingsinnrettinga som var etablert tidlegare.

Ei av desse gruppene er «Climate change and alpine ecosystems» som kvilte på det meir tradisjonelle miljøvernarbeidet som Arne Myhre stod i spissen for. Produksjonen hans krinsa kring dei store miljøproblema i verda:



Kjemi inngår som eitt av grunnlagsfaga i natur- og miljøvernstudiet. Bjørn Gunnar Steen gav ut ei rekkje lærebøker i faget, m.a. «Himmelsk kjemi». Innføring i generell og organisk kjemi. (Utg i 2006 og 2014). (Foto: Per M. Holtung)

drivhuseffekten, sur nedbør og konsentrasjon av ozon i den lågaste delen av atmosfæren (troposfæren).⁴⁴¹ Seinare kom vilkåra som skapte klimaendringane

⁴⁴¹ Dette er hovudtema i boka han gav ut i 2008, med ny utgåve i 2015: *Klima, energi og miljø*. Fleire av artiklane han har skrive, er elles referert i FN's klimapanel 2007.

i fokus. Forskingsgruppa hadde også linjer tilbake til arbeidet med botanikk og vegetasjonskartlegging, eit område som Olav Hesjedal først stod i spissen for – med hjelp frå m.a. Odd Vevle. Begge var prega av utdanninga ved Universitetet i Bergen under professorstolen til botanikaren Knut Fægri. Men det skjedde ei utvikling i botanikk-forskinga som innebar ei ny fagleg tilnærming, der vegetasjon vart analysert i forhold til det økologiske miljøet den voks fram i. Ved høgskulen utvikla og introduserte Arvid Odland planteøkologi som forskningsemne og bygde ved det opp under doktorgradsprogrammet i økologi.⁴⁴²

Vassforskinga som var samla i forskarnettverket *Aqua hit*, kvilte på tidlegare arbeid i limnologi og vart vidareutvikla mellom anna ved analyse av vatn, drikkevatt og forureining av grunnvatt, elvar, innsjøar og fjordar og analyse av kommunale avfallsdeponi, og økologiske aspekt ved dette. Dette var eit område Harald Klempe stod i spissen for. Klempe som hadde noko av stillinga si knytt til Institutt for økonomi og informatikk, brukte matematiske modellar i arbeidet sitt. I fleire av forskingsprosjekta kartla han kvaliteten på grunnvatt i telemarkskommunar og vidareførte med det tradisjonen om å bruke regionen som analyseområde. Forskingsnettverket, leidd av Espen Lydersen,⁴⁴³ oppretta eit breitt samarbeid i ut- og innland, og sette i gang ei rekkje prosjekt, m.a. fleire doktorgradsprosjekt knytt til det nye PhD-programmet ved instituttet. Lydersen og ei gruppe rundt han starta mellom anna eit prosjekt om å få til produksjon av røye som kunne utnyttast som matfisk i vatn i Fyresdal – og i Tinnsjøen. Eit anna prosjekt han leidde, var arbeidet med korleis ein kunne ta knekken på lakselusa – *gyradactylus salaris*.

Det går ei linje frå denne forskinga til genetisk forskning og forskning på forholdet mellom arv og miljø. Her spelte, som vist tidlegare, kreftforskarane Elin Kure og Mona Sæbø ei viktig rolle i etableringa av doktorgradsprogrammet. Mona Sæbø forska på eit breitt spekter av problemstillingar knytt opp mot genetikk (helse, trening, miljø, zoologi), og Elin Kure på pancreatic cancer (kreft i bukspyttkjertelen). Denne gruppa, som var leidd av Solfrid Bratland-Sanda, var samla i eit anna forskingsnettverk, Health and Exercise in a Life Course Perspective, som sette søkelys på faktorar som kosthald, fysisk aktivitet, psykisk helse, som påverka helsa.

Endeleg bør ein nemne forskingsnettverket LEBE, som hadde utgangspunkt i viltforskinga på store pattedyr ved instituttet, utvikla av Howard Parker, og

442 I 1917 gav Odland ut boka *Planteøkologi – miljø og tilpassing*.

443 [Ntps://www.usn.no/forskning/kva-forsker-vi-pa/natur.helse-og-miljo-vann](https://www.usn.no/forskning/kva-forsker-vi-pa/natur.helse-og-miljo-vann). Med i gruppa var Hans Utkilen, Elin H.Kure, Andrew Jenkins, Jan Heggenes, Rune Bakken, Synne Kleiven, Harld Klempe, Live S. Vestgarden, Mona Sæbø, Jon Hovland, Mary Anderson Glenna, Jens Wollbæk og Tone Jøran Oredalen.



Beverforskar Frank Rosell: fangst av beverunge. (Foto: Christian A. Robstad)

beverforskinga til Frank Rosell. Den siste vart også ein av leiarane for nettverket.

INHM fekk ei heilt spesiell stilling i beverforsking. Det var ein del av viltforskinga som vart utvikla ved instituttet på 1990-talet under leiing av Parker. Han var rettleiar då Frank Rosell disputerte på emnet i 2002. I 2008 tok beverforskarar ved høgskulen med seg to beverfamilier til Skotland for å byggje opp bestanden som hadde vore utrydda sidan 1600-talet: «Beveren har en viktig funksjon i naturen og skaper våtmarker som mange insektarter og fugler trives i. I oppdemmet vann trives fisken godt og når beveren fellar trær kommer gjerne rådyr, hjort og elg til disse områdene. Pelsen og bevergjelet har gjort beveren attraktiv for jegerne og det var mye av årsaken til at den ble utryddet i Skottland».⁴⁴⁴

FoU-arbeidet på idrettsstudiet var grovt sett konsentrert om tre-fire område. Det eine og det mest omfattande hadde utspring i idrettsadministrative problemstillingar, som både kunne vere organisasjonsmessige og idrettspolitiske spørsmål, og spørsmål knytte til materielle forhold, då særleg idrettsanlegg. Studiet fekk i 1998 kjernemiljøstatus i programmet «Idrett, samfunn og frivillig organisering» som Norges forskingsråd etablerte på områda «Idrettsanlegg og

444 HiT-nett 07.01. 2009 (Frank Rosell).

idrettssutøvelse» og «Idrettspolitik». ⁴⁴⁵ Det førte til etablering av nettverk av forskarar ved andre institusjonar og arrangement av workshops. Slik vart det inngått eit formelt samarbeid med Rogalandsforskning om temaet idrettspolitik, og det vart like eins slutta ein intensjonsavtale med Norges idrettshøgskole som innebar eit forplikande samarbeid om undervisning, utveksling av studentar, samarbeid om hovudfag og doktorgradsopplæring av tilsette ved HiT. Eit prosjekt i avtale med Norges idrettsforbund var «Idrett for eldre» der spørsmål knytte til behov, tilrettelegging, anlegg og organisering var sentrale. Datane vart samla inn av Statistisk sentralbyrå og, som nemnt tidlegare, analysert av Inger-Lise Eriksrud Bergan. Det var også eit tett samarbeid med Telemarksforskning som i fellesskap med instituttet oppretta Senter for kultur- og idrettsforskning i 2004 – med mål å fremje forskning «på høgt nivå på kultur- og idrettsfeltet» med utgangspunkt i forskingsmiljøet ved dei to institusjonane. ⁴⁴⁶

Samarbeid om doktorgradsopplegg vart inngått med Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi ved Universitetet i Oslo for Nils Asle Bergsgard og Ragnvald Kalleberg. Sture Kvarv som vart innstilt til doktorgradskvalifisering hausten 2000, hadde Arkitektthøgskolen som godkjennande institusjon når han disputerte. Prosjektet hans, som hadde arbeidstitelen «Sosialfunksjonalismen i Norge og Sverige», var ein komparativ innhaldsanalyse av tekstar i norske og svenske arkitektfaglege tidsskrift i perioden 1930-1935, og vart vurdert som «høyst relevant for våre kjernemiljøområder». ⁴⁴⁷


Doktorgradsavhandlinga til Sture Kvarv i 2005 om holdningar og fagideologiske brytingar hos samfunnsplanleggjarane i Norge handlar primært om fysisk planlegging og tek for seg forskinga om idrettsanlegg, og arbeidet og verksemda til Rolf Hofmo i Statens ungdoms- og idrettskontor (STUI).

Elles vart det i åra utover ferdigstilt ei rekkje hovudfagsoppgåver innanfor hovudfagsprogrammet i idrett. Nokre av desse hovudoppåvene hadde også emne innanfor dei andre fagområda. Det eine var friluftsliv, jf. namnet Institutt for idrett og friluftsliv. Ein sentral fagpersonen i dette temaet var Bjørn Tordsson. Han hadde ingen direkte idrettsfagleg bakgrunn, men hadde utdanning i etnologi, filosofi og litteratur, der hans interesseorientering var retta mot friluftsliv og kulturen knytt til friluftsliv, og var på den bakgrunn godt egna til å gå inn i leiinga av friluftsstudiet ved instituttet. For å delta i doktorgrads-program vart

445 «Egenevaluering av kjernemiljøfunksjonene ved Høgskolen i Telemark og Telemarksforskning» (2001), og «Tolking av mandat – oppgaver som kjernemiljø» (2007). Arkiv Bø.

446 Den faglege leiaren for senteret den første tida var Per Mangset.

447 «Egenevaluering...» som ovanfor. Doktoravhandlinga til Kvarv kom i 2003 og hadde tittelen: *Yrkesroller og fagpolitiske brytinger i Norge. 1920-1970*.



Bjørn Tordsson "Nalle" (tilsett 1991) – stod sentralt i utviklinga av friluftsstudiet.



Annette Bischoff (tilsett 1994) – tok i 1994 initiativet til studiet Nordisk Friluftsliv, som vart bygt opp i eit samarbeid mellom institusjonar i Norden.

han oppteiken som doktorgradsstipendiat ved idrettshøgskulen. Han disputerte i 2003 på ei avhandling som viste den sterke stillinga friluftslivet hadde hatt i Norge – frå då den gryande nasjonen var på leiting etter identitet og eigenart, til 1930-talet då tilgang på natur vart eit kamptema i arbeidarrørsla.⁴⁴⁸ Seinare skreiv han fleire bøker om friluftsliv, mellom anna den han gav ut i 2010: *Friluftsliv, kultur og samfunn*.

Tordsson kunne bli reint lyrisk i framstillinga av natur – som her i foredraget han heldt i 2016: «Langsommere, dypere og mykere. Å møte fri natur er å forholde seg til noe som ikke fullt ut lar seg kontrollere. Naturmøte er å oppsøke livet der det er i emning i stadig nyskaping.»⁴⁴⁹

Ein kan kanskje plassere doktoravhandlinga til Annette Bischoff (2012) i same sjanger: *Mellom meg og det andre finns det stier*. Her er utgangspunktet spørsmålet om kva tilrettelegging av turstiar har å seie for menneskas oppleving, tolking og forståing av natur. Eit prosjekt med fleire deltakarar såg på endringane som hadde skjedd innanfor norsk friluftsliv dei siste åra, der særleg ungdom vart borte frå tradisjonelle aktivitetar som bærplukking, innlandsfiske, skiturar i skog – og gjekk over til meir moderne aktivitetar som terrengsykling og bruk av alpinanlegg.⁴⁵⁰

448 Tittelen på avhandlinga: *Å svare på naturens opne tiltale. En undersøkelse av meningsdimensjoner i norsk friluftsliv på 1900-tallet og en drøftelse av friluftsliv som sosiokulturelt fenomen*.

449 Harvest.as/artikkel/langsommere-dypere-mykere.

450 Prosjektet: «Hva skjer med norsk friluftsliv – en studie av endringsprosesser». Prosjektleiar: Jan Ove Tangen.

Den tredje fagområdet som var viktig frå starten av, var trenarstudiet – retta mot meir idrettsfaglege spesialområde. Her kan golfstudiet plasserast, men der planane om å utdanne golftrenarar som nemnt mislukkast. Betre gjekk det med senteret for volleyball med utdanning som gjorde at det vart arrangert mange samlingar for toppspelarar og trenarar.

På eit fjerde område, idrettssosiologiske problemstillingar, sette studiet også merke etter seg i produksjon av FoU-arbeid. Vi har alt nemnt Gerd von der Lippe som særleg såg på forhold mellom idrett og kjønn. Ho tok doktorgrad våren 1997. Jan Ove Tangen var også idrettssosiolog og produserte mange arbeid om idrett som sosialt system, fremst av dei doktorgradsavhandlinga i 1997.⁴⁵¹ Som vi alt har vore inne på, tok han også opp problematiske sider både ved sosiale, kulturelle og kommersielle og næringsmessige uttrykksformer i toppidretten.

Ved Institutt for kultur- og humanistiske fag var FoU-verksemnda differensiert ikkje berre fagleg, men, som alt nemnt, også når det galdt forholdet mellom breie prosjektprogram som fleire samarbeidde om, og meir individuelle prosjekt. Den første gruppa var særleg knytt til det gamle instituttet for kultur, som altså vart slått saman med humanist-instituttet i 1997. Her var Telemarksforskning, som samarbeidde med høgskulen i ei rekkje prosjekt om kultursosiologiske og kulturpolitiske analyser, viktig. Per Mangset som vart seniorforskar der i 1990, var ein sentral person i å etablere kulturpolitikk som eige fagfelt. Han var også med på å etablere FoU-avdelinga til Norsk Kulturråd, Den nordiske konferansen om kulturpolitikk frå 2003, som vart lagt til høgskulen i Bø i 2015, og The International Conference on Cultural Policy Research frå 1999. Mangset leia også fleire forskingsprosjekt om kulturpolitikk i perioden – og publiserte elles ei rekkje arbeid om sosiokulturelle og kulturpolitiske emne. I 2011 fekk han den første forskingsprisen som høgskulen delte ut (på 50 000 kroner), både for sin innsats som forskar, nettverksbyggjar og produsent av mange skriftlege arbeid.⁴⁵²

Men kulturfagmiljøet omfatta også FoU-arbeid om meir enkeltståande tema, og som likevel kunne gå inn i tverrfaglege opplegg. Vi har nemnt Sture Kvarv som vart tilsett ved IKH i 1994 der han arbeidde i feltet mellom samfunnsvitskap og humaniora, og skreiv ei doktorgradsavhandling som også var tilpassa idrettsstudiet. Eit individuelt arbeid er også doktorgradsavhandlinga til Anne Svånaug Blengsdalen som handlar om stadsmusikantordninga i Norge 1660-1800, med særleg vekt på Kongsberg og Skien.⁴⁵³ Herleik Baklid er folklorist

451 Tittelen: *Samfunnets idrett. En sosiologisk analyse av idrett som sosialt system, dets evolusjon og funksjon frå arkaisk til moderne tid.* (1997)

452 Sjå HiT-nett 6.11.12

453 *Med Spil at betiene Alle og Enhver: statsmusikantordningen i Norge 1660-1800, med særlig vekt på Kongsberg.*



Sture Kvarv, tilsett ved høgskulen frå 1994.



Herleik Baklid, engasjert frå hausten 1993, med fast stilling frå 1995.

og var knytt til både kulturfag- og historiefag-gruppa. Han var redaktør for utgjevinga av M.B. Landstads skrifter, og dei faglege arbeida hans er innretta mot folkekultur, og han har forska spesielt på emne om skikkar og trusforestillingar.

I si doktoravhandling viser Herleik Baklid at gåveskikken knytt til det å inngå ekteskap heldt seg uvanleg lenge særleg i Øvre Telemark og i Setesdal. Skikken var kopla til økonomiske forhold for å sikre bruda midlar dersom ho vart enke. Frå slutten av 1800-talet tok det romantiske ekteskapsidealet meir og meir over.⁴⁵⁴

Sigrid Bø, som arbeidde med kulturhistorie og kulturvern med vekt både på materiell og immateriell kulturarv, hadde også tilknytning til begge faggruppene. I lag med historikaren Jarnfrid Kjøk gav ho ut dei to bøkene med hovudtittel *Lekamslyst I og II*. Den første gjev eit oversyn over erotiske motiv i norske folkedikting, både i viser og forteljingar, og den andre gjev att erotiske tekstar i eventyr, segner, viser og stev. I ei bokmelding jamførte Stephen Walton bøkene med trebindsverket om seksualitetens historie til Michel Foucault, og karakteriserte verket som «ein internasjonalt viktig publikasjon som har fått sidestykke i verda».⁴⁵⁵

Blant humanistane var dei individuelle FoU-prosjekta mest vanleg. Det største avviket frå dette var samarbeidet om å skrive Telemarks historie, som kom ut som eit verk i tre rikt illustrerte bind i 2015. Forfattarane var henta blant humanistane

(2015)

454 Tittelen på avhandlinga: *Hundrede Daler, Hest og Sadel. En eksplorativ studie i feste-, benke- og morgengaveskikken i et kontinuitetsperspektiv*. (2015)

455 *Musikk og tradisjon. Tidsskrift for forskning i folkemusikk og folkedans*, 30, 2016: s. 108-112. Tobindverket til Bø og Kjøk: *Lekamslyst – om erotikk i norsk folkedikting I* (2008), og *Lekamslyst II: Erotisk folkedikting i Noreg*. (2015). Stephen Walton vart tilsett som professor i kulturfag ved høgskulen i Bø i 2015.



Telemarkshistoria som kom ut i tre bind i 2015.

ved IKH-istitutet, i tillegg til fagfolk frå Universitetet i Oslo og frå nokre andre institusjonar i Telemark og Oslo.⁴⁵⁶ Verket hadde høgskulen i Bø som ein heilt sentral føresetnad og var eit uttrykk for fagleg samarbeid mellom humanistane ved instituttet. Det som elles kjenneteiknar FoU-produksjonen ved instituttet var fagspesifikke og enkeltståande prosjekt. Slike individuelle prosjekt vart sjølvstøtt ikkje til i eit tomrom. Manusutkast vart ofte drøfta i møte og i samarbeid med kollegaer, både dei nære i Bø og fagfeller ved andre institusjonar. Etter Kvalitetsreforma i 2003 var det også, som nemnt, ein generell regel for alle fag å kvalitetssikre manus gjennom fagfellevurdering, der minst to forskarar som arbeidde på same fagfelt gjekk gjennom manus før publisering. Produksjon av doktoravhandlingar, som det kom fleire av ved høgskulen, hadde sjølvstøtt også eige kvalifiseringssystem – og ved produksjon av bøker var det vanleg å bruke bokkomitear sett ned av forlaget som skulle gje ut bøkene.

FoU-produksjonen til humanistane heldt seg også på eit høgt nivå. I 2003 stod dei bak 8 bokutgjevingar.⁴⁵⁷ Det gav høge publiseringspoengtal. Og det høge

456 Øystein Rian (red): *Telemarks historie 1. Før 1814*, Nils Ivar Agøy og Ellen Schrupf (red): *Telemarks historie 2. 1814 - 1905*, Olav Rovde og Ingvar Skobba (red): *Telemarks historie 3. Etter 1905*.

457 Dei åtte bøkene (sjå bilete): N.I.Agøy: *Mytenes mann. J.R.R. Tolkien og hans forfatterskap*; S.Arntzen og O.Christensen (red): *Hvor kommer idéhistorien fra? Tematiske og teoretiske brytninger i historiefaget*; P.Fjågesund

nivået heldt fram. I eit oversyn over produksjonen i perioden 2008 til 2014 brukte høgskulen nemninga «publiseringsmiraket». Det karakteriserte heile HiT, men særleg Institutt for kultur- og humanistiske fag – dvs. ikkje berre humanistane. I 2014 låg instituttet på norgestoppen i studiepoengproduksjon, og det stod det året for nesten 60 % av den totale «produksjonen» ved høgskulen.⁴⁵⁸

Ved humanistmiljøet var FoU-aktiviteten stor både ved norsk-, engelsk og historiefaga. Ved norskmiljøet var Olav Solberg «veteranen», med stilling i nordisk litteratur frå 1974 – berre avbrote med to år (1998-2000) då han var professor ved Universitetet i Oslo. Forskinga hans var i stor grad konsentrert om folkedikting,



Humanistmiljøet i Bø med åtte bokutgjevingar i 2003. Frå venstre på bildet: Ole Martin Høystad, Olav Solberg, Nils Ivar Agøy, Peter Fjågesund, Ellen Schrumpf, Sven Arntzen og Otto Christensen (Foto: Per M. Holtung)

og særleg arbeidde han innanfor fagfeltet ballade- og viseforskning. Doktorgraden hans frå 1998 var ein studie om dei norske skjemteballadane.⁴⁵⁹ Han har også

(i samarbeid med Ruth A. Symes): *The Northern Utopia. British Perceptions of Norway in the Nineteenth Century*; O.M.Høystad: *Hjertets kulturhistorie fra antikken til vår tid*; E.Schrumpf: *'Berus eder!' Norske drikkekulturer i de siste 200 år*; og to bøker av O. Solberg: *Forteljningar om drap* (sjå ovanfor) og *Norske folkeviser: våre beste ballader*. 458 HiT-nett 22.05. 2015.

459 Tittelen på arbeidet: «Den omsnudde verda» Ein studie i dei norske skjemteballadane.

arbeidd mykje med dei historiske romanane til Sigrid Undset, og med tekstar frå mellomalderen.

I boka *Forteljingar om drap. Kriminalhistorier frå seinmellomalderen* (2003) har Solberg granska drapsbrev frå perioden 1300-1550, basert på vitneavhøyr som fungerte som bevis i rettsaker. Her avdekkjer han ei blodig og valdeleg historie – med detaljerte skildringar av prestar som slår andre i hel, bønder som drep kvarandre i fylla, utruskap og slåssing. Det var spesielt ille i Telemark.

Eli Glomnes stod i spissen for opprettinga av studiet i tekstvitenskap (semesteremne på 30 studiepoeng) i 2001. Det var ei vidareføring av studiet i massekommunikasjon frå 1988. Nemninga «Tekstvitenskap» var både ei meir presis og ei meir omfattande nemning etter kvart som «Tekst og kommunikasjon» vart veletablerte deler av faget med plass til ulike fordjupingsemne. I 2005 gav

MAY 4, 2017 NEWS EDITORS: DANNY MAY & JACOB WAREHIME

Gulliksen to receive honorary doctorate at Luther commencement

MADÉLINE AJACK
STAFF WRITER

Retired Professor of American culture and literature Øyvind Gulliksen will receive an honorary doctorate during the 2016-17 commencement, an award for his research during his time at Luther.

Gulliksen has been working on numerous projects as a visiting scholar, such as transcribing 155 of the Elisabeth Koren letters — work that is still in progress. Gulliksen has been working with Freddy Bannenberg ('18) on the transcriptions.

"Hope for them to be published," Gulliksen said. "When? I don't know, but I hope I will be alive to see it happen."

Gulliksen's time at Luther began in 1974, when he followed his interests in Norwegian immigrants to Decora and visited while conducting graduate work in American Studies at the University of Minnesota. He returned to Norway before again coming to Luther to teach Norwegian Literature and Translation as well as Immigrant Studies as part of a Fulbright program in 1983-84. In 2001 he taught *Pedersea* at Luther.

"I am so absolutely excited to get my honorary doctorate," Gulliksen said. "I always enjoyed being at Luther and it's my privilege to do that. And I've been able to do things here that I wouldn't [be able to do] in Norway."

Assistant Professor of History Anna Peterson has worked and taught with Gulliksen, including taking students to local cemeteries to analyze the foundations.

"He always opens that class with a quote and it's a very romantic idea of walking around a cemetery," Peterson said. "It brings the voices of the past back to life."

Peterson, Gulliksen, and his wife, Visiting Instructor in Scandinavian Studies Karl Gunnarsson, have all been involved in the Nordic studies department.

"He's given a lot to this place," Peterson said. "I'm really glad he's getting the [honorary] degree."

History major Alex Aakre ('19) has had personal and academic experiences with Gulliksen, especially in regard to Gulliksen's knowledge of the Plague Struck, a U.S. body of the Norwegian Lutheran church.

"Øyvind is the only other person I know who gets excited about



19th century Norwegian Pietist," Aakre said. "He's the only person I know whose hobby is exploring old graveyards. He will be missed, and I'll have to find someone else who gets excited about Norwegian

pastors."

At the conclusion of his work with the Elisabeth Koren letters, Gulliksen will depart for Norway with Gunnarsson at the end of this spring semester. He will continue his research in Norway.

"I'm not prepared to go, but I have to leave," Gulliksen said. "The day I go back I guess I just have to be ready. This is probably the end of my semester-long stays at Luther."

Retired Professor of American culture and literature Øyvind Gulliksen talks with a peer at a cemetery.
Photo courtesy of luther.edu

Øyvind T. Gulliksen var lærar i amerikansk litteratur og kultur ved høgskulen i Bø frå 1979. Han hadde ei kortvarig stilling ved Universitetet i Oslo (1993-94) og fleire opphald ved Luther College i Decorah. I 2014 fekk han (som pensjonist) forskarstilling ved Luther, der han vart utnemnd til æresdoktor for arbeidet med norsk-amerikansk immigrasjonshistorie

Glomnes ut to bøker, den eine ei lærebok i skrivning, den andre ei innføring i

tekstteori og språkfilosofi.⁴⁶⁰ I 2009 då Glomnes slutta ved høgskulen, vart studiet lagt ned. Men elles vart element av kommunikasjon og tekstvitenskap integrert i språkemne ved alle norskstudium i landet etter at massekommunikasjon vart innført som emne i 1988, der altså TDH var først ute. Ein døropnar var Landslaget for norskundervisning (LNU) som vart det viktigaste forumet for endringar i norskfaget og som medverka til tett kontakt mellom forskingsfaget og skulefaget på alle nivå. Det var LNU som gav ut fleire av bøkene Glomnes skreiv om tekstteori, og ho fekk også plass i styret til organisasjonen.⁴⁶¹

Øyvind T. Gulliksen starta i stilling som lærar og forskar i amerikansk litteratur og kultur ved distriktshøgskulen i 1979, men arbeidde også i fleire år etter det ved Universitetet i Oslo og som «visiting professor» ved Luther College i Decorah. Forskingsproduksjonen hans dekkjer fleire område. Eit av dei viktige er studiar av norskamerikansk immigrasjonshistorie, og særleg den norsk-amerikanske kulturen i Midtvesten. I 2017 vart han utnemnt til æresdoktor ved Luther College for dette arbeidet. Men forskingsarbeidet hans har også vore retta mot norsk litteratur, mellom anna med arbeid om forfattaren Pål Helge Haugen, og om forholdet mellom litteratur og teologi. Boka basert på doktoravhandlinga hans, *Twofold Identities. Norwegian-American Contributions to Midwestern Literature*, er, som tittelen viser, ein analyse både av amerikansk litteratur i midtvesten og av norsk-amerikanske immigranttekstar.

Ved engelsk-studiet hadde Peter Fjågesund hovudansvaret for britisk litteratur og kulturkunnskap, både som lærar og forskar. Men rundt desse hovudemna kan ein slå ein vid ring om ein skal fange inn dei breie faginteressene som karakteriserte FoU-arbeida hans. Eit område her var omsetjing – der han først spesialiserte seg på bøkene til D. H. Lawrence, ein forfattar som også var emne for hans doktoravhandling.⁴⁶² Elles arbeidde han med anglo-skandinaviske forhold, reiselitteratur, polarhistorie og lokallitteratur og forhold mellom sentrum og periferi.

I eit forskingsprosjekt om utlendingars reiser i eksotiske Telemark på 1800-talet granska Peter Fjågesund reiseskildringar. «Ordet blir stumt og pennen lam» skriv ein etter å ha opplevd Rjukan-fossen. Andre gjorde andre observasjonar: Telemarkingane var utruleg skitne, men gjerne overdådig pynta med sølvspenner og smykker. At dei sov saman, sju åtte stykker av begge kjønn, totalt avkledd mellom skinnfellane, vekte også interesse.⁴⁶³

Forskning er ofte å setje kritiske blick på tidlegare framstillingar om eit tema,

460 *Skriv bedre! Lærebok i skriving* (2005), *Alt jeg kan si. Språk virkelighet og subjektets stemme* (2005).

461 Byggjer på opplysningar frå Glomnes.

462 *The Apocalyptic World of D.H. Lawrence* (1988, trykt som bok i 1991).

463 HiT-nytt nr. 1, 1996.

men kanskje har spesielt historikarane ei eiga glede av å pirke på hevdvunne «sanningar» om fortida. Dette galdt i stor grad Claus Krag, som var ein av dei første fagpersonane som vart tilsett ved høgskulen (1971). Krag var spesialist på norrøn filologi og middelalderhistorie – kalla ein stad «Norges fremste vikingtidsforsker».⁴⁶⁴ Krag «knuser myten om Harald Hårfagre» skreiv HiT-nytt i 1996 i omtalen av bind 2 i Aschehougs Norgeshistorie forfatta av Krag. «Harald var snarare ein episode i norsk historie enn den rikssamlaren sagaene fortel om». Ein sentral del av framstillinga i boka er ein kritisk gjennomgang av kjeldene om rikssamlinga, der Krag stolar meir på skaldekvada enn på sagalitteraturen.⁴⁶⁵

Liknande kritiske oppgjer tek andre historikarar. Ellen Schrupf som hadde FoU-produksjon både i lokal- og regionshistorie, mellom anna Porsgrunns historie bind 2, og sosial- og kulturhistorie,⁴⁶⁶ arbeidde særleg med barndomshistorie – mellom anna i boka *Barndommens historie* (2007) som viser hovudlinjene i barndomshistorisk forskning etter Philippe Aries store verk om temaet som kom ut i 1960. I doktoravhandlinga ho skreiv om barnearbeid ved Ulefoss Sagbruk og Porsgrund Porselensfabrik tek ho eit oppgjer med «elendighetssynet». Det var ikkje berre utnytting. Barna tente relativt bra, og industriarbeid vart sett på som arbeidets praktiske skule.⁴⁶⁷

I 1996 vart Ellen Schrupf valt til leiar i Den norske historiske forening (Hifo), eit verv ho hadde til 2000. Hifo representerer det samla fagmiljøet for historikarane i Norge, og har som mål å fremje norsk historieforskning, styrke faget i skule og utdanning og arbeide for brei formidling og bruk av historie i samfunnet. I 1997 og igjen i 2010 vart det årlege historikar-seminaret (Hifo-seminaret) lagt til Bø.

Nils Ivar Agøy hadde nytolkingar i mange av sine bøker og artiklar han skreiv om emna han tok opp, den norsk-svenske unionsstriden, fredsørsla, arbeidarrørsla og det hemmelege militærapparatet i mellomkrigstida. I boka *For konge og fedreland* viser han at militæretaten spelte ei sentral rolle i unionsstriden, noko som hadde vore sterkt underfokuserert. I doktorgradsavhandlinga han skreiv om forholdet mellom militæretaten og den «indre fiende» i perioden 1905-1940, viser han m.a. at Quisling planla å bruke hemmelege og «pålitelege» militære styrkar i Norge for å gjere statskupp.⁴⁶⁸ Agøy er både teolog og historikar, og i

464 I ei melding av boka *Sverre: Norges største middelalderkonge* (2003) som Halvor Tjønn skreiv i Aftenposten: <http://www.afenposten.no/nyheter/kongelige/Logneren-som-ble-konge-6349886.html>.

465 HiT-nett 30.03. 2005.

466 M.a. boka *Berus Eder. Norske drikkekulturer gjennom de siste 200 år* (2003).

467 Tittelen på avhandlinga: *Barnearbeid – plikt eller privilegium? Barnearbeid og oppvekst i to industrisamfunn i perioden 1850 – 1910*. (1997)

468 Avhandlinga til Agøy: *Militæretaten og «den indre fiende» fra 1905 til 1940: hemmelige sikkerhetsstyrker i Norge sett i et skandinavisk perspektiv*. (1994)

prosjektet «Kirken og arbeiderbevegelsen», eit tema som tidlegare hadde vore prega av kulturkampane i mellomkrigstida, dreg han fram ideologiske likskapar mellom dei to.

Agøy er landets fremste Tolkien-ekspert. Han har skrivne fleire bøker om Tolkien og hans forfatterskap⁴⁶⁹ og omsett fleire av hans bøker til norsk. I 1995 fekk han Bastian-prisen for omsetjinga av boka *Silmarillion*.

Anna Tranberg, som vart tilsett ved avdelinga i Bø hausten 1992,⁴⁷⁰ «avliva myten» om at vesttelemarkingane var stridbare mot prestane. Det var pengar, ikkje teologi som avgjorde om presten var godt likt. Kravde han lita løn, kunne



Claus Krag var ein av dei første fagleg tilsette ved høgskulen i Bø, og stod i spissen for å etablere og byggje opp historiestudiet som eit av dei første studieprogramma (1971). Krag var også ein av dei som tidleg etablerte forskning som ein del av verksemda ved høgskulen Øystein Rian arbeidde som historikar ved TDH i åra før Tranberg, som avløyste han etter at han flytta over til Universitetet i Oslo. Forskinga hans har utgangspunkt i den nære regionen (Telemark og Vestfold), men han gjorde seg også kjent for nytolking av dansketida i Norge.

Anna Tranberg var tidleg brukt som timelærer ved historiefaget, men vart fast tilsett frå 1992. Som historieforskar viste ho fram nye økonomiske, sosiale og kulturelle sider ved bygdesamfunna i Telemark i siste del av dansketida, og dei same tema vart tekne opp i bygdeboka ho skreiv om Ringsaker.

han elles både vere drikkfeldig og usømeleg.⁴⁷¹ Fleire «myter» vart avliva i bygdeboka ho skreiv om Ringsaker,⁴⁷² anten det dreia seg om kriminalitet, sosiale

469 Hovudverket: *Mytenes mann. J.R.R.Tolkien og hans forfatterskap*. (2003)

470 Men før det var ho mange år timelærer ved historiefaget.

471 HiT-nytt 11.12. 04.

472 *Korn og klasseskille. 1660-1840. Ringsakerboka* 1993,

omgangsformer eller om framveksten av ei ny tidsoppfatning blant bygdefolket.

Øystein Rian som var tilsett ved høgskulen i Bø i perioden 1977-1993, gjorde seg mellom anna kjend for ei nytolking av dansketida der han la vekt på dei negative verknadane tapet av sjølvstende hadde for Norge, i opposisjon til den dominerande norske historikartradisjonen. Det er kalla «den rianske vending», som er tittelen på festskriftet han fekk til 70-årsdagen sin i 2015.⁴⁷³ Doktorgrada tok han i 1980 som tilsett ved Telemark distriktshøgskole på ei avhandling om grevskapstida i Vestfold.⁴⁷⁴

Eit fagarbeid som står noko for seg sjølv, er boka til Ole Martin Høystad: *Hjertets kulturhistorie. Frå antikken til vår tid.*(2003).⁴⁷⁵ Boka vart selt i 19 land og er ei av dei mest omsette norske sakprosabøkene. Den vart omsett til tysk, engelsk, spansk, italiensk, polsk, gresk, koreansk og ei rekkje andre språk. I 2018 kom den ut på arabisk i Egypt. Boka gjer greie for korleis hjartet er blitt oppfatta i ulike kulturar gjennom tidene og framstilt som symbol på kjærleik og medkjensle. Boka viser også korleis dette mykje brukte symbolet har vore gjenstand for påverknad frå andre kulturar, der påverknaden frå arabisk kultur gjorde seg særleg gjeldande i høgmedalderen.

Også den neste boka til Høystad, *Sjelens betydning. En kulturhistorie* (2016), er omsett til fleire språk. Boka handlar om korleis forståinga av sjela har endra seg i vår kultur, frå då den vart «oppfunnen» i antikken, til den blir omtolka til psyke i psykologien rundt 1900. Samstundes lever den vidare som eit hovudmotiv i episk diktning hos store romanforfattarar.

Skriving av lærebøker og anna skriftleg undervisningsmateriale var ei spesiell side ved FoU-produksjonen. Det var mest påkravd i dei nye tverrfaglege programma. Ved dei økonomisk-administrative faga som frå 1970-åra laga nye studieopplegg, vart det slik skrive ei rekkje nye lærebøker. Det gjeld som nemnt Vidar Ringstad som skreiv fleire bøker om samfunnsøkonomi og økonomisk politikk som kom i stadig nye utgåver og vart brukte på økonomistudiar ved fleire institusjonar. I 2007 gav han ut boka *Samfunnsøkonomi og sunn fornuft*, som hausta lovord både frå fag- og næringslivsfolk.

Karl J. Haga som hadde ansvaret for dei juridiske faga ved instituttet, hadde også ein omfattande lærebokproduksjon, særleg innanfor familie- og arverett.

473 F.E. Eliassen m. fl.: *Den rianske vending*. Festskrift i anledning professor Øystein Rians 70-årsdag 25. februar 2019. Oslo 2015.

474 *Vestfolds historie. Grevskapstiden 1637-1821*. (1980) Nemnast bør også Jens Johan Hyvik (tilsett 2011) som i si forskning set nye blikk på tema knytte til språk, identitet, nasjonalisme og nasjonsbygging i Norge – emne som føyar seg godt inn i FoU-arbeidet ved instituttet. Kai Østberg (tilsett 2009) har hatt fransk mentalitetshistorie, særleg knytt til den franske revolusjonen, som hovudområde, og har med det for alvor ført europeisk historie inn i forskingsfeltet ved instituttet.

475 Boka kom i ny og utvida utgåve på bokmål i 2011: *Hjertet: En kulturhistorie*.

Fleire lærebøker vart produserte av andre tilsette ved dette instituttet seinare.⁴⁷⁶ Ved institutt for natur-, helse- og miljøvern skreiv også tilsette ei rekkje lærebøker som vart brukte ved studiet,⁴⁷⁷ det same galdt ved kulturstudiet – der nye tema vart akademiske disiplinær, og der både Ole Martin Høystad, Per Mangset, Sture Kvarv og Sigrid Bø var på lærebokmarknaden.⁴⁷⁸ Ved idrettstudiet var ei lærebok om idrettssosiologi, skriven av Jan Ove Tangen, oppført i studieplanen.⁴⁷⁹

Ved dei universitetslike studia var behovet for nye lærebøker mindre. Men bøker skrivne av tilsette ved desse studia vart brukte også her. Ved historiestudiet vart boka Jostein Nerbøvik skriven i serien som Samlaget gav ut om norsk historie, brukt både her og ved andre høgskular og universitet. Det same galdt boka om norsk historie fram til 1319 som Claus Krag gav ut i 2000.⁴⁸⁰ Ved norskstudiet var ei bok om barne- og ungdomslitteratur som Olav Solberg skriven i lag med Jarle Bondevik, ei tid i bruk.⁴⁸¹ Ved engelskstudiet skriven Thor Sigurd Nilsen lærebøker i engelsk fonetikk,⁴⁸² og Øyvind T. Gulliksen var medredaktør (saman med A. Breidlid) og medforfattar i ei bok om amerikansk kultur.⁴⁸³

Det som elles var vanleg ved alle studium var at faglærarane la inn artikkelstoff eller utsnitt av bøker dei sjølve hadde produsert i emne studentane skulle velje i sine studieopplegg. På denne måten vart studia ikkje berre orientert mot forskning, men mot forskingsarbeidet til dei enkelte lærarane.

Fagutviklinga fram til fusjonen i 2016

Den faglege hovudstrategien dei siste åra til HiT som sjølvstendig institusjon, fram mot fusjonen i 2016, tok farge av universitetsambisjonane. Vedtaket om at

476 N.P. Hovland: *Entreprenørskap og innovasjonsledelse* (2008). Per Chr. Hagen: *Innføring i sannsynlighetsregning* (2010 og seinare utg.), Roy M. Istad og Bjørn Kristoffersen: *Forstå programmering – med Java*, Roy M. Istad: *Forkurs i matematikk* (1992).

477 N. Fimreite: *Innføring i økologi* (1997), A. Myhre: *Klima, energi og miljø* (2025), D. Bjertketvedt og A. Pedersen: *Grunnleggende biologi og miljølære* (1996), B.G. Steen: *Himmelsk kjemi, innføring i generell og organisk kjemi* (2006), A. Odland: *Planteøkologi. Miljø og tilpassing* (2017), O. Rosef og L. Rosef: *Helse og miljø. Mikrobiologi* (1998).

478 O.M. Høystad (saman med A.S. Sørensen, E. Bjurstrøm og Halvard Vike): *Nye kulturstudier – en innføring* (2008, ny utg 2010). P. Mangset (saman med O.M. Hylland): *Kulturpolitikk – organisering, legitimering og praksis*, og åleine: *Innføring i kulturpolitikk* (1992), S. Kvarv: *Vitenskapsteori* (2010 og seinare utg), Sigrid Bø: *Framover med fortida: Innføring i miljø- og kulturvernarbeid*. (1989 og seinare utg.)

479 Jan Ove Tangen: *Hvordan er idrett mulig? Skisse til en idrettssosiologi*. (2004).

480 Nerbøvik: (sjå note 165). Krag: *Norsk historie fram til 1319*. (Universitetsforlaget 2000).

481 Sidsel Sidsærk og Supermann. *Barne og ungdomslitteratur i bruk*. (1975).

482 *British and American English Pronunciation* (1996 og seinare utg), *Englishy British, American and world Englishes* (2010) – og saman med Kaare N. Rugesaeter: *Basic English phonetics for Teachers* (2010).

483 (Saman med A. Breidlid): *American Culture – an anthology* (1996 og seinare utg).

dette kunne skje innan 2013, som Duesund foreslo i 2009, var som nemnt altfor optimistisk – og måtte endrast undervegs. For å få universitetsstatus måtte det opprettast fire doktorgradsopplegg. I Bø kom som nemnt det første, i økologi, på plass i 2011, det andre, i kultur, i 2012, og fakultetet i Porsgrunn hadde eitt, i gassteknologi. Arbeid med å opprette ei fjerde doktorgrad vart, som vi alt har sett, kopla til ein annan strategi: Planane om å slå saman høgskulane til større einingar. Då kunne kravet innfriast «gratis». Frå styresmaktene si side vart universitetsstatus brukt som agn for å få institusjonane til å fusjonere. Det som i debattperioden om dette temaet ved miljøet i Bø lenge var den mest aktuelle fusjonspartnaren, var Universitetet i Agder – som fekk universitetsstatus alt i 2007. Utvikling av nye utdanningar for å nå universitetsmålet, «kan bare skje i samarbeid med UiA», sa rektor Bogen i 2012.⁴⁸⁴

Men både universitetsplanane og utsiktene til fusjon hadde som verknad at høgskulen satsa på fagleg konsolidering, på å utvikle dei studieområda ein alt hadde i staden for å utvikle studium på nye fagområde. Slik vart planlegginga av eit nytt masterstudium innan fagområdet informatikk, økonomi og administrasjon lagt bort. Det same galdt ein søknad til NOKUT om oppretting av MA i siviløkonomiutdanning. Elles vart fleire årsstudium, i første rekkje ved studia i økonomi og administrasjon og idrett, nedlagde eller omorganiserte i 2012 som følgje av den nye gradsstrukturen. Det galdt også Kandidatstudiet i kultur – arrangering, formidling og forvaltning og Kandidatstudiet i økonomi. Det siste hadde vore «fanestudiet» ved det økonomisk-administrative fagmiljøet, og var før nedlegginga (2015) høgskulens eldste.⁴⁸⁵ Utspel om å bryte opp masterstudiet i kulturfag og gjere det meir ope tilgjengeleg som «felles anliggende», i tråd med utspelet til «De unges Forbund» alt i 2007, vart heller ikkje realisert før fusjonen i 2016. Studiet vart, som nemnt, lett revidert i 2015 under leiing av Stephen J. Walton. Det galdt metodedelen – ikkje det faglege opplegget elles.

Scandinavian studies in Telemark vart lagt om frå eksternfinansiert til ordinært studium, og heldt fram som eit studieprogram for utvekslingsstudentar som skulle ta skandinaviske studiar eller germanistikk, eller som skulle studere ved andre studieprogram og kunne tenkje seg fag som kultur og/eller språk i tillegg. Like eins heldt studiet Norsk språk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar fram for internasjonale studentar som ville studere vidare i Norge, eller jobbe, og derfor vart stilte overfor krav om å lære norsk.

Utviklingsarbeidet fram mot 2016 innebar også å auke talet på første- og

484 HiT-nett 19.11.2012.

485 Arkiv 12-01610-8 Hoveddokument – frå AF 29.10.13. Digitalarkiv Porsgrunn.

toppstillingar – ei målsetjing som vart nedfelt i programnotata ved høgskulen. Dette gjorde det økonomiske handlingsromet trongare – eit rom som elles var under press i dei årlege budsjetta. Det var likevel to vegar ein kunne gå for å utvikle nye studietilbod. Det eine var, som alt nemnt, å satse på nettstudium. Etter 2010 vart det utarbeidd planar om å opprette årsstudia i norsk, historie, engelsk, idéhistorie og natur-og miljøvern, tilleggsstudia (halvårsstudia) i nordisk historie, engelsk og norsk, i kulturleing, i informasjonsbehandling som nettstudium. Frå 2012 vart tilleggsstudia i norsk og historie, ved sida av tilbod på campus, også tilbodne som nettstudium, seinare (2016) også i engelsk.

Den andre vegen var å bygge studietilbod i samarbeid med andre fakultet ved Høgskolen i Telemark, men også med andre institusjonar utanfor Telemark. Fagleg samarbeid over fjellet til Notodden hadde vore prøvd mange gongar, men hadde alltid vore vanskeleg å få til. Her spelte nok «historiske tilhøve» ei rolle, at distriktshøgskulen i Bø etablerte fag som alt var utvikla i lærarutdanninga. På denne bakgrunn var det ulike syn på korleis faga skulle presenterast. Ulikskapar om stillingsstruktur og holdningar til FoU-arbeid spelte også ei rolle. Men noko vart prøvd.

Mest langvarig var overføring av lærarressursar frå Bø til lærarutdanninga i Notodden. Ordninga kom i stand etter at læraren som hadde hovudansvaret for engelskfaget på Notodden slutta. Styret ved HiT vedtok då (i november 2002) at engelskfaget ved avdelinga i Notodden «som fast ordning» skulle leggjast inn under avdelinga i Bø og organiserast av IKH, som dermed skulle ha det «faglige, økonomiske og ledelsesmessige ansvaret» for engelskfaget ved begge avdelingane.⁴⁸⁶ Inger-Anne Søvting fekk ansvar for undervisninga i litteratur- og kulturkunnskapsdelen, og i tillegg ansvaret for å koordinere studieopplegget. I 2008 vart heile studiet flytta frå Notodden til Porsgrunn, men vart framleis leidd av Søvting og drive av lærarar frå Bø.⁴⁸⁷ Men det var konflikt om denne plasseringa. Det kom innvendingar både frå Notodden, som ville ha stillinga tilbake, og frå Bø som ville ha lærarressursane tilbake. Frå engelskseksjonen i Bø kom det også forslag om å samle engelskfaget ved HiT på ein stad – i Bø.⁴⁸⁸ I 2010 vedtok styret at lærarutdanninga i engelsk vart tilbakeført til Notodden. Grunngevinga var både problem ved å utvikle ein berekraftig studieportefølje i Bø, og at den nye grunnskulelærarutdanninga (GLU) gjorde det formålstenleg å leggje alt ansvar for utdanninga til Notodden. Vedtaket førte til at Søvting flytta tilbake til Bø, og at

486 «Organisering, styring og leing i Høgskolen i Telemark. Videre oppfølging». Internt notat 29.11. 2002. 02100101. Arkiv Porsgrunn.

487 I språkdelen først Thor Sigurd Nilsen og Stein Bekke – og etter overføring til Porsgrunn: Øystein Heggelund.

488 Sjå Gulliksen i Varden 9.5. 2008.

det vart tilsett ny engelsklektor ved lærarutdanninga i Notodden.⁴⁸⁹ Dermed vart også samarbeidet om engelskfaget i Notodden/Porsgrunn avslutta.

Heller ikkje andre samarbeidsplanar mellom dei humanistiske faga var vellukka. Planen om å utvikle eit MA-studium i engelsk og norsk fagdidaktisk retning i samarbeid mellom Bø og Notodden vart, som vi har sett, aldri realisert. Stort betre gjekk det ikkje med ein plan som vart lagt fram i 2013, om eit masterstudium i utdanningsvitskap i samarbeid med lærarutdanninga på Notodden, med undervisning både i Notodden og ved Institutt for kultur- og humanistiske fag i Bø. Studiet gjekk berre ein gong, før samarbeidet med Notodden vart brote.

Universitetet i Agder var inne i bildet ved fleire samarbeidsprosjekt. Som nemnt vart planane om å gå saman om eit doktorgradstudium i «Helsefremjande arbeid» ikkje noko av. Samarbeidet om masterstudiet i akvatisk økologi som var under planlegging frå 2011, vart godkjent av begge styra i 2013. Studiet heldt fram ei tid etter at Agder fall bort som fusjonspartnar. Første semester vart lagt til Bø, som hadde koordineringsansvaret for studiet. Andre året kunne gjennomførast anten i Bø eller i Kristiansand, avhengig av spesialisering: ferskvassøkologi (Bø) eller marin økologi (Kristiansand). Men då fusjonen mislukkast, vart det avgjort at studiet skulle leggjast ned – dei siste studentane vart opptekne hausten 2017. Universitetet i Agder bygde opp ein eigen master i «Kystsonen Økologi».⁴⁹⁰

Hausten 2013 vart det laga ein søknad om utvikling av *Joint Master* i tverrkulturelle kulturstudium i samarbeid med Høgskolan i Borås og universitetet i København. Studiet fekk namnet «Nordisk master i kulturpolitikk og kulturelt leiderskap», men sidan universitetet i København sa nei, vart det aldri handsama i styret – og vart på denne måten eit av dei «tapte» prosjekta.⁴⁹¹ Stort betre gjekk det ikkje med eit masterstudium med spesialisering i alpin økologi i samarbeid med universitetet i Zilina. Det starta i 2016, men fekk nesten ingen studentopplutning. I skrivande stund, hausten 2018 har berre ein student gjennomført programmet.

Etter initiativ frå utviklingsleiar Ole Dalen, saman med Marte Midttun Lie og Kjell Gunnar Heggenes, alle frå Vest-Telemarksrådet, vart kurset «Politikarskolen» oppretta hausten 2012. Kurset vart utvikla i samarbeid mellom «Politiker 2020», eit tverrpolitisk prosjekt som var starta av lokalpolitikarar i Telemark og HiT. IKH-instituttet fekk ansvar for å setje det i gang, m.a. med finansiell støtte (1 million kroner) frå Norgesuniversitetet, og det gjekk som nett- og samlingsbasert studium over to semester, i 2012-13 med Sven Arntzen som fagleg leiar, i 2013-14 med Kristian Hanto. Anette Staaland ved administrasjonen i Bø var heile tida administrativ koordinator. Formålet med studiet var å gje ei innføring i ulike sider ved kommunalpolitisk arbeid, her var bruk av IKT som verktøy viktig, og samstundes lære både komande og eksisterande kommunepolitikarar å

489 «Gjennomgang av studieporteføljen for Høgskolen i Telemark – Sluttrapport». 17.06.10. 07-02063-57. Digitalarkiv Porsgrunn. Jf. opplysningar frå Søfting, Hanto og Arntzen – og Anne Solberg ved lærarutdanninga.

490 Opplysningar frå Mona Sæbø.

491 Opplysningar frå Kristin Midtbø.

meistre politisk arbeid i ulike situasjonar. Studieemnet gjekk over to semester som pilotprosjekt. Det vart møtt med varierende reaksjonar – også kritikk: At ein risikerte å få grå og kjedelege politikarar og at det peikte mest mot den administrative sida av lokalpolitikken. Kritikken kom i forkant av det første prosjektåret, og kunne nok ha samanheng med det tabloide namnet på kurset. Det kunne like noko på reaksjonar forfattarstudiet i si tid vart møte med. Tilbakemeldingane frå det to kulla som fullførte kurset, var derimot svært positive. Men det møtte andre former for problem. Det vart vanskeleg å få finansiert ei vidareføring av kurset i 2015. Samarbeidsutspel overfor KS førde ikkje fram. Kontakt med statsvitarmiljøet i Drammen etter den store høgskulefusjonen i 2016, gav heller ingen positive resultat. Kurset vart såleis ikkje ført vidare.⁴⁹²

Den faglege planlegginga fram til 2016 var elles mest prega av få nye utspel. Hovudstrategien var ikkje å setje i gang studium på nye område. Det vart også markert som eit problem at fakultetet tilbaud svært mange studium. Hovudutfordringa var å byggje opp «robuste» nok fagmiljø – særleg innan humanistiske fag og enkelte spesialiseringar innan den økonomiske utdanninga. Studieporteføljen ved HiT er for høg, sa rektor Bogen våren 2014, det er sett i gang fleire nyetableringar enn nedleggingar. Universitetsambisjonane og



Leiargruppa ved AF ved overgangen til Høgskolen i Sørøst-Noreg 2016. Rundt bordet frå høgre sit Sven Arntzen, instituttleiar for IKH, administrasjonssjef Erik Aarnes, instituttleiar Annette Bischoff ved IFIF, dekan ved fakultetet (AF), Tone Jøran Oredalen, instituttleiar Live Semb Vestgarden ved INHM, og Aase Haukaas Gjerde ved IØI.

behovet i denne samanheng for å auke talet på første- og toppstillingar, gjorde det økonomiske handlingsromet trongare. Problemet var at HiT samstundes tilbaud

492 Opplysningar frå Kristian I. Hanto

studieprogram med for svak inntening – mellom anna pga. langvarig sviktande studentrekruttering. Men her var fakultetet i Bø likevel eit unntak. Det hadde samla sett den største studenttilgangen av alle fakultet ved HiT.

Før fusjonen i 2016 var fakultetet i Bø bygt opp med fag på alle nivå, ved IKH og INHM også med doktorgradsprogram. Dei første studentane i doktorgradsprogrammet i økologi vart tekne opp i 2011, og fram til skrivande stund (2018) er det gjennomført 11 disputasar, og til saman 22 studentar er inne på programmet.⁴⁹³ Dei første avhandlingane i PhD ved kultur kom først i 2017.

Studieprogramma ved fakultetet ved overgangen til den fusjonerte Høgskolen i Sørøst-Noreg i 2016⁴⁹⁴

Dekan ved fakultetet 2013-2017: Tone Jøran Oredalen.

Ved Institutt for natur, helse og miljø: PhD i økologi og 4 masterstudiar: *Natur, helse og miljøvern*; *Environmental Science* (for internasjonale studentar); *Akvatisk økologi* (i samarbeid med Universitetet i Agder), *Alpine ecology*, (i samarbeid med universitetet i Zilina i Slovakia – som vart lite vellukka), og tre BA-studiar: *Forureinsing og miljø*; *Økologi og naturforvaltning*; *Natur, miljø og friluftsliv* (i samarbeid med idrett og friluftsliv), i tillegg til årsstudia *Natur og miljø*; *Årsstudium i naturfag* (nett- og samlingsbasert), *Alpine Ecology and Environmental Management* (årsstudium og semesterstudiar for utvekslingsstudentar). Ved instituttet kunne også påbyggingsstudiet *Geografiske informasjonssystem (GIS)*, som låg ved Institutt for informatikk, økonomi og administrasjon innpassast som påbyggingssemne.

Instituttleiar: Live Semb Vestgarden.

Ved Institutt for økonomi og informatikk: 8 BA-studiar *Eigedomsmekling*, *Informasjonssystem*, *Informatikk*, *Innovasjon og entrepenørskap*, *Internasjonal marknadsføring*, *Revisjon og rekneskap*, *Turisme og leining* og *Økonomi og administrasjon*. I tillegg tilbød instituttet 3 årsstudium, i *Bedriftsøkonomi* som gjekk både i Bø og i Porsgrunn, *Geografiske informasjonssystem (GIS)* og *Informasjonsbehandling* som også vart tilbydd som nettstudium.

For utanlandske studentar: *Business administration for Exchange Students*, og *International Tourism and Sustainable Development*.

Instituttleiar: Aase Haukaas Gjerde.

⁴⁹³ Opplysningar frå Mona Sæbø.

⁴⁹⁴ Kjelde for studieporteføljen 2016: Det digitale HiT-nett-arkivet.

Ved Institutt for idrett og friluftsliv: Mastergradsstudiet i *Kroppøving, idrett og friluftsliv*, som også vart tilbydd i samarbeid med lærarutdanninga på Notodden, og 3 BA-studier: *Idrettsvitenskap; Friluftsliv, kultur- og naturveiledning; Natur, miljø og friluftsliv*, og to 2-årsstudium: *Idrett og friluftsliv; Kultur-og naturveiledning*. Elles var det tilbod om nokre mindre semesteremne og studiar: *Kropp, helse og bevegelse; Nordic Skiing and Outdoor Life and Outdoor Life; Culture and Ecophilosophy*.

Instituttleiar: Annette Bischoff.

Ved Institutt for kultur- og humanistiske fag: PhD i kulturstudiar. I tillegg hadde instituttet *Masterstudium i kulturstudiar*, og tre BA-studier: i *Kulturleiing, i Historiske fag og Språk og litteratur*, dessutan årsstudium i *Norsk språk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar*, og i *Engelsk, Historie og Norsk*. Dei tre siste vart også

tilbydd som samlings- og nettbaserte studieopplegg. *Scandinavian Studies in Telemark* vart organisert med eitt- eller tosemesterskurs. Studentane har her kunna velje emne på engelsk ved andre institutt – om det passar med timeplanen. Elles hadde instituttet tilbod om eit nettbasert årsstudium, *Spansk og latinamerikansk språk og kultur*, som var ei vidareføring av det tidlegare årsstudiet spansk. *Årstudiet Idéhistorie* vart også tilbode berre som nettbasert studium, og av kulturfaga vart årsstudiet *Kultur og leiing* berre arrangert som deltidsstudium. Men *Forfattarstudiet* var som før eit av dei faste studia i Bø, og var framleis eit av dei mest søkte studia ved instituttet. Elles var forstudia *Examen Philosophicum, Examen Facultatem og Lingvistikk* plasserte ved instituttet.

Når så mange av studia var organiserte som deltids- og/eller nettstudium, kom det av vanskar dei siste åra før fusjonen med å fylle måltala.⁴⁹⁵ MA i utdanningsvitskap med fordjuping i engelsk, norsk eller samfunnskunnskap vart oppretta i samarbeid med Lærarhøgskolen i Notodden. (Pga manglande søking vart det avgjort å ikkje ta opp studentar til studiet i 2018).

Instituttleiar: Sven Arntzen.

I tillegg til studieprogramma var fakultetet i Bø involvert i nettverk og internasjonale prosjekt og program i utlandet i samarbeid med den kommersielle aktøren Gateway College.

495 Kjelde for gjennomgangen av studieporteføljen 2016: det digitale HiT-nett-arkivet.

Studentsamfunnet – og høgskulens forhold til bygda og regionen

Som vist tidlegare (sjå graf s. 80), auka tala på studentar i Bø gjennom heile distriktshøgskuletida. Deretter fall desse tala. Søknadstala til HiT (her etter samordna opptak) fall enda sterkare, men tok seg noko opp att mot slutten av perioden, særleg rett før den nye fusjonen i 2016. Veksten i tala på registrerte studentar i Bø starta tidlegare fordi det var ein større del av søkjarane som fekk studieplass. Studenttalet passerte, som vi såg, i 2000 i 2009. Ved fusjonen i 2016 var det nærare 3000 som følgde eit eller anna kurs ved høgskuleavdelinga i Bø. Her finn vi også nettstudentane. Dette innebar at mange av studentane som tok «Bø-fag» ikkje budde i bygda. Dette galdt ikkje berre nettstudentane, men også mange av dei som pendla frå dei tilstøytande bygdene og byane. Det finst ingen klar statistikk på dette.

I 1994 disponerte studentsamskipnaden 507 hyblar i Bø, ved studentheimane i Gullbring, Grivi, Folkestad og Breisås, der siste byggjesteget Breisås III stod ferdig i 1994. I tillegg disponerte ein husvære i det ombygde hybelhuset som i si tid vart reist ved gymnaset (som vart rive seinare), og før studentopptaket i 1994 vart det gjort ferdig hyblar i ein brakkerigg og ved ombygde kontor i det tidlegare undervisningsbygget til Napastaa. Dessutan var tilbodet på den private marknaden ganske stort – bygt opp gjennom mange år etter etableringa av høgskulen i 1970. Ved oppstart av studieåret hausten 1994 var det frykt for «hybelkrise», men den gleid over fordi mange tok til takke med hybel «til dels svært mange kilometer frå Bø for å holde på plassen ved det populære studiestedet», som det heitte i HiT-nytt.⁴⁹⁶ Ved dette opptaket kom knapt ein tredjedel av dei nye studentane frå Telemark, og nokre av desse kunne nok pendle, men den andre tredjedelen, knapt 800, kom frå andre fylke og trong bustad i Bø.⁴⁹⁷

Dekan Arild Hovland refererte i 2006 til uro i Bø-bygda over ei negativ utvikling. Fleire meinte å sjå ein tendens til at mange studentar reiste ut av bygda i helgane – og at høgskulen hadde 4 dagars veke, der få møtte på skulen på fredagane.⁴⁹⁸ Dette kunne nok vere eit poeng – som var synleg. Trass denne kritikken tyder det meste på at studentmiljøet gleid nokså friksjonslaust inn i Bø-samfunnet, om enn kanskje av og til noko på sida av det. Sjølv om dette miljøet år om anna vart endra ved den normale utskiftinga av studentane, var det ein sterk kontinuitet både ved dei ordinære studieopplegga og ved etableringa og

⁴⁹⁶ HiT-nytt nr. 2 og nr. 5 1994.

⁴⁹⁷ Ibid. nr. 7, 1994.

⁴⁹⁸ Bø blad 26.1. 2006.

oppbygginga av studentorganisasjonar og av faste arrangement heilt frå 70-åra.

Men noko vart endra. Det gjaldt mellom anna studentsamskipnaden. Etter fusjonen i 1994 vart det, som vi har sett, vedteke å slå saman studentsamskipnadane i nedre Telemark (SINT) og i øvre Telemark (SØT) til Studentsamskipnaden i Telemark (SiTel). Dette vart gjennomført frå 1.1. 1997, då hovudkontoret samstundes vart lagt til Porsgrunn. I utgangspunktet var det noko usikkert om kvar dette kontoret skulle liggje. Ingen av dei to direktørane, Arne Johnsen i SØT (Bø) eller Nils Harald Henriksen i SINT (Porsgrunn), ville pendle. Styret avgjorde at hovudkontoret skulle liggje hos den av dei to som fekk fleirtal i styret til den nye direktørstillinga. Henriksen vann «hårfint» og hovudkontoret vart dermed lagt til Porsgrunn.⁴⁹⁹ Men kontoret i Bø vart ikkje avvikla. I praksis vart todelinga ført vidare. Arne Johnsen heldt fram som «Bolig- og eiendomsdirektør» til han gjekk av med pensjon i 2012. Då vart stillinga overført til Porsgrunn – og omdisponert (med ny tittel: «Boligsjef»)⁵⁰⁰ I heile perioden hadde kontoret i Bø framleis ansvar for studentheimane, og for sommardrifta av dei som vart leigde ut til private drivarar. Kontoret hadde også framleis ansvaret for studentbarnehagen, som frå 1991 vart etablert i Napastaa-senteret i samarbeid med kommunen. I 1994 stod samskipnaden bak etablering av ei sosial rådgjevingsteneste med eigen sosialkonsulent i heil stilling, delt med lærarhøgskulen på Notodden. Stillinga fekk ansvar for dei psykososiale problema studentar måtte ha, og var bindeledd til helsevesenet. I 1999 vart det tilsett studentprest i 50 % stilling, også på deling med Notodden. Kantinedrifta som samskipnaden hadde hatt ansvar for, vart derimot overført til «Statens kantiner» frå 1994 – då kantina i det nye høgskulebygget vart opna.

Før samanslåinga vart kontoret til samskipnaden i Bø flytta frå Napastaa-bygget ved vegen til Gvarv til nye lokale i Lia-bygget øvst i Bø-gata. Bakgrunnen var at Kroa, som hadde lokale i den gamle trailergarasjen, og dei andre studentaktivitetane i Napastaa-senteret, trong meir plass. Studentbarnehagen heldt til ei tid her framleis, men all undervisning vart lagt til nybygget i Gullbring.

Men det store spranget når det gjeld husrom for studentaktivitetar og studentsamskipnaden, med KROA som midtpunkt, var bygginga av fleirbrukshuset ved Lunde-vegen, som opna i 2013. Med dette vart «høgskuleriket», alle tenester og aktivitar knytte til høgskulen, samla i Gullbring. Her må vi også ta med det utandørs idrettsanlegget som stod ferdig i 2003 – som ikkje berre var for høgskulen, men også var eit anlegg heile bygda kunne bruke.

499 HiT-nytt nr. 7, 1996.

500 Opplyst av Arne Johnsen.

Dei som flytta til Bø som studentar, kom til ein studieplass der det relativt sett var rimeleg å opphalde seg. Ei landsomfattande studentgransking i 1998 synte at Bø kunne freiste med låge levekostnader, langt lågare enn i byane, og av høgskulane var det berre Volda-studentane som hadde billigare buutgifter. Samstundes var tilbodet nye studentar fekk stort og mangfaldig – som nettopp vist ved alle utbyggingsprosjekta. I velkomsthelsinga til nye studentar vart det ved kvar studiestart rekna opp alle tilbod som møtte dei – dels allmenne tilbod utvikla i kulturlivet i Bø, dels sett i gang av studentane sjølve sidan 1970-åra. Vi klipper frå heimesida til høgskulen 2005: Bø filmklubb, Bø Bokkafe, Bø Jazzklubb, Bøss (studentavis), Fotogruppa Observer, Grønt teppe (sjonglørgruppa), Telemark kammerkor, Studentradioen, Nerdenes hevn, Fraktal (musikkaktivitetar), Frimusikkens venner, Bø Elvepadlarkubb, The Circle, og fiskegruppa Adundas. For dramainteresserte kunne ein freiste med Revyen, og ikkje minst Viko, ei årviss studentveke som starta i 1995, med revy, konsertar og andre aktivitetar. Elles innbaud idrettshallen i Gullbring og idrettsanlegget utandørs til aktivitetar. Av organiserte opplegg kunne ein velje mellom fotball, handball, volleyball, innebandy, ski og snowboard, aktivitetar stelt i stand av Klatregruppa og Turngruppa, Låmeleiken (telemarkskøyring), undervassrugby, tennis, friidrett og mykje anna. I 2005 feira VIKO 10-årsjubileum med tettpakka program: utstilling, bokkafe, klatrekurs, gjøglarkurs, filmkveld, ungdomsdisko, innebandycup, drinkkurs (!) – og nesten daglege konsertar. Ei liknande feiring med omfattande program, denne gong etter 15 år, vart arrangert i 2010. I 2014 kunne 20-årsfeiringa for HiT, også med stort program, leggjast til den nye kroa.

Med det nye huset i 2013 var det framfor alt KROA som fekk romslege og gode lokale, ikkje minst ny scene med plass til 750 personar. KROA var alt godt innarbeidd i studentmiljøet – og til ein viss grad også i bygda elles. Institusjonen oppstod ved organiseringa av Kro&Kultur i 1971, innvia med faste lokale i Napastaa-bygget i 1985. I åra deretter markerte den seg ikkje berre i miljøet i Bø, men også på nasjonalt nivå. Sett i forhold til å liggje i ei «grisgrendt» bygd vart den gamle Kroa svært kjend og brukt som scene for norske rockeartistar. Den vart driven av ei gruppe studentar med tilsett dagleg leiar i 60% stilling. Ved 30-årsjubileet for Kro&Kultur i 2001 spelte nokre av dei mest kjende banda i Norge til konsert: Røyksopp, Kaisers Orchestra, Gåte, Askil Holm, Vidar Vang og Hellbillies. På landsmøtet til Norsk Rockeforbund i 2005 vart KROA kåra til årets konsertarrangør. Ofte brukte band den som opningsscene for større norgesturnear, som for Dum Dum Boys våren 2006. Premieren vart sett opp i april, men alt få



Kroa i Bø vart ei velrenommert konsertscene – vitja av store band og landskjende artistar. Her frå ein konsert i 2016.



Høgskulen samla på eitt område. Til venstre ser vi ein del av det nye stadionanlegget inntil bygget for barnehage, og nedst til venstre det nye fleirbruksuset som opna i 2013.

dagar etter starten av billettsalet var alle – 650 – selde.⁵⁰¹

Av dei 650 billettane gjekk nok også mange til Bø-ungdomar som ikkje hadde noko direkte tilknytning til høgskulen. KROA og kultur- og idrettsaktivitetane som sprang ut frå miljøet ved høgskulen, vart ein del av det totale kulturtilbodet i

501 Hit-nytt 22.2. 2006.

Bø. Når Bø i 2005 vart kåra til årets kulturkommune, var høgskulen eit viktig grunnlag. Rektor Bjerketvedt og direktør Røttingen kunne same året slå fast at tida då det var tydelege kulturmotsetningar mellom høgskulemiljøet og bygda, var over. Og Bø blad følgde opp: «Høgskulen er ein del av Bøs identitet i dag».⁵⁰² Kommunen bygde elles opp Bø som studiebygd. Alle som køyrde inn i Bø på hovudvegen både austfrå eller vestfrå møtte eit skilt som helsa velkomen til «Handels- og studiebygda Bø». Identiteten som jordbruksbygd, som Bø bar på tidlegare, var komen i bakgrunnen.

Heilt frå starten på 1970-talet hadde høgskulen i det faglege arbeidet, som vi har sett, i stor grad vendt seg mot regionen. Det galdt fagopplegga ved både dei tverrfaglege studieretningane og årsstudia. Denne innretninga vart nok over tid svakare fordi studieopplegga vart meir nasjonale – og i nokre tilfelle også



Bilde frå Energistien for elevar i 7. klasse i Nome, Sauherad og Bø i samband med «Forskingsdagane». Synne Kleiven orienterer om solenergi med demonstrasjon av solcellepanel og solomn. (Foto Per M. Holtung)

502 Bø blad 3.2. 2005.

internasjonale, der Telemark spelte ei mindre framtrekkande rolle. Dekan Arild Hovland minte i 2006 om dei nye tidene: Ein kan ikkje når det gjeld forholdet til Bø-samfunnet, leve lenger på gamal idealisme: «For oss er det kvalitet og profesjonalitet som gjeld. For ein moderne akademisk institusjon er det andre standardar som gjeld enn dei som blei trekt opp på 70-talet».⁵⁰³ Men det låg nok ikkje i denne kommentaren at det var ei nødvendig motsetning mellom fagleg orientering mot lokalsamfunnet/regionen og det å leggje vekt på kvalitet og profesjonalitet. Telemark var eit merkenamn som kunne brukast, og vart brukt, både i faglege og kulturelle samanhengar.

Det tette forholdet mellom høgskule og bygd som ein la opp til i distriktshøgskuletida, med fagkveldar og «kveldssete» for bygdefolk, vart sjeldnare. Det kan nok ha samanheng med at dei fagtilsette ikkje på same måte som tidlegare vart oppmoda til å drive «kulturarbeid» blant «folk flest», men vart i sterkare grad enn før ført inn i eit fagregime der det vart lagt meir vekt på forskning og produktivt fagleg utviklingsarbeid. Likevel er det for sterkt i denne samanhengen å snakke om eit totalt brot med fortida. Det var til dømes, som vi alt har synt, eit samarbeid mellom fagfolk frå kultur- og humanistfaga og Bø Bygdemuseum og Bø lokalhistoriske arkiv, og mellom idrettsstudet og Bø-idretten. Telemark historielag som heile tida var tett knytt til høgskulen, spelte også ei viktig rolle både ved årlege seminar og eiga årbok, der ei rekkje tema om telemarkshistoria vart presenterte. Tilsette ved høgskulen var også i mange samanhengar aktive i organisasjonslivet – som «Bø-folk». Ved arrangement av forskingsdagar kunne skular i regionen bli inviterte – som i 2009 då 7. klassingar i Bø, Sauherad og Nome vart innbodne til ein dag som var via energi, med m.a. forsøk på å steike speilegg på papir, og få ein sukkerbit til å brenne.⁵⁰⁴ Og det skjedde også framleis at tilsette var med i opne arrangement som gjerne kunne bruke nemninga frå 1970-åra: «kveldssete», og der forskning kunne presenterast – gjerne på ein underhaldande måte. Det kunne vere foredrag om Tolkien (Agøy), om trekk frå det folkereligjose liv i Telemark, om jule- og bryllaupsskikkar og om folkemedisin (Baklid), og sjølvsgat om telemarksforfattarar (Solberg). Dette var elles ein del av samfunnsoppdraget fagtilsette hadde om forskingsformidling, og som vart utøvd i mange andre samanhengar.

Eit døme på å popularisere forskning er eit arrangement Peter Fjågesund fekk i stand i 2007 både i Skien (Festiviteten) og i Morgedal. Han hadde arbeid med polarhistorie, og i britiske og norske arkiv hadde han kome over ukjent materiale om kunst og kultur knytt til polarområda, mellom anna songar, klavermusikk og bilete frå 1800-talet og byrjinga av 1900-talet. På «polarkveldar»

503 Ibid 26.1.2006.

504 HiT-nytt 10.9. 2007.



Det tette forholdet mellom skule, bygd og telemarksregionen var viktig sjølv etter at høgskulen vart både ein nasjonal og internasjonal institusjon. Det er nærliggande for forfattaren å bruke historiefaget som grunnlag for telemarkstilknytninga. Den var sjølvsagt viktig for trebindsveket Telemarks historie, som er omtala tidlegare – og som miljøet frå mange fag ved høgskulen i Bø var med på. I tillegg vart mange lokalmiljø i fylket handsama i mange artiklar og bøker - slik boka Ellen Schrumpf her presenterer om Porsgrunns historie (2006), er eit uttrykk for. (Foto: Per M. Holtung)

vart songane, «polarpopen», presentert for første gong, framført av profesjonelle musikarar. Elles fokuserte han i desse arrangementa på bragdene til skiennguten Hjalmar Johansen og på Morgedals store son, Olav Bjaaland.⁵⁰⁵

Som del av Bø-samfunnet spelte høgskulen ei viktig rolle både for økonomien og den fysiske utviklinga av bygda – tydeleg særleg ved dei nye anlegga og bygga som vart plasserte i Gullbring-området. Den nye gruppa av tilsette utgjorde ei stabil og veksande sysselsetjing. Sjølv om Bø-høgskulen ikkje fekk del i veksten av administrasjonen etter fusjonen i 1994, vart ingen tvinga til å flytte. Det galdt likevel ikkje toppleinga. Nils Røttingen, som vart direktør for HiT i 1994, flytta nokså tidleg etter fusjonen til hovudkvarteret i Porsgrunn.

Studentane ved høgskulen var viktige for «handelsbygda» Bø, og spelte slik ei sentral rolle når det galdt lokal vekst. Dette skapte ringverknader. I 2014 vart det laga ein plan for «Campus Bø» av ei gruppe som representerte høgskulen,

505 HiT-nytt 26.9.2007, 9.1. 2008.

Telemarksforskning, fylkeskommunen og Bø kommune, og næringslivet i Telemark, for å styrke koplinga mellom høgskule og næringsliv. Det oppsette målet var å vidareføre det påviste faktum at studiestaden Bø hadde vore ein motor for regional utvikling i Midt-Telemark. Høgskulen og miljøet bygt opp kring den, var knytt til kompetanse som kunne tilby både offentleg sektor og næringslivet godt utdanna arbeidskraft. Av dei mange arbeidsplassane som var knytte til «Campus Bø», var mellom 90-100 sysselsette ved dei mange verksemdene med tilhald ved Telemarksforskning (Helland-tunet), og om lag 170 ved høgskulen.⁵⁰⁶ «Campus Bø» som «motor» var klart ein viktig grunn til veksten i folketalet i kommunen. I



Runar Gundersen (på midten i bildet) vart ved årskonferansen til Virke hausten 2015 tildelt pris av sosialminister Robert Eriksson og adm. dir. Vibeke Hammer Madsen som «Årets entreprenørskapslærer» for måten han har inspirert eigne studentar til å utvikle forretningsidear gjennom prosjektet «Studentbedrift»

2016 passerte dette talet 6000 – mot i underkant 4000 då høgskulen starta i 1970. I perioden før den nye fusjonen var Bø ein av dei kommunane som prosentvis hadde den sterkaste folkeveksten i Norge. Men spådomar ved starten i 1970 om at Bø ville få 15000 innbyggjarar og høgskulen 3-4000 studentar, slo ikkje til.

⁵⁰⁶ Referert i HiT-nett 28.05. 2014.

Kim Kristian Humborstad var student ved BA-studiet i innovasjon og entrepenørkunnskap i 2006-2009 og valde studentbedrift som prosjekt 3.året – under leiing av læraren i entrepenørkunnskap, Runar Gundersen. Saman med to andre studentar utvikla han her idéen om eit trådløst og batterifritt bank- og identifikasjonskort. Studentbedrifta («360 innovator SB») var grunnlaget for selskapet Zwipe som Humborstad lanserte i 2009, kort tid etter at han avslutta studiet ved høgskulen. Selskapet vart vidareutvikla i Bø i samarbeid med instituttet og rettleiaren der, Bø Sparebank, Innovasjon Norge og Mastercard. Etter vellukka testar som gjorde at selskapet vart attraktivt for investeringar, mellom anna frå det kinesiske høgteknologiselskapet Kuang-Chi, vart betalingskortet lansert på verdsmarknaden i 2015/16. Alt tyder på at det som starta som ei studentbedrift i Bø, er i ferd med å bli ein verdssuksess, og vel den største internasjonale suksessen med utspring i Høgskolen i Telemark.

Den krungete vegen fram til den nye fusjonen: Høgskolen i Sørøst-Noreg

Vegen fram til den store fusjonen i 2016 kan sjåast på som ei vidareføring av høgskulereforma i 1994, då 98 statlege høgskular vart reduserte til 26, i Telemark frå tre til ein. Bakgrunnen var oppfatningar om at høgskulesystemet måtte gjerast meir «robust» for å utnytte ressursane betre og auke kvaliteten på utdanning. Dette var oppfatningar som vart forsterka i åra utover. Utfordringane samfunnet stod overfor vart, når det gjaldt utdanningssystemet, i større og større grad kopla til kvalitet, relevans og effektivisering. Utbygginga av høgre utdanning som følgje av at ein stadig større del av ungdomsgruppene søkte seg inn på høgskulane og universiteta, skjerpa konkurransen om studentar, personale, oppdrag og økonomi til drift og forskning. Det at effektivitet og kvalitet i større grad vart kvantifisert i form av studiepoengproduksjon og i forskingsproduksjon, t.d.i talet på fagfelleverderte forskingsartiklar i dei mest prestisjetunge tidsskrifta, verka i sameretning. Utbygginga av det norske utdanningssystemet var elles ein del av ein internasjonal tendens som Norge var med på. Her var, som vi har sett, den såkalla Bologna-prosessen frå 1999 viktig. I den norske utviklinga vart kvalitetsarbeidet kopla til ei gradvis nedbryting av det tospora systemet med universitet på den eine sida og høgskulane på den andre. Det innebar at høgskulane måtte løftast opp. Vesentleg i denne samanhengen var harmonisering av stillingsstrukturen, som distriktshøgskulane kjempa for – og som gjorde at dei fekk til opprykksordningar på grunnlag av FoU-arbeid. Frå 1993 kunne også vitskapleg tilsette søke om opprykk til professor etter kompetanse. Same verknad hadde ordningar innført ved kvalitetsreforma i 2003 med felles gradsstruktur og felles karaktersystem, alt i tråd med Bologna-prosessen. Samstundes vart det gjeve høve for høgskulane å oppnå universitetsstatus, og det nye organet NOKUT skulle overvåke kvaliteten ved utdanninga som vart tilbydd – og godkjenne søknadar om nye studium, slik som altså skjedde ved søknadane frå HiT om doktorgradsstudium. Dermed vart i prinsippet skiljet mellom universitet og

høgskule brote gradvis ned. Kriteria som måtte oppfyllest for å bli universitet, vart sett til minst fire doktorgrader og fem mastergrader.

Eit nytt sprang i denne utviklinga skjedde ved innstillinga frå Stjernø-utvalet i 2008.⁵⁰⁷ Den viste til at mange av utdanningsinstitusjonane hadde svak rekruttering, og at evalueringar hadde synt sviktande kvalitet i sentrale utdanningar. For å motverke desse problema foreslo utvalet å endre institusjonsstrukturen og slå saman dei statlege institusjonane i store einingar i dei ulike landsdelane, i til saman mellom åtte og ti «fullt integrerte flercampusuniversitet».⁵⁰⁸ Høgskolen i Telemark var plassert i «Universitetet i Vest-Viken», saman med høgskulane i Buskerud og Vestfold, med andre ord ein modell nær det som vart resultatet i 2016.

Men det skulle renne mykje vatn i havet før dette kom på plass. I høyringsrunden etter innstillinga frå utvalet var det brei støtte til kvalitetstiltak, men motstand mot forslaga om samanslåing. Det siste var i tråd med ei særfråsegn frå ein av utvalsmedlemene, Marianne Harg.⁵⁰⁹ Ho var skeptisk til samanslåingar og meinte at fagmiljøa ville lide ved den konstruksjonen fleirtalet gjekk inn for. Ho meinte at høgskulane med fordel kunne dyrke sin eigenart ved å vere åleine, eller i frivillige nettverk. Noko på veg var det også dette som skjedde. Som oppfølging av forslaga frå utvalet vart det i første omgang innført verkemiddel for å stimulere til auka samarbeid og arbeidsdeling, men utan at det kom pålegg om samanslåingar. Men tre av høgskulane tilfredsstilte kriteria for å bli universitet: Landbrukshøgskolen i Ås vart gjort til universitet alt i 2004 med namnet Universitet for miljø- og biovitenskap (UMB); i 2008 vart det avgjort å slå den saman med Norges Veterinærhøgskole – med verknad frå 2014, og som då fekk namnet Norges miljø- og biovitenskaplige universitet; Høgskolen i Stavanger vart oppgradert til universitet i 2005 (UiS) og Høgskolen i Agder i 2007 (UiA). Elles vedtok høgskulane i Oslo og Akershus å slå seg saman – til Høgskolen i Oslo og Akershus (HiOA) – med verknad frå 2011.⁵¹⁰ Frå 2018 vart høgskulen oppgradert til universitet – OsloMet.

I heile denne prosessen var altså to parallelle utviklingstrekk kopla saman: Arbeidet for å bli universitet og, som resultat av denne målsetjinga, oppbygginga av institusjonane for at dei skulle bli sterke nok for å bere eit universitet. For dei aller fleste, og det galdt HiT, måtte det skje gjennom samarbeid eller samanslåingar. Det kom ikkje sentrale pålegg om dette, men vart overlete til dei enkelte

507 NOU 2008: 3.

508 Ibid.: 77.

509 Ibid.: 198ff. Harg var president i Tekna og seksjonssjef i Norsk Hydro.

510 I tillegg vart Arbeidsforskningsinstituttet og Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) ein del av fusjonen i 2014. Jf.Meld. St. 18 (2014-2015): 14.

institusjonane. For dei sentrale styresmaktene vart universitet slik brukt som eit freistande mål, som dei aller fleste høgskulane bar på, som kunne tene målet om effektivisering gjennom ei strukturrasjonalisering av utdanningsinstitusjonane.

Korleis plasserte HiT seg i dette bildet? Debatten i Telemark var påverka av det som skjedde i det nære omland – både austanfor og vestanfor. I den første regionen der Stjernø-utvalet meinte HiT høyrde heime, gjekk høgskulane i Buskerud, Vestfold, Østfold og universitetet i Ås saman og skipa Oslofjord-alliansen i 2007, i ein avtale der det skulle utviklast samarbeid mellom dei fire institusjonane om utdanning og forskning. HiT stod på skeptisk avstand frå denne alliansen. Våren 2008 hadde rektor Dag K. Bjerketvedt fleire møte med både representantar for alliansen og Universitetet i Agder der han gjorde greie for arbeidet for å nå universitetsstatus, anten åleine eller i samarbeid, slik det var formulert i høgskulens strategisk plan.⁵¹¹ På denne tid utforma høgskulen eit høyringsutkast til Stjernø-innstillinga som gjekk inn for å oppretthalde «..en høy grad av institusjonell autonomi» i ein «nettverksmodell bygd på forpliktende kontrakter, kombinert med virkemidler for noe sterkere nasjonal styring.»⁵¹² I Oslofjord-alliansen voks derimot tanken om fusjon. Men her melde universitetet i Ås seg ut. I eit styremøte HiT arrangerte i Oslo, orienterte rektor Knut Hove om standpunktet i Ås: Universitetet kom ikkje til å gje frå seg den autonomien ein fusjon ville medføre, og han tolka at dette også var HiTs strategi.⁵¹³ Dette styrka holdningane i HiT om å styre unna fusjonsplanar.

Universitetsmålet var likevel det viktigaste. «Det er konkurransehemmande å være høgskole», sa Bjerketvedt til *Forskerforum* hausten 2008. Men det skulle ikkje skje ved å slå saman institusjonar, men gjennom samarbeid – og han nemnde samarbeid som alt var i gang med universitetet i Agder.⁵¹⁴ Og det var den vegen HiT no vende seg. I det same nummeret av *Forskerforum* vart Øyvind T. Gulliksen intervjuet der han drog same konklusjonen som høgskulen måtte dra seinare: HiT hadde ikkje økonomiske musklar til å få alle doktorgradene som skulle til for å bli universitet. Då var alternativet å få til eit «fornuftsektenskap» med UiA.⁵¹⁵ Dette standpunktet hadde Gulliksen markert alt før gjennom eit innspel til Stjernø-utvalet,⁵¹⁶ og seinare kom han til å fremje dette standpunktet ved fleire høve. Det

511 Det eine var eit informasjonsmøte 18.2. 2008 på Bjerketvedts kontor (her kunne ikkje rektor i Buskerud møte), det andre var 25.3. 2008 (her kunne ikkje rektor i Agder møte). Jf. HiT-styret S-sak 71/10. Arkiv Bø.

512 HiT. Styremøte 17.04. 08. Arkiv Bø.

513 HiT-styret S-sak 33.08. Arkiv Bø.

514 *Forskerforum* 10, 2008.

515 *Ibid.*

516 Sjå NOU 2008: 3 s. 13. Jf. opplysningar frå Gulliksen.

var også dette som ei stund vann fram ved høgskulen, særleg i Bø.⁵¹⁷ I desember 2008 vart det slutta ein avtale mellom dei to institusjonane om nettverksamarbeid som skulle «medvirke til å befeste og viderutvikle UiA som universitet og til å underbygge og fremme HiTs universitetsambisjoner.»⁵¹⁸ Dette var innleiinga til eit tettare forhold, og det fall saman med at spørsmålet om tverrinstitusjonelle samarbeidsprosjekt vart meir og meir aktuelt. Eitt av desse prosjekta var eit mulig samarbeid om doktorgradsprosjektet om helse. Etter initiativ frå HiT vart det sett ned ei utgreiingsgruppe hausten 2010 for å føre samarbeidet mellom dei to vidare, eventuelt med fusjon som resultat. Innstillinga kom våren 2011. Den slo fast at det ikkje på det tidspunkt var grunnlag for fusjon, men det kunne vere «potensial for faglig vekst og utvikling» ved ei nærare tilknytning mellom dei to institusjonane. Og her skisserte utvalet to alternativ: Anten eit meir forpliktande og institusjonelt forankra samarbeid, eller ei nærare utgreiing om ein mogleg fusjon eller andre samarbeidsmodellar.⁵¹⁹ Innstillinga vart deretter sendt på ei omfattande høyring som tok lang tid. Hausten 2013 signaliserte departementet at det ville setje førebels stopp for at fleire høgskular skulle få universitetsstatus, men etter press frå Nils Kristian Bogen (rektor frå 1.8. 2011) let statsråd Røe Isaksen samarbeidet gå vidare. Men for å bli universitet, måtte institusjonar slå seg saman: «Robustifiseringa kommer», det ville kome krav om innsparingar. Ein kunne ikkje få betalt for å ta lokal- eller distriktpolitiske omsyn.⁵²⁰

Spørsmål om samarbeid vart slik eit spørsmål for eller imot fusjon. I denne debatten utvikla det seg etter kvart sterk motstand ved universitetet i Agder mot å gå saman med HiT. Å byggje opp eit universitet saman med Telemark er ein dårleg idé, skreiv ein professor og medlem av forskerforbundsstyret ved UiA i Fædrelandsvennen hausten 2011. Tilsette ved HiT låg på eit lågare kvalitetsnivå og hadde svakare vitenskapleg produksjon.⁵²¹ Det vart også åtvare mot å «fusjonere nedover». Motstanden galdt også samarbeid om doktorgradsprogrammet om helse – som med det fall bort. I høyringsrunda gjekk 29 av 32 instansar som var kontakta i Agder imot fusjon, ved HiT svarte 3 av 4 fakultet ja, men det var delte oppfatningar internt. Dei fleste organisasjonane for tilsette sa nei. Studentorganisasjonane i Agder sa nei med 14 mot ei røyst, men det var fleirtal

517 Ved avdelinga i Notodden, som hadde eit samarbeid om allmennlærerutdanninga med Høgskolen i Buskerud, var det ikkje så negative stemningar til samarbeid austover.

518 «Avtale om institusjonelt nettverkssamarbeid» 16.desember 2008. Arkiv Bø.

519 Eit av to? Jf. HiT-nett 8.4. 2011

520 HiT-nett 20.11.2013

521 Mohammad Azam Mansoor: «Ett universitet for Telemark og Agder – et dårlig forslag», Fædrelandsvennen 16. august 2011.

for med 10 mot 7 i avrøystinga i studentorganisasjonen i Telemark (SoT).⁵²² I styra for dei to institusjonane sa Agder samrøystes nei, medan det var eit knapt fleirtal for nei (6 mot 5) i Telemark.⁵²³

Dermed måtte HiT kaste seg rundt og sjå austover igjen. Her var fusjonane alt i gang ved at høgskulane i Vestfold og Buskerud gjekk saman i 2012 (HBV), medan Østfold valde å stå utanfor. I midten av desember 2014 gjorde styret ved HiT samrøystes intensjonsvedtak om å gå saman med HBV, og nokre dagar seinare retta HBV ei liknande hand til HiT.⁵²⁴ Samanslåingsprosessen tok knapt eit halvt år. Studentane ved HiT handsama saka i februar 2015 – og gav samrøystes tilslutning, men utan at spørsmålet skapte stort engasjement.⁵²⁵ Dei tilsette vart derimot ikkje spurde. Etter samrøystes vedtak i begge høgskulestyra vart det sendt søknad om fusjon i juni. Søknaden fekk ja i statsråd 19. juni – med verknad frå nyttår 2016.⁵²⁶

Dermed var Høgskolen i Telemark sendt over til fortida, slik distriktshøgskulen vart det i 1994. Den nye *Høgskolen i Sørøst-Noreg* tilfredsstilte dei gamle krava til å bli universitet (fire doktorprogram), og dette målet var dermed flytta nærare. Men i dei nye samanslåingsrundene vart det sett inn fleire vilkår, ikkje berre fire doktorgrader, men det var krav om produksjon av FoU-arbeid med høg internasjonal kvalitet.

Vegen fram til den nye samanslegne eininga var krunglete og svingete. Ein historikar har kalla prosessen som høgskulane vart utsette for, for «en litt kaotisk stollek under høyt tidspress». Tidspresset og dei rammene som vart lagt rundt denne prosessen, gjorde det vanskeleg å hoppe ut av den. Det var som «å blafre med lysene i baren». Regjeringa utløyste med det «en heftig sjekking blant institusjoner som fryktet konsekvensene ved å måtte gå alene heim».⁵²⁷ Den fusjonerte høgskulen i Sørøst-Norge var programforplikta til å delta i dette spelet. Det vart sendt søknad om å bli universitet. Svaret som kom vinteren 2018 frå utvalet sett ned av NOKUT som vurderte søknaden, gjorde at institusjonen slapp å gå åleine heim. Veggen fram til endeleg godkjenning som universitet, først frå styret i NOKUT og til slutt vedtak i regjeringa, vart gjennomført i løpet av våren 2018. 4. mai, 48 år etter opprettinga av Telemark distriktshøgskole, vart høgskulen i Bø i lag med dei andre høgskulane i Telemark ein del av *Universitetet i Sørøst-Noreg*. Det var det sjølv sagt ingen som kunne tenkje seg i 1970.

522 HiT-nett 20.5.2014.

523 Ibid. 18.6.2014.

524 Ibid. 18.12.2014.

525 Ibid. 13.3.2014 (vurdering i styret av interessa til studentane).

526 Ibid. 19.6.2015.

527 Thue 2017: 286.

Fakultetet i Bø reiste til Berlin i november 2016 på «likvake» for HiT, og då vart dette diktet, omskrive av Kristian Hanto etter Heinrich Heines klassiske dikt om Loreley («Ich veiss nicht was soll es bedeuten, das ich so traurich bin») – framført. Her trykkjer vi siste verset:

*På likvake er me no hamna
Og skrotten er framleis litt varm
Med raudkjaka iver me festa
Og midlar til forskning forsvinn
Ved Spree her blir seidlane svinga
Når skipperen skrålar og ler
For folka er jammen dei same
Så Føniks han reiser seg nok!*

Dei lange linjene

Slik denne teksten om høgskulehistoria i Bø kan lesast, kan denne nesten 50 år lange perioden delast inn i ulike fasar. Det er sjølvstekt samanheng og kontinuitet mellom desse fasane, og dei kan derfor ikkje beinkløyvast, men dei kan frå nokre synsvinklar markerast ved endringar, og også med brot mellom dei.

Fasane kan femdelast – der kvar del korresponderer med dei fem kapitla i boka. Den første fasen, og den mest avgjerande både for bygda Bø og langt på veg også for innhaldet i den nye høgskulen, var debatten om kvar den skulle liggje. Det var ein debatt som strekkjer seg frå slutten av 1960-åra og fram til vedtaket i 1970. Den andre er etableringsfasen fram til midten av 1970-åra. Det er ein periode då høgskulen vart bygt opp både fysisk, med undervisningsbygg, studenthyblar og husvære for tilsette ved skulen, og då det vart etablert ein fagleg grunnstruktur som var førande for utviklinga av høgskulen seinare. Den tredje fasen handlar om utviklinga av distriktshøgskulen fram til 1994, då den vart slått saman med dei andre høgskulane i Telemark. Her er vekta lagt på den faglege og institusjonelle utviklinga. Perioden fram til den neste fusjonen, i 2016, er delt i to

fasar. Skiljet er sett til dei første åra etter ca. 2003, då det både vart sett i verk store institusjonelle endringar, og lagt opp til ein ganske djuptgåande prosess rundt fagleg omstilling – her kalla «Det store omstillingsarbeidet».

Plasseringsdebatten som utvikla seg til ein strid mellom Grenland og Bø, strekte seg frå hausten 1967 til vedtaket i mai 1970. Når Bø vann denne striden, hadde det tett samanheng med nye tenkjemåtar som braut fram på denne tid om forholdet mellom sentralisering og distriktutbygging, der distriktpolitikken fekk eit langt sterkare fotfeste. Det var ei utvikling som spelte inn ved plasseringa av distriktshøgskulen i Volda i 1969, året før vedtaket om Telemark distriktshøgskole, og opprettinga av distriktshøgskulen i Sogndal fem år seinare. Men striden i Telemark står i ei særstilling. I Møre og Romsdal fekk ein ei delt løysing, der Molde også fekk sin høgskule, rett nok med hovudadministrasjonen lagt til Volda. Både Volda og Bø hadde «kulturell kapital» som kunne nyttast som støtte for etableringa av høgskulen. I Bø var den først og fremst knytt til landsgymnaset og sentrale personar som arbeidde der. Men Volda kunne nok her byggje på langt sterkare «kapital». Bø var også den minste bygda som fekk eigen høgskule i denne fasen. Avgjerda hadde ein klarare «distriktpolitisk» bakgrunn enn plasseringa i bygdebyane Volda og Sogndal. Historikaren Gunnar Yttri som har skrive høgskulesoga for Sogn og Fjordane, legg vekt på at vedtaket om Bø var det største brotet med gamle tenkjemåtar – og brøytt veg også for debatten i Sogndal.⁵²⁸ Med tanke på kva som hende seinare ved overgangen til HiT, då hovudadministrasjonen vart flytta til Porsgrunn, kan det vere grunn for å stille spørsmål ved om plasseringa i Bø kunne ha skjedd under andre politiske konjunkturar. I 1970 var i alle fall konjunkturane med på å fremje og styrke organisasjonar som arbeidde med stor kraft for Bø. Ikkje minst var studentorganisasjonar ved Universitetet i Oslo aktive. I debatten i 1994, då hovudsetet vart plassert i Porsgrunn, var dei stort sett fråverande.

Rammevilkåra rundt debatten i 1970 var prega av ein radikal politisk kultur som var knytt til studentmiljøa ved universiteta med linjer til det internasjonale studentopprøret som hadde ein start i Paris på slutten av 1960-talet. Her var motstand mot autoritetar og sentralisert makt ein viktig del av den politiske ideologien. Det var desse holdningane som kom sterkt til uttrykk i miljøet på Blindern, i politiske organisasjonar, i Norsk Studentunion og særleg i Studentmållaget, som spelte ei viktig rolle i den avsluttande plasseringsdebatten. Viktig var det også at dei kunne støtte seg på faglege autoritetar, det galdt særleg «nynorskfilosofane» Hans Skjervheim og Gunnar Skirbekk, som heile tida

528 Yttri 2008: 52f



Ordføreren Olav Kasland ynskjer studentane velkomen til studieåret 2013 i Bø.

engasjerte seg til fordel for Bø. Det gjaldt også Ingjald Ørbeck Sørheim som leidde «Seksjon for distriktshøgskoler» i departementet. Den budskapet som samla sett gjekk ut frå desse gruppene var å byggje opp ein motekspertise gjennom det nye høgskulesystemet, som samstundes kunne tene grupper utanfor maktsentra, opne for folkeleg og demokratisk innverknad og få fram «dei delane av sanninga» som ikkje kjem til orde når dei etablerte ekspertane uttalar seg.

I oppbygginga av den nye distriktshøgskulen, ikkje berre i Bø, vart det lagt vekt på å organisere den nye institusjonen på demokratiske prinsipp med stor innverknad både frå tilsette og studentar. Her vart det bygt vidare på universitetstradisjonen med valt rektor og oppretting av representative institusjonar som styringsorgan, i Bø både ved seksjonsstyre/seksjonsallmøte og Høgskoleråd/Høgskoleting. Etter overgangen til HiT i 1994 vart det også oppretta eigne avdelingar med eigne avdelingsstyre, frå 1996 også med institutt og eigne instituttstyre. Opprettinga av Det regionale høgskolestyret i 1976, som var eit styre for alle høgskulane i Telemark, var i slekt med sentraliseringstenkinga, men dette styret fekk aldri noko sterk stilling overfor distriktshøgskulen – som elles gjorde alt for å halde det på avstand. Det lukkast også i stor grad. Fram til 1994 hadde høgskulen i Bø stort indre sjølvstyre. Ein bygde på prinsippa om det som vart

kalla «medbestemmelsessystemet», eit desentralisert vedtakssystem der vegane for deltaking og påverknad var korte. Små einingar var sett på som mest effektive, medan dei store utvikla stadig meir byråkrati «for å liggje eit hakk framfor samanbrotet», for å sitere Ørbeck Sørheim. På den andre sida var utviklinga av høgskulen sjølvsgt regulert frå dei sentrale styresmaktene – gjennom budsjett-systemet og gjennom særskild godkjenning av fagutviklinga.

Den faglege utviklinga i den første perioden var, i pakt med den distriktpolitiske ideologien, prega av ein «lokalsamfunnsprofil» – orientering mot det nære distriktet, til spørsmål og problemstillingar knytte til lokalsamfunn, kulturen og næringslivet i regionen. Dette var ein premiss for plasseringa av skulen i Bø, og det vart understreka i studieopplegga som vart utarbeidde. Denne orienteringa vart eit viktig grunnlag for fagleg spesialisering, både ved utarbeidinga av faglege prosjekt dei første åra, og ved fagoppbygginga. Det siste gjaldt både ved dei breie samansette studieprogramma og dei smalare og meir universitetslike. Slik oppretta dei økonomisk/administrative faga og naturvernfaga spesialiserte program overfor private bedrifter, kommunar og organisasjonar. Ei liknande lokalsamfunnsorientering stod kultur- og dei humanistiske faga for. Det gjaldt t.d. etablering av lokalhistorie, opplegg om språket, litteraturen og historia i Telemark – og arbeid for museum og andre kulturinstitusjonar i nærmiljøet. Her bør også dei såkalla «kveldsseta», møta mellom fag- og bygdefolk, nemnast.

No bør det føyast til at høgskulen alt i den første perioden som Telemark distriktshøgskole, også etablerte seg som ein «nasjonal institusjon» som arbeidde med problemstillingar som peikte utover distrikts- og lokalsamfunnsorienteringa. Dette var nokså sjølvsgt for ein høgskule som skulle byggjast opp som ein del av det norske utdanningssystemet, og som etter kvart også oppretta internasjonale kontaktlinjer. Over tid vart orienteringa mot lokalsamfunna svakare. Det hadde samanheng med at det som i starten var tenkt som eit høgskulesystem i skilde høgskuleregionar der kvar høgskule hadde ansvar for utdanninga i sin region, vart endra på 1980-talet då forholdet til regionen vart svekka. Ressursar vart flytta frå regionale til nasjonale og internasjonale problemstillingar. Det var ikkje spesielt for distriktshøgskulen i Bø. Som Gunnar Yttri viser, var det merkbart også ved distriktshøgskulen i Sogndal.⁵²⁹ Utviklinga var eit resultat av nye politiske konjunkturar på 1980-talet, og svekkinga av «distriktsideologien». Fleire utviklingstrekk markerte derfor høgskulen i Bø meir og meir som ein «nasjonal» institusjon, med fagopplegg som til og med plasserte den i ei særstilling. Her bør forfattarutdanninga som var eit «nasjonalt» studium, framhevast. Det gjaldt

529 Yttri 2008: 103.

også idrettsfaga. Dei humanistiske faga og kulturfaga reiv seg også meir laus frå lokalsamfunnstilknytninga. Engelskfaget var både eit reiskapsfag og eit fag som av naturlege grunnar hadde ei internasjonal orientering. Det same galdt matematikk, dei nye IKT-faga og ei rekkje av dei små faga som vart etablerte på 70- og 80-talet. Det økonomisk-administrative studiet fekk ei klarare orientering mot bedriftsøkonomiske problemstillingar – i vid meining. Naturvern-studiet hadde heilt frå starten gjeve høgskulen ei særstilling, og det var kanskje dette studiet som i størst grad arbeidde mot regionen, men med problemstillingar og fagopplegg som i høgste grad var allmenne – og internasjonale. Denne glidinga bort frå lokalsamfunnstilknytninga heldt fram med stor styrke etter at høgskulen i Bø vart ein del av Høgskolen i Telemark frå 1994.

Denne overgangen må markerast som det største skiljeåret i Bø-høgskulens historie – før den neste fusjonen i 2016. Det var to store hendingar som markerte dette skiljet: Nybygget og at høgskulen i Bø miste status som sjølvstendig institusjon og vart innordna saman med dei andre høgskulane i fylket til HiT. Nybygget var sluttsteinen i ein lang prosess som i utgangspunktet hadde med forholdet til departementet å gjere, som skulle løyve pengane. Det drog ut – og bygget vart ikkje realisert før 24 år etter stortingsvedtaket om plasseringa av distriktshøgskulen i Bø. I mellomtida heldt institusjonen til i mellombels lokale – i eit hastig reist bygg på Frivoll, og med spreiding til leige-lokale rundt om i bygda – alle langs ei forlenga Bø-gate (riksveg nr. 36). I denne perioden var det drøftingar og dragkampar mellom politikarane i Bø og dei som representerte høgskulen om den permanente plasseringa av høgskulen. Kvar tomta skulle liggje, var eit tema som vandra mellom kommunestyret, kommuneleiinga, representantar for høgskulen og bygdefolket frå 1970-åra til valet vart avklara på slutten av 1980-åra. Fleire plasseringar i bygda var inne i denne diskusjonen, men det handla frå starten av om særleg to område: Folkestad-moane eller område i sentrum av bygda. Det første alternativet var knytt til ei framskriving av studenttalet ved høgskulen der talet 3-4000 vart brukt. Med så mange studentar meinte mange i kommunen, medrekna folk i kommunestyret og i kommuneleiinga, at skulen måtte flyttast bort frå sentrumsrområdet. Det var også bakgrunn for vedtaket om å bygge ut eit nytt bustadfelt på Folkestad-moane. Den utbygginga starta på slutten av 1970-åra. Knytt til utbygginga av dette området høyrde også vedtaket om å leggje ein ny studentheim der, i tillegg til dei som fanst tett ved hotellet og i Breisås. Studentheimen på Folkestad stod ferdig i 1978.

Førebels vedtak om at også det nye høgskulebygget skulle hamne her, vart fatta med knappast mogleg fleirtal i kommunestyret. Det som gradvis snudde

stemninga til fordel for ei sentral tomt, var for det første nedskalering av studenttalet – til vel 1000. Dette svekka holdningar i bygda, som var merkbare på 1970-talet, at studentane burde skuvast bort frå sentrumsområdet. Men samstundes tiltok skepsisen mot å utvikle to sentrum i Bø – som eit høgskulebygg i Folkestad-området lett ville ha som konsekvens. Det som likevel var det avgjerande for snuoperasjonen, var vedtaket kulturorganisasjonane i Bø gjorde på slutten av 1980-talet om å byggje kulturhus og idrettshall til felles bruk med høgskulen, og som kommunen slutta seg til. Det avgjorde ikkje berre det vart Gullbring kulturanlegg, men også høgskuleplasseringa i same område i 1994. Med det nye idrettsanlegget i 2003 og den nye KROA som opna i 2013, vart heile «høgskuleriket» samla i Gullbring. Det innebar ei styrking av sentrum i Bø. Det kan vel leggjast til her at ei plassering av den nye høgskulen langt borte frå sentrum, neppe ville ha vore ei heldig løysing korkje for bygda Bø eller for høgskulen.

Det andre skiljande utviklingstrekket i 1994 var samanslåinga til Høgskolen i Telemark – som gjorde at funksjonar når det galdt leiing og administrasjon av skulen vart flytta til Porsgrunn. I denne framstillinga har eg markert at dette vedtaket var ei «takk-for-sist» etter plasseringa av distriktshøgskulen i 1970. I alle fall kom avgjerda svært overraskande på leiinga ved distriktshøgskulen, som mottok den på reise i England. Sjølv avgjerda i 1994 skjedde elles under andre vilkår enn i 1970. Fusjonen var langt meir politisk styrt ovanfrå utan innspel frå organisasjonar som var viktige i 1970, og utan den omfattande debatten ein hadde då. Det gjorde at den sterke politiske stillinga som Grenland hadde, slo ut. Resultatet for Bø var i ei viss grad «fjernstyring» frå hovudadministrasjonen i Porsgrunn der fellestenestene no vart lokaliserte. Men dette hadde neppe mykje å seie for den daglege drifta ved høgskulen i Bø. Her var det også eit poeng at det var «Bø-folk» som gjekk inn i leiinga den første tida: Hesjedal som rektor i den samanslegne høgskulen fram til 1997, og Dag K. Bjerketvedt i perioden 2003-2011 – og Røttingen som sat som direktør heilt fram til 2011, då ein gjekk over frå delt leiing som gjorde at ein tilsett rektor sat att åleine på toppen.

Som del av utviklinga av HiT frå 1995 vart det lagt vekt på fagleg oppbygging. Det skjedde i starten i ei tid med stor studentsøking. Men i siste delen av 1990-åra gjekk denne søknaden sterkt ned, og dette skjedde samstundes med, og delvis som årsak til, ein overgang i den nasjonale politikken til å leggje langt meir vekt på effektiviseringstiltak både i undervisninga, med fastare studieopplegg, meir kontinuerleg vurdering gjennom studieåret, og ved eit klarare resultatbasert finansieringssystem. Det er kalla overgang til mål- og resultatstyring, eit

styringssystem som bygde på ein bedrifts-økonomisk tankegang – omsett til offentlege institusjonar: New Public Management. Kvalitet var framleis eit nøkkelord, men i aukande grad gjekk ein over til å leggje kvantitative mål – både på «produksjon» av uteksaminerte studentar, og av ulike former for fagleg arbeid – litt ironisk kalla «teljekantsystemet». Viktige steg i denne utviklinga skjedde ved Kvalitetsreforma av 2003. Eit nytt organ, NOKUT, vart dette året oppretta for å halde overoppsyn med kvalitetsarbeidet.

Systemet med mål- og resultatstyring medførte meir vekt på leiing og styring ovanfrå. I denne perioden vart også det gamle «medbestemmesystemet», lagt bort. Frå 2003 vart avdelings- og instituttstyra samt høgskulerådet lagt ned, i tillegg til fleire andre råd og utval. Dekan og instituttleiarane vart tilsette på åremål. Dermed var det representative vedtakssystemet historie. No må det leggjast til at det gamle «medbestemmesystemet» som høgskulen hadde frå starten av i 1970, var svært arbeids- og tidkrevjande. Det var mange som hadde sete i timevis i slike møte og irritert seg over pratsame kollegaer – og lengta tilbake til boka på kontoret. Men dette var ein del av demokratiet. Det gav kunnskap og innsikt i spørsmåla som var oppe – og medverknad. Når dette vart borte, vart også tilgangen til kunnskapar om det som skjedde på høgskulen svakare. Dette problemet vart gjerne større på grunn av samanslåinga som flytta høgskulestyringa reint fysisk bort frå Bø. I perioden skjedde det likevel ei institusjonell endring i Bø som gjorde den interne kontakten mellom faga tettare: Samanslåinga til eit felles fakultet i 1997, og reduksjon av talet på institutt ved at dei humanistiske faga same året gjekk saman med kulturfaga til eit felles institutt (IKH).

Hittil har dette oppsummerande oversynet mest konsentrert seg om rammevilkåra, og mindre om innhaldet i høgskulen, oppbygginga av fagtilbod og FoU – forskning og utviklingsarbeid. Dette var sjølv sagt det høgskulane vart etablerte for. Pionerfaget var det økonomisk/administrative studiet. Ved utvikling av dei nye distriktshøgskulane følgde det med ei målsetjing om at alle regionar burde ha ei økonomisk utdanning. I Telemark gjekk studiet tilbake til kurs Norges Handelshøyskole sette i gang i Skien på 1960-talet. På slutten av 60-åra vart det organisert som heiltidsstudium, og bygt opp som ein del av den nye distriktshøgskulen. Plasseringa av skulen i Bø medførte flytting av studiet. Men oppbygginga av dette studiet frå tida i Skien vart mønster ikkje berre for studiet i Bø, men for alle studia av denne type som vart etablerte ved dei nye distriktshøgskulane i 1969-70.⁵³⁰

Det økonomisk/administrative studiet var eit tverrfagleg studium og ein

530 Ringstad 1980.

av hovudstolpane i fagoppbygginga i Bø. Det kom gradvis fleire. Natur- og miljøvern-studiet var eit fagområde i tida. Når distriktshøgskulen i Bø greip tak i det, var det ikkje minst takka initiativ frå direktør Asmund Brenden som såg på dette som eit fagområde som kunne markere høgskulen både nasjonalt og internasjonalt. Årsstudia som vart oppretta frå starten av først på 1970-talet, var eit svar på behov for å avlaste universiteta. Kulturstudiet hadde frå starten av linjer til lokalsamfunnsorienteringa, slik både historie- og norskstudiet hadde. Telemark var i denne samanhengen eit merkenamn. Kulturstudiet hadde dessutan bakgrunn i kulturmeldingane som gav støyten til omorganiseringa av kulturarbeidet i lokalsamfunna. Idrettsstudiet som også kom til å markere fagprofilen i Bø, vart fremja av enkeltpersonar, av studentar som alt studerte i Bø. Igjen var Brenden ein pådrivar.

Legg vi til forfattarstudiet og engelskstudiet, var dette den faglege grunnstamma for høgskulen i heile perioden vi handsamar her. Frå denne stamma sprang det knoppar og renningar i form av ei rekkje nye fagtilbod. Veksten skjedde i breidda, men også i toppen – det siste først og fremst ved dei nye doktorprogramma i økologi og kultur. I denne utviklinga spelte forskingsaktiviteten ei viktig rolle. Det låg ikkje i korta frå starten av at fagpersonalet ved den nye høgskulen skulle drive forskning. Men det vart eit resultat av det som er kalla «akademisk drift» i distriktshøgskulane, sett i verk av dei tilsette som for ein stor del kom rett frå universitet og forskingsinstitusjonar. Dette var ei utvikling som kom innanfrå og som resulterte i ein forskingskultur som voks opp ved sida av undervisningsoppgåvene. Det la grunnen for ein meir differensiert stillingsstruktur og institusjonelle ordningar for å fremje forskingsaktivitet. Dette var ei utvikling høgskulen i Bø var med på. Det var på nokre måtar lettare for høgskulen i Bø enn for dei andre høgskulane i Telemark, som var etablerte i eit system der forskning ikkje var vanleg, å vere med på denne utviklinga. FoU-arbeidet ved institutta og avdelinga i Bø vart i alle fall ein sentral del av verksemda. Det resulterte i ei rekkje forskingsarbeid – og førte mellom anna til at ein kunne opprette to doktorgrads-prosjekt. Telemarksforskning, skipa på 1980-talet, var ein forskingsinstitusjon med tette linjer til høgskulen.

Forskningsaktiviteten var heile tida stor ved fakultetet, og særleg ved Institutt for kultur- og humanistiske fag (IKH). I 2014 stod instituttet for 25 % av alle publiseringspoeng som vart registrerte ved høgskulen, inkludert sju bokutgjevingar. Publiseringspoeng i gjennomsnitt for kvar tilsett ved instituttet (1,7) plasserte det på norgestoppen dette året⁵³¹ – dvs like før det vart ein del av

531 <http://www.hit.no/om/HiT/Presserom/Nyhetsarkiv/2015>.

den nye fusjonerte Høgskolen i Sørøst-Noreg.

Kva hadde høgskulen å seie for Bø-bygda? Etter vedtaket om plassering av distriktshøgskulen i Bø svinga kommunen, og ikkje minst dei nyttilsette i den vesle administrasjonen, seg raskt rundt for å skaffe husrom både til dei faglege aktivitetane det var behov for, og for dei som skulle ha arbeidsplass ved den nye institusjonen. Studentane som følgde med utbygginga var ei ny gruppe som tidleg merkte seg ut i bygda. Frå før hadde gymnaset samla ungdom som markerte Bø som eit senter for utdanning, slik sett var ikkje studentgruppene noko heilt nytt. Men talet på studentar voks raskt, frå nokre få hundre dei første åra, til over 1000 på 1980-talet. Ved overgangen til HiT i 1994 var det registrert vel 1800 studentar ved institusjonen. På slutten av 1990-talet gjekk søkinga noko tilbake. Bølgjedalen vart nådd i 2000, då det registrerte studenttalet var på knapt 1500. Deretter steig talet igjen. Å slå fast nøyaktige tal på kor mange som flytte til Bø, er heile tida vanskeleg fordi svært mange pendla frå andre stadar – særleg frå det mest folkerike området i og rundt grenlandsbyane. I tillegg gjorde overgang til nettstudium, som vart nokså utbreidd i slutten av perioden, det vanskelegare å avgjere nøyaktige tal. Mange var også knytte til studietilbod i Bø gjennom deltidsopplegg. Høgskulen hadde på denne måten ansvar for studentar som var spreidde rundt om i fylket, og også utanfor fylket. I statistikken vart derfor nemninga «hovud» brukt når ein oppgav studenttala. Ved fusjonen i 2016 var dette talet på om lag 3000.⁵³²

Studentmiljøet i Bø kvilte på velferdsarbeid der ansvaret først låg hos administrasjonen ved høgskulen, frå 1978 i ein særskild oppretta velferdsadministrasjon, og endeleg frå 1988, ved den nyoppreta Studentsamskipnaden, som etter fusjonen i 1994 vart samla i ein felles organisasjon for heile Telemark, lagt til Porsgrunn, men med utløpar til Bø. Studentsamskipnaden var senter for ein eigen kultur som i nokre samanhengar merkte seg ut i forhold til ungdomskulturen elles i bygda, men som også i mange samanhengar tente til å integrere studentane i denne ungdomskulturen. Her spelte organisasjonslivet innan kultur og idrett som studentar var med på å utvikle i samarbeid med miljø frå bygda – ei viktig rolle. Her vart KROA, først oppretta i Napastaa og seinare flytta til det nye fleirbrukshuset i 2013, ein felles møteplass. Det kan kanskje hevdast at studentane og fritidsaktivitetane knytte til denne gruppa, meir og meir kom til å dominere ungdomskulturen i bygda. Bilkulturen i «gata», skapt av dei som sat i bilane sine og kørte att og fram, ofte

⁵³² Kjelde for desse tala er opplysningar i TDH-nytt, HiT-nytt og i det digitale Nyhetsarkivet (HiT-nett) som dekkjer åra frå 1997.



*Administrasjonen rundt Erik Aarnes fotografert hausten 2016, like før fusjonen.
(Foto: Peter Jørgensen)*

med stasjonen som rundkøyring, var ei sidegrein av denne ungdomskulturen, og skild frå den. Men dette var ein del av ein kultur som sette farge på mange andre bygder og bygdebyar. Den skapte heller ikkje merkbare motsetningar i Bø. Her bør det leggjast til at det skjedde ei internasjonalisering i fleire av faga som gjorde at det kom mange utanlandske studentar til bygda. Det gjorde ungdomsmiljøet samla sett enda meir fargerikt.

Høgskulen vart raskt ein av dei største arbeidsplassane i Bø. Det vart ein av dei mest stabile arbeidsplassane i kommunen – og i stadig vekst. 9 faste lærarstillingar i 1971 voks raskt til 51 i 1984 – og til 74 i 1993. I tillegg kom stillingar i administrasjonen og i vaktmeister- og reingjeringstenesta, til saman for alle gruppene godt over 100. Sjølv om Porsgrunn overtok nokre av dei administrative jobbane ved flyttinga av fellesadministrasjonen i den fusjonerte høgskulen i 1994, voks talet på dei som var knytte til verksemd rundt høgskulen, gradvis fram til den nye fusjonen i 2016. Samla sett var talet då på mellom 260 og 270. Alle desse var ikkje heiltidsstillingar, og alle budde heller ikkje i Bø. Men det er ikkje tvil om at høgskulen var ein arbeidsplass som spelte ei viktig, og aukande, rolle for den kommunale økonomien.



Dei første folk møter når dei kjem til høgskulen i Bø, er Anna Verpe Kåsa og Marit Synnøve Wiik i resepsjonen – eller «Servicetorget». Anna har hatt denne stillinga sidan 1986 og Marit sidan 1980 – og dei to bind såleis saman historia frå distriktshøgskuletida, via HiT-tida – og er no på veg inn i det nye universitetet. (Foto: Steffen E. Opheim)

Det er slik ikkje vanskeleg å skjønne at etableringa av høgskulen vart ein kraftig motor i utviklinga av Bø-samfunnet. Studentane og dei tilsette skapte etterspørsel som var bakgrunn for ei vesentleg styrking av handelsbygda Bø. Nye serveringsstadar vart oppretta – restaurantane i Bø kom etter at høgskulen kom på plass. Vekst i nye stillingar skapte behov for husbygging, og nye bustadområde vart etablerte på ulike stadar i bygda – i Breisås, på Folkestad, på Langkåshaugen – og til nye bygg med leilegheiter i sentrum. Det følgde med at Bø kommune fekk sterk folkevekst. Ein analyse utført av sosialøkonomen Knut Vareide viser at i perioden 2000-2016 hadde Bø ein vekst på 23%, den sterkaste prosentvise veksten, ikkje berre av alle kommunar i Telemark, men den låg på toppen av alle kommunane i landet. I 2016 var folketalet på godt over 6000 innbyggjarar (mot i underkant av 4000 då høgskulen starta i 1970). Veksten i sysselsetjing totalt sett var ikkje hovudgrunnen, den låg på linje med resten av landet, men det var auka sysselsetjing i offentleg sektor, høgskulen medrekna, som slo ut. Det var også mange som flytta hit frå nærliggjande område fordi Bø hadde «høg attraktivitet med gode kjøpesenter, kafeer og kulturtilbud».⁵³³

Kommunen satsar på studentane. I 2017 fatta den vedtak om ein kampanje for

⁵³³ Intervju med Vareide i Varden 5.11. 2018.

å få studentane til å melde flytting til Bø. Dei som gjorde det skulle få eit gåvekort på inntil 5000 kroner til kjøp av ny sykkel, og 5 gratis billetter til Bø kino. Ein ny liknande kampanje vart sett i gang for perioden 1.5. til 1.10.2018.

Denne historia som endar i 2016, har med desse utviklingstrekk det ein kan kalle ein lukkeleg slutt. Men for historia om høgskulen i Bø er ikkje dette eit slutt punkt, men starten på ein heilt ny fase. Det er ei anna historie som vi ikkje kan følgje vidare i denne omgang. Likevel er det freistande til slutt å kaste nokre få blikk inn i den nye tida – då med utgangspunkt i det Bø-høgskulen var pr. 2016. I eit notat Peter Fjågesund skreiv i desember 2017 om erfaringar så langt frå fusjonsprosessen, saksar eg omtale av to kritiske hovudtrekk.⁵³⁴ Det eine er den sterke styringa frå toppen og mangelen på «involvering og deltagelse». Desse forholda var eigentleg ikkje heilt nye, men kan trekkjast i ei linje frå avviklinga av «medbestemmeselssystemet» etter 2003. Men verknaden vart mykje sterkare etter 2016 på grunn av den geografiske avstanden til dei som sat med styringa. I tillegg vart innverknaden nedanfrå svekka ved den nye administrasjonsforma som vart innført ved fusjonen. Dette er det andre problematiske hovudtrekket ved fusjonsprosessen. Det som både hadde vore eit felles fakultet og felles institutt i Bø, vart sprengt ved at det vart oppretta tre nye fakultet der ingen av dei tre nye

534 Peter Fjågesund: «Stemningsrapport fra gulvet», Bø, 1. desember 2017. Utlånt av forfatteren.



Overgangen til universitet vart vedteke 4. mai 2018. I Bø vart dette markert av prorektor Bogen 7. mai. På bildet er det gamle HSN-skiltet skifta ut med det nye USN logoen .

dekanane hadde sete i Bø, og der fleire av faga vart lagt inn i fakultet og institutt som omfatta fleire campusar. Dette svekka institusjonsfellesskapet i Bø-miljøet som sprang ut frå fakultet for allmennvitenskaplege fag, som samla alle faga før 2016.

Med skifte av fokus frå den rolle høgskulen hadde i Bø-samfunnet, til dei rammevilkåra den fekk som utdanningsinstitusjon fram til fusjonen i 2016, er kanskje «lukkeleg slutt» derfor ingen god konklusjon. Men vedtaket i 2018 om universitet kan på den andre sida vere utgangspunkt for nye fagleg utfordringar. Fusjonen kan også i visse tilfelle gje faglege gevinstar ved at nokre miljø kan bli styrka, men den kan også slå andre vegen. Samanslåinga av høgskulane i dei tre fylka kan gje grunnlag for å flytte fagmiljø. Dette var bakgrunn for eit forslag i mai 2018 om å leggje ned historiefaget i Bø, eit av dei første faga som vart oppretta ved TDH, og dermed samle faget ved historiestudiet i Vestfold. Forslaget kom frå det nye fakultetet Handelshøgskolen, som historie vart plassert i etter fusjonen. Dette kan vera eit varsel om farlegare tider for fleire av fagmiljøa i Bø.

Litteratur

- Agøy, Nils Ivar: *Higher Education in Bø: The View from a Historical Perspective*. Innlegg på konferansen «Small Universities in Rural Settings» okt. 2008. (utlånt av forfattern).
- Agøy, Nils Ivar: «Fra passivitet til radikalisme. Politikk og administrasjon i Telemark fra ca. 1800 til 1905», i Nils Ivar Agøy og Ellen Schrupf: *Telemarks historie 1814-2015*. Bergen 2014.
- Almenningen, Olaf(m.fl.): *Studentar i målstrid. Studentmållaget i Oslo 1900-2000*. Oslo 2000.
- Amdam, Rolf Petter: *Utdanning, økonomi og ledelse. Fremveksten av den økonomisk-administrative utdanningen ca. 1936-1986*. Avhandling dr. philos., Oslo 1997.
- Bakken, Anne-Lise og Einride Hveding: *Styringsordning for regionale høgskoler. En utredning for Utdanning- og Forskningsdepartementet*. Bodø og Hamar 1990.
- Berntsen, Harald: *Studenter og byråkrati. Ottosen-komiteen partert og anrettet på spidd*. Oslo 1969.
- Brenden, Asmund: «Telemark distriktshøgskole 10 år – eit oversyn», i *Telemark distriktshøgskole 10 år*. Bø 1980.

- Bull, Edvard: *Norge i den rike verden – Tiden etter 1945*. Oslo 1979.
- Dale, Knut: «Det nødvendige verktøyet», i *Telemark distriktshøgskole 10 år*, Bø 1980.
- Dalene, Halvor: «By eller land. Striden om plasseringa i Telemark», i *Telemark distriktshøgskole 10 år*. Bø 1980.
- Dalene, Halvor: «Av forhistoria til Telemark distriktshøgskole.» Notat deponert 29. 4. 1992 i biblioteket, Høgskolen i Telemark, Bø (artikkelen er også trykt i *Skulen 1996-97. Årbok for norsk utdanningshistorie*).
- Eide, Sigrun: *Aslaug Høydal. Forfatter, lærar og samfunnsdebattant*. Publisert 04.02.2016 <https://aslaughoydal.wordpress.com/>
- Finrud, Henry: «Fylket ville noe annet. Men nå bør alle være tilfreds», I Steinar Lægereid (red): *Telemark distriktshøgskole 10 år*. Bø 1980.
- Frølich, Nicoline (red) *Hva skjer i universiteter og høyskoler? Perspektiv fra vitenskapelige ansatte og studenter*. Oslo 2018
- Førde, Einar: «Ein kjepp i utviklingshjulet», i Steinar Lægereid (red): *Distriktshøgskule – for kven?* Oslo 1973.
- Førde, Reidar: «Historikk», i *Høgskolen i Telemark – Bø. Ferdigmelding nr. 466/1994*. Statsbygg.
- Gammelsæter, Hallgeir (red): *Høgskoler til besvær. Når statlige reformer møter lokale institusjoner og ambisjoner*. Bergen 2002.
- Halle, Per Kristian: «Perspektiv utover? Eit engelsk-studium i utvikling» i *Telemark distriktshøgskole 10 år*. Bø 1980.
- Hesjedal, Olav: «I strid for haldningar og jobbar. Nybrottsarbeid bak natur- og miljøvernstudiet.», i *Telemark distriktshøgskole 10 år*. Bø 1980.
- Historisk statistikk 1978.NOS XII 291. Oslo 1978.
- Jerdal, Else: «Distriktshøgskolen – et reformpolitisk mellomspill», i Michelsen, Svein og Tor Halvorsen (red): *Profesjonsutdanning og kunnskapspolitik etter høgskulereformen*. Bergen 2002.
- Johansen, Øivind og Per Pedersen: Student i Bø. Om livet ved skulen og i bygda sett med studentauge», i *Telemark distriktshøgskole 10 år*. Bø 1980.
- Johnsen, Odd: *Utviklingen fram til opprettelsen av Telemark distriktshøgskole*. 1992. (Statsarkivet i Kongsberg)
- Johnsen, Odd: *Undervisningen i økonomisk/administrativt fag på høgskolenivå i Skien 1959-1972*. Skien 1994.
- Josefsen Asbjørn: «10 års-historia likna kommunens. Skolen sett frå heradshuset», i *Telemark distriktshøgskole 10 år*. Bø 1980.
- Krag, Claus: «Tradisjon og fornying. Historiestudiet er kome langt i utviklinga», *ibid*.

- Kyvik, Svein: «Utviklingen av en egen høgskolesektor», i Svein Kyvik (red): *Fra yrkesskole til universitet? Endringsprosesser i høgskolesektoren*. Bergen 2002.
- Lundevall, Svein: «En politisk aktiviseringsprosess i Telemark», i S. Læg Reid: *Distriktshøgskular - for kven?* Oslo 1973
- Lunden, Eldrid: *Kan ein lære å bli forfattar?* Oslo 2014.
- Steinar Læg Reid (red): *Distriktshøgskular – for kven?* Oslo 1973.
- Mangset, Per: «Utdanning av kulturbyråkratar? 5-årig oppbyggingsfase snart slutt for seksjonen for kulturarbeid», i *Telemark distriktshøgskole 10 år*. Bø 1980.
- Melle, Oddbjørn: *Ein høgskule finn sitt distrikt. Nasjon – region – distrikt. Om bakgrunn for høgskuleetablering i Møre og Romsdal: Volda og Molde*. Volda 1999.
- Michelsen, Svein og Tor Halvorsen (red): *Profesjonsutdanning og kunnskapspolitikk etter høgskolereformen*. Bergen 2002.
- Mæland, Odd Martin: «Forfatterutdanning i Norge. Planer og praksis ved prøvekursene i Bø. Begynnelsen og slutten?», i *Norsk Litterær årbok 1984*, 1984.
- Nerbøvik, Jostein: «Blad or målsoga i Bø», i *Årbok for Telemark 1977*. Skien 1977.
- Nymo, Magne Arvid: *Distriktshøgskolelokaliseringen i Telemark og «Aksjonsnemnda for distriktshøgskoler»*. En studie i interessegruppedeltakelse. Hovedoppgave i statsvitenskap. Høsten 1973.
- Olerud, Kåre: «Verneområde», i *Store norske leksikon*, trykt <https://snl.no/verneområder>. (Oppdatert 24.mars 2015).
- Olsnes, Aanund: «Frå bondevener til republikanarar. Venstre i Bratsberg 1870-1905», i Nils Ivar Agøy og Ellen Schrumpf - Bergen 2014 Op. cit.
- Ottosen, Kristian: *Studentvelferd i vekst. Førte år i studentenes tjeneste*. Oslo 2005.
- Ringstad, Vidar: «Økonomar på landet. Bø først med høgskoleutdanning for økonomar på landsbygda», i *Telemark distriktshøgskole 10 år*, Bø 1980.
- Risnes, Birger: «Idégrunnlag og utvikling fram mot Høgskolen i Telemark», i *Framtida i fortida. Årbok for Telemark 2005/2006*. Skien 2005.
- Rovde, Olav: «Venstreborg, sosialdemokratisk dominans og bølger frå Høgre. Telemark som politisk region» i Olav Rovde og Ingvar Skobba: *Telemarks historie etter 1905*, Bergen 2014.
- Rovde, Olav: *Striden om skulen i 1960-åra*. Populærhistorisk artikkel trykt i *telemarksavisene 1977*. (Manus hos forfattar).
- Rovde, Olav: *Distriktspolitikk som etterkrigshistorisk forskningsfelt*. Bergen 1990.

- Sandvand, Ole Johan: *Distriktshøgskolene – Universitetskopier eller alternative institusjoner?* NAVF's utredningsinstitutt. 1976: 2.
- Skirbekk, Gunnar: «Distriktshøgskolar, mot-ekspertise og populisme», i *Syn og Segn* 1969.
- Skirbekk, Gunnar: «Distriktshøgskolens kulturelle og politiske betydning for bygdene», i Steinar Lægereid: *Distriktshøgskule – for kven?* Oslo 1973
- Skjekkeland, Martin: «Morsmålet måtte vere med. Om utviklinga av norskstudiet», i *Telemark distriktshøgskole 10 år*, Bø 1980.
- Skobba, Ingvar: «Gamp og damp – bane og bil. Samferdsel i Telemark på 1800-tallet» i Nils Ivar Agøy og Ellen Schruppf: *Telemarks historie 1814-1905*. Bergen 2014.
- Solberg, Olav: «Telemark i det norske. Kunsten, språket, litteraturen», i Nils Ivar Agøy og Ellen Schruppf, Bergen 2014 op. cit.
- Straand, Sigrid: «Fri og villig» i Nils Aarsæther, Audgunn Oltedal og Knut Heen (red): *Venstrepopulisme*, Oslo 2009.
- Sørheim, Ingjald Ørbeck: *Oppsummering og tilbakeblikk. Innlegg på Forskerforbundets seminar 7. november 2006: «Strukturreformer nok en gang»*. https://www.forskerforbundet.no/PageFiles/2375/Innlegg_06_Soerheim.pdf.
- Sæther, Bjørnar, Jan Mønnesland, Knut Onsager, Kjetil Sørli og Peter Arbo: *Høgskolenes regionale betydning*. Oslo 2000.
- Telemark distriktshøgskole 10 år*. Jubileumsskrift. Bø 1980.
- Thue, Fredrik og Kim Helsvig: *Universitetet i Oslo 1811 - 2011. Bok 5. 1945-1975. Den store transformasjonen*. Oslo 2011.
- Thue, Fredrik: «Høgskoler på randen av universitetsstatus», i *Nytt Norsk Tidsskrift* nr. 3, 2017.
- Tvedt, Ola (red): *dh-gauken*. Bø i Telemark 1973.
- Vabø, Agnete: «Universiteter under forandring – makt og motstand», i *Sosiologisk tidsskrift* nr. 1, 2003.
- Waldenstrøm, Arne Johan: *Striden om ungdomsskolen*. Oslo 1971.
- Ystad, Vigdis: «Bø. Også noe mer og et annet pensum», i Gudleiv Forr og Helge Vold: *Landsgymnaset. Historie, rektorar, lærarar, hybelliv*,

minne. Oslo 2007.

Yttri, Gunnar: *Frå skuletun til campus. Soga om Høgskulen i Sogn og Fjordane*. Sogndal 2008.

Ødegård, Olav: *Noen erindringer fra da Telemark distriktshøgskole ble etablert i Bø. Siljan juni 2007. (Manus hos OR)*.

Intervju med Bjørg Ståland, Nils Røttingen, Olav Hesjedal, Gudmund Hernes og Nils Kristian Bogen i: <https://www.youtube.com/watch?v=RNHTkjqBBLO> (10.9.2014)

Opplysningar sendt frå Bjørn Bø 21.8. 2016.

Opplysningar i samtale med Asbjørn Gardsjord.

Framstillinga byggjer elles på opplysningar, munnlege og skriftlege, frå ei rekkje personar som er eller har vore knytte til høgskulen. Der det er ein direkte samanheng mellom slike opplysningar og teksten i boka, blir personane vist til i notane.

Kjelder

Aviser og blad

TDH-Fokus 1975 – 1977/1979 Statsarkivet Kongsberg, nokre er arkivert i Bø

TDH-Nytt. Meldingsblad for Telemark distriktshøgskole 1979 – 1994.

Statsarkivet Kongsberg, nokre arkivert i Bø.

HiT-nytt. Meldingsblad for Høgskolen i Telemark. 1994-2004. Arkiv Porsgrunn

Spreidde opplysningar frå Varden, Telemark Arbeiderblad.

Høgskolen i Telemark - Bø. Ferdigmelding nr. 466/1994. Statsbygg

HiTs nettsider etter 1996

Bø blad (sidan starten av avisa i 1986): <http://boblاد.no/e-avis/>

I tillegg er det brukt material m.a. klipp frå pressa, som forfattaren har i sitt eige arkiv.

Offentlege dokument

Innstilling om allmennfag i distriktshøgskulane. Orkanger 1970. (Frå eit utval oppnemnt av Kyrkje- og undervisningsdepartementet 12. august 1969.) Innstillinga lagt fram 6. desember 1969).

NOU 1976: 33. *Velferd for elever og studenter*.

NOU 1978: 33 *Maktutredningen. Om konsentrasjon og markedsrett*.

NOU 1988: 28. *Med viten og vilje*.

NOU 1998: 6. *Økonomien i den statlige høgskulesektoren*.

NOU 2003: 25. *Ny lov om universiteter og høyskuler*.

NOU 2008: 3. *Sett under ett. Ny struktur i høyere utdanning*.

St.meld. nr. 17 (1974-75). *Om den videre utbygging og organisering av høgere utdanning*.

St.meld. nr. 66 (1984-85). *Om høgre utdanning.*

St.meld. nr. 40 (1991-1992). *Fra visjon til virke.*

St.meld. nr. 27 (2000-2001). *Gjør din plikt – krev din rett. Kvalitetsreform av høyere utdanning.*

St. meld. nr 18 (2014-2015). *Konsentrasjon for kvalitet. Strukturen i universitets- og høyskulesektoren.*

Statsarkivet, Kongsberg

Her ligg stort sett heile arkivet til TDH, med unntak av noko som ligg i Bø. Det omfattar m.a.:

TDH Studiehandbok

TDH Undervisningskatalogar (nokre arkivert ved høgskulen i Bø)

TDH Årsmeldingane

TDH Fokus 1975 – 77 (nokre arkivert ved høgskulen i Bø)

TDH-nytt. Meldingsblad for Telemark distriktshøgskole. 1979 – 94 (Nokre arkivert ved høgskulen i Bø)

Arkivet for HiT ved høgskulen i Bø (Arkiv HiT-Bø)

Avdeling for økonomi, miljø- og idrettsfag 1.8.94-31.12.96

Avdeling for kultur og humanistiske fag 01.08.94-31.12.96

Avdeling for allmenne fag 01.01.97-01.05.2006

Avdeling for allmenne fag:

Møtebok. Avdelingsstyret 1997-1999

Møtebok. Instituttstyret. Institutt for humanistiske fag 1996-1998.

Møtebok. Instituttstyret. Institutt for kulturfag 1996-1999

Møtebok. Instituttstyret. Institutt for kultur- og humanistiske fag 1999-2003.

Avdeling for økonomi-, miljø- og idrettsfag:

Møtebok. Instituttstyret. Institutt for informatikk og matematiske fag 1996-2003.

Møtebok. Instituttstyret. Institutt for økonomi- og administrasjonsfag 1996-2002.

Kartlegging av mulighetene

Møtebok. Instituttstyret. Institutt for natur-, helse- og miljøvern fag 1996-2003.

Møtebok. Instituttstyret. Institutt for idretts- og friluftsfag 1996-2003.

Avdeling for allmenne fag. Møtebok. Avdelingsstyret 2000-2003.

Andre dokument

Organisering av Den regionale høgskolesektoren i Telemark. Utgreiing og tilråding fra Staaland-utvalet. Bø, juni 1992.

Faglige utviklingslinjer ved Høgskolen i Telemark. Utredning fra Fagprofilutvalget april 1994.

«Generasjonsskifte» Innstilling fra «De unges forbund», mai 2007. (Nils Ivar Agøy, Peter

Fjågesund, Sture Kvarv). (Utlånt av N.I. Agøy).

Eit av to? Kartlegging av mulighetene for en fusjon eller utvidet samarbeid mellom Høgskolen i Telemark og Universitetet i Agder. (7. april 2011).

Utlånt av Peter Fjågesund: «Stemningsrapport fra gulvet». Bø 1. november 2017.

Reidar Førde: «Det første ville året». Notat april 2018.

Material utlånt av Per Kristian Halle, Nils Ivar Agøy, Dag K. Bjerketvedt

Diverse notat frå Nils Røttingen som utdjupingar av munnlege opplysningar

Ymse material i eige arkiv

Arkivet for HiT ved høgskulen i Porsgrunn (Arkiv HiT-Porsgrunn)

Her ligg resten av arkivet for HiT – som papirarkiv, med eigen arkivnøkkel, fram til mai 2006, då ein gjekk over til digitalarkiv på PDF-filer

Andre digitalarkiv

Historiske nettsider (HiT Wayback Machine). Omfattar perioden 6.2. 1997 til 15. 10. 2017). https://web.archive.org/web/20000701000000*/www.hit.no Markert i noteapparatet med «HiT-nett».

Klipparkiv

Ved biblioteket i Bø finst det eit klipparkiv med stoff om høgskulen i Bø/Telemark for perioden 1992 til våren 2001, henta frå telemarksavisene TA og Varden. I denne boka er det sjølvsagt brukt oppslag både i desse avisene og andre, men forfattere vart for seint kjent med dette klipparkivet, og har derfor ikkje kunna bruke det. Det ville nok ha gjeve ein meir omfattande kjeldetilgang enn det som er grunnlag for teksten her.

Forkortingsliste

AF	Avdeling for allmenne fag
AYHU	Alternativ yrkesretta høgre utdanning
BA	Bachelor
CRISTinCurrent	Research Information System in Norway.
DH	Distriktshøgskule
DnF	Den norske fordattarforening
DUF	Distriktenes utbyggingsfond
EDB	Elektronisk databehandling
Efl	Estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning
ERASMUS	Utvexlingsprogram for studentar i EU- og EØS-området
FJERNORD	Kurs i moderne nordisk språk og litteratur ved Universitetet i Bergen
FORSKDOK	Database for forskingsdokumentasjon (stengt 2011 og overført til CRISTin)
FoU	Forskning og utviklingsarbeid

FUNN	Forskings- og utviklingsnettet i Norge
GLU	Grunnskulelærerutdanninga
GIS	Geografiske informasjonssystem
GRID	Global Resource Information Database
HBV	Høgskolen i Buskerud og Vestfold
HiT	Høgskolen i Telemark
KH	Avdeling for kultur og humanistiske fag
KS	Kommunenes sentralforbund
IFIF	Institutt for idrett, kroppsøving og friluftsfag
IKOS	Institutt for kultur- og samfunnsstudiar
IKH	Institutt for kultur og humanistiske fag
IKT	Informasjons- og kommunikasjonsteknologi
INA	Institutt for naturanalyse
INHM	Institutt for natur-, helse- og miljøfag
IT	Informasjonsteknologi
IØI	Institutt for økonomi og informatikk
KUD	Kyrkje- og undervisningsdepartementet
LEBE	Laboratory for Evolutionary and Behavioral Ecology
LNU	Landslaget for norskundervisning
MA	Master
NIVA	Norsk institutt for vannforskning
NLH	Norges landbrukshøgskole
NOKUT	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga
NOVA	Norsk institutt for forskning om velferd, oppvekst og aldring
NORDPLUS	Samarbeidsprogram for studentutveksling mellom dei nordiske (+ dei baltiske) land.
NSD	Norsk senter for forskningsdata
PhD	Philosophiae doctor (doktorgrad). Den høgste forskarutdanning som universitet eller høgskule tildeler
PPU	Praktisk - pedagogisk utdanning
SINT	Studentsamskipnaden for Nedre Telemark
SiTel	Studentsamskipnaden i Telemark
SKI	Senter for kultur- og idrettstudiar
SØT	Studentsamskipnaden for Øvre Telemark
TDH	Telemark distriktshøgskole

TEL-ØK	Telemark økonomisk/administrativt kompetansesenter
TEORA	Telemark Open Reasearch Archive
UHR	Universitets- og høskulerådet
UNINETT	Det norske forskingsnettet for utdannings- og forskingsinstitusjonar
ØMI	Avdeling for økonomi, miljø- og idrettsfag



Olav Rovde (f.14.11.1941).
Professor emeritus. Tilsett ved
høgskulen i 1973 med ansvar for
undervisning særleg i 1900-
talshistorie, med vekt på tida etter
1945. Han har skrivne fleire
organisasjonshistorier (om idrettslaget
Skarphedin, Norsk bonde- og
småbrukarlag, Norges Bondelag,
Norsk Lærarlag), fleire artiklar i
bøker, tidsskrift og årbøker som
handlar om næringshistorie,
profesjonshistorie, politisk
historie, både om norske parti og
ulike politiske samfunnsforhold,
mellom dei også fleire artiklar om
Telemarks historie. Han sat som
leiar i hovudredaksjonen for tre-
bindsverket «*Telemarks historie*»
som kom ut i 2014, og var med på
å redigere siste bindet.

f p k=VTUJ UOI TOMSJ QVUJO



9 788272 064982